

I

LANDET OG LYSET



Trygve Bjerkheim.

LANDET OG LYSET

Redaktører:

Asbjørn Kvalbein

Reidun Lindheim

Copyright © 2001 Lunde Forlag,
Sinsenveien 25, 0572 Oslo, Norway
www.lunde-forlag.no

Omslagsdesign: Séan Brewer
Tekstarbeid: Laila Kyte, Rønnaug Midtun,
Judith Kvelland Rogstad, Sigve Wiik,
Linda Kråkenes Aaberg, Nils Dybdal-Holthe
og Inger Holter
Grafisk utforming: Reidun Lindheim
Satt i Times New Roman 11,5/14 pt
Trykt på 100 g Munken Book Cream
Trykk og innbinding: AIT Gjøvik AS

ISBN 82-520-3478-0

INNHOOLD

DIKTSAMLINGENE:

Landet og lyset (1945)	7
Skimt av ein stor natur	8
Og skogen susar yver nye ætter	26
Land og lagnad	33
Song under stjernene (1955)	47
Under Orion	48
Helios	56
Dag demrar og dag døyr	64
Von over vang	74
Det gode år (1959)	83
Fugl fløytar og blom brest	84
Den lysande livs-bylgja glitrande glid	95
So seier sommaren takk for seg	107
Stjernone glimtar i midvinters natt	117
Ved kjærleikens hav (1963)	129
Godt nytt frå paradis	130
Kvileplass ved klåre kjeldor	148
Ved kjærleikens hav	156
Kryn han!	171
Livsens kruna	182
Lysande land (1965)	197
Lysande land lokkar	198
Våren spelar og sumaren syng	219
Landet og lysestaken	238
Songar frå Solrenningslandet (1966)	251
Skimt frå Solrenningslandet	252
Mot heimlandet	274
Tonar frå andre land	284
Han kom med liv til dødens land	293
Gå inn i det gode landet!	301
Eg søker eit evig fedreland	308

Enn bankar mitt hjarta (1968)	319
Ved vårens port	320
Haust i det høge nord	330
Heimlandet	336
Songar i solfallet	347
Helgeklokkor kimar	353
Den gylne skål	361
Landet der nordlyset leikar (1970)	375
Eit lysande gull-land langt oppe i nord	376
Ei perleskål av gull	384
Med stav i hand	390
Evig er livsens blom	397
Syng under stjernene	407
Det syng ein vårvind i påskekvelde	413
Gyllen haust	421

FORORD

LANDET OG LYSET er det første bindet i en minneutgave som inneholder Trygve Bjerkrheims litterære produksjon.

Trygve Bjerkrheim (1904-2001) fikk et langt og fruktbærende liv som redaktør, forkynner, lærer og dikter. Han var født i Bjerkreim i Rogaland, men vokste opp i Høland i Akershus. Etter fullført teologisk embetseksamen tok han fatt på sitt livsverk: Å redigere misjonsbladet Utsyn. Det meste av sitt liv bodde han på eller i nærheten av Fjellhaug Skoler i Oslo, der han ble mye brukt som timelærer. Særlig i sin lange pensjonisttid fra 1972 til 2001 fikk han utfolde seg som forfatter.

Alle som møtte Trygve Bjerkrheim, satt igjen med et inntrykk av å ha møtt en sjelden og helstøpt kristen personlighet. Han fikk en stor venneskare og viste omsorg for den enkelte.

Bjerkrheim etterlot seg ingen barn, men arven etter ham er en omfangsrik litterær produksjon som Lunde Forlag har samlet det aller meste av i denne minneutgaven, utgitt i 2001-2002. Mange sanger og salmer vil ganske sikkert leve lenge etter hans død.

Bind I, LANDET OG LYSET, inneholder diktsamlingene *Landet og lyset*, *Song under stjernene*, *Det gode år*, *Ved kjærleikens hav*, *Lysande land*, *Songar frå Solrenningslandet*, *Enn bankar mitt hjarta* og *Landet der nordlyset leikar*. (ISBN 82-520-3478-0)

Bind II, LERKA OG GLEDA, inneholder diktsamlingene *Den gylne nøkkel*, *Himmelstigen*, *Mot soloppgangen*, *Når jeg ser din himmel*, *Kongevengen*, *Den andre mil*, *Bak solnedgangen*, *Det underfulle liv*, *Det gylne håp*, *Gleden – Livets glans* og *I livsens lyse hagar*. (ISBN 82-520-3479-9)

Bind III, ORDET OG LIVET, inneholder de storslåtte bibelske diktsyklusene: *Stormfuglen*, *David* og *Kristuskvadet*. (ISBN 82-520-3480-2)

Bind IV, DAGEN OG KALLET, inneholder biografisk stoff om Trygve Bjerkrheim, bakgrunnen for en del av hans kjente sanger, og dikt og sanger fra andre kilder enn bøkene. (ISBN 82-520-3481-0)

Bind V, VÅREN OG VONA, inneholder dikt og sanger som hittil ikke er blitt offentliggjort, samt prosastoff fra hans lange periode som redaktør for bladet Utsyn og bokserien *Når lysene tennes*. (ISBN 82-520-3482-9)

Vi har ikke tatt med forordene til den enkelte diktsamling. En del opplysninger fra Japan er også utelatt i *Songar frå Solrenningslandet*.

Forlaget har prøvd å være tro mot Bjerkrheims originale språkform, som kan ha variert noe i konsekvens gjennom hans lange liv. Bare i få tilfeller har vi justert det som antakelig må ha vært trykkfeil.

Vi har funnet at enkelte dikt kommer igjen i to diktsamlinger. I denne minneutgaven har vi søkt å unngå at samme dikt gjengis to ganger.

I bind V kommer et alfabetisk register over alle diktene og sangene som gjengis i de fem bindene.

Trygve Bjerkrheim og hans kone Thea så stort på betydningen av kristen litteratur, og Trygve var en

aktiv støttespiller og rådgiver for Lunde Forlag. Dette verket er gjort mulig ved økonomisk støtte fra Trygve Bjerkrheims litteraturfond.

Lunde Forlag



LANDET OG LYSET

1945

SKIMT AV EIN STOR NATUR

Norge

Norge – det tonar i namnet,
so sterkt og so fagert, – det syng!
Med eitt ser eg skogar og tindar,
eit hav som vert vogga av vindar,
og vidder med lysande lyng.

Norge – av saga det susar,
av årtusunds solspel og strid.
Snart høgsumar låg yver landet,
snart sov det i isvinter-bandet,
snart lyste i vårsoli blid.

Norge – for kraft i det namnet,
og styrke og velde og makt!
Men Norge er ei berre mynde;
kvar såg du eit mildare ynde,
i våren si draumfagre drakt?

Norge – i hjarta vårt er du, –
det heimland me fekk av vår Gud.
So storfelt du ligg for vårt auga,
i nordlys og midnattsol lauga,
frå Nordhav til langt imot sud.

Norge – det namnet me elskar,
den kjæraste heimen på jord.
Gud, signe dei komande ætter!
Lat lysa i sumar og vetter
ditt evige, levande ord! – –

Aldri var landet so fagert som no

Aldri var landet so fagert som no,
der det seg lyfter or havet i ro.
Fjelli som blånar der himlen tek av,
fjorden som smøyer seg inn ifrå hav,
drivande skyer og susande skog,
vinden som svala der framom han drog, –
det er mitt land, det er Noreg, det er Noreg,
Noreg mitt land, mitt fedreland.

Noreg – du stundom var verhardt og stridt,
fatigt og armt – men du endå var mitt.
Og om i endelaust ynde du låg,
eller me deg i ein uversdag såg,
stod du i sumarens solvirka drakt
eller i vinterens skinande prakt, –
var du mitt land, var du Noreg, var du Noreg,
Noreg mitt land, mitt fedreland.

Aldri var landet so faget som no,
der det seg lyfter or havet i ro.
Aldri var Noreg so inderleg kjær,
aldri det lagdest vårt hjarta so nært.
Herre, me ber: haldt di mektige hand
vernande, vakande yver vårt land!
Signe mitt land, signe Noreg, signe Noreg,
Noreg mitt land, mitt fedreland!

Juli 1940

Frå Åndalsnes til Eidsvoll

Fjorden

Sjå, her gjeng fjorden inn frå havet
imillom desse urtidstjell.
Det når so langt, langt inn i landet,
det salte, friske, frie vell.

I tusundtal dei bylgjor bårar
og vaskar mot den kvite strand.
Det *havet* er, som stort i velde
vil helsa på vårt gamle land.

Men so han fell til ro og drøymer,
og søv so lett som barn i blund.
Då er vel fjorden ven å skoda
ei morgontid, ei solfall-stund.

Dei kvite fjell og lyse lier
seg speglar i det blanke blå.
Då kan av Herrens skaparvelde
eit tvifelt syn so fint me sjå.

*

Romsdal

Topp attom toppar,
tind attom tind,
snøkledde, solkledde,
lysande inn –
milevidt inn –
i Noreg, vårt land,
forvridd og vilt,
mektig – og mildt.

Fossar som brudeslør
sturtar og fell
ned imot dalen
frå skinande fjell.
Brudi dei møter:
i solskire luft
stend bjørki med ny-lauv
og friskaste duft.

Når so yver landet vårt glitrar
Guds sol frå det blåaste blå,
då er dette draumfagre rike
eit under av ynde å sjå.

Ho spelar på snøfjell og sjøar,
ho skin yver vidde og vang,
ho gyller på skogar og bøar
i vårdagen livsfyllt og lang.

Vil folket so Gud berre gjeva
hans pris for dei veldige verk,
skal ætti i landet få leva
og veksa seg livsfrisk og sterk.

*

Ein soldag i mai gjennom landet eg drog

Når bjørki omsider tek vårdrakti på
og stend der og lyser i lier,
du sjeldan eit venare syn kan få sjå.
Då er det vel storfagre tider.
Min Skapar eg tilbe og høglova må.

Ein soldag i mai gjennom landet eg drog;
det bar gjennom mektige dalar.
Eg snøfjelli skoda, og vaknande skog;
dei storsyn so sterkt til meg talar,
der eit etter eit dei kjem inn i mitt tog.

Nei, aldri eg visste at landet mitt var
so vidt, – og so vildt i sitt velde.
Frå soli gjeng opp, til i havet ho glar,
alt vitnar, i yngd og i elde,
om han som det skapte, vår Gud og vår Far.

*

Eg møtte våren i Gudbrandsdalen

Eg drog mot sud, og møtte våren,
med flaum av sol og straum av liv,
og kvite bjørkers bjarte bunad
og lerkor som i lufti sviv.
Den solluft som imot meg strøymde,
det liv som anda meg imot,
det syn av vårens store ynde,
det tok meg ved mi hjarterot.

Ver helsa, vår, å, ver velkomen!
Din like finst ei her på jord.
Og venast er du når du lyser
i bjørk og symra høgt i nord.
Ver lova, Gud, at eg fekk møta
det store, lyse livsens drag!
Ver lova, Gud, at eg skal skoda
ein betre vår hjå deg ein dag!

*

Mjøslandet tek til

Fjelli endar, landet letnar,
vidt seg opnar, stilt det sletnar.
Skogane tek herredømet;
her må høgheims-villskap røme.

Sjøen byrjar, isen brånar,
her er fine, fjerne blånar,
bygder breie, utsyn vide,
åkrar store, enger blide.

Låge åsar langt seg tøyer,
veldig seg om bygder bøyer,
ligg so lognt mot himmelranda.
Her me djupt og fritt kan anda.

Her er skifting utan like
i det gamle Noregs rike.
Ved Guds store skapartankar
hjarta i tilbeding bankar.

*

Landet frå lufti

Å, den som kunde sjå Noreg
i eitt, ifrå sud til nord,
frå grensa i aust til havet
som fyller den fagre fjord,
frå Nordhavet langt der oppe,
til smilande Sørland i sud, –
han vilde med age fyllast,
og lova vår store Gud.

Dei tusentals fjell og tindar,
dei sjøar i stille ro,
og so desse vide bygder,
den audslege, ville mo,
dei mektige, store skogar
der bjørki om vår stend brud, –
å, fekk eg det syn på landet,
då vilde eg lova Gud!

*

Å, Mjøs-land, eg minnst deg må!

Eg fór gjennom landet frå morgon til kveld,
frå havet til grensa i aust.
I sollette luft steig det flogbratte fjell,
mot himmelen, heilstøypt og traust.

Men, Mjøs-land, med spelande kveldsol på sjø,
du var då det venaste lell.

Det var vel eit syn, denne sjøen å sjå,
so sylvblank og speglende still,
ein blånande skog so langt auga kan nå,
og bløming i vårvelden mild.
Å, Mjøs-land, med ynde og utsyn og ro,
og solglitr, – eg minnast deg må! –

19. mai 1943

Skogvatnet

Ved desse stille strender
det låg i tusund år.
Det såg kor lauvet gulna
om haust, og spratt om vår.
Det hørde fuglekoret
frå nykledd, fager skog.
Om hausten tungt det sukka
når flyttfugl-flokken drog.

Dei klåre, blåe bylgjor,
dei glir so lett mot land,
dei klunkar og dei klukkar
i solglitr mot si strand.
So stilnar alle båror,
og logn ligg sjøen då,
so løyndomsfull og blikstill,
so blank og blyg og blå.

Og bjøllor læt i lii, –
det er so kjær ein klang, –
og gjætarguten haukar
og syng all dagen lang.

Men det omsider haustar,
og bladi bleiknar, fell.
Då brusar breie bylgjor
mot land den myrke kveld.

Når vinteren er komen
med kulde til vårt land,
han legg det stille vatnet
i sterke stålís-band.
Og snøen legg seg yver.
So ligg det der og søv,
og vaknar mot dei tider
då skogen stend med lauv.

Då isen atter losnar
og brest med smell og brak,
i soli brått han brånar
og ligg der flak i flak.
Ein dag so er han borte
– den kunsten soli kan –
og fri ligg atter sjøen,
med bylgjelåt mot land.

Då er det leik i lii, –
å, for eit tonespel!
Då kved kvar fugl i skogen,
og alle gaukar gjel.
Nei sjå, der ljøsna bjørki,
tek brudesløret på
i lufti lett og livsfyllt.
Det er eit syn å sjå.

No vaknar alle symror,
i solvind sakte skjelv,
og liti, blyg linnéa
ser upp mot blåe kvelv.
Då er det vent ved vatnet,

kjem du ved kveld, ved gry,
um natti når det demrar
so smått mot dagen ny.

Mot jonsok-bel det lider.
Då bjøllor atter læt,
med fuglelåt seg blandar,
so vent at hjarta græt.
Det sumar vert i skogen;
då mognar alle bær.
Ein juli-dag ved vatnet,
ånei, kor gildt det er.

*

Du ligg der like fager
som i dei tusund år.
Og store skogar kringom
so kyrkjestille står.
No lever du i minnet;
i tanken tidt eg dreg
inn i den store stilla,
og fær eit syn av deg.

Du stille sjø, ei perla
som eg i skogen fann.
Og tusund slike perlor
ligg løynde i vårt land.
Ein gong vår Gud dykk skapte;
eit vitnemål de er
om Herrens rike tankar
med denne fagre verd. — —

Blåklokke-blomen

Du eig ingen klang i di klokka,
og lell tonar ingen som du,
der stillsleg du stend her i bakken
og allstødt mot soli vil snu.

So tidt eg deg såg attved vegen, —
og alltid du ven var å sjå.
Meir vyrd'leg enn du ingi dronning
hev stade med krona si på.

Di klokka hev himmelens farge,
og kravlaus du stend i di jord.
Og difor du, skjelvande blome,
har vitna so sterkt, utan ord.

Og ofte eg ynskte å kveda
til blåklokke-blomen eit kvad.
Eg lenge ei våga, men sistpå
eg syng deg min song — og er glad.

Landet vaknar

Ein hane gjel.
Ein annan svarar.
Snart læt det ifrå alle gardar:
Kyk-ke-li-ky!

— — —

No rodar liti morgonsky.
Det bjartnar meir og meir, det dagnar.
Med gledesong kvar fuglen fagnar
det nye dag, det nye gry.

Ein skorstein ryk,
so to, so mange,
og røyken stig i strimer lange
i lufti klår;
for mor, ho alt ved grua står.
Mons strekkjer seg, ved omnen puslar,
og karane til stallen ruslar,
når dei hev fått ein kaffitår.

Småborni søv.
Ei liti stund, og svevnen spaknar,
og veslebror og –syster vaknar
or blunden blid.
Snart byrjar onnedagen strid;
men fyrst dei samlar seg ved bordet
til morgonverd, og høyrer Ordet
som trøystar oss til evig tid.

Nyst landet sov, –
kvar skog, kvar fugl og alle bøar,
kvar bygd, kvar blom, og stille sjøar,
kvar møy, kvar mann.
No vekkjer dagen folk og land.
I gatene, der larmar trikkar,
maskinar dunar i fabrikkar. –
Til arbeids no, med ånd og hand!

Landet

Eit syn som ei lys openberring
er *sollandet* Noreg om vår,
når heggen og hagane blømer
og lufti er æterklår.

Og yndigt er *daglandet* Noreg
ein sumar når livet held fest
og solluft om skogane strøymer
og dagen gjeng langt mot vest.

Og fagert er *haustlandet* Noreg
når livet sin farge er gull
og liene gulnar og gløder
og skogen av bær er full.

Og når eg ser *snølandet* stiga
i sol-tvunne, lysande lin
– ved dag og i stjernenetter –
då lovar eg Herren min. – –

Mitt storfagre land

Eg drog gjennom dalar,
eg fór yver fjell,
eg landet såg stiga
om morgon og kveld.
Eg såg desse lier
som lyfte seg der, –
å, Noreg, mitt land,
kor du storfagert er!

Der skin det i snøfjell,
der grønkar ei li,
der opnar seg bygdi,
so grøderik, blid.
Og fjorden ligg speglblank
so langt som eg ser.
A, Noreg, mitt land,
kor du storfagert er!

Og lufti som ligg
kringom landet, er klår,
og synet so langt yver
viddene når.
For samspel av fjell
og av fjordar eg ser!
Å, Noreg, mitt land,
kor du storfagert er!

Det lyser eit land i det høge nord

Det lyser eit land i det høge nord,
skin i den snøklåre vetter,
stig til den skyhøge topp og tind, –
som vil det lyftast i himmelen inn, –
dalar til drøymande sletter.

Det lyser eit land i det høge nord, –
storfjell og stavstille dalar,
skogar og sjøar og li og fjord,
heimen med sysken og far og mor,
tempel der Gud til oss talar.

Det lyser eit land i det høge nord;
det me av Gud fekk til gåva.
Elskar me landet og gler oss stilt
der det oss møter so mektigt, mildt.
Herren, vår Gud, vil vi lova.

Det lyser eit land i det høge nord.
Vinteren gjeng imot våren.
Vent er vel Noreg når året skrid.
Størst då av alt: medan tidi lid,
vert eg mot *livslandet* boren.

Det lyser eit land i det høge nord.
Skumkvit og sterk brusar fossen.
Stjernone glimtar i vidders snø,
midnattsol spelar på stille sjø.
Klårast er glansen av Krossen.

Der landet tek til

Skinande solfjell ytst ute i randi,
attom dei blånande bergi som ris
rolege opp frå den blenkjande fjorden,
sveipte i vårdagens dirrande dis.

Det er vårt land, der det stig ifrå havet,
Noreg, vårt heimland, i høgde og i ro,
velde og villskap og venaste ynde.
Æve-snø skin her, og vårliv kan gro.

Klår er den lufti som ligg kringom fjelli,
der dei seg lyfter mot høgheimen upp.
Fin er den angen som strøymer frå bjørki,
heggen og kvite konvalar sin knupp.

All denne stordom og ynde og velde
speglar seg klårt i den stavstille fjord.
Slik møter landet deg, ute ved havet.
Stend du der teken, og finn ikkje ord.

Titt-titt – kvi-vitt

Titt-titt!
det fyrste lauvet
lyser no på grein,
og fuglen syng

kvivitt-kvivitt!
i lufti varm og rein.
Det var so gildt
då lauvet spratt.
Velkomen att!
Velkomen att!

Kvivitt!
So glad er fuglen
no i dag,
slær sine klåre
trilleslag.
Titt-titt –
der hev me lauvet att,
so friskt og grønt,
for nyst det spratt.
Kvivitt – kvivitt!
Titt-titt! – –

Vår i Orkladalen

Vår-elvar gjeng no med sus og song
gjenom dei mektige dalar,
fossane dunar all dagen lang,
måltrosten mjukt til oss talar.
Enno skin snøen i høge li,
vårlufti kjøler og svarar.

Blad-knuppar sprett på dei friske tre,
leirfivel'n lyser ved vegen,
kvitsymra skir seg i solsmilen gled,
kjenner mot dagen seg dregen.
Vinteren hastar mot hav og fjord,
sannar av våren seg slegen.

Fagert er landet, ei minst om vår,
vitnar om visdom og velde.
Synet so vidt yver dalar går,
merkte av år og av elde.
Gud, dine under i Noregs land
aldri, nei aldri vart talde.

Vårvinna

Me brenner bråte og lauvet rakar,
og løgen lyser og lystig sprakar.
Me brenner bråte den ljose kveld,
med lundar livnar og knuppar svell.

Om våren tidleg i aust det dagnar,
og alle fuglar Guds morgon fagnar.
Og soli varmar den moderjord;
på vang og vollar det sprett og gror.

Når soli gyller dei høgste nutar,
dei er alt oppe, dei norske gutar.
Dei horvar åkrane, gjødslar, sår.
Kvar dag er dyr medan det er vår.

Når so det grønkar og syng i åsen,
då vert det uro hjå dei på båsen.
Dei kjenner vår-angen varm og god.
No vil dei ut, dei hev ingi ro.

Vert so dei slepte, å, du for læte!
Dei høpp og stangar, – å nei for kjæte!
Då er det gleda hjå sau og stut
og kâte kalvar, at dei slapp ut.

Ja, livsens kjelda om våren ollar;
og varmt vell soli om knaus og kollar.
Då er det gildt attom horvi gå.
Men aller gildast det er å *så*.

All dagen høyrer eg traktor-duren,
og han som køyrer, er ikkje sturen.
Han syng, i våren so varmt seg gled.
Og alle lerkor syng glade med.

Mor sopar tunet; i ljose dagen
ho gjeng og steller med kjøkenhagen.
Det er so godt å få koma ut;
ein gløymer møda og kav og sut.

Det er vel gildt i dei lyse vårar
når livsens hav gjenom landet bårar.
Vel er det stridt, – ein vert trøytt mot kveld, –
men våren, han er no knuppen lell.

Gud signe dykk som so trutt må streva!
Dei sår, men Herren må vokster gjeva.
Det gode såd han i hjarto sår,
å, må det mognast til livsens vår!

*Å, desse ljose tider då
dagen aldri søv!*

Å, desse ljose tider
då dagen aldri søv!
Ei liti stund han blundar
imillom jonsok-lauv;
so slær han opp sitt auga,
og tusund fuglars kor
lèt strøyma ut ein lovsong
som lyder yver jord.

Det lir so langt på kvelden
før soli gjeng til ro,
imedan lerkor kvittrar
sin kveldsong yver mo.
Når so det ljose auga
i himmelrandi stend,
det lyser lenge enno, –
so dagnar det igjen.

Å, desse ljose dagar,
då verdi er so blid,
du er eit fagert minne
ifrå den fyrste tid,
ei aning um dei stunder
då alt er vorte nytt,
då synd og sorg og visning
i æve-liv er bytt.

Det vert vel sæle tider,
so ljøs og god ei stund;
då høyrst ei ein tone
av vemod i vår munn.
For livet skal ei enda,
og dagen døyr ei der.
Nei, i ei evig vårtid
hjá Herren Gud me er.

Du Herre, stor og veldig,
som skapte verdi vår,
som herleg livet laga
og for vår framtid rår, –
so stutt er livsens time
– mot gravi gjeng vår veg –
når det er slutt her nede,
so lat meg skoda deg! –

Slåttonn

Slåmaskinen syng i seine kvelden;
skin i vester enno solar-elden.

Tidleg ris dei trugne slåttekarar,
sliper ljåen på dei stille gardar,

svingar orvet med dei sterke hender,
slær so reinene og bekke-render.

Fram til dugurds alt dei mykje greier,
snøgge gjentor sidan høyet breier.

Atter må dei ut på jordet hasta,
venda vollhøy, eller såtor kasta.

Soli stig og brenn i middagsstundi;
vesle kviletidi snart er runni.

So dei atter seg i tunet samlar,
spenner føre, og i veg det ramlar.

Lass på lass vert lest av øvde hender.
Vel dei nyssar, og til sist dei bender.

Hardt dei driv; sjå, sveitten renn i strimer
i dei heite ettermiddagstimar.

Stridt det er for han som lasset trakkar,
og for dei som dreg dei bratte bakkar.

Ein som ikkje hev den minste møda,
det er han som sveittar oppi løa.

*

Men gildt det er medan soli sender
sitt varme vell yver sumar-grender,
med ljose skyer på kvelven blå.
So godt det angar av høyet då.

Om siste lasset er sendt til løa,
ein er'kje ferdig med dagsens møda.
No skal me såta den vollen der.
Og då er solskiva skogen nær.

So rir me hesten til hamnehagen.
Fyrst då er enda den lange dagen.
Ei liti stund, og me gjeng til ro.
Då er vel kvila og svevnen god.

So er det sumrar då regnet strøymer
og soli helst bak ei sky seg gøymer.
Då lyt me *hesja* det høyet ungt.
Det er vel slitsamt og vått og tungt.

Men når dei stend der i lange rader,
dei grøne hesjar, med soli glader,
det er eit hugnadsamt syn å sjå.
Hurra, det gjerne kan regna då!

Ja, strid men festleg er slåttonn-tidi,
og strevet gløymest når ho er lidi.
Og når ho enda, me glade naut
i frygd og gaman vår slåttegraut.

No kastar havren leten

No kastar havren leten –
nyst var han grøn som kål, –
no ljosnar han so sakte,
snart hev han nått sitt mål.

No mognar han i vinden,
som millom kornet syng.
Og uppi bakken blømer
den lyseraude lyng.

Dei kvite godverssskyer,
so lett dei framom sviv,
og soli skin – ho signar
det yndefulle liv.

Og kvar ein voll er slegen, –
for slåtten enda er, –
i skogar og i hagar
no mognar frukt og bær.

Du, Herre, so det laga
at haust kjem etter vår.
Slik er det òg i livet:
eg ut mot hausten går.

Å Herre, må det lukkast
at mykje frukt eg bær,
so eg, tross vemod, gler meg
når eg får jordi fèr,

Den store fargemeister

Den store fargemeister,
di lette kunstnarhand
no stryk ved kvar ei buska,
kvar blom i Noregs land.

Då gløder alle skogar
i haustleg solardryss.
Då lyser alle lier
som fekk sin fargekyss.

Di hand, du store meister,
eg ser i nord og sud.
Eg bøyer meg i vyrdnad;
for Meisteren er – Gud.

Onne-maskinane syng

Soli gjeng seinare opp no i aust.
Onnemaskinane syng, – det er haust.

Gjeng denne låten vemodigt i moll,
sjølv om dei åkrar gav riklege foll.

Gjekk meg til hjarta det synet eg såg:
Gulnande åkrar i haustsoli låg.

Strøymde derinne ein gledestraum klår:
Livet bar frukt, det som såddest i vår.

Vaknar derinne ei bøn og ein lengt:
hjelp meg å verta det du, Gud, har tenkt!

Hjelp meg nå landet der livsstraumen rår.
der det er haustsol og sumar og vår! –

Hyss! – no sovnar jordi

Hyss! – no sovnar jordi.
I blidan blund ho fell,
byrjar den lange vintersvevnen
i året sin haust og kveld.

Hyss! – no sovnar jordi.
So lang og ljøs ein dag

var det frå våren sin vakningstime
til vinterens andedrag.

Hyss! – no sovnar jordi.
I lufti lett og klår
byrjar ho lange vintersvevnen, –
og søv so til neste vår.

Hyss! – no sovnar jordi.
Du trugne, sov i ro!
Gjev eg fær sjå din vakningstime
i livsvåren ljøs og god!

Hyss! – eg eingong sovnar
når hausten endar her.
Lat meg i Jesus Krist få kvila, –
og vakna i livsens verd!

I høge nord

I høge nord er dagsens ljøse stunder
so stutte når mot vinteren det lid, –
men vene som eit eventyr-vidunder
dei ljøsblenk i den lange nattetid.

I høge nord seg vetterbrauti tøyer
med tusund stjernor i den store kveld,
og mektig yver himmelen seg bøyer,
med månesylvet yver snøen fell.

I høge nord so sårt me ljøset saknar,
og vinternatti er so lang og tung.
Men når med velde våren atter vaknar,
då lyder lovsong i ein livsdag ung.

I høge nord, når fjerne nordlys spelar
og stjernor stirer frå det store djup,
me kjenner æva nær, og stundom fæler.
Me svimrar som ved kanten av eit stup.

I høge nord eit himmel-lys oss gagnar.
Det strålar klårast i vår vinternatt.
I hjartans myrke verd det fagert dagnar.
Og Kristus gjev oss livsens-våren att.

Sno

Det blæs frå det kalde kammerset
ein stad i det høge nord.
Dag etter dag og natt etter natt
det sjogar, det syng, det snor.

Og barnekinni, dei frisknar til,
dei raudnar i vintervind.
Å, kor dei gled seg, dei kjære små,
og renner på kjelken sin!

Vel stundom spaknar det Nordpols-drag,
det stilnar ei liti stund.
Atter tek stormen eit veldig tak,
og blæs med sin kalde munn.

So lakan-kvite ligg viddene,
ja, ljøs er den vinterjord.
Dag etter dag og natt etter natt
det sjogar, det syng, det snor.

Då er det godt i ei stova varm.
Der ute er storm og snø.
Stakkars kvar ein som på havet er,
i kave på nattsvalt sjø.

Og veden sprakar i omnen der, –
der ute det driv og snør.
Stakkars kvar ein som i krigen er, –
som særde i snøen blør! – –

Vinternatt i nord

Berre dei blankaste stjernor
blinkar imot meg i kveld, –
utsøkte aristokratar, –
og so dette måneskinnsvell.

Sirius glitrar og gløder,
Orion stilrein og stor,
Karlsvogna kongeleg, mektig,
Nordstjerna høgt yver jord.

Urtid og oldtid dei skoda;
enn på sitt feste dei står,
endelaust langt ifrå jordi,
tindrar i tusundtals år.

Veldig er verdi sitt byggverk,
mektig den skapande hand.
Eg i den ovklåre kvelden
timja Guds herlegdom kan.

Vinter, javel, men me endå
saknar ei ljaset her nord.
Herlege himmellys tindrar
yver den kvitkledd jord.

Stutt er vel dagen, men soli
aldri som då mot oss skin,
snart gjeng til ro, men då gløder
kveldsrøden underfullt fin.

Og når so attpå i kvelden
nordlyset spelar om land,
tykkjer eg Noreg, vårt rike,
aldri eg ljosare fann.

Medan dei himmellys skifter,
vinteren sakteleg skrid
ut mot den draumfagre våren,
året si gildaste tid.

Og so kjem soli –

Og so kjem soli, stråleskir og stor,
og legg sitt ljose vell ut yver snøen –
det mjuke teppet yver vinterbøen –
og dagen strøymer sigrande om jord.

Eg elskar dagen og den ljose flaum,
eg likar soli, hennar åsyn bjarte.
I verdsens vinter og i natti svarte
er *evig dag* min sæle, ljose draum.

”Hare-labben”

Eg høyrde ingen som song om deg,
men lell so er du vel verd eit kvad.
For når eg møtte deg på min veg,
so gjorde du meg vemodig-glad.

Du tek til takke med karrig jord,
når berre raust du med sol kan få.
Du drikk di livskraft frå armods bord
og andar sol frå Guds himmel-blå.

Og bladi dine, kven såg vel dei,
der still du stend i ditt vesle rom
og drikk din sol-drykk på audsleg hei?
Men kom so berre og sjå din *blom*!

Dei lyser mot meg i tusenvis,
snart myrkeraude med farge fin.
Dei lyseraude vinn mang ein pris,
og der stend nokre i hermelin.

Du bær meg bod om ei skaparhand,
so vis og mektig, so rik og raust.
Du bær meg bod om eit betre land –
der livet gled seg om vår og haust.

Villblomar

Sjå alle små blomar i bakken!
Dei audmjukt mot jordi seg bøyer,
snart hugheilt mot soli seg tøyer
og stend der og brikjer med nakken.
Dei lyser i midsumardagen
og lengtar attende til Eden,
til livet og frygdi og freden
i Paradis-hagen.

I soli so godt dei seg varmar,
attende til Eden seg drøymer,
og god-angen stilt frå dei strøymer,
ifrå desse lysreine barmar.
Og stråi i solbrisen svagar.
Ja, ven er vel jordi sin bunad,
og mest denne blom-bundne kruna
i høgsumardagar.

Dei blånar om kapp med Guds himmel,
dei skin som den kvitaste snøen,
og villrosor raudnar på bøen, –
av under ein endelaus vrimmel.
Kor Herren kan villmarki pryda!
Kva må det då verta omsider
i himmelens høgsumar-tider
som Gud vil oss byda!

Svola

Og svola, ho hev det annsamnt;
so snøgt og so kvast ho flyg
den heile rannande dagen,
til inn ho i reiret smyg.

Ho hev ikkje stund til å stogga,
ho hastar so fort ikring.
Ho jagar igjenom lufti
og tek seg so mang ein sving.

Ho pilar når dagen demrar,
ho sigler når sol gjeng ned,
og berre ei liti natt-stund
ho unner seg kvild og fred.

Til borni ho mat lyt finna.
Kvar gong ho hev sankar litt,
ho kryp inn i svole-reiret, –
der vert ho sovisst han kvitt.

Eg høyrde det peip der inne
– av gleda – kvar gong ho kom.
Ho stansar ei stund hjå borni, –
so ut i det store rom,

Og slik gjeng dei mange timar.
Det sjogar der fram ho fêr.
Ved solsprett – i solnedgangen –
ja, lenger – eg ser ho der.

Du fugl som so tidt eg skoda,
og alltid i annsamt jag,
du minner meg om å bruka
min eine og dyre dag. – –

Ein song til lerka

Du litle lerka, seg meg: er det så
at snart du fer?
No trillar du høgt under himmelblå
og syng og lær.
Kor audslegt vert det når din song er slutt
og stilnar av;
for då er hausten her!

Takk, litle lerka, då, at du kom hit!
Du kom med vår!
Det stundom hende snøen låg her kvit
mot kvelden klår.
Men du di harpa tok, og trilla i
so fjågt eit kvad, –
ein song som sol-tid spår.

Og so dei lange, lyse dagar gjekk
med song og spel.
Di trøyte vengja sistpå kvila fekk
i seine kveld.
Ei liti stund, så strøymde mot oss ned
i morgonluft
so klårt eit tonevell.

Men snart er songen slutt for denne gong.
Du frå oss dreg.
Då, litle fugl, det er min hjartans trong
å takka deg.
God tur, god tid på varme sudlands-strand!
Kom snart igjen
med song og vår til meg! – –

Farvel til flyttfuglen

Farvel da, du trofaste flyttfugleflokk,
og takk for besøket i sommer!
Når vinteren ender, da tenker jeg nok
med lovsang tilbake du kommer.

Da drages du atter til sommer og sol
og nordlandets lysende netter.
Du lengter mot landet der oppunder pol,
og kommer når bjørkene spretter.

Gud giv vi må møtes i lysere kår
for dere og oss og all verden!
Farvel da, vel møtt i den solrike vår!
Så får de ha lykke på ferden!

Så give da Gud jeg er ferdig til flukt
når høsten og stormene kommer,
at jeg, når mitt livstre har båret sin frukt,
kan drage til livet sin sommer. – –

Glomma

Blenkjande sylv-band ved Noreg sitt hjarta,
millom dei blånande skogar du flyt,
roleg og mektig på vegen mot havet,
kjem ifrå kjeldor der vatnet ei tryt.

Tusundtals tylfter du bær uppå barmen;
inkje deg tyngjer den veldige bør.
Stundom du sturtar deg sterk uti fossen,
stilnar i sjøar på vegen mot sør.

Engjane, åkrane grønkar ved strandi;
gjenom dei storfagre bygder du renn.
Og når det livnar og ljøsar i landet,
bjørki med bjartaste brudeslør stend.

Underleg Herren naturen hev laga:
ei berre skogar og sjøar han gav,
men desse bjarte og blenkjande sylvband,
strøymande ned mot det bårande hav.

Det store samspel

For eit samspel her er,
for ein fin harmoni
millom himmel og jord
no i sumarens tid!
Der det blånar so vent, –
her det grønkar og gror.
Eg den solblånen ser.
Å, du fagre, du solfyllte verd!

For eit samspel her er,
for ein fin harmoni
millom himmel og hav

no i sumarens tid!
Alt som Herren hev gjort,
det er samstemt og stort.
Eg den samklangen ser.
Å, du fagre, du veldige verd!

I baklia

Der veks det skuggeblomar;
dei bleike er og sarte.
For, lite sol finn vegen dit,
og skuggane er svarte.

Med mykje skjegg stend grani,
med fåe tynne greiner.
Og bæri er'kje søte der,
og skrinn er mang ein einer.

So langt utyver våren
ligg snø og is i lia.
Det gufsar svalt frå fennene
på denne skuggesida.

Det er 'kje rom åt alle
der soli vell og strøymer.
I avgøymd li lyt sume bu.
Der stilt dei bort seg gøymer.

Men ogso der syng fuglar,
og friske bregner svalar.
Og sol dei fær, når høgt ho gjeng,
og når i vest ho dalar.

Slik er det òg i livet:
Du bur der soli fløymer;

men dei som stend i skuggeli, –
dei ofte bort du gløymer.

Dei sorg og sagn fær kjenna,
men liti sol og glede.
Og syng ein fugl på kvisten der,
so er det vemodskvæde.

Men han som skogen skapte,
hev solskin òg åt slike.
Det fins ein plass i livsens ljøs
åt alle – i Guds rike.

Skugge-Noreg

Lange skugge-lier
ligg i landet vårt.
Der skin snøen lenge
før han brånar bort.

Berre stutte stunder
soli gjestar der.
Skuggen set sitt merke
på kvar blom, kvart bær.

Tronge skugge-dalar, –
fjelli høge stend.
Vintertidi lange
soli ikkje renn.

Sjølv i sumarstundi,
ljøs og ljuv og god,
heller seint kjem soli,
tidleg gjeng til ro.

Mot dei lange strender
tungt seg havet hiv.
Veka etter veka
uversskyer driv.

Og i våre byar
fleire enn me trur,
i ein skum og liten
sollaus ”bakgård” bur.

Men når landet atter
ligg i solar-laug,
gløymer me dei skuggar
som ikring oss smaug.

Ja, når solskinnsvellet
yver landet låg,
mon eit syn meir fagert
du i verdi såg?

Dei bygdene vide

Veldig er den himmel som kvelver seg her
yver dei bygdene vide.
Å, kor langt det er ut til skogane, der
soli gøymer seg ved aftantide!
Å, kor mektig talar denne syni stor,
denne høge himmel, denne fagre jord!
Alt som møter auga frå bryn og til bryn,
vitnar so sterkt om Guds velde.

Uvørs-skyer svartnar, so hastigt dei driv
yver det haustfagre landet.
Atter lyser soli på visnande liv,
varmar, som ho berre kan det.

Bjørketrei gulnar, lønnetrei glør,
rogne-bæri raudnar, ospebladi blør.
Hausten er vel vakker, av vedomssong full.
Herre, lat livet vårt lukkast!

Fossen

Ei veldig kraft ligg göymd i våre fossar,
der dei med dunk og dyn i djupet fell.
Dei tordnar der dei spring utfyre stupet,
med friske skumsprøyt kring det kvite vell.

Ja, fossen er ei urkraft i sitt rike,
der uredd han seg hiv utfyre fjell.
Men eg veit om ein straum som veks i velde
og sterkare enn fossane er lell.

Det makti er i tonane og songen
når løyste tungor syng Guds lov og pris.
Det stig i styrke – og som tusund fossar
han eingong brusar i Guds paradís.

So syng Guds lov, du frelste flokk hernede,
med soler, stjernor, ja, med all natur,
til me med lovsong helsar han velkomen,
til tonefylgje av ”den siste lur”!

Noregs urfjell

Kjempor attom kjempor ris
i ein blåleg sumardis.
Å, for tyngd i desse kollar,
der dei stig frå ljose vollar!
Innimillom votni blenkjer,
tankefulle ligg og tenkjer.

Noregs urfjell – for ei kraft
må då ikkje han ha havt
som dykk milevidt let risa!
Han sitt velde vilde visa.
Når ved desse fjell eg vankar,
les eg dine skapartankar.

Noregs fjellheim – her er vilt,
likevel so kyrkjestilt.
Sol på dine breder glitrar;
hjarta i tilbeding titrar.
Fagre slott, vår Gud deg trygde,
om si makt eit minne bygde.

Noregs urfjell – eingong lyt
de, når tidarmålet tryt,
klovna, rivna, ramla, halla,
sturta, mot kvarandre falla.
Men i Jesu rettferdsrike
nye kjem, som ei kan vike. –

OG SKOGEN SUSAR YVER NYE ÆTTER

Staven hans far –

Eg stend og meg stydjer
til staven hans far,
den staven som tidt stødde han.
Når bakken var bratt,
han umissande var, –
no treng han ei honom,
for *Herren* han bar
ein vårdag til livet sitt land.

Eg minnest so vel
kor med staven han gjekk,
der heime, då gamal han var.
Og kjeppen var trufast,
av honom han fekk
sin studnad, til dess han
ein vårdag var vekk –
min gode, ugløymande far. –

Men staven meg minner,
han talar til meg
der no eg i handi han held.
Han seier at livet på jord er ein *veg*.
Ved enden av vegen ein gong stend òg eg.
Ja, ogso for meg vert det kveld.

So takk for den hjelp
som til far min du gav,
fordi du han stødde so godt.
Du makta ei meir då han
kom til si grav,

men *Jesus* i døden sin dal
var hans stav.
Og *difor* han *himlen* har nått.

Mor

Å mor, no er dei farne,
dei mange livsens år!
Då var du vesle barnet, –
du no i hausten står.

Men medan lauvet gløder
med fager haustleg glans,
deg – kjærast millom møder –
me bind ein blomekrans.

Og kvart eit blad skal vera
ei kjærleg takk til mor;
kvar blomen deg skal æra
for arven rik og stor.

Men aldri nok me takkar
for alt me frå deg fekk,
for alle tunge bakkar
som du for borni gjekk.

Det var på oss du tenkte,
det var for oss du sleit.
Tidt sveittedråpen blenkte,
og stundom tåra heit.

No dine mange søner,
og dine døtrer med,
vil takka for dei bønner
du for oss bad, og bed.

Me veit at du det beste
i livet lærde oss:
for foten finst eit feste,
ved Jesu Kristi kross.

Og difor er me glade
for kristen far og mor.
Til Gud stig takkekvadet
for fagrast skatt på jord.

Å mor, gjev du må vera
enn hjå oss mange år,
med smil ditt haustgull bera,
og venta livsens vår!

No lyser aftan-elden,
med gull på kvar ei sky.
Me ynskjer sol i kvelden,
og so – eit fagert gry! – –

”De ensomme gamle”

Til Tidemanns bilete

Ein gong, i livsens vårtid, –
når fuglar byggjer reir, –
de unge var; av lukka hjarta banka.
I heimen vart det småborn,
ja, det kom fleir og fleir;
de trufast mat til mange munnar sank.
Men åri gjekk, og borni
vart store, ein for ein,
og so ein dag var heimen
for fuglar atter rein.
Slik gjeng det i den underlege verdi.

No er de atter eine,
i livsens seine kveld.
Med fred i hjarta på Guds ord de grundar.
Meir spak, men klår og roleg
brenn livsens åre-eld,
og de so smått mot himmelheimen stundar.
Gud signe dykk, de gamle,
du kjære far og mor,
som søkjer trøyst i kvelden
i Herrens trygge ord!
Det lyser dykk til livsens sæle rike.

Kor stort det er når livet
imot sin ende går,
når det har dag og vår og sumar vore
og trei stend i hagen
i haustluft skir og klår
og kviler, for noe hev dei frukti bore, –
kor fagert då å eiga
gudsfreden i sin barm,
ved tru på Jesus Kristus,
og voni lys og varm –
om evig attersyn i livsens lundar! –

Ser du dei?

Ser du dei – Noregs born,
desse store barne-herar?
Vil du vera deira lærar,
leggja ned det gylne korn
i den opne, mjuke hugen?

Ser du dei, – Noregs vår,
lysande som tusund blomar?
Høyrer du kor songen ljomar

når dei berre tonen får
om den store barneevenen?

Ser du dei, – Noregs skatt,
Noregs framtid når me spaknar?
Vil du hjelpa at dei vaknar
til Guds dag, og ei til natt,
til eit liv i Jesu kjærleik? –

Bonden

Du odla Noregs ervegull,
den gamle moderjord.
Vel dagen din er mødefull,
men du fær sjå: *det gror*.

Du alltid var den beste merg
i Noregs folkerygg.
Du stod så stø som gamalt berg;
du gjekk der traust og trygg.

Du uppe var når soli rann,
du onna til ho seig.
Og vaken me deg atter fann
når ho å nyo steig.

Du rekna ei med timetal,
du venta liti løn,
og vinningi vart stundom skral.
Då fekk du bruk for bøn.

Eg veit det vel, tidt sleit du tungt,
og ofte trøytna du.
Men modet voks seg atter ungt.
Du åtte tål og tru.

Um våren var det gildt å så.
Du såg kor livet vaks.
Um hausten er det stort å gå
imillom mogne aks.

Var onnedagen lang og strid,
omsider vert det kveld.
For trøytt mann er kvila blid,
til soli stig bak fjell.

Var arbeidsveka tidast tung,
det kjem ein sundag god.
Då kviler hugen, og vert ung.
Guds ord gjev hjarta ro.

Du levde skaparverket nær, –
ein stor og stolt natur, –
og fedrelandet fekk dei kjær,
dei bønder som der bur.

Du vyrdsla Noregs gamle mål,
og tolde ikkje knot.
Du slipte dette blanke stål.
Det blenkjer oss imot.

Du bygde Noregs gamle land
med hakke, horv og plog,
frå ætt til ætt, ved havsens strand
og ved den store skog.

Og når vår fridom stod på spel,
du våpenverja tok.
At landet vårt du varde vel,
fortel vår sogebok.

Det var 'kje berre gull som gleim
i Noregs bondegard.
Frå ætt til ætt i mangein heim
so mykje synd det var.

Med takk til Gud me minnast må:
Det kom ein Andens dag.
Eit fagert gudsliv blømde då
i Noregs bygdelag.

Guds ord, det løyste åndi ut;
til flukt ho svinga seg,
so sjølv ein fatig bondegut
fekk syna folket veg.

Når kristentru og arbeidsmod
fær ganga hand i hand,
det vert ein livsdag rik og god
for Noregs gamle land.

*Du Noregs gamle bondestand,
slå vakt om din kultur!
Og bygg med Gud kring Noregs land
so trygg ein voll og mur!*

*Tak vare på den fagre skatt,
den dyre kristentru!
Då skal ei Noreg gå mot natt.
Då skal i ljøs du bu!*

Fiskaren

På det bårande hav, kring den fjellkransa fjord
i båten sin fiskaren sigler og ror.
Og stundom han voggar i veg med motor.

På det bylgjande hav fekk du yrket ditt, du,
det storhav som sameinar ynde og gru.
Der ute ved blåmyri, der vil du bu.

Og stundom langt ut du til bankane dreg
på havet sin bårute ålmannaveg.
Ja, der er du heime, der likar du deg.

I sur-vér og sol-vér me ser deg om bord.
Du gjeng 'kje frå stova med sutrande ord.
I snøslaps og kave og kulde du ror.

Her ute gjeng havet, uroleg og vilt.
Det rasar ifrå seg, – då ligg det so stilt.
Og folket, – det tykkjer at havet er gildt.

At havet er storgjævt, det tidt hev dei sett.
Og at det er stortøkt, det gløymer dei lett.
Det gjev og det tek – det er havet sin rett.

Snart kokar det, rasar og ruskar og riv
og bråtsjøar langt inn på strendene hiv.
Då knasar det båtar – då øyder det liv.

Men stundom det blikstilt og drøymande låg,
til fjernaste synsrand, so langt som du såg.
Då er både fjorden og fiskaren fjåg.

So gjeng dei og ser på det, dag etter dag.
Og er det då ei i det villaste lag,
so fylgjer dei havet sitt dårande drag.

I kveld er dei samla og høyrer Guds ord,
om han som kan stilla den stormande fjord.
I morgon dei ute på stordjupet ror.

Dei lærer i livsens ålvorlege leik
– og stundom held storhavet sjølv denne preik –:
Me treng til den Frelsar som aldri oss sveik.

Men stundom det kvelda, det myrkna mot natt,
og båten derute, han kom ikkje att.
For havet hev teke den dyraste skatt.

So ventar dei fåfengt, ei kona, ei mor,
ei syster, ei festarmøy, far eller bror.
Ei blenkjande tåra er sorgi sitt ord.

Når fjorden då atter ein fiskar hev svævt,
kan henda dei tenkjer: det er 'kje so hævt,
det kallet me fekk, – ei so strålande gjævt.

Men – friskaste rosor kan henda fekk dei
derute ved havet si bårande hei.
Um fjorden dykk gøymer, – Gud gløymer dykk ei.

Der havet stend på, er det vérhardt og snaudt,
og framande synes det er heller audt.
Men lyngblomen lyser vedunderleg raudt.

Og fiskaren hev det 'kje storfelt og flott,
han bur 'kje i salar og lysande slott.
Kan henda at huset er lite og grått.

So sjeldan vert ”boki” åt fiskaren full;
Men Noreg, å, gløym ei at du står i skuld
til folket som hentar oss havet sitt gull.

Me ropar hurra, og tek hatten vår av
for folket som bur ved det voggande hav
og viljug oss gjev det som fjorden deim gav.

Gud signe dykk, de som ved storhavet bur
og livbergar dykk i ein fårleg natur!
So trygt er det folk som på Frelsaren trur.

Arbeidsadel

Gud signe deg, du trugne arbeidsmann
med ærleg åsyn og ei herda hand,
i einfeld bunad, slitne kvardagsklæde!
Gud signe deg i tidleg morgonvakt
og når om kvelden du legg av di drakt,
med heilag fred og hjartans djupe glede.

Kvar trugen arbeidsmann hev adelsrang;
å, minnast det når dagen vert deg lang
og tidt du trøytnar under all di møda!
Vert verket ditt for Herren Jesus gjort,
det veksa skal og verta gjævt og stort,
og det du sådde, gjev ei fager grøda.

Gud signe deg som tidt gjeng trøytt til ro!
Må nattekvila verta logn og god
og du i Herrens sæle fred få sova!
Når mødd du sovnar inn den siste kveld,
din Frelsar deg i trøytt handi held.
Du vaknar der du evig han skal lova.

Der skal du alltid vera ung og sterk
og kjenna gleda yver velgjort verk,
og alle evnor fritt du ut fær falda.
Du trøytnar ei når år vert lagt til år,
for du ved livsens kjeldor kvila får
og evig høgtid i Guds himmel halda.

Eg elsker dei norske heimar –

Eg elsker dei norske heimar
som ligg der ved fjord og fjell
og ute ved opne havet,
i livd av eit bakkehell.

Eg elsker dei norske heimar
og gler meg kvar gong eg finn
at Jesus er heidersgjesten
som gjerne får koma inn.

Eg elsker dei norske heimar
og syrgjer når eg får sjå
at uhygge, synd og ufred
skal sjølv i ein heim få rå.

Eg ber for dei norske heimar,
for mange so tungt det har,
når sjukdom og død deim gjestar,
og rådi tidt liti var.

Og mange so tungt må strida
frå morgon til seine kveld.
Men – får dei Guds signing eiga,
so er dei då sæle lell.

Gud, sign då dei norske heimar!
Sign borni og far og mor,
at dei må ditt rike søkja
og erva den nye jord!

Bauta-steinar

Sjå, villblomar raudnar kring bauta-steinar
i eldgamalt saga-land.
Ein ange av årtusund mot oss strøymer
på haugar ved havsens strand.

Dei kallar til minnes den gamle saga,
dei talar om faren tid,
om fedrar sitt fredfulle, stille yrke,
om fælsleg og fårleg strid.

Dei manar til truskap mot fedralandet, –
det stig som ein mektig song:
Må Noreg få ganga mot fager framtid
når me ligg i grav ein gong!

Dei steinane vitnar i alt sitt elde
om ætter og år som før.
Ein ande av oldtid ikring deim kviler –
ei saga forutan ord.

Og skyene sigler so ljose yver,
ein solvind stryk inn frå hav.
Han varleg vil varma dei vesle blomar
som lyser på fedrars grav.

Sjå, villrosor raudnar kring bauta-steinar,
i Noreg sitt gamle land.
Åleine vår Gud er den same alltid.
Å, Noreg, so tilbed han!

– *Og skogen susar yver nye ætter*

Dei unge eldest,
modet, makta minkar,
og kruna ljosnar,
og det lir mot kveld.
Ein dag kjem døden sjølv
og treet blinkar;
det søkk i skogen
medan tungt det fell.
Men – yver toppom
liti stjerna blinkar,
og unge tre
gjer skogen ljuvleg lell.
Og landet vårast
etter lange vetter,
og skogen susar
yver nye ætter.

Vel er det hardt
ved opne graver standa,
helst når ein kjær
vert søkt i svarte mold.
Med sorgsam sukk
vert samletonen blanda,
og fram or myrkret
dukkar tvilens troll.
Då må det gamle
bibelord me sanna,
at døden, han er
syndas beiske sold.
Men lovnads-stjerna skin
i myrke netter,
og skogen susar
yver nye ætter.

Slik hev det vore
i dei lange tider,
slik vil det verta
medan verdi står.
Som lauvet vaknar,
veks og fell i lier,
slik kvart eit liv
mot mold, mot døden går.
Men ættar-skiftet
stansar då omsider;
sæl då kvar den
som valde livsens vår.
Då gjeng ei våren meir
mot haust og vetter,
men æva susar
yver sæle ætter. – –

Noreg – vår moder

Noreg, du vår moder, høyr vårt truskaps-ord:
Me deg ei vil svike, gamle fridomsrike,
kjærast land på jord!

I dei farne tider landet vårt var du.
Enno soli lyser, enno von me hyser, –
von tross naud og gru.

Fagert er du, Noreg – himmel, hav og land –
vent når soli glitrar og når vårfugl kvitrar,
bylgjor slær mot strand.

Her var våre heimar, her var far og mor.
Her har våre feder stridd i sorg og gleder, –
kviler i di jord.

Noreg, du vårt heimland, høgt me elsker deg.
Du med alt ditt ynde, velde, makt og mynde
mjukt oss til deg dreg.

Du så sterkt har sunge deg i hugen inn.
Du med skog og tindar, sjøar, solgangsvindar
tonar i vårt sinn.

Noreg, – Gud vår Fader eingong oss deg gav.
Finast hjartebandet bind oss då til landet, –
til vår kveld og grav.

Herre, du som gav oss fagrast land på jord,
du må Noreg verna; tend ei fridomsstjerna
atter her i nord!

LAND OG LAGNAD

Noreg – eg såg deg –

Noreg – eg såg deg når sol steig or hav.
Aldri det synet eg gløymer.
Og eg fekk sjå deg når alt stilna av –
fagert i kveldsfred du drøymer.
Noreg – det du i ditt ynde meg gav,
glad eg gøymer.

Noreg – eg såg deg i vinterskrud kvitt, –
snø yver skogar og dalar –
og når i våren du helsar oss blidt, –
livet so sterkt til oss talar.
Vårvinden stryk yver landet vårt fritt,
mildt oss svalar.

Noreg – eg såg deg i sumarens tid,
fyllt av eit livshav sitt velde. –
Haust yver landet – i lund og i li
gulnande bladi vert felde.
Noreg – deg elsker, mens året det skrid,
yngd og elde.

Noreg – eg såg deg i naud og i natt,
såg deg i fridomens lukka.
No hev me mist denne lysande skatt, –
fuglen vart ribba og plukka.
Skal me då aldri får sjå honom att?
lyt me sukka.*

* Dette verset vart skrive i 1942.

Noreg – mens åri frå oldtidi gjekk,
tidt laut du fridomen sakna.
Skatten me åtte – men tynte han vekk,
livsmoedet minka og spakna.
Atter av Herren me fridomen fekk.
Vent han vakna.

Noreg – å, seg: skal eg atter deg sjå
juni-kledd, løyst utor bandet?
Skal eg få sjå deg med festprydning på, –
jubelen gjeng yver landet?
Herre, vår Gud, lat den lukka me få,
ved din Ande!

Gud bygde si kyrkja i Noregs land –

Gud bygde si kyrkja i Noregs land;
kor sælt at hans ljøs oss gjesta!
Kor stort at det nordvegen til oss fann
og strauk med si solmilde strålehand
so døden sitt band laut bresta!

Gud bygde si kyrkja i tusund år,
han signa dei farne ætter.
Han lokka so lint kvar ein livsfyllt vår,
kvar sumar når livet mot hausten går, –
so sterkt i den kalde vetter.

Gud bygde sitt tempel ved fjord og fjell
i landet dei lange tider.
Var folket vårt stridlyndt, han sigra lell:
ved nåden sitt livsfyllte solskinnsvell
det lysna i lund og lier.

Gud bygde sitt rike i Noregs land, –
sjå, det er vår adel og æra.

Han signe dei unge som Jesus fann,
han signe dei gamle, kvar møy og mann,
– og dei som ei hans vil vera!

Gud byggjer si kyrkja i Noreg enn,
han stein legg på stein i tempel.
Han gjestar med nåde kvar by, kvar grend.
Det herlege byggverk snart ferdig stend.
Då ber det sin Skapars stempel.

”Haugianere”

Til Tidemands bilete

Det skin eit ljøs i stova frå høge himlar ned
når folket samlar seg om gledebodet.
Guds Ande fyller romet med heilag himmelfred;
kvar kristen sjel vert då so vel til mode.
Og ein og annan vekkjest or syndesvevnen tung.
Det bryt på djupe grunnar hjå gamal og hjå ung.
Men han som slær, han ogso såret grøder.

Ja, det var landsens lukka i farne ættarled:
Guds ord dei høyrde med ein heilag age.
Der før var vald og villskap, det rettferd vart og fred,
og kjærleiksblomar lyste i Guds hage.
Det er so fint: dei gamle og manndomen å sjå,
dei unge i sin livsvår, og so dei kjære små,
når stille dei om Herrens ord seg samlar.

Sjå, ukjend er vår framtid; men eitt eg veit for visst:
om Noregs folk på himmel-ordet lyster,
skal landet alltid liggja i ljøs frå Jesus Krist.
Då blømer det i bygder og i byar.
Til dødsens dal gjeng vegen når vanda vert Guds ord,
men livet vent skal bløma og lysa her i nord
om me tek vare på den kristne arven.

Noregs merke

Sjå – enn mot vårens himmelblå
vårt fagre flag seg faldar ut!
Det er vel vent og gildt å sjå,
og varmt vårt hjarta bankar då, –
hjá møy og gut.

Der er den fargen raud som blod.
Han minner oss om han som gav
sitt liv då utan von me stod.
No ligg vår framtid ljøs og god,
som solblankt hav. –

Sjå himmelfargen djup og blå!
Han vitnar om vårt høge kall:
At me ein gong skal himlen nå,
Gud vil sitt bilet' i oss sjå
i æva all.

Og der er liljefargen fin, –
som vidders snø ein dag med sol
so lyser no det kvite lin.
Å, rettfjerds-farge, alltid skin
i vårt symbol!

Og mot den blåe himmel nå
seg teiknar *krossen*, sterk og fri.
Å, Herre, lat oss alltid få
med jubel Noregs merke sjå
– med krossen i! – –

Alt som for oss er kjærte og stort,
du fritt og fagert tolkar oss.
Å, må du aldri takast bort,
men lysa ved kvar heim sin port
med Kristi kross!

Vår Gud – må aldri dagen gry
då Noregs merke vert firt ned,
då fridoms-soli sig bak sky!
Men til kvar ætt send lukka ny!
Vår Gud – gjev fred!

Offeret

Eg gjekk imot morgonsoli, –
so varmt og so godt ho skein.
Og morgon-vindane veifta,
og lufti var mild og rein.

Då laut eg på landet tenkja:
No lir det på nytt mot vår.
Men tidar-teikni, dei varslar:
me atter ei blods-tid får.

Då laut eg for landet beda:
Skal folket i eld bli glødt,
so lat det i lidingsdåpen
til framtid med von bli født!

Skal folket sitt livsblod flyta
– frå unge som strir og fell –
so lat frå ei blod-vætt vårjord
det gro millom Noregs fjell!

Her lyser eit land mot våren, –
det land våre fedrars var.
Her vandra dei tusen vårar
og stelte med grunn og gard.

Her sukka dei tungt i trældom,
her flaut deira hjarteblod

i striden for Noregs fridom. –
So rann det ein fredsvår god.

Me ser som me aldri gjorde,
vår freds og vår fridoms arv.
Fyrst no ligg vårt land i gullglans, –
når soli i havet kvarv.

Kan henda me ei fær leva,
kan henda me ligg i grav
Når Noreg – det nye – lyfter
seg fagert og fritt or hav.

Kan henda at vinden leikar
med graset på tuva vår
og vårfuglar syng på gravi
når landet mot lyset går.

Om blodet av unge søner
vert blanda med snø og is, –
fær Noreg sin fridom atter,
det var 'kje for høg ein pris.

Stig Noreg skirsla og nyfødt
med Gud mot ei betre tid,
det var 'kje for dyrt eit offer,
det var 'kje for tung ein strid.

So fær me vårt livsblod gjeva,
når berre or blod-vætt grunn
vårt land gjeng mot ljose tider
ei jublande solrenningsstund! – –

1942

Tend atter morgenrøden

Å Herre, hjelp vårt fedreland!
Vi vet det nu: du ene kan
oss fri fra natten, nøden.
Du gav oss før en dag så skjønn;
så hør da nu vår hjertebønn:
Tend atter morgenrøden!

Vi syndet tidt, o store Gud,
mot livets lover, mot ditt bud;
i medgang vi deg glemte.
Vår kjærlichkeit – hvor ble den av?
Hvor mange mon sin takk deg gav?
Og så seg solen gjemte.

Nu ber vi deg, vår Fader god,
forlat vår skyld for Kristi blod,
la oss ditt smil ei miste!
Vend folkets hjerte, Gud, til deg,
og led vårt land på lysets vei
hver dag – inntil den siste!

Vi trenger deg som aldri før.
Vår sorg er svær, vår vunde blør,
vår lykke sank i døden.
Å Herre, hjelp vårt fedreland!
Vi vet det nu: du ene kan.
Tend atter morgenrøden!

1942

Heil deg, kong Håkon!

Heil deg, kong Håkon, Noreg sin hovding!
Djupt i vårt hjarta me heidrar ditt namn.
Kjær var du oss i dei fredsæle tider,
kjærare no når for Noreg du strider,
stend der so høgtreist i båten sin stamn,
styrer i stormen vår skuta mot hamn.

Heil deg, vår hovding! Aldri me visste
du og ditt land var vårt hjarta so kjært
som når i nødstider folket vårt bløder.
Då fekk me kjenna me alle var brøder.
Det me i soldagen lite fekk lært,
røynde me då når det svartna so svært.

Heil deg, vår hovding, Herren deg signe,
deg og ditt hus og ditt folk og ditt land!
Inderleg ynskjer me freds-vår og fagnad,
at i ditt rike det atter må dagna, –
sol-stille havbårer spela mot strand.
Gud, sign vår drott med di mektige hand!

Heil deg, kong Håkon, Noreg sin hovding,
elska av folket frå hav og til fjell!
Gjev at Guds sol yver landet ditt smiler,
gjev at Guds fred yver hugen din kviler,
fred frå det evige, mektige vell!
Gud, sign vår konge i livet sin kveld!

Mai 1940

Olav den bjarte

So ljøs ein kongsson ei me såg;
ei dagning yver augo låg,
og smil om munnen spela.
Lik Heilag Olav vilde du
på alle kongars Konge tru,
og få hans sol i sjela.

Det er vårt land ein lukke-lut
å eiga denne ljose gut
til Noregs framtidskonge.
Deg hev me kjær, kvar mann, kvar møy
frå Øysterdal til ytste øy –
dei gamle og dei unge.

Ein Heilag Olav Noreg treng
når inn i ukjend tid me gjeng,
ein drott med ljøs om panna.
Det er so skir ein hovudkrans;
han skin som bjartast kveldsol-glans,
med gull og purpur blanda.

So signe Gud vår unge drott!
Må freden bu i land og slott
og folket saman standa!
So vil me hugheilt fylgja deg
på Noregs nye lukkeveg,
du drott med sol om panna.

Juni 1945

Sundagsro

Sundagsro –
å, du er vel ljuv og god!
Soli skin, og fuglar kved,
sjeli syng, i Gud seg gled.
Stilt det er i skog og mo,
sundagsro!

Sundagsfred –
djupt i sjeli sig han ned.
Fred med Gud – kor godt det er,
beste skatten i vår verd!
Gjev meg alltid, Gud, eg bed:
sundagsfred!

Sundagskvild –
å, kor du er god og gild,
forsmak på Guds kvila der!
Evig, endelaus ho er.
Siste stormen då er stild.
Sundagskvild!

Me stend i skuld

Jesu-namnet enn er ukjent
for dei fleste folk på jord.
Om vår største skatt og gleda
hev dei ikkje høyrte eit ord.
I dei myrke heidninglandi
lukke-lilja aldri gror.

Me hev havt den glade bodskap
alt i tusund lange år.
Jesu-namnet kom med solskin

og ein ljuvleg livsens vår.
Skal me gløyma våre brøder
i dei land der natti rår?

Me held jol, og me held påske
og den glade kvitsunnfest.
Me kan jubla når det dagnar
og når soli stend i vest.
Mange ei den rikdom anar.
Utan livsvon hjarta brest.

I vårt hjarta lyder lovsong, –
me hev von om evig dag.
Og ved Jesu dyre soning
lækjest våre nederlag.
Skal me gløyma dei som saknar
lækjedom for sår og slag?

Heidningverdi på oss kallar, –
eingong sjølv om hjelp me bad. –
Me som fekk eit vell av sollys,
skulde me ei ganga glad!
Alle folk om Han skal høyra,
syngja livsens sæle kvad!

Landet og lysestaken

Usynleg og evig var handi
som flytte den staken av gull.
Det demra i solefalls-landi,
til dagen av livslys var full.

Usynleg og evig var armen
som flytte den staken mot nord.
Då Noreg fekk kjenna den varmen
som fylgjer det frelsande ord.

Me ei om det ljøs hadde bede,
og lell oss Gud Herren det gav.
Då vakna det lovsong og glede
og vårliv ved heiar og hav.

Til Vesterlands grense det nådde,
og staken ved Nordhavet står.
I Austerland nattmyrket rådde
i tusundtals samfulle år.

Eit årtusund no heve gjenge,
og staken av gull stod på fjell.
Og ætt etter ætt heve fenge
si trøyst frå det skinande vell.

Men me – vil me livslyset vraka
og snu oss frå sanningi vekk,
den evige handi vil taka
ifrå oss den lampa me fekk.

Vil ikkje i ljøset me vandre,
men vender i lettsinn oss bort,
då sender Gud ljøset til andre.
Då kveldar og myrknar det fort.

Vil ikkje det ljøset me nytta,
då skal den usynlege hand
ta staken av gull, og han flytta.
Då dødsmyrkt det vert i vårt land.

Å Noreg, mitt folk, du må vaka
og verna din dyraste skatt,
so ingen må ljøset vårt taka, –
og det i vårt Noreg vert natt!

Me tenkjer på landet

Me tenkjer på landet, det land du oss gav,
so underleg fagert frå høg fjell til hav,
med ynde som ikkje kan tolkast med ord:
Å, Herre, din nåde mot Noreg var stor!
Din nåde var stor imot Noreg.

Me tenkjer på heimen, den heimen me fekk,
der glade imillom dei kjære me gjekk, –
der kjærleik me møtte hjå far og hjå mor:
Å, Herre, din nåde mot Noreg var stor!
Din nåde var stor imot Noreg.

Me tenkjer på fridom og hundreårs fred:
so trygt fekk me virka til soli gjekk ned.
I fred fekk me kvila, og høyra Guds ord:
Å, Herre, din nåde mot Noreg var stor!
Din nåde var stor imot Noreg.

Me tenkjer på Ordet, vår dyraste skatt,
som kom hit med ljøs i den djupaste natt
og gjev oss det evige liv alt på jord:
Å, Herre, din nåde mot Noreg var stor!
Din nåde var stor imot Noreg.

Me tenkjer på alle som Herren har kjær,
som trufast vil tena og æra han her.
Dei strør ut sitt såkorn, – og fagert det gror:
Å, Herre, din nåde mot Noreg var stor!
Din nåde var stor imot Noreg.

Me minnest din nåde, – vår Gud hav då takk
fordi at ditt gledebod landet vårt rakk
og skapte ein livsdag so sæl i vårt nord!
Takk, Herre, – din nåde mot Noreg var stor!
Me takkar deg, Herre, for Noreg!

Kom

Kom som ein morgonrøde
til landet vårt idag,
som vår med liv av døde,
som sol or skodde-lag,
som regn på visne vollar,
som dogg på turre jord,
som kjelda når ho ollar
og skapar livsens gror.

Kom som den sæle sumar,
kom som den gylne haust,
med fagre kjærleiks-blomar,
med frukti rik og raust!
Kom som den stille kvelden,
med fred på land og sjø,
med reine kjærleikselden,
med rettferd kvit som snø!

Kom som den ljose dagning
når natti myrkast var!
Me helsar deg med fagning,
du sol som aldri glar!
*Kom, Jesu Kristi rike,
til landet vårt i nord!
Kom, vår som ei kan vike,
til all den vide jord!*

I dødsskuggedalen steig folket vårt ned

I dødsskuggedalen steig folket vårt ned.
Trongt var det i skaret, so dimt og so døkt.

Me tapte vår fridom, me miste vår fred,
og soli var sløkt.
Men voni si stjerna, ho lyste.

I dødsskuggedalen var villdyr og varg,
ulvar i saueham, bikkjor som beit.
So gjekk ein der utrygg og ufri og arg,
i lekkjone sleit.
Men voni si stjerna, ho lyste.

I dødsskuggedalen fekk mange ei grav,
bitne og slitne og rivne i hel.
Dei gav ikkje etter for fiendekrav.
Dei åtte ei sjel.
Og voni si stjerna, ho lyste.

Gud førde frå dødsskuggedalen oss upp.
Sol-lufti, vår-angen varmt mot oss slo.
Den nyvunne fridom stod fagert i knupp.
Og lerkone lo.
Guds miskunn me aldri må gløyma!

På skiljeveg stend Noreg no

På skiljeveg stend Noreg no.
Ei femårsnatt er enda.
Ho kosta tårar, sorg og blod.
Den Gud som det lét henda,
han vilde syna kvar det bær
når me dei ville vegar fër.

På skiljeveg stend Noreg att;
det vilde Gud oss unna.
Me fekk so tung ei trældomsnatt,
men Herren seg miskunna.

For heimar, folk og fedreland
ein fridomsmorgon atter rann.

Ei ukjend framtid ventar der;
men vil me lærdom taka
av det som hende på vår ferd,
so skal me freden smaka.
Me elles sig tilbake att
til trælekår og skuggenatt.

På skiljeveg, – mitt folk, mitt land,
no må *Guds* veg me velja.
Det elles lett oss henda kan
me lyt vår fridom selja.
Me tilbed Gud, og so me dreg
med song vår nye framtidsveg.

Vår Gud gav Noreg ein maidag ny

No er det fred!

Soli braut fram frå ei kolsvart sky,
lagde sitt lys yver land og by,
sende sin smil yver jordi ned:
No er det fred: No er det fred!

Klokkone kima ved skog og strand,
jubla frå tårni i Noregs land.
Himmelens fuglar song ogso med:
No er det fred! No er det fred!

Tusundtals flagg flaug til topps i sol.
Fagert det lyste, vårt lands symbol.
Oldingar, ungdom og born seg gled:
No er det fred! No er det fred!

Våren no strøymer i landet vårt;
vinteren kalde er kvorven bort.
Herren me takkar, og lovsong kved.
No er det fred! No er det fred!

*

Noreg er fritt!

Noreg er fritt!
Raudt lyser flagget, og blått og kvitt,
vitnar i våren ved skog og sjø:
enda er trældomens is og snø.
Vindane veiftar det, varmt og blidt:
Noreg er fritt!

Noreg er fritt!
Atter eg kviskrar: Å, tenk det er mitt!
Symror i skogen og bjørker i li
smiler i mot meg: Ja, no er du fri!
Lekkjone løystest frå folket mitt.
Noreg er fritt!

*

Den fyrste fridomskvelden

Me stod ei stund og tvila
den fyrste fridomskveld.
So sprang det fram or hjarta
eit glede-fossevell.

Det spreiddest yver landet,
det store fagnadbod.
Då lyfte seg mot himlen
eit mektig glede-ljod.

I hundretusund heimar
den kvelden var det fest,
imedan soli fredfullt
og stilt gjekk ned i vest.

I Noregs gamle rike
slikt syn var aldri sett,
som denne glede-ovring
då me fekk att vår rett.

Då blenkte mang ei tåra,
og mangt eit hjarta slo
i takk til han som atter
oss unnte freden god.

Me kunde ikkje tru det,
for stort det syntest oss.
So brusa det i landet
ein mektig glede-foss.

Han var so lenge bunden,
vår gleda innestengd.
So braut det fram ein jubel
som ingen hadde tenkt.

Den kvelden ei me gløymer
om me fær mange år,
då me fekk møta Noreg
sin nye fridomsvår.

*

Me kjende dei evige armar var her:

Me kjende dei evige armar var her.
Historias veldige Gud var so nær.

Han bøygde i nåde til Noreg seg ned
og endå ein gong gav oss fridom og fred.

Han hørde dei bønner som steig opp til han,
Guds folk sine bønner for Noreg, vårt land.

Å Noreg, so gjev honom æra og makt!
So trygt er det land som med Gud stend i pakt!

*

Det var du.

Det var du, Gud, som gav oss den herlege vår
og vende til lukka vår lagnad
og gjorde ein ende på trældomens kår,
so frie me frygdast i fagnad.
Då fridomen vende til landet vårt att,
fyrst då fekk me sjå denne skinande skatt,
då bjart etter natti det dagna.

Det var du, Gud, – me kjende kor då du var nær,
historias veldige Herre.
Ja, hadde 'kje du med *di* hjelp vore her,
so hadde det gjenge oss verre.
Og so for di truna me bøyer oss ned
og takkar for fridom og nyvunnen fred.
Å, gjorde no *alle* det berre!

*

Er det sant?

Er det sant at me lyset kan tenna
og lata det fløyma og sleppa å blenda,
ja, lata det strøyma i vårkvelden ut
og sleppa å reddast for fiende-fut?
Er det verkeleg sant at det kan skina fritt
i romet mitt?

Eg kvepp, eg støkk,
eg sturtar til glaset,
skal blenda att,
men minnest min nyvunne
fridomsskatt.

So andar eg fritt,
so andar eg djupt,
syg solluft og vårluft
i barmen min inn,
og vender i lukka
mot soli mi kinn.

So andar eg ut
min angest, mi uro,
og fem års sut.

Og djupt i mitt hjarta
ein gledestraum går.
Ver helsa, du herlege
fridomsvår!

*

Et hav kan ingen tøma –
Eit hav kan ingen tøma
i berre ein sekund.
Mitt hjarta kan 'kje røma
den djupe rikdoms-brunn.

Men smått om senn seg faldar
den store sanning ut:
den lange trældomsnatti
hev sistpå teke slutt.

Det demrar og det dagnar
for tanke og for tru:
Å tenk, no skal eg atter
i fridomslandet bu!

Men enn ein liten otte
ligg løynd i hjarta mitt:
kor lenge skal vel landet
i fred få vera fritt?

Og svaret på det spørsmål,
sjå, det gjev du og eg:
Eit folk som ottast Herren,
gjeng fridoms framtidsveg.

*

Og fangane vende attende.

Og fangane vende attende;
det var vel eit syn å sjå!
I tusundtal såg me dei koma.
Og veldig var jubelen då.

Frå vester kom flygande fuglar, –
dei vengjene veldige var, –
seg teikna mot blånande himmel,
og hjelp dei til landet vårt bar.

Og båtane kom yver havet,
og Noreg sin unge drott
var med på den Nordsjø-ferdi,
og gjesta sitt land, sitt slott.

Av Gud er det gjort, dette under;
han enda den nifse natt.
Han løyste dei sværaste lekkjor
og maktene myrke han batt.

*

Vår Gud gav Noreg ein maidag ny.

Og livet falda seg ut i blom,
det nådde den fulle vår.
Og landet låg der i livsens lys.
Den syni var skir og klår.

Vår Gud gav Noreg ein maidag ny,
lik den han på Eidsvoll gav.

Og difor jubelen steig mot sky
frå Kjølen til Vesterhav.

Og difor gjekk yver landet vårt,
frå midnattsol-strand til sud,
ei gledebylgja frå bygd til bygd.
Me lova vår store Gud.

*

Ja, det var Noreg ein lukkedag

Ja, det var Noreg ein lukkedag,
med smil og med sol og song
og tusund lysane norske flagg
i brisen, frå høgreist stong.

Gud signe Noreg si framtid då!
Som brøder me saman bu!
Dei gamle, unge, dei kjære små,
vår Gud, må på deg me tru!

*

Fridomssongen

Eg gløymer aldri det tonevellet.
Det brusa sterkt som ein foss i fjellet.
Det var slik varme i denne låt,
og frygd og jubel og gledegråt.

Fem år i trældomen tung me sukka.
So song me ut all vår unge lukka.
Eg gløymer aldri det tonevell.
Det brusa sterkt som ein foss i fjell.

*

Ein solsmil yver verdi gjekk

Ein solsmil yver verdi går.
No er det fred, no er det vår.

Ein solsmil yver verdi gjekk.
Det dyre fridomsgull me fekk.

Og fuglar kved i toppom no.
Det andar f red, det andar ro.
Og varme båror mot meg slær.
Av frygd eg både græt og lær.

Ein solsmil yver verdi dreg.
Å, vilde alle opna seg
for Jesu Kristi solskinnsvell,
då fekk me pax eterna* lell!

*

Dei som fall

Me takkar dei som lydde
det store alvorskall.
Me takkar dei som stridde,
som blødde, og som fall.

Me ærar deira minne
som kviler i si grav,
på store kyrkjegardar,
og i det djupe hav.

Ein sus av sårast vemod
igjenom hugen går
fordi de ei fekk møta
det nye Noregs vår.

*

Mot ukjend framtid

Eg stend i spaning og speidar
inn i vårt framtidslend,

* den evige freden.

og freistar om Noreg sin lagnad
eg tenkja og timja kan.

Eg eig 'kje profetisk klårsyn,
eitt veit for visst eg lell:
Vil folket vårt Kristus vanda,
då gjeng det mot haust og kveld.

Eg eig 'kje det klåre framsyn,
eitt veit eg lell for visst:
får Kristus i stammen standa,
då kjem me i hamn til sist.

*

Og so til sist

Kristus skal vera Noregs store konge.
Honom skal æra borni og dei unge.
Dei som i livsens kveld ser soli gylla,
honom skal hylla.

Då skal me leva trygt på tuni våre.
Herren vil gjeva smil igjenom tåre.
Maktene myrke vil vårt heimland herja.
Gud vil oss verja.

Tidi ho strøymer som ei elv mot æva.
Gud oss ei gløymer: døyr me, skal me leva,
når for dei gamle, borni og dei unge
Kristus er konge.

Inn i dei fjerne, dulde framtidsdagar
lyse di stjerne yver Noregs vegar!
Ættene skifter, – frå vårt land ei vike,
Herre, ditt rike!



SONG UNDER STJERNENE

1955

*Du gjev deg ut i den stride straum,
du spede spon, som i dragsog skjelv, –
kan henda kverv i den fulle flaum,
du litle liv i den djupe elv.*

*So sym du ut i den store verd, –
må ein og annan du gjera glad,
når han ei skymingsstund kvila fær,
og høyrer einfelde kvardagskvad. –*

UNDER ORION

*Når Sirius gjeng vent opp over skogen,
og Orion mot sine høgder skrid,
eg trylt og teken ser mot desse stjerner, –
som brann og blikta ifrå ævors tid.*

Seg meg, de store stjerner –

Seg meg, de store stjerner,
som stille på himmelen stend:
ser de ei grensa der ute,
der fjernt frå vår verd de no brenn, –
bør det mot nye rømder,
trur de det langt er igjen?

Seg meg, de store stjerner,
som blinkar i aust og i sud:
Kven hev vel lagt over kvelven
den glitrande glimesteins-skrud?
Stjerner i æve-togn talar:
Meisteren skapte oss – *Gud.* –

To augo til vinstre for Sirius

To augo til vinstre for Sirius
ser eg kvar stjerne-strødd kveld, –
dei stirer på meg, dei stille augo,
igjenom det blå-djupe vell.
Kva vil dei meg, desse stjerne-augo?

To augo til vinstre for Sirius
ser eg kvar stjerneljos stund.
Dei ber meg bod ifrå fjerne rømder,
at Gud, han er altet sin grunn.
Det vil dei meg, desse stjerne-augo.

Sume stjerne-augo

Sume stjerne-augo
ser so stilt på meg, –
nett som om dei tenkjer, –
andre brår og blenkjer
på sin lysår-veg.

Sume stjerne-augo
ser på djupt på meg.
Andre syng og spelar, –
dei eit ord ei mæler.
Tagal lell vert eg.

Gjeng eg under kvelven.
Sume stjerner glør,
gnistrar, tindrar, tiner.
Andre stend og stirer, –
ifrå æva spør. –

Ein månesigd i sør

Ein månesigd i sør,
ein aftan-eld som glør
der skogen nattsvart stend, –
slik endar året vårt,
det blankt og bjart dreg bort, –
no ned det brenn.

Og sigden vert meir skir
på kvelven av safir,
men aftan-elden dvin.
Ei stjerna eller to
i trolsk og tagal ro
ned til oss skin.

Med frost-sylv i sitt hår
den kvite bjørki står,
og grannehunden gøyr.
Til store stjerners spel
tek året no farvel.
Og so – det dør! –

Syster til morgonstjerna

Stundom ser eg – i aftan-elden,
der ein dag sa farvel, og fred! –
stend ei tander og tagal stjerne,
nett der soli hev nyst gått ned.

Der er syster til morgonstjerna, –
stend ho der for å bera bod:
kveld det er, men i auster-ætti
atter mognar ein morgon god.

Det er voni i aftan-klåren,
det er lyset i livsens natt:
attom vinteren ventar våren, –
dagen renn etter dødsens natt. –

Høge himmel-lamper

De høge himmel-lamper
som heng her i nord og sud,
de helsar frå andre heimar:
Du er ikkje gløymd av Gud!

De ljose himmel-lamper
som skin i ei ukjend verd,
de vitnar for ferdamannen:
Du ikkje aleine er!

De klåre himmel-kyndlar
som logar i livsens nott,
de vinkar frå æve-verdi,
de helsar frå høgheims drott.

Eg ser mot stjernerdjupet stort og stilt

Om hausten hev me stjerners store her,
og aldri månen hev slikt sylv som då.
Dei helsar oss ifrå ei ukjend verd
i blikting still frå kvelven bjart og blå.

So hev kvar årstid noko gjævt og gildt, –
Ja, ogso den me likar minst av alt.
Eg ser mot stjernerdjupet stort og stilt,
og hugsar Han som kvart atom hev talt. –

Himmelens spørsmålsteikn

Millom uteljande stjerner
som helsar hit ned til vår jord,
ser eg i undring og age
Karlsvogni, vyrdeleg, stor.

Hev denne sjustjerna dana
eit teikn på den natt-kvelven klår,
stend som eit himmelens spørsmål,
undrast i titusen år, –

grundar på Skaparens velde
som bygde det botnlause rom,
dana dei digraste stjerner,
styrer dei ørsmå atom, –

grundar på ætti hernede
som lutar mot moldi seg ned,
gløymer det einaste store, –
Gud og den evige fred.

Det er slikt spel i stjernene i kveld

Det er slikt spel i stjernene i kveld.
Skal tru dei omfram-kongehylling held?

Det er slikt liv, slik leik, slik glitrings-glo.
Ei lovsong-stund, og lell – slik æve-ro!

Og synet fer frå høge nord til sud:
Ei stjerne-verd i spel – ein song til Gud.

Skiraste stjerna på æve-still kvelv

Sirius – himmelens klåraste stjerna –
langt laut din glim gjennom rømdene gå,
lysår på lysår, før jordi du nådde;
lell er du funklende fager å sjå.

Glør du og glitrar i endelaus skifting,
bliktar og blenkjer og sitrar og skjelv,
titrar og tindrar i Orions nærleik,
skiraste stjerna på æve-still kvelv.

Alle dei leter som ligg i eit spektrum,
leika i deg i uminneleg tid.
Enno din glitr og din titr er den same,
store smaragd med ein gudeglans i.

Difor, du rømde sin reinaste loge,
gjev at mi tru var so Sirius-klår!
Gjev at min tanke so barneblank tirde,
som du no spelar, ein marskveld mot vår!

Tindrane teppe av Guds diamantar

Å, desse stjerner sin tagale tale,
der dei frå høgheimen helsar hit ned,
vinkar og vitnar frå botnlause rømder
utan å øyda naturi sin fred!

Å, desse veldige, vinkande vitne,
blinkande ned frå det botnlause rom!
Tindrane teppe av Guds diamantar
glitrar hans lov i den høglofta dóm.

Stend de på grensa av tidi og æva,
jordi her nede og himmelen der.

Å, desse tallause, tagale stjerner,
stillslege bod frå den evige verd!

So stend dei her enn, mine stjerner

So stend dei her enn, mine stjerner,
og månen han sigler som før.
Dei ute frå blådjupet bliktar, –
og Sirius glimtar og glør.

Og der ligg den lysande boge,
ei stjerne-bru veldig og vid, –
ei verd millom mange derute,
på grensa av æva og tid.

Slik stod dei den gong eg var liten, –
slik skein dei i aldrar og år, –
frå allmakti verds-romet bygde, –
og enno på kvelven dei står.

Og Han som er sol over soler,
uendeleg allvis og stor,
kor sælt: han er evig den same!
og aldri skal eldast hans ord.

Til no ingi stjerna hev falle, –
dei stend slik dei alltid hev gjort.
Og enn gjeld Guds lovnader alle,
dei evig skal gjelda, – kor stort!

Alt er so reint derute

Alt er so reint derute i rømdi,
stjernene spake, den natt-djupe blåne,
vinterveg-myldret, den sylvskire måne.

Alt er so reint derute i rømdi,
helios-glimen* og sirius-skjelven,
nordlys i leik over norderheims-kvelven.

Alt er so reint derute i rømdi,
dag-glansen, kveldsklåren, vinderbraut-bandet,
snø i krystallar som lett løyner landet.

Alt er so reint derute i rømdi, –
Han som dei skire og skinande skapte,
gjev oss attende den reinleik me tapte.

Syng under stjernene!

Syng under stjernene,
medan fram du stemner,
sigler på storhavet,
mot det lyse land!
Lovsyng din Skapar,
evig vis og veldig,
til du han helsar
på den sæle strand!

Syng under stjernene, –
sjølv dei Honom hyller,
tagale, tindrande,
i det djupe rom!

* Helios (gresk) = sol

Syng med dei høge,
helga engleherar,
lovsyng hans miskunn
og hans herlegdom. –

I kveld må du sjå vel på Venus

I kveld må du sjå vel på Venus,
for sjeldan ser du henne slik.
Dei lærde seier det vert lenge
før glansen atter vert so rik.

I kveld må du sjå vel på Venus, –
du kanskje aldri meir får sjå
den stjerna med so skirt eit auga
som no på nattekvelven blå.

I kveld lyt du sjå vel på Venus, –
på kvart eit himmellys du finn,
men aller mest *den store stjerna*
som lyser deg til livet inn! –

Stilt gjeng dei store stjerne-bilete –

Stilt gjeng dei store stjerne-bilete
kring kvelven dei lange netter.
Venast synes eg Orion er,
med Sirius glitrande etter.
Å, desse stjerner sin høge her, –
de lys gjer vår myrke vetter.

Stilt gjeng dei store stjerne-bilete, –
eg veit dei er endelaust fjerne.
Dei syng sin skapar eit ære-kvad, –
kvar sol og kvar ljosbjart stjerne.

Kunne eg også, eg vore glad.
Eg ville det meir enn gjerne.

Stilt gjeng dei store stjerne-bilete, –
dei sloknar ved solrenningstider.
Atter om kvelden dei opp mon gå
og stilt over kvelven skrider.
Herre, lat meg *dine* stjerner sjå,
når ut mot *min* kveld det lider!

Skjelv!

Menneske – sjå mot den skinande kvelv!
Skoda det storfelte byggverk – og skjelv!

Kven er vel du som ei kastar deg ned
for Kongen si truna og ære-kvad kved?

Kven er vel du som i dårskap ei vil
gi han den hylling som høyrer han til?

Kven er vel du som i anger ei græt,
tilbed den mektige Guds majestet? –

Det er so still ei stjernenatt

Det er so still ei stjernenatt, –
på vinterbleike bøen
fell lyset mildt og mjukt og matt,
på lakan-kvite snøen.

Det er so still ei månenatt, –
det strålar alle stader.
So lovar eg for livsens skatt
min store Gud og Fader.

Det er so still ei stjernestund, –
det milde lys meg fagnar.
Eg teken stend i hjartans grunn.
Og snart det atter dagnar. –

Når det i vintergata glim

Mindre enn mygg og maur i mold
er eg mot alt det store,
når eg ser opp mot det veldige verk,
den stjerneheim Herren gjorde.

Når det i vintergata glim, –
den glitrande boge-brui, –
om i ovmod eg briska meg,
det minkar med denne trui.

Men når eg merkar hjarta slær,
minnast eg må med gaman:
Meir du er enn all heimsens her,
enn alle stjerner tilsaman. –

So stor du er i kveld, du aftanstjerne –

So stor du er i kveld, du aftanstjerne, –
som om du var på veg ifrå det fjerne,
og nærma deg med snøgge steg vår jord.
Eg aldri minnest deg so skir og stor.

So bjart du blinkar frå den djupe rømdi,
vil bod du bera: Kristus er i kjømdi?
Det nærmar seg det siste sofall
for verdi vår er vorten vinterkald.

Eg stirer på deg, barneauga blanke,
so stilt det vart med eitt i hug og tanke.
Frå fjerne heimar du eit bod meg ber,
og æve-verdi kjem ei stund so nær.

Nattskyer

Kvite nattskyer kviler,
og attom eit månesylv skin.
Han sigler so makleg på kvelven
og lyser på skyi sitt lin.

Igjenom det skyhavet store
det glim ein juvel eller to,
og måne og sky-lin og stjerner
stend saman i ævestill ro.

Gå under gnistrande stjerner!

Gå under gnistrande stjerner, –
ein klar-kveld det finst av deim flust.
Sjå imot vinterbraut-bandet,
minnast at du er dust!

Gå under stillslege stjerner,
som tvinklar i nord og sud, –
minnast din evige adel,
hugs: du er barn av Gud!

Kva er det som skin der i purpur-elden?

Kva er det som skin der i purpur-elden?
Ei stjerna det er som seg ter om kvelden.

Ei stjerna det er som det bod meg sender
at soli kjem atter til våre grender.

Ei stjerna ber bod: òg for deg det kveldar.
Snart brenn på din himmel dei purpur-eldar.

Ei stjerna med von midt i aftan-klåren:
Det dagast på nytt der i æve-våren. –

Den fyrste stjerna

I lysaste sumarstidi
er alle stjernene gøynde.
I livet sin store sigerstime
dei natteljosi er gløynde.
Men langt det lir 'kje før dagen stutnar
og året byrjar so smått å halla.
Og so ei nattstund, når sol er nede,
då ser du atter den fyrste stjerna.
Ho stierer mot deg frå djupe rømder.

Du fyrste stjerna, velkomen atter!
Om me deg gløynde, ei du det gjorde.
Du minna vil meg: mitt livs-år hallar,
den beste sommar alt no hev vore.
Du vinka vil, når på nytt det myrknar,
dra meg til minnes ei morgonstjerna
som eingong tendest, og aldri sloknar.
Ho vaka vil i dei nifse netter,
og visa vegen til æve-landet.

So såg eg atter ein månekveld

So såg eg atter ein månekveld, –
han siglde seint på den klåre kvelden.
Og still eg stod i det skire vell
og hørde ospeblad-skjelven.

Frå sør kom hausten sin nattevind,
i lette bårer han mot meg anda.
Han song, og svala mi heite kinn,
og strauk meg varleg om panna.

So såg eg atter ei månenatt, –
ei av dei store og æve-stille.
Og havet la seg til kvile att,
til kyss av vindane milde.

Eg gjekk forkava i bråkut by,
So kom eg ut til dei stille skogar.
Her sigler månen ved sylvblank sky,
Og nattevindane syng og sjogar.

Kvifor sløkkja den klåraste stjerna me har?

Det er myrkt i vår verd, på den dødsmerkte jord,
tidt me guar og græt ved ei grav.
Men på kolsvarte kvelv stend ei stjerna so stor,
legg sitt lys over livet sitt hav.

Mange ser mot den stjerna, og sigler sin kos
mot den æveleg stormfrie hamn.
Sjølv i nifsaste natt har dei lysning og los.
Jesus Krist er den stjerna sitt namn.

Ho legg glim over graver og helg over haust,
ho gjev løysning på livsgåta tung.

Når det kveldar på jordi, ho helsar i aust
og ber bod om ein æve-vår ung.

Kvifor sløkkja den klåraste stjerna me har?

Mange freista, og freistar det enn.

Om du sanningi søkjer, den stjerna gjev svar,
der i natti ho bliktar og brenn.

Regnbogen

Du brikjande bøge
i skyi svart,
ein lysande løge,
fargefull, hjart, –
frå skog til skog
ei mektig himmelbru
i sommar-solskinskvelden
byggjer du.

Sjå, skiftande skuggar
er her vår lut,
men *deg* ingen ruggar
stryk deg 'kje ut.
Du skin i skyi
i den fagre kveld,
og vitnar veldig:
Herrens lovnad held!
Ja – han held. –

Styr etter Betlehems-stjerna!

Sværast av alt vil det vera
om Gud i mi livsbok ein gong
laut skriva eit ”fåfengt –fåfengt!”
og det vart min sorgfulle song.

Sværast av alt må det vera
om eg – til Guds æveliv skapt –
laut sanna på dagen den store:
mi sjel og Guds sæla gjekk tapt!

Gjeng millom avgrunnar vegen, –
og mykje, ja, alt står på spel.
Å, styr etter Betlehems-stjerna!
Då visst skal du vinna di sjel.

Me styrer alle under æve-stjerner

Gud signe dei som er på veg og vandring,
og dei som sigler på det store hav!
Me styrer alle under æve-stjerner,
og stemner alle mot ei opi grav.
Men lovnads-soli lyser over verdi:
Det renn ein evig dag bak grav og gru,
for kvar og ein som her på livsens-ferdi
hev funne fred og von i Jesu Kristi tru.

So lyft ditt auga mot den store stjerna,
og legg di lei i Jesu Kristi namn.
So skal du nå det målet Gud deg sette,
og eingong ankra i den gode hamn.
Vår dag er kort, det ut mot kvelden lider, –
kor sæl kvar ein som himmel-strandi når!
So legg i Herrens hender dine tider,
og du skal vakna glad i livsens æve-vår! –

HELIOS

*Du er det skiraste av alt som skin i verdi, –
at me hev dag og dug, me skuldar deg.
Og lell du berre er so bleikt eit bilet'
av han som la ditt lys på livsens alfarveg.*

Det bjartaste som brenn

Du er det skiraste av alt som skin i verdi, –
at me hev dag og dug, me skuldar deg.
Og lell du berre er so bleikt eit bilet'
av han som la ditt lys på livsens alfarveg.

Du er det blankaste av alt som brår hernede, –
inn i ditt auga kan eg ikkje sjå.
Og lell eg minnst må i barnsleg glede
den æve-sol du fekk din geisle-glans ifrå.

Du er det bjartaste av alt som brenn og blinkar, –
kva kan vel liknast med din glim og glod?
Og lell du myrknar mot den ljøsens kjelda,
som stendig strøymer, strålar, – ljuv og gild og god.

Ho likar seg visst her høgt oppe i nord

Soli likar seg visst her høgt oppe i nord –
når det lir imot vår og det knuppast og gror;
for ho held seg her kringom – ved dag og ved natt,
berre blunkar eit bel, og so er ho her att.

Ja, ho turer so trutt, og ho bårar og vell,
i ein grytidleg morgon og juni-sein kveld.
Og ho lokkar på livet som søv under is,
signar lerka som yr syng til Skaparens pris.

Når ho leikar so lint på eit blomesnødryss
og gjev symra i skogkanten kyss etter kyss,
når ho spelar her oppe ved nordheimens pol,
syng all skapning Guds pris for den signande sol.

Takk for solglitret!

Takk for solglitret, Gud,
over ås, over elv,
over bjørkebladgull
som i solbrisen skjelv,
over botnalaus, blåbjart,
septemberklår kvelv.

Takk for solglitret, Gud,
over skogar i ro,
over tytebærkinn,
over klokkelyngmo,
over akstunge åkrar
med glim og med glo!

Takk for solglitret, Gud,
i den draumvene dag,
over svagande strå
i eit sunnaversdrag!
Takk at livet du skapte,
fekk lyset sitt lag!

Tusen sanger til solen

Hadde jeg tusen sanger,
jeg gav dem så glad til deg,
fordi du så festlig meg følger
og sender de blideste bølger
av lys på min livsens vei.

Hadde jeg tusen klokker,
jeg hørte så gjerne de klang
mot deg som i årtusen varmer
hver skapning med lyslette armer
og signer hver skog og vang.

Hadde jeg tusen harper,
jeg hørte så glad deres spill
for deg som en verden fyller
med lys, og hver morgen gyller,
og stråler i kvelden still.

Når så de tusen toner
gav gjenlyd fra pol til pol,
da ønsket jeg tusen andre
fikk høyere enda vandre
til *Gud* – alle solers sol.

No vaknar eg atter av solkyss på kinn

No vaknar eg atter
av solkyss på kinn, –
kor gildt når den ljøs-bylgja
smyg seg her inn!
Kor stort å få gløyma
ei vinternatts gru!
Å du, å du!

Når morgonen lysnar,
då gjeng det mot vår.
Eg vaknar når sol-vellet
vangen min når,
og lovar min Gud
at i lys eg fær bu.
Å du, å du! –

No tek sola den store svingen

Sjå, no tek sola den lange leia,
ho streva seg over vinter-heia.
No skin ho fritt over alle fjell
frå fyrste morgon til nattsein kveld.

Sjå, no tek sola den store svingen,
ho kliv so høgt under himmelkringen.
Når sistpå langt imot vest ho når,
då hev me vunne, då er det vår.

Ja, no fer sola den lange vegen, –
då veit eg ein som er fjåg og fegen.
Og himmelduken er blå og bjart, –
då er det juni og jonsok snart.

So er me komne på solskinssida, –
i ljøs og lukke ligg lauvsprett-lia.
Då vaknar fuglen, og knuppen med,
og all natur seg til våren gled.

I dag hev ho lyst so lenge

I dag hev ho lyst so lenge
den vene, velsigna sol,
fra tagale morgontimar,

då hanen i gryet gol.
Men etter som dagen stutna,
ho lenger mot vest seg drog.
No stend ho der still, og gloar –
og glar attom synsrand-skog

Og fuglar hev fagert fløyta,
og knuppar i soli svall.
Sjå, no kjem ein vår og endar
ein vinter-bolk bleik og kald.
Ei båra av liv seg lyfter,
ei bylgja so gild og god.
Då brusar eit hav av glede.
Då tonar i takk mitt blod.

Sol-snu i juni-lyst land

No soli hev tøygt seg
so langt som ho vinn,
og sidan på ruta si
kortar ho inn.
So sig ho attende
langs åsen, mot sør, –
i morgon ho kjem 'kje
so tidleg som før.

Ja, no hev ho tøygt seg
so langt som ho kan.
I kveld er det sol-snu
i juni-lyst land.
For våren sitt under
me lovar deg, Gud, –
for soli som no
dreg seg lenger mot sud! –

Det er sol-snu i kveld

Året sitt hjul tek eit lite bikk.
Klokka, ho hakkar sitt tikk – takk – tikk.
Hyss, det er sol-snu i kveld, og so
skrid det so smått ut mot haustens ro.

Småfuglen fløyta sin fagnad-låt, –
hjarta til mor, det er fullt av gråt.
Gamal ho er, – det er haust og kveld, –
minnest sitt sol-snu med vekjømd-vell.

Fuglen, han helsar sitt kvi-vi-vitt.
Gamlemor, når du no snart hev stridt,
hugs at du atter ved sol-snu står:
Då gjeng det ut mot ein evig vår. –

Høgt over alle fjell soli gjeng no

Høgt over alle fjell
soli gjeng no.
Fyrst i den seine kveld
gjeng ho til ro, –
logar so lognt og stilt,
gloar so godt og mildt.
Å, det er ljost og gildt
ved soleglad.

Då er det sumars-bel,
ljuvlege stund!
Høyr dette tonespel
i li og lund!
Sjå dette himmelblå, –
blomkvite skyer på!
Vent er vårt heimland då.
Livet held fest. –

Soli om sumaren seint gjeng til ro

Å, tenk at du er oppe enno!
Der over skogane i vest du stend.
Det alt er nattetid, men lell du lagar
ein dag åt oss, – der stilt du enno brenn.
Til sist du glar, – men det er ikkje lenge
før atter du i morgon-gryet renn.

Høyr, gauken gjel, langt bor i granskog-heimar.
Ein annan svarar frå ein ås i sør,
imedan du di synsrand stilt deg nærmar
og før du fèr ifrå oss, glim og glør.
Farvel då, sol, velkomen att i morgon,
i dagningsstundi i det høge nord!

Katten i solstrima

Eg gjekk og stulla i den store løa, –
det var den gongen eg var ung av år.
Og stundom var det heller smått med grøda,
so lite fòr når det leid ut mot vår.
So mange golv var tømde og stod tome, –
då vart det romsleg i det høge romet.

Eg gøymer på eit godt og gamalt minne
ifrå den gongen då eg stulla der.
Kvar morgon laut eg henta høy derinne, –
då såg eg tidt ei syn som vart meg kjær:
I junidagen soli skein og strøymde,
og hennar strålar gjennom gluggen fløymde.

Ein smil det var frå morgonen derute,
ein lut av lyset, livsens ljose skatt.
På golvet dana det ei solbjart rute,
og i den ruta sat – ein liten katt.

Eg tenkjer ingen tarv om det meg frette
kvifor den skapning nettopp der seg sette.

Me seier tidt at det er myrkt i verdi, –
legg stundom til at det er skumt og kaldt.
Og stundom kulsar me og frys på ferdi, –
men lat oss hugsa: Det er ikkje alt!
Guds kjærleiks-sol frå høge himlar bårar,
i verdsens vinter skapar ljuve vårar.

So lat oss gjera som den katten gjorde:
kvar morgon søkja inn i livsens sol,
og gle oss i Guds kjærleiks-ljos, det store,
den sæle soloppgang den fyrste jol!
Då kulden kverv og kalde skuggar rømer,
i hjartans jord dei lyse liljor blømer. –

Me treng vindar frå sud

Me treng vindar frå sud,
me treng vårar frå Gud, –
verdi visnar i kald-sno
og isdrag frå nord.
Send eit mildver
so kjærleikens livsliljer gror!

Sjå kor sjøane frys, –
verdi vraka Guds lys.
Jordi gjeng imot natt,
for ho gløymde sin Gud.
Herre, send oss eit varmare
vårdrag frå sud!

Herre, sjå til vår verd,
send oss sol-straumar her,
so dei djupfrosne hjarto
og isane tør!
Store Gud, send i miskunn
eit mildver frå sør!

Når ein hev sol i sinnet –

Når ein hev sol i sinnet,
då kan ein sjølv i skodda gå
og eiga djupt derinne
ein høgkvelvd himmel juniblå.
Ja, sjølv i dimme dagar
når sorgsamt hjarta klagar
og veit seg ingi råd, –
Gud ogso då det lagar
at eg litt sol kan sjå.

Når ein hev song i sjeli,
då gjeng ein lett den lange lei,
i vårgrøn dal, på haustleg hei.
Om då i dur det dunar,
og om i moll det tonar
når vegen vert meg trong:
mitt hjarta trur og vonar,
og endå er det – song. –

Kor mykje soltid eg hev sove vekk!

Han gjekk på vegen – det var tidleg dag –
og fugl i topp og fugl i luft
dei var i perle-lag.
Og doggvåt blome anda glad si duft.

Og juni-soli over landet låg,
so morgonsprek og lys og lerkefjåg.
Då slo det ned i barmen brått og fort:
Kor mykje soltid du hev sove bort!

Frå gamalt er det sagt: du morgonstund
den beste er, og du hev gull i mund.
Kor godt det er å risa tidleg då,
so blomekalken morgondogg kan få.

Eg vandra lenge utan Gud, – no eg
i lys og lukke imot livet dreg.
Men stundom når eg ser det skire syn,
igjenom sjeli skjer so kvast eit lyn.
Eg minnest åri eg i skuggen gjekk:
Kor mykje soltid du hev sove vekk!

So kom det litt kveldsol på skogane lell

So kom det litt kveldsol på skogane lell, –
ho makta å sprengja dei skyhausars fjell.
No ligg over åsen di signande glod, –
ein avskils-kyss sender du skogane no.

So fall det ein solglim på skogen til sist,
og var du 'kje komen, ein sylvskatt var mist.
No lògar du lognt, – snart du synsrandi når, –
eg stend her i helsing og takk før du går.

Eg stend her i helsing og takk før du dreg,
og so gjeng eg vidare vandrarens veg.
Det vermande vell over åsane dvin, –
men lenge i kvelds-heimen blåkvelven skin.

Soli hev fare frå fjellheimen no

Soli hev fare frå fjellheimen no.
Alt stend i skugge og nattero.

Soli hev spela på høgaste tind, –
no stryk ein haustvind den harde kinn.

Soli hev leika på høgaste nut, –
ljøsken på snø-linet slokna ut.

Soli hev høgaste snø-tind kyst, –
kveldsvinden fjellet i svevn hev byst.

Kveldsvinden utetter lii syng,
svever no silju og bjørk og lyng.

No gjestar soli andre land og rike

No gjestar soli andre land og rike,
for kvelden kom, og dagen då laut vike.
Men medan stjerner over jordi brenn,
ho hastar mot den staden der ho renn,
so vert det dag igjen.

No lyser soli over andre grender,
og mildt ho signar dei med strålehender.
Imedan stjerner over Noreg stend,
ho er på ferd til landet vårt igjen,
og snart i aust ho renn.

Eg synest Gud so fint for oss det lagar:
Den vene skifting millom netter, dagar.
So kviler me og søv mens stjerner brenn
og soli nærmar seg vår heime-grend,
og det vert dag igjen.

Det er so langt dit ut til soli –

Det er so langt dit ut til soli, –
so mange, mange tusund mil.
Men lell ho når oss med si signing,
og med sin bjarte, blide smil.

Det er so langt dit ut til soli, –
so fjernt ho lògar frå vår jord, –
og, mest om kvelden, tidt eg tenkjer:
Kor Gud må vera vis og stor!

Kor takande det er med soli,
når stilt ho stig og fagert fell!
Eg stend med song i morgonstundi, –
med sorgmod i den seine kveld. –

Seinhaustens sol-eventyr

Er det verkeleg sant
at det atter er sol?
Det er smått med den stasen
no innunder jol;
men i dag legg ho lys
over hausten sitt grå.
Det er ljuvleg å kjenna,
og stor-vent å sjå.

Det skin opp etter
vekelangt våt-vêr og yr,
og i dag lyser seinhaustens
sol-eventyr.
Eg vert standande still,
og eg ser og eg ser.
Det er mildt som ein vår. –
For eit syn, for eit vêr!

Novembersol

Ho kysser moder jord si kinn
og tinar hennar frosne tåre, –
den jord som nyst hev sovna inn, –
den solkyss er so lett og linn,
og ljuvleg denne ljose bære.

Ein varm og varleg aftan-kyss
fell no på desse stivna dragi.
Ja, jordi søv, – ho sovna nyss
då vinden song sin barne-byss, –
du snaudt kan høyra hjarteslagi.

Eg elsker denne siste kyss
som signar voll og visne vangar.
Og alle skogar stilnar, – hyss! –
So fell det fyrste snøfjom-dryss.
Og draume-verdi jordi fangar.

Sol svarar jord

”Lyft deg høgare sol! no me ventar på vår,
men du enno so lågt yver åsane går.
Lyft deg høgare, so me din ljøs-fullnad får!”

Soli svarar: ”Det er ikkje eg – det er du!
Ikkje eg skal meg lyfta, men du må deg snu!
Vend deg *mot* meg, so skal du i våren snart bu!”

Det er kaldt på vår jord – sume skuldar på Gud –
og me ventar eit mildare vêrdrag frå sud.
Berre solvend fær verdi eit juni-skirt skrud.

I morgon skal soli venda

Gjev tål, gjev tål!
Når soli hev nådd
sitt lågaste mål,
då snur ho, og opp seg svingar,
mot nye høgder,
mot vår, mot vår, –
og maktene myrke tvingar.

Godt mod, godt mod!
No stend me i året
si aftanglod,
men ungt skal det atter renna.
No soli bleik i si synsrand står, –
so snur ho atter –
mot vår, mot vår!
I morgon skal soli venda! –

Det er noko stort som hender

Det er noko stort som hender
derute i skymingi still.
Det er ikkje soli som vender,
men jordi som vender seg *til*.

So gjeng det mot gildare stunder, –
å du, er det verkeleg so?
Skal atter eg sjå dette under:
i lundane livs-lauvet gro?

So sigrar i striden den store
Guds lys over myrket si gru.
Slik alltid hans allmakt det gjorde
når me mot hans livs-lys vil snu.

Hurra – no hev soli vendt!

Hurra – no hev soli vendt,
det gode, gilde hev hendt!
Litt før enn i går
or sengi ho står,
og ørlite lenger mot vest no ho når.
Hurra, hurra! – eg er so glad,
i morgonen syng eg mitt solvendings-kvad.

Den verste kneiken me no
omsider streva, og so
det lir imot vår;
om smått det enn går,
til sist me den nordiske lys-tidi når.
Hurra, hurra! – eg er so glad,
i morgonen syng eg mitt solvendings-kvad.

All verdi skulle ved solefall –

All verdi skulle ved solefall
den takande tale høyra,
og til det heilage alvors-kall
kvar kveldstund leggja sitt øyra.

Når soli sig attom sjø og skog,
då legg ho oss mildt på minne:
Den dag som nettopp ifrå dykk drog,
de aldri igjen vil finne.

So stans ei stund i ditt uro-jag,
når soli til avskil gyller!
Ja, lær å telja kvar kostbar dag!
Då bøni ditt hjarta fyller. –

Lyset er godt

Ei sylv-demring skin attom åsen
i dag-gryet æveleg ungt.
Og vinternattmyrket må vika, –
det låg over landet vårt tungt.

Då må eg eit bibelord minnast, –
det hit til mitt heimland hev nått:
Då Gud skapte lyset si kjelda,
då såg han at lyset var *godt*.

Det logar i snølakan-linet,
og snart fær eg sol-auga sjå.
Ja, – sant er det eldgamle ordet,
og vent er vel daglandet då. –

Ein solsmil til sist

Ein solsmil til sist,
til meg og til fuglen
som fløyta på kvist.
Var dagen enn grå
alt til kvelden frå gry,
omsider braut soli
igjenom si sky.
Og so fekk då eg
og småfuglen på kvist
ein solsmil til sist.

”Takk-takk, kvi-vi-vitt!”
Småfuglen, han fløyta
og takkar so blidt.
Eg lovar min Gud
for kvar solglim han gav.

Hans gåvor, dei er
som eit endelaust hav.
Han gjev meg i Jesus,
det veit eg for visst,
– det beste til sist. –

Herre, signe mitt soleglad!

Å Herre, signe mitt solefall,
at det må likna den syn eg skodar
langt, langt derute bak blåe skog,
det skyi glør og ei gullrand rødar!

Å Herre, signe mitt soleglad!
Må vent det verta, må fred det fylla!
Ja, må eg døy med eit takkekvad
og sjå di livssol min morgon gylla!

Ja, Herre, signe min solnedgang,
og lær meg bruka dei dyre timar,
til dess det stilnar på vidd og vang
og kveldens klokkor til heimferd kimar!

DAG DEMRAR OG DAG DØYR

*Dag, du hev vunne min kjærleik,
di demring, di sol-høgd, din kveld.
Eg elsker deg, lyset sin berar,
frå solsprett til skuggane fell.*

Dag – du hev vunne min kjærleik

Dag, du hev vunne min kjærleik, –
di demring, di sol-høgd, din kveld.
Eg elsker deg, lyset sin berar,
frå solsprett til skuggane fell.

Dag, eg deg ynskjer velkomen, –
meir varmt for kvart einaste år, –
og lovar min skapar for lyset
når soli i synsrandi står.

So eg mot dagningi stundar,
og hjarta slær vonfulle slag.
Alt meir det i barmen min mognar
ei bøn om – ein æveleg dag.

Dag – eg ser ditt lyse andlet

Dag – eg ser ditt lyse andlet
skina mot meg morgon-ungt.
Lognt og lett var undan veifta
midnattsmyrket tett og tungt.

Låner du ditt lys til snøen,
og til elvi spegelklår.
Fuglen fær du til å fløyta,
treet til å tru på vår.

Blånar du kring blomeskyer,
soli glim i auster-ætt.
Under drivkvitt lakan-lereft
blundar sjøen barnelett.

Dag – ver helsa varmt velkomen!
Ver velsigna til du dvin!
Signe Gud dei dyre dagar –
til min kveld i klåre skin!

Dagen kjem over kvite fjell

Dagen kjem over kvite fjell
og legg sitt lys over linet.
Skire strålar på snøen fell, –
som før skein i stjerne-skinet.

Dagen renn over kvite fjell,
og soli han hev i fylgje.
Skin i gryet det glime-vell
vent som ei brure-sylgje.

Dagen skrid over kvite fjell, –
det trolske eventyr-riket –
stutnar sistpå, og går på hell.
Helios-glimen må vike.

Dagen døyr attom kvite fjell,
men enn lyser lakan-linet.
Klår og kald ligg den fagre fell
i måne- og stjerne-skinet.

Dag-randi

Velkomen, du drøymande dagrand,
derute der himlen tek til!
Ver helsa, du varslande purpur,
langt ute i synsrandi still!

No logar alt morgonens skyer,
men småningom sloknar den eld.
Og sylv vert den skinande dagrand,
der lyset frå verdsromet vell.

I aldrar og år hev det demra, –
ei sylv-rand bar bod om vår dag.
Og difor den strima hev alltid
hatt lyset sit vonfulle lag.

I tusentals år hev det dagna,
og lid det mot verdi si natt,
det glim i den evige dagrand,
og livs-soli nyfødd kjem att.

Ei skål – ein båt og eit perleband

Kvar dag i dette jordlivs-land:
ei gáva av Guds gode hand,
ei liti skål han fylla vil
med det som høyrer livet til:
med gleda, gråt, med frygd og fred.
Alt kjem frå Far til barnet ned.

Kvar dag på denne livsens fjord:
ein liten båt, – eg sit og ror.
Og stundom kjem eg ingen veg,
men trass i alt eg nærmar meg

so småningom den siste kveld,
då soli kverv bak dække fjell.

Kvar dag på denne jordlivs-strand:
ei perla i eit perleband.

For kvar og ei som so fell av
og gøymest i det djupe hav,
eg hev ei perla mindre att, –
men i Guds himmel enn ein skatt.

Morgongull og skodde-ull

Ein dag som tek til med morgongull,
kan verta so vond og arm.
Ein dag som byrjar med skodde-ull,
kan enda so rik og varm.

Eit liv som tek til lik ljuvleg vår,
kan enda i armødsdom.
Eit liv som byrjar i kummers kår,
kan spegla Guds herlegdom.

So gjev din morgon, din unge vår,
ditt liv i din Frelsars hand!
Til solgylt tind då din livsveg går, –
til himmelens lyse land. –

Du for ein glitrande dag!

Inn over utalde skogar
skin det no kvitt i kvitt.
Inn over åsane alle
snøen i natt hev falle,
dala so blygt og blidt.

Ut over vidder og vangar
lakan-reint lin ligg no.
Lint over vangar og vollar,
knausar og knattar og kollar
la seg den lette snjo.

Bjørki hev rimfrost i håret, –
perlor av ymse slag
glim i den sylv-bunad klåre.
Slik byrja sol-lauga året.
Du for ein glitrande dag!

Grani hev frost-snø i skjegget,
tempelstill skogen stend.
Over dei nysnø-krystallar
kuplar seg frosthimmel-hallar, –
sol i juvelar brenn. –

Gjev denne dagen ville vare lenge!

Gjev denne dagen ville vara lenge!
Han var so ven ifrå det fyrste gry.
So lyst eit andlet han frå Gud hev fenge,
med ei og onnor solbjart godverssky.

Å, gjev det hende som i Josvas dagar,
då soli brått stod still i Gibeon!
Og månen, som den dagen òg var oppe,
han skein so vent i dalen Ajalon.

Å, denne lysflaum i den lette haustdag,
imedan helios mot kvelden skrid!
So dryg då lenge, lenge før du dalar,
du ljosens kjelda, bjart og blank og blid!

Eg er ven med desse eldar

Eg er ven med morgonrøden,
høgtids-eld i auster-ætt,
heilag helsing: dagen demrar,
ljuset sigrar, soli sprett.

Eg er ven med morgon-glimen,
der han inn frå rømdi skin, –
høgtids-helsing ifrå æva:
ljuset sigrar, myrket dvin.

Eg er ven med aftan-røden, –
hjarta mitt han longe vann.
Difor kviler eg i kavet
når eg ser den bjarte brann.

Eg er ven med aftan-gløden,
skinande i skuggekveld.
Når han lògar over landet,
kveikjer han ein lengsels-eld.

Eg er ven med desse eldar:
morgonglim og aftan-glod.
Må Guds morgon-land eg øygna
når mi livssol sig i blod! –

Himmelske klokkeklangar

Himmelklokkor, – du høyrer deim
klårast i morgontimen,
og når i solfalls-glimen
hyrdingen hastar heim.

Du som gjeng på di pilgrimsferd,
himmelklokkor må høyra!
Å, lat det nå ditt øyra,
bod frå ei betre verd!

Venast vårtid lyt frå oss fly;
her visnar voll og vangar, –
himmelske klokke-klangar
kallar til våren ny. –

Dei gamle ”sat skymt”

I gamle dagar sat dei skymt i stova, –
ei skumrings-stund so gild og ljuv og logn.
På mor sitt fang fekk veslebarnet sova;
det dagen døydde, var det æve-togn.

So sat dei stille medan dagen dala, –
det siste lys på aftan-kvelven låg.
Når ståket spakna, då fekk æva tala,
og ut i fjerne rymder auga såg.

So sat dei der i seine skumringstimen,
i kvar si krå, i kvardags-sess og stol.
I vesterheimen slokna aftan-glimen,
og bortmed omnen veslekatten mól.

Om so det myrkna meir og meir derinne,
dei såg det store æve-perspektiv.
Og fred og stilla seig inn over sinnet, –
ei ro som merkte heile deira liv.

Dag vart det lell!

Seint demrar dagen
innunder jol.
Seint kjem til hagen
vinterens sol.

Men i det fjerne
bliktar so bjart
morgonens stjerne, –
dagen kjem snart.

Inn ifrå rømdi
ljøs-geislar kryr.
Dag er i kjømdi.
Morgonen gryr!

Himmelens bøge
lyser lik eld.
Skyer i løge!
Dag vart det lell!

Dagen som gjekk, ser eg aldri igjen

Tagal og teken ved glaset eg stend, –
soli langt ute i synsrandi brenn.
Dagen som døyr, ser eg aldri igjen.

Det er ei sak som legg sorgmod i barm,
medan eg stend ved min vindauge-karm.
Vaknar i djupet ei hjarte bøn varm.

Kveldstjerna strålar der soli gjekk ned, –
bør meg eit bod ifrå rømdi sin fred,
medan eit kvad om Guds velde ho kved.

Stjernor som stille i rømdene sviv,
kviskrar og kved til kvart levande liv:
lev under æva sitt lys-perspektiv! –

I dagane dyre

I dagane dyre
or djupaste gruvor
gullet som gloar,
mot høgdi du hente,
sidan det skirsle,
varleg og venleg
leggje til lutring
i kjærleikens løge,
so det kan glima
glo-bjart og skina
som soli i venaste
midsumars-dagen!

I dagane dyre
mot aust du deg vende
kvar nyvakna morgon, –
solflaumen fylgje
dagen igjenom,
alt til han døyr,
medan kvelds-elden dovnar!
Då du lik symra
andletet lute,
stilt stengja ute
svartaste skuggar,
sova i fred
til deg varleg vil vekkja
solkyss på kinni.

I dagane dyre
annsamnt du onne,
stundom deg kvile
ved klåraste kjeldor, –
hjardefred vinne
i sonande straumar, –
bere og berge
kornull for himlen,
sistpå i skymringi
sjølv verta boren
heimatt – mot våren!

Ein einaste smil var den dagen som døydde

Ein einaste smil var den dagen som døydde,
frå himmelens morgonland til det vart kveld.
No er dei solstunder skire alt øydde,
eg hev attende det siste farvel.

Ber slike dagar eit paradys-minne, –
solbårer strøymer, og fuglen er fjåg.
Kling det ei klokka av gleder herinne
at eg slikt underfullt lukkeland såg.

Slik vil eg minnst den dagen som dala,
saman med andre eg hugsar so godt.
Minnet si stjerna vil tindra og tala,
til eg det evige solland hev nått.

Medan dagen er din

Prøv å få gjort det du kan, medan enn det er tid!
Året ditt hallar, og livsdagen lakkar og lid.

No hev du høve, – gå inn gjennom vidopi dør!
Skund deg, før livssoli lågt yver åsane glør.

Prøv å få gjort det du kan medan dagen er din!
Kjærleiken alltid ein utveg til teneste finn.
Når du til kvelden er komen og tidi er all,
tregar du ei at i truskap du fylgde ditt kall.

Prøv å få gi det du kan, medan enn det er råd!
Minnast at sælare er det å gi enn å få!
Tids-elvi hastar, og stundene strøymer og skrid.
Prøv å få gi det du kan – medan enn det er tid!

Herre, gjev jordi ein fredfull kveld!

Å Herre, gjev jordi ein fredfull kveld,
med solspel og sælast ro,
då enda er hatet sin heite eld,
all øyding av brøders blod!

Å Gud, gjev i nåde ei kveldstund blid
åt jordi til døden trøytt!
Ho eldest i årtusunds tunge strid,
av blod og av tårer bløytt.

Å Herre, lat stundi no koma snart!
Og varer enn striden ved,
so bed me: lat natti so skum og svart
snart enda i demrings-fred!

Og lyft so vår verd ved di allmaktshand
til lysare, ljuve kår!
Må snart me få skoda di morgonrand,
du evige sabbats-år. – –

Me hev 'kje tid

Me hev 'kje tid til å høyra himmeltonen,
men lånar øyra til dei falske klangar,
og difor spring so vilt vår verd sin gangar.
Me saknar himmelsong ved mikrofonen.

Me hev 'kje hug å høyra himmelkvadet,
dei djupe tonane om livsens vegar.
Men dei som lydde, aldri, aldri tregar.
For himmelsongen gjorde hjarto glade.

Det er dagen som døyr

Kva er det som brikjer
og brenn der i brynet?
Kva tyder det storfelte,
skinande synet?
No gullglør kvar sky
over bygd, over by,
over åsar og fjell,
snart veks det i velde,
snart dalar og fell,
og dovnar so av
i den aukande kveld.

Der det brikte og brann,
er det berre ei rand,
som eit blenkjande band,
lik eit lysande røyr.

Det er dagen som døyr. –

Våt-kald kveld

Blom blundar,
blad fell,
grein sprikjer, –
kald kveld.

Regn piskar,
sky driv,
storm ruskar, –
døyr liv.

Dag dånar,
vind syng,
skog svartnar, –
græt lyng.

Dør riktar,
kvist knest,
fugl piptar, –
von brest.

Det græt i solefallet

Det græt i solefallet, –
eit hjarta sukkar tungt.
Det fylgde ikkje kallet
då det var morgon-ungt.

Det græt i solefallet, –
for dagen gjekk so fort.
Og snart hev åri alle
nådd livsens siste port.

Det græt i solefallet.
Min Gud, miskunna deg!
Må eg få høyra kallet:
Kom heim, min son, til meg!

Duvor i solnedgangen

Der flyg det duvor
i solnedgangen,
mot gyllen bakgrunn,
i skymrings-fred.
Og vintervinden,
han syng og sjogar.
Og vent det lyser
der sol seig ned.

Eg ser dei duvor
i solnedgangen,
og attom logar
ein purpur-eld.
Ein dag er enda,
i vekjømd bankar
mitt hjarta no
i den unge kveld. –

Dagen min døyr attom blånande fjell

Når sol-auga sloknar,
då vert det so døkt.
Det skymest so smått
når den lampa er sløkt.
Men kuppelen gløder
og glimar i gull,

og verdi av vekjømd
og kveldsfred er full.

Når sol-auga sloknar,
då vert det so stilt.
I hugen min kjem
noko mjukt, noko mildt.
Då tidt gjeng min tanke
til livet sin kveld, –
då dagen min døyr
attom blånande fjell.

Morgon ved Vangsmjøsa

Dagen fór frå oss, –
slokna so snart.
Natti seig på oss,
skuggetung, svart.

So eg omsider
vakna på nytt.
Solrenningstider!
Natti hev flytt.

Aldri eg gløymer
solsynet då;
hjarta mitt gøymer
det eg fekk sjå.

Storfelt var synet,
soli sin skatt.
Sokk det som lynet:
Kristus kjem att!

Sjølvs er han soli,
stråleskir, klår.
Kom han i joli,
kjem han – med vår. –

Solskin, solskin vert det siste

Det er helg ved hei og hav
høgtids-klokker kling og kimar,
og november-soli glimar,
kysser lauvet som fall av.

Seinhaust-skoddi grå laut fly.
Gløymde er dei dagar triste. –
Solskin, solskin vert det siste, –
når vår Gud gjer verdi ny.

Minnast midt i haustskodd-yr, –
når det dryp so kaldt frå kviste –:
Solskin, solskin vert det siste,
Når Guds æve-morgon gryr! –

No døyr han, året sin siste dag

I gamleåret sin siste dag
eg høyrer æva sitt andedrag.
I gamleåret sin siste kveld
eg høyrer susing frå æve-fjell.

Frå tårnet tonar dei malmars slag, –
no døyr han, året sin siste dag.
Og skogen susar, og stjerna brenn.
I nyttårskvelden eg tagal stend.

Ei gyllen kveldsrand eg ser i sud,
og hjartebøni gjeng opp mot Gud.
So smal ei strima av tid er att, –
hjelp meg å nytta den gullrand-skatt!

Då takkar eg Gud for den paradis-draum

Ein haustdag med skyer i rekkje og rad,
som reinaste, nytvegen ull,
og attanom himmelens blåaste blad,
og åkrar som gloande gull, –
då synest eg jordi sitt andlet hev enn
av paradis-dagen ein dâm,
og alden i solhagen gløder og brenn,
og lyngen hev lysande blom.

Det glitrande solauga møter so mitt, –
ein einaste smil er vår verd,
frå skyer i drift på eit himmelhav fritt
til skogen sitt raudleitte bær.
Då takkar eg Gud for den paradis-draum
som slokna, men drøymest igjen, –
lik blomen seg opnar i ljuset sin straum,
når æva sin solmorgon renn. – –

Det kom so fort, dette solefall

Chr. Oftedal in memoriam.

Dei døyr so brått, våre beste menn,
fell frå oss i unge år.
Med gråt i hjarta me står igjen,
i barmen saknaden svir og brenn, –
det blør ifrå friske sår.

Dei døyr so brått, dei som best me tarv,
som stødt hadde mest å gi.

Kven skal vel lyfta den dyre arv
no soli deira bak skogen kvarv
og enda er dåd og strid?

Dei døyr so brått, desse edle menn, –
ein gullgang i malmars fjell. –
Men verket deira, det stødig stend,
og minne-stjerna, ho brår og brenn
i solefalls purpur-eld.

Det kom so fort, dette solefall, –
den dagen var rik, men stutt.
No mektig manar eit myndig kall:
Til strid for lyset, mot myrkers vald,
til ogso *vår* dag er slutt!

Det kvadet du nynnar –

Det kvadet du nynnar når morgonen renn,
det sidan om dagen vil koma igjen.
Det namnet du kviskrar når morgonen gryr,
vil leva i hugen mens timane flyr.

Den bøni du ber når du augo let att,
vil vaka og vara di sjel og din skatt.
Den tonen du tek når du vaknar igjen,
vil skjelva i sinnet når timane renn.

So fyll då din hug med dei heilage kvad,
og gløym ei den bøn du i barndomen bad.
Lat harpa di ljoda ved morgon og kveld
av tonar med opphav i evige vell!

I kveldstill ro søv landet

Den siste skire smil av sol
gjer jordi ljuv og fin.
I dette lette solskins-lin
ligg skogane og skin.

Men smilen kverv so snart,
og bygdi blid og bjart
fær på den døkke drakt, –
no skuggande fær makt.
I kveldstill ro søv landet.

Å, må eg nå det land der soli bur!

Å, må eg nå det land der soli bur,
når livsens korte kveldstund her er enda, –
der ho kvar jonsok ei mot haust lyt venda
og fuglen ei i visna lauv sit stur,
men han og eg ei æv'leg frygd fær kjenna!

Å, må eg nå det land der bjart-øygd blom
og raude barnekinner ei lyt bleikna,
og ingen mann og møy mot haust må veikna
og ingen fær ei kolmyrk grav til rom
når døden her sin kalde kross hev teikna!

Å, må eg nå det land der kjærleik rår
og ei den såre strid imillom frendar,
der hat og hemn og kalde krigar endar
og Gud vert æra i ein æv'leg vår,
og soli signar oss med strålehender!

Å, må eg nå det land der livet vell
frå tusund kjeldor attved Herrens trona,
og der me høyrer himmelharpor tona
frå dei som æv'leg jonsok-høgtid held
og hyller Han som verdsens synder sona!

Umerkande lir det mot livet sin kveld

Umerkande lir det mot livet sin kveld.
Då skal for Guds vener det dagna.
Då stend me i lys frå det evige vell
og jublar i æveleg fagnad. –
Miskunne deg over oss, Jesus!

Den dagen me fekk her på jordi, er kort,
og visst han for alle tek ende.
So stend me ei kveldstund ved æva sin port,
og vinkar til kjære og kjende. –
Miskunne deg over oss, Jesus!

Gud, hjelp oss å nytta den livsdagen dyr,
og anda i kjærleik her nede,
til soli vår glader – og atter det gryr
mot morgon med æveleg glede! –
Miskunne deg over oss, Jesus!

VON OVER VANG

*Eg såg desse bjarte blomar,
i skiraste juni-skrud,
og høyrde den glade helsing:
Godt mod! Og ha tru til Gud!*

Det siste vert Guds morgon-eld

Eg kjem frå byen, slakk og sliten, –
vart med ein trikk i siste liten, –
no tek eg nett den siste biten
av bakken opp til hus og heim.
Då snur eg meg, mot solfall skodar:
Det logar, lyser, raudnar, rødar.
Eit purpur-syn imot meg vell.
So fager er min vinter-kveld.

Den varme, vene skarlaks-elden
i klåre, kalde vinterkvelden
legg ljøske over nysnø-felden,
og hjarta mitt so godt han gled:
Den voni vil eg aldri miste
at lyset er det fyrste – siste.
Lat berre koma kveld på kveld,
det siste vert – Guds morgon-eld!

Då lyfter eg vengja

Den drygaste dagen til endes lyt gå, –
med bjartaste bylgjor frå blåaste blå,
med skyer som blomar, og fuglekor-kvad.
Til sist kjem eit sorgmod-stilt soleglad.

Det rikaste livet tek ende ein gong, –
då longe hev tagna den vårfugle-song.
Når soli seg nærmar si synsrand i vest,
då lyfter eg vengja, – eg her var ein gjest. –

Eit ekko frå Eden i aust

Det breier seg ut over himmelens blå
ei skinande solskins-sky
Og høgt under kuppelens kvelv kan eg sjå
dei sommarens svaler flyr.

No gauken hev tagna, nyst lerkene drog, –
det er ikkje song som i vår.
Men solvellet ligg over syngjande skog,
og kvelven er blåklokke-klår.

Det seinsommar er i det høge nord, –
eit ekko frå Eden i aust.
I signande straumar av lys ligg vår jord,
og mognar sitt liv mot haust.

Ein morgon som denne so mykje veg upp,
og mykje han voni fortel.
Når livstreet lyser, som no stend i knupp, –
å du, for ein song, for eit spel!

Eit ekko frå Eden, ein draum om det land
der stormar og skuggar hev flytt,
der sol-bylgjer glitrar mot gleda si strand, –
der livet er æveleg nytt. –

Men voni kviskrar –

Vinden i lauvet puslar,
og lett han i bladi riv.
Men voni – der kring eg ruslar –
ho kviskrar om evig liv.

Haustsoli hagen gyller,
ho døyver mitt såre mod.
Og voni, ho hugen fyller
med vår-fagnad varm og god.

Vel er ein sumar gjengen,
alt endar den lyse tid.
Men høyr – ifrå harpestringen
kling voni sin melodi!

Sol-bårer signar hagen,
og lauvet i lufti sviv.
Men voni, ho kved i dagen,
og kviskrar om evig liv.

Ruslar eg då og reikar,
i hausthagen kringom driv.
Men voni i hugen leikar –
ho vitnar om evig liv. –

Ein skimt av sol ved vintertide

Ein skimt av sol er dyr ved vintertide.
Dess meir er denne sjeldne smilen kjær.
So set eg meg der denne båra blide
kan nå meg frå dei fjerne rømders verd.

Og er det ved det bel då dagen aukar,
då gjer den ljose skimt enn meir meg glad.
Då gjeng det mot den stund då våre gaukar
i junikvelden syng sitt klåre kvad.

Lysning på veg

Tunge og trugande
skyene sigler
over ditt hovud
i haust-kjøleg kveld.

Men attom åsane
øygnar eg noko:
skyene svarte
undan seg dreg,
himmelen klårnar:
Lysning på veg.

Venta no, bia no,
skoda mot syns-randi! –
Sjølv om det svartnar,
du snart skal få sjå,
med iling av gleda
og agefull undring:
Det bjartnar derute.
Himmelen blå!

Men æva tek aldri ende

Sekundane skrid,
som småbylgjor glid,
minuttane flyg,
og timane smyg.

Tidslyset brenn,
dagane renn,
vekene går,
vinter og vår,
år etter år, –
elvi ho når
havet, og aldri ho vende.
Og æva tek aldri ende.

Sol-uret sa:

Då eg var barn, og lo og laup:
tidi kraup.

Då eg var ung, eg røynta fekk:
tidi gjekk.

Og då eg vart ein vaksen mann:
tidi rann.

Eg eldre vart, og skuggar smaug:
tidi flaug.

Og snart det fulle mål er nått:
tidi gått!

O Krist, vil du ha frelst meg då? –

Frå engelsk

Ein pust ifrå paradiset

Ein pust ifrå paradiset
var blomen du bar herinn.
Nyst lauga i livsens kjelda

han lagde ein song i mitt sinn.
Godt mod! denne blomen sagde, –
han stod i eit doggfriskt skrud,
med reinleikens himmelfargar.
Du er ikkje gløymd av Gud!

Ein pust ifrå paradiset,
eit bod om eit betre land,
eit vitne om Herrens velde,
hans visdom og allmaktshand, –
ein lovnad om livsens vårar,
der allting vert ungt og nytt,
der livet og lyset bårar,
for døden hev frå oss flytt.

Ein pust ifrå paradiset
den regnvåte mismodsdag.
Eg såg desse friske fargar
og vart i so ljost eit lag.
Eg såg desse bjarte blomar,
i skiraste juni-skrud,
og høyrde den glade helsing:
Godt mod! Og ha tru til Gud!

Sjå innom dei einslege gamle!

Sjå innom dei gamle, – velkomen du er, –
tidt sit dei aleine og grundar.
Det lakkar til endes med livet si ferd,
og sårt etter samfunn dei stundar,
Gud signe dei einslege gamle!

Sjå innom dei gamle, – dei helsar deg glad:
Du hjartans velkomen skal vera!
So les du eit ord, og du syng deim eit kvad, –

eit bod ifrå himlen får bera, –
til signing for einslege gamle.

Sjå innom dei gamle; litt solskin tak med, –
då lysnar det fagert i stova!
So bed de i lag, og i Herren dykk gled,
og honom får tilbe og lova.
Gud signe dei einslege gamle!

Vil takksam du verta –

Vil takksam du verta,
so sjå om dei sjuke,
som hovudet hallar
mot putene mjuke.
Dei kan ikkje springa
og spretta som du,
som snøgt kan deg svinga
og svint kan deg snu.

So mange lyt lida
i dagar og netter,
når lauvet fell av,
og når atter det spretter.
Men du fær gå oppe
frå tid og til tid, –
so er du vel takksam
og tenande, blid?

Vil takksam du verta,
so tenk på dei arme,
som gremmest og græt,
utan von, utan varme!

Og om dei di hjelp
i sin armodsdom får,
du etterpå endå meir
takkande går. –

Vil takksam du verta,
so minnast Guds gåva,
det evige liv
han i Kristus har lova!
Då tonar det i deg,
då syng du ditt kvad,
og gjeng gjennom dagen din
takkande, glad.

Kristus imperator

Du som styrer stjerners gang,
med de naglemerkte hender,
alt til verdensløpet ender,
kjenner støvets kår og trang, –
opp til deg min sang jeg sender.

Du som led for verdens ve, –
enda du var lysets lue, –
måtte blekne, bløde, grue
for at vi Guds smil skal se, –
glad jeg engang deg skal skue!

Du som styrer solers hær, –
stjerners diadem deg kroner, –
signer slekter og nasjoner,
er ditt folk i miskunn nær, –
evig lovsang mot deg toner.

Ei liti strima og ei liti tid

Ei liti strima
av Guds grøne jord
vart mi. –
Her skal eg bu
ei liti lukke-tid.
So lyfter fuglen vengja,
flyg mot sud,
mot ævelandet stort og vidt,
– mot Gud.

Ei liti strima,
og ei liti stund.
No syng ein haust-fugl
i ein lauvfalls-lund.
Det er so stilt,
i tun, i tre, på mo.
Alt minner meg
om æve-kvila god.

Ei liti strima,
og ei liti tid!
Då er det sælt
at stjerna skin so blid.
Når so det kveldar,
kvitrar eg farvel,
vil fly,
og landar sæl,
på jordi ung og ny.

Det kling ei klokka på din veg

Frå solarsprett til solefall
du høyra må det høge kall, –
det kjem frå himmelhallar.

Det kling ei klokka på din veg,
til helg og høgtid æveleg
ho pilegrimen kallar.

Å, sæl er kvar og ein som vil
i tide venda øyra til
når himmelklokka ljomar!
Ho leida skal din livsens gang
til Edens lyse, vene vang,
med bjarte æve-blomar.

So er då sporven òg i Herrens hender

So er då sporven òg i Herrens hender,
den spede skapning på den granne grein.
Imot den siste sol-glim du deg vender,
og syng og syp ei kveldsluft klår og rein.
Tenk, også deg min Gud ein tanke sender!

Eg tenkjer på dei mange fugle-ætter, –
det er ’kje langt frå egget og til grav,
men lell du hugleg kved når lauvet spretter;
du lovar Gud for livet han deg gav, –
ja, også i den kvite, kalde vetter.

Du fløytaf fjåg, den store gleda kjenner, –
i morgon munnen ligg i moldi gøynd.
Kven bryr seg vel? – Ein fugl! – Jau, *ein*
seg vender
mot stakkars sporv, – du er av *Gud* ei gløynd.
So er då sporven òg i Herrens hender!

Du store Gud som ville livet gjeva,
du elskar alt – frå mann til makk i mold,
og mauren som i tuva si mon streva,

og litti lerka over vår-varm voll.
I denne trygge tru eg glad kan leva.

Umerkande

Umerkande er dagningi, –
det bjartnar og det brenn.
So sigrar lyset stilt og stort,
og sistpå soli renn.

Umerkande er myrkningi, –
det skumrar seint og smått.
Lell om eit bel det kolmyrkt er,
og me hev natti nått.

Umerkande er mogningi,
frå kart til frukti klår.
Lell *er* ho der, – å, minnst det
i lengtingstunge år!

Umerkande er aldringi, –
eit år gjer ikkje stort,
men barnet sistpå olding vert.
Kor livet vårt gjeng fort!

Morgonen etter

Det vonde vêret eg alt hev gløymt
morgonen etter.
Det er eit minne i djupet gøynt.
For soli rann bakom åsen att,
og vekk vart veifta den nifse natt.

I går song stormen sin kjempe-slått, –
morgonen etter

låg bygdi still som ei alve-slott.
Og morgon-glimen var ven å sjå,
og lyset leika, og auka på.

I går strauk stormskyers svarte tog, –
morgonen etter
det blinka stjernor mot sjø og skog.
Og landet vakna som barn or blund,
ei god og glitrande glede-stund.

I går det ylte og peip og kvein, –
morgonen etter
var lufti nektarfrisk, kjelderein.
Og tempel-stilla i skogen rår,
der stormen rasa og reiv i går.

I dag er himmelen låg og grå, –
morgonen etter
og ser i gleda mot kvelven blå.
Og livsens stormar eg gløymer brått
når eg hev himmelens vårland nått.

Det ligg noko godt og ventar

Det ligg noko godt og ventar
der framme på vegen du går.
Guds signing i Kristus deg møter
so rikt ifrå år og til år.

Du spyrjande stend der, – og stierer:
Kva skal eg der framme få sjå? –
Frå lys og til lys skal du vandra,
frå signing til signing gå.

So tek du i dags-ferder vegen,
og Gud hev lagt ned noko godt

kvar gong du ved kjeldene kviler, –
til Kana'ans land du hev nått.

Du hev noko vakkert i vente, –
får Frelsar hev lova det visst.
Og kjem du til vegen sin ende,
det beste deg møter til sist!

Gå glad din veg!

Gå glad din veg, lat mismod ei deg tyngja!
Du opp skal sjå og takkesongar syngja!
Din Far og frelsar omsut hev for deg,
gjev hjelp i rette stund, – gå glad din veg!

Gå glad din veg, – det ingen morgon randar
då ikkje Gud den rette livsdrykk blandar.
Ja, berre godt og miskunn møter deg.
Det beste kjem til sist, – gå glad din veg!

Gå glad din veg, – vår Frelsar oss hev vunne
ein evig arv og oss til himlen bunde.
Hans pakt står fast, – det fjell ei rikkar seg.
Kvar stund han er deg nær, – gå glad din veg!

Gå glad din veg, – imillom englar gjeng du.
Dei vaktar deg, då ikkje ottast treng du.
Eit evig utsyn sispå opnar seg,
det sæle livsens land, – gå glad din veg!

Herre, ha takk at tidi skrid!

Herre, ha takk at tidi skrid,
ut mot din sæle sumar lid!

Takk at ditt tempel lyfter seg,
eingong skal verta vigt av deg!

Herre, ha takk at riket ditt
dag etter dag vert stort og vidt!
Takk at det kjem, og so til sist
sjølv vil du koma, Jesus Krist!

Herre, ha takk, du roret held,
styrer min båt i hamn mot kveld!
So er det stort at åri skrid.
Herre, ha takk til evig tid! –

Kjærleik er det verdi treng

Kjærleik er det verdi treng,
denne varme solskins-flaumen,
denne djupe vårlivs-straumen,
som med song om landi gjeng.

Kjærleik er det hjarta treng,
denne skire varme-glodi,
denne dyre signings-flodi
som til sjeledjupet gjeng.

Utan kjærleik blomen frys,
hjarta kolnar, dagen svartnar.
Men den myrke natti bjartnar
ved Guds kjærleiks klåre lys.

Takk for sol-glimen, Gud!

Takk for solglimen, Gud!
Han er ljøs, han er gild,

og ho vermer meg vel,
denne sol-bylgja mild.

Takk for solglimen, Gud,
i ein seinsumar-kveld!
Å, han gjer meg so godt
når frå vester han fell.

Takk for solglimen, Gud!
Når min livskveld fell på
og det myrknar mot natt, –
lat meg solglimen sjå! –

Når du skal døy

Når åndi flyg frå sin lekams reir –
fordi det der ikkje rom var meir –
og inn yver dødsens hei,
det er ein underleg alvorskveld;
meir lagnadstungt er då *livet*, lell;
då legg du di æve-lei.

So lær i livet å leva rett,
so åndi di, når di hytta dett,
tek flukti til himmelferd!
For då hev døden sin gift-odd mist,
og du i trui på Jesus Krist
skal skoda ei vonfull verd.

So syt då for at ditt livsens tre,
når lauvet singlar i hausten ned,
kan standa med knuppars mengd.
Då skal det vakna på nytt ein vår,
når sevja sterkt opp i stomnen går, –
og strøymer ei ævelengd.

Over dei kristne graver

Det ligg ei underleg lysning
over dei kristne graver, –
ein morgonglim, ein kveldsol-flaum,
av von og tru ein strålestraum.
Det ligg ei underleg lysning
over dei kristne graver.

Det skin ein underleg blome
over dei kristne graver,
ein blom som aldri bleiknar burt,
ein æve-knupp, ein livsens urt.
Det skjelv ein underleg blome
over dei kristne graver.

Det renn ein æveleg morgon
over dei kristne graver.
Ved ljom av lur dei opnar seg, –
til livet ligg den frie veg,
og inn i paradiset dei dreg.
Det renn ein æveleg morgon
over dei kristne graver.

Guds purpur-eldar

Det er ved gry og kveld
at soli gyller;
med purpurfarga eld
ho skyi fyller.
Slik vil du, Herre,
signa morgonstundi,
og gjera kvelden blid
når livsens stutte tid
er snart utrunni.

Vår Gud, når dagen renn
og når det kveldar,
gjev at då for oss brenn
Guds purpur-eldar!
Ja, signe du dei små,
og våre gamle,
at dei til deg må gå
og du oss nådig må
til himlen samle!

Dei skrid so snøgt, desse dyre år

Dei skrid so snøgt, desse dyre år, –
so fort dei fêr ifrå vogge-tidi.
I sumardagen so snart me står,
og om ei stund er vår livstid lidi.

Dei skrid so snøgt, desse dyre år, –
kor vent og stort om dei vel vart nytta!
Då skal ein gong til ein gledevar
i livsens skymringsstund sæl du flytta! –

Det skal blenkja opp omsider

Det skal blenkja opp omsider,
skina opp for godt.
Tidi skrider, –
endar naud og nott.

Det skal demra dag omsider, –
morgonstjerna lær.
Natti lider,
æva alt er nær. –



DET GODE ÅR

1959

*Eg liknar lerka i dette eine:
at helst ho kved under kvelven reine.
Når soli spelar på vårleg grunn,
då er det lovsong i lerkemunn.*

*Men er det går-ver og rusk og væte,
me høyrer sjeldan det ljose læte.
Då sit ho tagal på tuva si.
Men kjem so soli, ho glad kved i.*

*Og vert det mykje av sol og glede
i desse einfelde lerke-kvede,
du lyt orsaka meg, kjære du,
for helst eg ville i ljuset bu!*

FUGL FLØYTAR OG BLOM BREST

*So veit eg for visst, og den von gjer meg glad:
Ei livs-lov i tilværet rår.
Nei, aldri skal enda det sylvklåre kvad.
Det siste skal verta ein vår!*

Og våren kysste mi kalde kinn

Og våren kysste mi bleike kinn,
for fyrste gong i det nye året,
og song sitt sol-kvad i hugen inn.
I barmen braut det ei glede-båre.

Og våren kysste mi kalde kinn,
og fløytetonane var so klåre.
Det strauk ein vermande sunnanvind.
I auga glitra ei glede-tåre.

Ja, det var våren sin fyrste kyss,
og lenge etterpå hjarta titrar.
Det syng i lufti, – eit livskvad – hyss!
Frå kvelven blå-bjart ei vårsol glitrar.

Mor slepte hønene ut i dag

Mor slepte hønene ut i dag, –
dei stig so varleg med stille steg.
Frå sør kjem vårvindars milde drag,
og fuglen ferdast sin frie veg.

Ja, høna gjeng der so still og spak.
På grannegarden ein hane gjel,
og staren fløyttar på stovetak.
Kvar høyrest mjukare tonespel?

Det er so stilt i den gamle grend, –
litt hønerekling og fuglekvit,
litt knitr frå haustlauv som lystig brenn.
Og yver alt denne vår-sol-glitr.

No er det mange som vil kveda

No er me atter ved dei tider
då lauvet lyser nytt og ungt.
No vekkjer våren liv i lider,
og veiftar vekk so mykje tungt.

No er me atter i dei stunder
då livet faldar ut sin blom.
Me ser det store skapnings-under,
og lovar Herrens herlegdom.

Det er so mykje glitr og gleda,
det er so mykje lyst og lett.
Det er so mange som vil kveda,
so mang ein knupp som svell og sprett.

Ja, det er frygd og det er fagnad
i vårens vene vakkings-tid.
So styre Gud vårt liv, vår lagnad
mot æve-våren bjart og blid!

Alle tiders tid

Nå er den hvite vinteren endt,
mørket som tynget oss, til lystid vendt.
Skinnende snø i sol, fuglefløyt glad!
Snart stemmer lerken i sitt tryllekvad.

Dagene lenges, kveldsmørket flyr,
snart ser vi lysvårens livs-eventyr.
Møter vi syngende bølgen fra syd,
medens det såre sinn blir fylt av fryd.

Von i hver morgen, hver fløytelåt!
Hjertet vårt breste vil i gledegråt.
Takk da, du livets Gud, for våren blid,
fagreste stund på jord – alle tiders tid!

Når det vert sylvklang i fuglelåten –

Når det vert sylvklang i fuglelåten,
då er det mest som eg kjem på gråten.
For då eg skjønar det snart er vår.
Den linne lufti det same spår.

I ospe-treet på gamle garden,
der sit og fløytar den trugne staren.
So mjuk i mælet du alltid var.
Å, ver velkomen, du starefar!

Det strøymer mot meg frå lyse lundar
dei tusund tonar frå fuglemunnar.
Det tirlar, trillar og pip og læt,
so vent at eg både ler og græt.

Frå elve-faret eg høyrer ómen;
eg kjenner låten: han kjem frå lomen.
Og skjori skrattar i bjørkelund;
kra-kra det læt frå ein kråkemun.

Sjå, der på vår-pløgsla trippar erla,
og yver vollen skin sjølve perla
i alle vårfuglars glade kor:
høyr, lerke-kvadet høgt yver jord!

No gløymer me vinterens vande og ve

No gløymer me vinterens vande og ve,
for våren er ung og ny.
I skogane tinar den siste snø;
han grønkar so smått, denne bleike bø.
Og tidleg kjem dagsens gry.

I andakt eg stend i ei solefalls-stund, –
det er som ein tempel-hall.
No livet skal vakna or langan blund, –
til finaste fløyt ifrå fuglemunn, –
og løysast or dødsens vald.

Kva under at gleda i barmen min vell,
at voni mi brest i blom?

Eg høyrer eit livs-kor i dag-ljos kveld, –
so sigrar då livet og lyset lell, –
og Skaparens herlegdom! –

Harpa i skyi

Kva er det som no når mitt øyra?
Kva er det for slått eg fær høyra?
Kven er det som trillene slær?
Eg meiner at *lerka* det er!

Velkomen, du fugl utan like,
du songar i våren sitt rike,
du levande harpa i sky,
som tonar i sol-fall og gry!

Sevja

No vender sevja attende,
den livsfylte, sigrande saft.
Ho sig millom borken og veden;
ho strøymer, den skapande kraft.
Og ingen kan stansa den straumen
som stig ifrå roti upp.
Han gjestar dei ytste greiner
og kysser kvar svellande knupp.

Kven laga deg djupt der nede,
kven hev i den livs-straumen lagt
dei løynde og mystiske krefter,
den veldige, skapande makt? –
Å, venta ei stund, til treet
med blomar og blad stend brud!
Då skimtar du sevja sin løyndom.
Då timjar bak henne du – Gud!

No bankar våren på Noregs dør

No bankar våren på Noregs dør,
som han i årtusund gjorde før.
Han spør so varleg om lov han får;
me venleg svarar: velkomen, vår!

No bankar våren på Noregs port,
som han aldrar og år hev gjort.
Ei bylgja biar ein stad i sør, –
no bankar våren på Noregs dør.

No ser eg atter den lyse kveld,
og seint sig soli bak år og fjell.
No løyset atter kvar islagt li.
Takk, livsens Gud, for den lyse tid! –

Eit varmt velkomen, du vår, til deg,
når no du inn yver Noreg dreg!
Du er so bjart, og du er so blid.
Velkomen, vakraste vakningstid!

Ein måltrost hev kome med våren

Kva er det som strøymer imot meg i kveld, –
eg hev ikkje kjent det på lenge, –
eit underleg, angande, gledefylt vell
som inn yver landet hev gjenge?
No veit eg det, – du, det er våren!

Kva er det som andar imot meg so mildt,
om snø-linet skin oppi lidi?
Eg syp dette draget, – då kviskrar det stilt:
Jau, det er den gildaste tidi
som gjesta oss vil, – det er våren! –

Kva er det for sylv-låt i ospetopp-grein, –
eg tykkjer den tonen å minnast.
Han lyder so mjuk og useieleg rein, –
den fagraste fløyt som kan finnast. –
Ein måltrost hev kome med våren.

Våren er ei himmelsk tid

Våren er ei himmelsk tid!
Varme-vellet – solskins-blanda –
inn eg fær i barmen anda,
etter vinter'n streng og strid.

Våren er ei ljuvleg tid!
Alt vil blenkja, alt vil bløma,
natti ifrå Norden røma,
grønka kvar ei grein som bid.

Våren er ei herleg tid,
alt vil kveda, alt vil kvitra,
soli årle, silde glitra
ifrå kvelven blå og blid.

Våren er ei festleg tid, –
fargar, song og spel og tonar
ifrå munnars millionar.
Livsens bylgja lys-lett glid.

Våren er ei vakker tid, –
skimt av paradiset svunne,
det som no er atter-funne,
ved vår Frelsars sår og strid.

Våren er ei vonfull tid!
Best av alt, han vil meg minna:

eingong skal hjå Gud eg finna
æve-våren ljuv og blid.

Våren kom so varmt i år

Våren kom so svint i år;
snøgt vart lufti linn og klår,
mjuk av milde vindar.
Snøen fekk med eitt det brått;
no han alt sin veg hev gått, –
enno skin kring tindar.

Våren kom so varmt i år, –
ikkje lenger enn i går
snoen reim og ruska.
Men i dag ligg sjøen still;
bjørki stend i brisen mild, –
og i sol kvar buska.

Ver velkomen, livsens hav!
Ver velsigna, du som gav
slike sæle stunder!
Herre, takk at enn ein gong
eg fekk høyra ljosens song, –
møta vårens under!

Vårløysings-verket stilnar

Vårløysings-verket, det stilnar
i mars-kvelden kjøleg og klår.
Då stivnar til skare snøen,
når soli bak skogen går.

Men sjølv om den tining tagnar,
so høyrer eg bekken lell.

Han klunkar og læt og klukkar
og brusar i barfrost-kveld.

Og venta til neste morgon,
når det utpå dagen lid!
Ja, då vert det leik i liom,
og vår-verket vidare skrid.

Han kom til gards nett no

Ein tone ven og velkjend
eg høyrer no i kveld,
seg, er det 'kje ein måltrost
som syng med' soli fell?
Det er so lyst i landet.
So kom då våren lell!

Det er so skirt derute
der soli gjekk til ro.
Dei lette solfalls-skyer,
dei skin i glim og glod.
Det kved ein einsleg måltrost.
Han kom til gards nett no.

Det fyrste lyse skjær

No er det gamle skjera-reiret
av lyse lønne-lauvet løynt.
Den kalde, våte vinter-leire
den same lukka snart hev røynt:
Å verta kledd, so vart og mjukt,
av livsens teppe bjart og bljugt.

Når landet lysnar etter armod's-omen,
og lufti sitrar i ein varmedis,

då faldar ut si krona symre-blomen,
og landet liknar på eit paradís.
Av alt me møter i den vide verd,
er venast lell det fyrste lyse skjær.

Hyggeleg å høyra staren

Hyggeleg å høyra staren,
no for fyrste gong.
Sit han i ei osp i garden,
syng so glad sin song.

Ja, det er so gildt å høyra
denne klangen klår.
Fyrste gong han når mitt øyra,
ber han bod om vår.

Hyggeleg å høyra staren
på sin gamle stad.
Sit han i si osp i garden,
fløytar fjåg sitt kvad.

Brest – gledekjeldor!

Brest, gledekjeldor alle,
og brus i morgonstundi!
Enda er natti den kalde, –
ei æveleg livssol er runni!

Brest, gledekjeldor klåre,
og strøym i morgonglansen!
Jesus bar syndene våre
og vann oss den glimande kransen.

Brest, gledekjeldor fulle,
og oll i morgonklåren!
Kristus vann ævelivsgullet,
utløysingi, voni og våren!

Leirfivelen

I kalde grøftekanten
det sleng ein solskins-sleik,
når han mot sør, og ei mot nord mon venda.
Og ut mot middags-stundi
det vert so varm ein steik,
og so ein vakker morgon kan det henda
at fram du keik.

I gufs av skaresnøen
du skin so gul og god,
og glad – for du hev soli på di side.
Om livsens store siger
du er det fyrste bod,
du varslar verdi at den våren blide
snart vaknar no.

Imillom snø og isvatn
du stend, i leire våt,
men frisk og fjåg, for vårsol kinni varmar.
Og yver blånar kvelven,
det lyder lerke-låt;
du kosar deg i smeik av stråle-armar,
i sol-leik kåt.

Vel er du ingi dronning,
men hjarta vårt du vann,
du fyrste blom som dristig fram deg vågar.
Og difor stryk deg varleg
so mang ei barnehand,

og same eld i kinni dykkar logar, –
ein livsens brann.

Glade april

Velkomen, velkomen, du glade april,
du gullgut blant månader alle.
Snart skin du imot oss so godsleg og mild,
snart andar du isvindar kalde.

Ein skøyar-gut er du – som alltid du var,
og sume deg kallar ein svikar.
Men alltid du *våren* i famnen din bar,
og difor eg endå deg likar.

Ein stor-skøyar er du, ein skjelm og ein fant,
i ætt med dei gladaste gutar.
I dag sigrar soli, – å du, er det sant!
Ho seint imot skogen seg lutar.

Og difor du er oss so ljuvleg og gild,
ein gladværug gut som me prisar.
Velkomen, du blåøygde grumgut, april!
Farvel, alle øydande isar!

Dei gamle og gauken

Han stod på tunet ein juni-kveld, –
no gamal han var av år.
Fuglar fløyta i kvar ein topp,
og tonen var skir og klår.

Han stod på tunet ein juni-kveld, –
det anga av bjørk og hegg.

Vinden leika i sylvgrått hår,
og strauk mot det lange skjegg.

Og soli vermdde den gamle kinn, –
den elden var linn og god. –
Då brått me høyrde langt burtanfrå
eit velkjent ko-ko, ko-ko.

Ein gamal kjenning frå farne år, –
eit koseleg klokke-spel!
So sagde eg til den gamle bror:
Høyr! – gauken i åsen gjel!

Han handi la attom øyra sitt,
og lydde, mot skogen vend,
men høyrde ikkje den minste grand
av tonen, frå gamalt kjend.

No gjel han høgare, gamle bror!
Prøv no om du lyda kan.
Han atter handi bak øyra la, –
men høyrde 'kje minste grand. –

Han stod på tunet, og gauken gol,
i åsen: ko-ko, ko-ko. –
Han såg på meg med ein sorgsam smil:
Je er nok for gamal, no!

*

Det gjekk eit år, og kan henda to.
På nytt var i Noreg vår.
Mor stod på tunet ein juni-kveld,
ho òg hadde sylv i hår.

Og atter høyrde me gauke-mål,
frå åsen i aust det lét.

Det tona ut yver bygd i still, –
det jubla og lo og grét.

Ho stod på tunet, mi gamle mor, –
og staven ho heldt i hand.
Ho vende øyra mot gauke-li,
men høyrde 'kje minste grand.

No tek han hardare i, – du mor.
Det tona ko-ko, ko-ko! –
Ho såg på meg med ein sorgmod's smil:
Eg er nok for gamal no.

So tok ho staven i hand, og gjekk
so stilt inni stova si.
Og gauke-kvadet, snart døyvt, snart klårt,
det tagna i lauvskog-li.

*

Me eldest alle frå år til år, –
i dag er du ung og glad.
Du høyrer gauken som gjel i li,
og lerka sitt lyse kvad.

Men dagen skrid, og det lir mot kveld,
og sumaren gjeng mot haust.
Då når 'kje øyra det mjuke kvad
frå gauken som gjel i aust.

Kan henda fær du eit sorgmod's drag, –
og kjenner det skugge-kaldt.
Ja, vond var vegen, vår lagnad tung
og vonlaus og det var alt. –

Men vel eg minnest den gamle bror,
kor vonfull han var, og glad.

Og mor, ho song i den seine kveld,
då stilna var gaukens kvad.

Ho song om dagen då alt vert nytt,
i landet der livet rår.
Ho song om sæla i paradís,
og himmelens ljuve vår.

Kor sælt det er, når mot kveld det lid,
og fuglen frå landet fer,
å lyfta vengja, mot høgdi fly,
til himmelens ljose verd! –

Mai, du hev so lyst eit andlet

Mai, du hev so lyst eit andlet,
bjarte er dei, dine drag.
Bjørki brusar, flagget bårar
i ein fager fridomsdag.

Mai, du hev so lyse tonar, –
fuglefløyt i nylauv-lund.
Lint og lett og lydlaust andar
symra i ei solrik stund.

Eg ditt lyse andlet elskar.
Å, kor stort å sjå deg att,
når du fritt og festleg faldar
ut den fagre livsens skatt!

Store Gud, me høgt deg lovar
for vår fridom og vår fred,
og den lyse livsens-våren
som oss djupt i hjarta gled!

No slær bjørki ut sitt bjarte hår

Sjå, no slær bjørki ut sitt bjarte hår, –
i morgonbrisen mjukt og blidt det bårar.
Og som ei brud ho millom bruder står, –
det syn oss gled i Nordens vakre vårar.

Ja, no tek bjørki på sitt skire skrud, –
i haust ho miste sine gylne klede.
Og mjuke fugle-mæle lovar Gud, –
igjenom landet gjeng ein straum av glede.

So tek då bjørki på si beste drakt,
og symra solskin syp i middagstimar.
For lyset fekk so fin ei overmakt,
og livsens klokka klårt og festleg kimar.

Dei lyse nordiske netter

Eg hadde gløymt dette eventyr:
at soli spelar på bjørke-trea,
og siste skuggar av natti flyr,
og fuglar kvittrar om kapp i gleda,
i li og lund,
so tidleg, tidleg ei morgonstund.

Eg vakna kan mest kva stund eg vil,
so ser eg dagen og høyrer kvadet:
sing-sing, kvivitt og ein lerketrill, –
alt som har vengjer, er morgon-glade,
syng lov og pris
for kvart eit minne om paradís.

Og djupt det tek meg når eg fær sjå
det lyse lauvet på lønne-trea.
Igjenom hugen min gjeng det då
ein straum av skiraste morgon-gleda.
Kor eg er sæl
som fekk i livet og lyset del!

Eg teken er til mi inste rot:
Å, desse nordiske, lyse netter!
Ein vinter tærde på tru og mot,
men so kom eventyr-våren etter.
Å du, å du!
No blømer livsmod og von og tru.

Gildt det er vår!

”Gildt der er vår!” sa mi gamle mor, –
ho gjekk der med staven i tunet og steig,
mens fuglane fløyta og kveldssoli seig
og gras-stråi vakna til grønking og gror.

Gildt det er vår! – ja, kven seier ’kje det
når dagen er vorten so lys og so lang
og lerkone ler yver voll, yver vang
og knuppane brest i dei tagale tre?

Gildt det er vår! – ja, meir gildt for kvar gong
me møter det eventyr-underet stort.
Det opna seg atter til livet ein port.
Og fuglen er samd, – høyr den sylvklåre song!

Blodbøken

Han stod i hausten og hustra, –
ein blodbøk ved veggen min.
Bladi dei bleike ringla,
rasla i kjøleg vind.

Men vinteren skreid, og våren
kom atter til landet – ung.
Livet i snølin-lakan
vakna or svevnen tung.

Då kysste dei varme vindar
so varleg kvart nake tre.
Lauvet hadde i hausten
singla frå festet ned.

Men endå på blodbøk-greini
gliste dei bleike blad,
hadde ’kje enno losna,
funne sin kvilestad.

Men vidare våren vandra,
ei livs-elv i stomnen steig,
løyste so fjorårs-lauvet, –
stilt i si grav det seig.

Og våren si bylgja brusa,
med sol-song ho framom drog,
fylte kvar li i landet,
kledde kvart tre i skog.

Ho nådde ein dag min blodbøk,
der fjorårs-lauv frigjort fall.
Sevja i stomnen susa,
knuppane skein og svall.

Og sidan, ein junimorgon,
eg ut gjenom glaset såg;
Lauvet, det gyllenbrune,
yver min blodbøk låg.

Då song det so sælt i hugen:
Lat falla dei falma blad,
berre dei nye brusar
våren sitt unge kvad!

Ein gong skal eg også visna, –
å, ta ikkje det so tungt!
Livs-treet atter lauvast –
æveleg lyst og ungt.

Du blodbøk i juni-bunad,
i skinande, sol-kyst skrud,
minner meg sælt om våren,
æveleg ung – hjå Gud.

No breier staren seg i gamle bjørker –

No breier staren seg i gamle bjørker,
imillom brune knuppar fløytar mjukt.
Og snart han sit i digre ospetoppen,
og syng eit elskhugs-kvede blankt og bljugt.

Å, sjå kor barmen hans i soli blenkjer!
Ja, staren er so fin ein herremann.
Skal tru kva du i fløyte-stundi tenkjer?
Kva set ditt vesle hjarta so i brann?

Ja, seier du, å, den som kunne svare!
Eg anar noko, men kan ei forstå.
Eg er ein veik og vesal liten stare,
som berre syng fordi eg syngja må.

Ja, det er vår, med alt det ordet gøymer
av song og sol og liv som strøymer på.
I kvar ein blom som blyg i skogen drøymer,
eg kan med age livsens under sjå. –

Konvallen

Av mold er du komen,
av jord er du runnen,
ein junidag vart du
i sval-skuggen funnen, –
derinne i angande
ungbjørke-lunden.

Ei liljekvit klokka
mot bakken du vender,
den venaste duft
ut i vårdagen sender, –
vart forma av Skaparens
heilage hender.

Av mold er du komen, –
slik Gud kan det gjera;
du difor fær reinleikens
bilete bera.
Å, den som so bjart-øygd
og blyg kunne vera!

Ei ungmøy deg henta
derute i våren, –
so vart denne lilja
til barmen min boren.
No gled meg den
snøkvite, skinande klåren.

So søv du alt no, mi symra

So søv du alt no, mi symra,
i skogen si djupe ro,
mot mosen ditt hovud hallar, –
den svevnen er søt og god.
Eg ser millom furustomnar
dei tusentals symror i blund, –
til soli sin kyss deim vekkjer,
ei tonande solrennings-stund.

Å ja, du gjer vel, mi symra,
for verdi ho er so kald.
Du difor lèt att di krona,
deg vernar mot myrkers vald.
Sjå, det er din djupe løyndom:
å lata i kvelden deg att.
Til soli deg kysser på kinni,
du varar din dyraste skatt.

Det kvitnar som snø ved skogen,
av symror i mai-natt-blund.
So stilt dreg dei blomar ande
i våren sin lyse lund.
Kvar helst eg mitt auga vender,
i svevn eg dei småborn ser.
Og difor – når dagen demrar –
med fuglen i sol de dykk gler.

Kastanje-lysi er tende no

Kastanje-lysi er tende no,
og skin i dei klåre kveldar.
Sistpå, når dagen er gått til ro,
dei lyser, dei kvite eldar.

Kastanje-kyndlane logar no,
i kvelds-brisen sakte svagar.
Eg elsker den opphøgde, kvite glod
i lys-metta høgsumars-dagar.

Epleblomen

Som eit raudleitt barneskinn
kom du nyst i våren inn,
vitnar frå ditt vesle rom,
blide, bjarte epleblom.

Ung og undren vart du nyst
fyrste gong av soli kyst, –
vitnar i ditt vene skrud
angande om livsens Gud.

Det siste skal verta ein vår

Aldri det hende med' verdi var til, –
i alle dei aldrar og år, –
at fuglen ei fylgde den minningi mild,
og kom med den vaknande vår.

So høyrer eg ogso det tonar i kveld, –
dei heim til sitt vårland hev vendt.
Det strøymer imot meg eit sylvtone-vell.
Eit livs-under atter hev hendt.

So veit eg for visst, og den von gjer meg glad:
Ei livs-lov i tilværet rår.
Nei, aldri skal enda det sylvklåre kvad.
Det siste skal verta ein vår! –

DEN LYSANDE LIVS-BYLGJA GLITRANDE GLID

*Det høgsommar er i det høge nord, –
eit ekko frå Eden i aust.
I signande straumar av lys ligg vår jord,
og mognar sitt liv imot haust.*

Den lysande livsbylgja glitrande glid

Det me stunda imot i ei vintertid tung,
hev me nådd i ein blome-vår, angande, ung.

No eg gjeng under liljekvit nysnø-syrin.
Sjølv i sumarnatt-stundi som bre-snø han skin.

Det er dag heile døgeret mest, –for ei tid!
Og den lysande livs-bylgja glitrande glid.

Livet hev hast

Livet hev hast, –
seint skundar det seg.
Blomen som brast,
alt no er på veg –
til frukt.

Livet hev hast, –
vår sommar er kort.
Blomen som brast,
skal mogna so fort –
til frukt.

Livet hev hast, –
for dagen er stutt.
Blomen som brast
tek med kvar minutt –
mot frukt.

Livet hev hast, –
og lell eig det ro.
Blomen som brast,
han kviler seg no –
på veg til frukt.

Eg høyrer regnet ein juni-kveld

Eg høyrer regnet ein juni-kveld, –
det sirlar på blom og blad.
So ljuvt vert livet ved slikt eit vell,
so ungt av eit edelt bad.

Det stirer mot meg ein kvit syrin.
Kor stort å få sjå det att!
I juni-kvelden han stend og skin,
som snøen ei stjernenatt.

Eg høyrer regnet ein juni-kveld,
og ange-fylt livet gror.
Å, Herre, send du eit signingsvell
til hjarta si turre jord!

Medan svalone sviv

Det er høgsumar-stund, –
seint på kvelden det er,
soli lell yver åsane lyser og ler.

Det er høgsumars-tid,
ven er verdi vår no.
Ja, den juni-tid er då velsigna og god!

Det er høgsumars-bel, –
medan svalone sviv,
lyt eg lovsyngja Gud for det lysande liv.

Og det var året sin lengste dag

Og det var året sin lengste dag, –
so seint brann den elden ned.
Og då han sispå til kvila gjekk,
var nordlandet fylt av fred.

Ja, det var året sin lengste dag,
av sol og av sommar fylt.
Og blomen duva i ange-bris, –
so stend eg her teken, trylt.

*

Og det var året si lysaste natt, –
so stutt var den lette blund.
Ein loge nørdest der langt i nord,
til dagen si demrings-stund.

Ja, det var året si lysaste natt, –
syrianane skein so kvitt.
Eg lovar livsens og ljosesens Far
at *dette* landet er mitt. –

Ei paradys-stund på den aldrande jord

Dei ny-sprotne bjørker fekk juniregn-laug,
og doggfriske ung-blad den livs-safti saug.

Aurikkel og symre fekk ogso sin lut
frå skyi som sveipte seg kringom kvar nut.

Ja, himmelen helte or skyi sitt staup,
og lauvet i liene livs-drykken saup.
Ånei for ein friskleik, å du for ein gror!
Ei paradys-stund på den aldrande jord!

Og venta so litt til det klårnar igjen
og vårsoli vakker i regndropen brenn!
Det syng i kvar blomkalk, kved i kvart blad,
til livet sin Herre eit klokkeklårt kvad. –

Ingen fylgjer soli so trufast som du

Ingen fylgjer soli so trufast som du,
symre i blom attved vegen.
Stund etter stund du mot henne vil snu,
sol-drykken syp, og er fege.

Gong etter gong vart eg undren og glad, –
open og ærleg du stirer,
er som eit lysfylt og levande kvad,
der du i vårdagen tirer.

Lys-kjelda fylgjer du trufast og trutt
alt frå i aust du ho kjenner;
sidan, kvar einaste stund og minutt,
du deg mot sol-smilen vender.

Sispå, når skuggane kryp ifrå tre,
kron-bladi saman du faldar.
Hyss, – det er vesper-song, – symrone bed,
sovnar, og hovudet hallar.

Morgon på nytt! Høyr kor fuglane kved!
Vekte av varlege hender
doggperle-prydde seg symrene gled.
Atter mot sol-glimen vender.

Sjå bære-gangen i juni-engi!

Sjå bære-gangen i juni-engi,
når solvind smeikjer den mjuke sengi!
Og yver lerkone trillar glad –
eit lyst og lukkeleg juni-kvad.

Og kjenn den ljuvlege blome-angen
som strøymer mot deg frå juni-vangen!
Der lyser kløveren raud og kvit,
og sender bårer av solduft hit.

Ja, det er gaman og det er gleda,
og kvart eit liv vil sin lovsong kveda
til Han som skapte den fagre verd, –
som lyset, livet og målet er.

Kvitsunn-klokkor

Døyvt kima kyrkje-klokkor
kvitsunn inn.
Tusentals år dei kalla,
tala til såre sinn.
Høyr, born, kva klokkone melder!

Døyvt kimar kyrkje-klokkor
kvitsunn inn.
Stilt yver store skogar
tonane vegen finn.
Høyr, born, kva klokkone melder!

Glad kimar kyrkjeklokkor
kvitsunn inn.
Anden til jord er komen, –
æveleg liv me vinn.
Høyr, born, kva klokkone melder!

Kvi er det slik gråt i malmen?

Ein fugle-pip
i den seine kveld, –
medan soli fell. –
Kvi er det slik sorg i songen?

Ein bjølle-klunk
i den stille skog,
medan soli drog. –
Kvi er det slik gråt i malmen?

Eit hjarte-sukk
medan soli sig,
upp or djupet stig.
Kvi er det slik sorgmods-mæle?

No er det tjuge timars sol

No er det tjuge timars sol,
eit lyshav og eit livsens vell,
i årle gry, i sildig kveld.
No er det gildt å vera til!
Ja, sommaren er ljuv og gild.

Sjå, livet held sin høgtidsfest, –
det brusar bjørk, det blussar blom;
dei speglar av Guds herlegdom.

Og yver skin ein blå safir.
Han er so djup, han er so skir.

Høyr vindens leik i lønnelauv, –
ein lekk i livsens symfoni,
og kvar ein flyttfugl stemmer i.
Eit farge-spel, eit stråle-kor.
Du, allhers Drott, er sterk og stor!

Han er en tå de peneste blommer som fins

”Han er en tå de peneste blommer som fins!”
So sagde den gamle, – han såg ein fiol.
Ein sommardag var det, og spelande sol.

Fiolen er verdi sin vakraste smil, –
so blå og so bjart, som ein solhimmelkvelv.
No drikk han sin livsdrykk or livet si elv.

Han skin millom sysken av villblome-slag, –
Gud ødslar med under frå pol og til pol.
Og eit av dei fagraste er – ein fiol!

Dronning millom blomar

So vyrdeleg ei dronning
er prestekragen kvit. –
Av livsens klåre bylgja
han nyst vart boren hit.

Du ber so kaut di kruna, –
ånei, du audmjuk er.
Lell ingi verdsens dronning
so vent sin prydnad ber.

Du dronning millom blomar, –
med rein og einfeld stil!
Takk at du ved mi stova
vil gjeva tusund smil!

Enno –

Enno jublar lerka,
med trillande slag, –
tonande perlar og strøymer.
Enno er eit lyshav
den draum-vene dag, –
sol-bårar signande fløymer.

Enno kvelver himlen
seg endelaust blå,
yver dei grønkannde vollar.
Enno bjartnar blomane,
smekre og små,
pryder dei hard-knadde kollar.

Enno eig me fridom
og fagnad og fred,
heimen og landet kan byggja.
Enno himmel-ordet
oss inderleg gled.
Herre, du arven må tryggja!

Enno lyser evige
stjernor hit ned,
viser oss veg yver heidi.
Enno høyrer himlen
når armingen bed,
syner til livet oss leidi.

Å, for fred i sommar-kvelden!

Å, for fred i sommar-kvelden,
ljuv og logn og lys og god!
Bjølleklang frå stille skogar
skiplar ei den djupe ro.

Kvart eit tre stend stilt i andakt, –
all naturi kveldsbøn held.
Og frå ein og annan fuglen
porlar det eit perlevell.

Ja, eg elsker sommarkvelden,
og eg gjerne syng hans pris.
Livet som ikring meg lyser,
ber meg bod om paradis.

Syng, lerka, syng!

Syng, lerka, syng!
Eg er takksam og glad
for det perlande vell,
for kvart siger-sælt kvad.

Syng, lerka, syng!
Det gjer hugen min godt
å få høyra den ljoslindte,
sigrande slått.

Syng, lerka, syng,
slå dei vonfulle slag, –
til me møter Guds vår
i ein endelaus dag!

Nye lampor i hagen skin

Slokna hev no kvar ein kvit syrin, –
nye lampor i hagen skin,
sumarens angande, søte jasmin.

Tids-elvi ut imot hausten renn,
mens eg i age og undring stend.
Ny-tende lampor i hagen min brenn.

Blomane bleiknar på livsens tre;
men – i grunnen – kva gjer vel det?
Livs-knuppar nye vil hjarta mitt gle.

Jonsok-morgon ved skogen

Eg tregar 'kje på eg braut svevnen av
og ut i Guds morgon meg skunda.
Der ute lyste eit livsens hav,
som fram imot mogning stunda.
Og lerka trilla, og gauken gol,
og yver glitra Guds morgonsol.

Og doggi, ho blinka som best ho vann,
og blomane barneblidt blenkte.
Og soli signa so langt om land,
og skogen stod tagal og tenkte.
Eg tenkte ogso: kor Gud er god,
som gjev oss livsens og ljosesens flod!

Ja, livet er skapt til ein evig fest,
med duftfylte, vermande vindar.
Om soli no dreg seg mot sør frå vest,
seg gøymer litt før attom tindar,
eg veit det kjem'e ein jonsok blid,
der våren varer til evig tid.

Sjå, difor er fuglen so fjåg i dag,
og difor han lengtar og stundar:
Skal tru om han òg skal få halda lag
i livsfylte paradís-lundar?
Ja, vona berre, du fuglen min!
Guds eigen skapning hans fridom finn.

So vona då berre, du blyge blom,
og anga i midsommardagen!
Eg veit so visst du skal få eit rom,
i tira i paradís-hagen.
Kor det vert godt i Guds sommar bu!
Å, var me der, både eg og du!

Tusund kyndlar ei juninatt

Kastanje-lysi er tende att, –
dei tusund kyndlar ei juni-natt.

Kastanje-lysi er tende no, –
dei skin i opphøgð og tagal ro.

Dei skin i opphøgð og tagal fred,
om nokre dagar, so brenn dei ned.

Dei brenn som lampor i tempel-hall,
og skirt som snø, etter solefall.

Kastanje-kyndelen, kvit og klår,
so sært eit syn i den fulle vår.

Det kunne gjerne vore paradiset

Den eine dag er venar' enn den andre, –
det eine under fylgjer etter hitt.
Ein klokkeblom so blå er sommar-kvelven,
og epleblomen lyser meir enn kvitt.

Alt liv seg unar i den sæle flaumen
av sol som signal alt som ande dreg.
Det kunne gjerne vore paradiset,
det sommar-synet som no møter meg.

Den linne brisen leikar seg med lauvet, –
so vert det lognt, – sin veg den vinden fór.
Men ospebladi skjely, – dei hev den visi.
Då er det sommar i det høge nord.

I morgon-timen tonar gauke-kvadet,
og glade fuglar jonsok-høgtid held.
So skrid ein dag, til seine solegladet,
og sæle straumar yver verdi vell.

Sjå tusenfryd og smørgul tiril-tunge!
Og her eg finn den fyrste blå fiol.
Å, skapar-ånd som gjorde desse under,
deg vere ære på din kongestol.

Her skifter det i fargar og i former,
i livsens endelause symfoni.
Me anar her, der ville blommar tirer,
kor han er rik, den skapar-fantasi.

Og vart det berre denne eine dagen –
med sol og song og sus og himmel blå –
so var det endå nok for ferdamannen;
for – paradís – eg fekk ditt ansikt sjå. –

So hev då mi symra sovna

So hev då mi symra sovna;
men eingong du kjem igjen.
Og no lyser harelabben,
og skog-stjernor stille brenn.

Og smørblomen skin i enga,
og blåklokka himmelblå.
Og gløym-meg-ei-blomen retter
imot meg dei hender små.

Her stend det ei tiriltunge, –
ho hugleg syp juni-sol.
Og villjordbær-blomen seg unar
i lag med ein blå fiol.

Farvel då, du vesle symra, –
me møtest ein annan vår! –
Velkomne, de syster-blomar
som fjåge i soli står. –

Skal det standa eit tre og bløma?

Skal det standa eit tre og bløma,
eit tre som eg sjølv hev sett,
når ein gong eg bort er faren,
mødd og av dagar mett?

Skal det standa eit tre og bera
si frukt ifrå år til år, –
eit tre som eg her fekk planta, –
medan det enn var vår?

Skal det standa eit tre og digna
av frukt som dei andre fær?
Skal det standa ei sjel og signa
honom som borte er?

Snart er sommaren frå meg faren,
og her får 'kje meir eg gjort.
Men – må eg eit tre få planta!
Glad kan eg då gå bort.

Blåklokka bad

Eg kvidde meg mest med å bryta den blom
og taka han vekk frå hans vesle rom.
Men blåklokka såg meg i auga inn:
"Å, tak meg, og fest meg på barmen din!"
ho bad so vent.

"Min dag er so stutt; eg lyt visna lell.
Eg kjenner alt no kor det lid imot kveld.
Eg gjerne vil pryda ein pil'grims barm
og vera ved hjarta sin varme varm
når eg skal døy."

So tok eg den skjelvande klokkeblom,
so varleg eg vann, frå det vesle rom,
og feste so honom ved hjarta mitt.
Der skal du få bu til du ut hev stridt, –
du blomen min.

Med takk eg no kysser di reine kinn,
og ser deg so djupt i ditt auga inn.
Me seier nok: "Berre ein blom!" – javel.
Men Herren vår Gud kvar ein blome tøl.
Du er 'kje gløymd.

I min villblom-hage

Her stend jonsokblomen
dronning-vyrdeleg,
tiriltunga liti
smørblid ved min veg,
reinsleg prestekrage,
kvit som snø om jol, –
I min villblom-hage
syp dei alle sol.

Å, for vene tider,
å, for symfoni!
Blømingstundi skrider,
snart er ho forbi.
Jonsokblomen folnar,
vekjømds-fuglar syng, –
livsens loge kolnar
ut mot haustens lyng.

Eg hev ein sommar å syngja i

Eg hev ein sommar å syngja i, –
når hausten kjem, er mitt kvad forbi, –
eg brått er frå landet faren.
Eg kom ein vårdag til livsens land, –
og so eg flyg til ei æve-strand, –
slik er det med flyttfugl-skaren.

Eg hev ein sommar å syngja i, –
ho fer so fort, denne dyre tid, –
og so eg omsider tagnar.
So vil eg kveda eit solskinnskvad, –
kan henda gjer eg ein sorgfull glad,
og kanskje ein nedtyngd gagnar.

Eg hev ein soldag å syngja i, –
so vil i song eg det beste gi,
kvar dag til Guds æra kveda.
Ja, gjev at livet ein lovsong er! –
So flyg eg ut på den lange ferd,
gjeng inn til min Herres gleda.

Kor mange triller hev du slått i år?

Kor mange triller hev du slått i år,
ifrå den fyrste gong du kvad i vår?
Eg kan 'kje mæla dette tonevell
frå fyrste morgon til din juli-kveld.

Frå dag til dag det rann ein perlestrøm;
frå høgdi fløynde det so frisk ein flaum.
Nei, berre ein veit om dei harpeslag
som lerka slo i frygd frå dag til dag.

Du tagal er ei liti stund, og så
me atter høyrer deg di harpa slå.
Å, var min dag so full av song som din!
Å, var min tone like rein og fin!

Når hausten kjem, då hastar du mot sud.
Når livet lakkar, flyg, mi sjel, til Gud!
Der skal eg, lerka lik, mi harpa slå,
og aldri livsens vår mot haust lyt gå.

Livet sitt lysande under

For livet sitt lysande under
me lovar deg, evige Gud, –
i høgsommars herleg stunder,
når jordi hev paradiskrud.

Ja, no er i Noreg det sommar,
og kvelven er fjellblome-blå.
Sjå, hagen står drivkvit av blommar,
og fuglane flyg til og frå.

Høyr, solvindar syng millom trea,
og biene sommar som best.
Det tonar ei harpa i gleda.
Og jordi held høgsummars-fest.

Ei juni-sol glitrar frå kvelven, –
ho spelar på doggblanke blad.
So stillsleg er speblad-skjelven,
og lyslyndt er lerka sitt kvad.

Og rosone angar ved vegen, –
den dufti er fager og fin.
Eg kjenner til blomen meg dregen, –
syrinar, konvall og jasmin.

Me ser dei uteljande under,
i våren sitt ny-vovne skrud.
I sommarens lysfylte stunder
me høglovar livet sin Gud.

Det eplet som vender mot soli si kinn

Det eplet som vender
mot soli si kinn, –
vert smeikt av den
signande sommarens vind, –
det raudnar so vent
som ei ungmøy sin vang,
og mognar og matast
i soldagen lang.

Eg såg slik ein apal, –
det synet meg tok,
og difor eg skriv
desse ord i mi bok.
Eg såg denne alde
med raudnande kinn;
det lagde ein lengsel
i hugen min inn.

Sommar – sommar

Sommar – sommar, du meg minner
om eit paradisi i vente.
Dine ljuve solskinsbårar
talar om ei tid då tårar
aldri meir skal kinni brenna,
hjarta ei skal is-drypp kjenna.

Sommar – sommar, dine straumar,
angefylte, inn eg andar,
og i sæle framtids-draumar
eg på himmelstrandi landar.

Trei vent i solvind voggar,
kvart eit liv kan no seg kosa:
barnet, lammet, liti rosa,
som kvar natt med livsdrykk doggar.

Snart ifrå dei slegne vollar
kjenner me den gode angen, –
kløverduft frå jonsok-vangen,
når kvar livsens kjelda ollar.

Ser eg ut i morgontimen,
gleda gjennom barmen fløymer.

Då ein sommar mot meg strøymer,
og eg ser den skire glimen.

Lauvet skjelv i middagsbrisen,
beret mognar på si tuve,
blomar angar, lyse, ljuve,
i den gode varme-disen.

Sommar – sommar, no eg kjenner
at til deg vår Gud oss skapte.
Og dei naglemerkte hender
vann oss att det liv me tapte.

Solvinden syng

Solvinden syng
millom blomar og lyng
i den draumvene dag.
Dit eg vender mi kinn,
og syp sollufti inn
i dei djupaste drag.

Solvindens song, –
å, so mangen ein gong
du mitt hjarta gav mod:
Etter naud, etter natt
kjem ein morgondag att
med ei solovring god.

Solvind som syng
millom lauv, millom lyng,
å, du minner meg, du:
I Guds livsfylte vår,
dit ei haustvinden når,
skal i æva eg bu.

Gauken er longe faren

Gauken er longe faren, –
enda kvart klårt ko-ko.
Stilna er også staren, –
eg ser han 'kje lenger no.

Tagna er vårfugl-kvadet, –
enn under kvelven blå
lerka, den lyse, glade,
vil sine trillor slå.

Berre ein pip i kvelden;
svalone sviv so svint.
Lognt logar solar-elden, –
vermer so ljuvt og lint.

Ja, han er frå oss faren,
gauken som gol so klårt.
No er det stilt på garden, –
helst noko sorgmod-sårt.

Kjær er den lyse tidi, –
kjærar' for kvar ein gong, –
og når ho so er lidi,
ventar eg vårens song.

Snart seier lerka farvel

Snart seier lerka farvel,
og eg seier: takk for i år,
for tirlande, perlande spel, –
kvar dag, frå du byrja i vår!

Litt kaldt var det vel då du kom,
med ilingar ender og då,
men snart du den bjart-øygde blom
med tonande harpa fekk sjå.

Du likar deg visst her i nord, –
so kjem du kvart bidige år. –
Alt longe dei gaukane fôr;
men du enno harpa di slår.

I dag-gryet lyder din låt,
i solfallet harpa di læt,
og aldri ho tonar i gråt, –
nei, aldri me høyrer ho græt.

Kva var vel ein vår utan deg,
ein sommar forutan sin song!
Du kved yver vandrarens veg,
og kveikjer min hug mang ein gong.

Og no er snart sommaren gått,
og så lyt òg lerka snart fly.
Hav takk for det spel me hev fått!
Velkomen i livsvåren ny! –

No solmognar kornet

No solmognar kornet på svagande strå,
seg tøyer mot kvelven sitt hjartaste blå.
Eit mål hev det fenge, og det vil det nå.

På livet sitt under eg aldri vart klok, –
eg granska, og grov i den grunnlærde bok.
Dei mognande åkrar om hjarta meg tok.

Kvart strå er ei lyra som Herren hev stilt, –
i solvinden læt ho so lognt og so mildt.
Det synet, den songen, det vart meg so gildt.

Eit ekko frå Eden i aust

Det breier seg ut yver himmelens blå
ei lysande solskins-sky.
Og høgt under kuppelens kvelv kan eg sjå
dei sommarens svalor flyr.

Det høgsommar er i det høge nord, –
eit ekko frå Eden i aust.
I signande straumar av lys ligg vår jord,
og mognar sitt liv mot haust.

No gauken hev tagna, nyst lerkone drog, –
det er ikkje song som i vår.
Men sol-vellet ligg yver syngjande skog,
og kvelven er blåklokke-klår.

Ein morgon som denne so mykje veg upp,
og mykje han voni fortel.
Når livstreet lyser, som no stend i knupp, –
å du, for ein song, for eit spel!

Eit ekko frå Eden, ein draum om det land
der stormar og skuggar hev flytt,
der bylgjone glitrar mot gleda si strand, –
der livet er æveleg nytt. – –

Vesper-song i eit skog-kapell

Langt inn i kvelden kved fuglen no;
i sommarnatti eg kan han høyra.
Ei liti stund han seg held i ro, –
so når eit tone-vell atter øyra.

Langt inn i kvelden dei fuglar kved,
so lenge kvelven i vester rodar, –
det soli attom ein ås gjekk ned.
Dei syng når atter dei henne skodar.

Og sommarnatti er lys og mild, –
i jonsok-lukka no jordi drøymer,
og ifrå skogheimen døkk og still
dei glade tonane stendig strøymer.

Den tonestraumen i seine kveld,
han rører varleg ved hjartans røter, –
ein vespersong i eit skog-kapell, –
So søv de søtt – til de dagen møter.

I dag drog den siste lerka

I dag drog den siste lerka:
God tur! og god tid der sør!
Du dreg til ein annan sommar,
der tropesol glim og glør.

Farvel då, du vesle skapning,
takk, ogso for denne gong!
Han gjorde so godt i hjarta,
din ljuve og lette song.

Lev vel då, du litle skapning!
Eg veit: i din vesle barm

det vaknar ein lengt mot våren,
om tuva er kald og arm.

Du dreg til ein annan sommar, –
det vonar eg òg eingong,
når våren her nede endar,
og hausten sin sorgmod-song. –

No solmognar molta

No solmognar molta i skogen her aust, –
eit merke, ei minning om komande haust.
Ho raudnar på tuva, den Norden si druva,
som myrane byd oss, so rikt og so raust.

I myr og i mose ho glør og ho skin, –
og fyllest alt meir av den finaste vin.
Til sist ho seg bøyer mot marki, og tøyser
seg mot deg, og seier: Eg vil vera din!

No syng eg sommarens siste pris –

No syng eg sommarens siste pris,
imedan lauvet i lidi glimar.
Han minte mykje om paradisi;
men no farvel-klokkor sorgmælt kimar.

No syng eg sommarens siste song,
imedan lyngen om landet lyser.
Å, må eg møta deg enn ein gong! –
den varme von eg i barmen hyser.

So syng eg sommarens siste kvad,
imedan fjellsoli glim og glitrar.
Gud gjev eg atter deg møter glad
når kvate fuglar i unglauv kvittrar!

Farvel då, sommar, – du var meg kjær,
du fagert sloknar i haustsol-flaumen.
Når du kjem atter, – velkomen ver!
Til då eg andar i voni, draumen. –

SO SEIER SOMMAREN TAKK FOR SEG

*Umerkande det atter haustar, –
og slik det er i livet med.
Gud, lat meg nå den fulle mogning, –
og slokna i den store fred!*

Eg vil helsa haustsol-glimen

Eg vil ut i lauvfalls-dagen,
skygna opp mot kvelven blå.
Eg vil ganga ut i hagen,
millom mine blomar gå.

Eg vil ut i lauvfalls-timen,
anda lufti, kjøleg, lett.
Eg vil helsa haustsol-glimen
på dei blad som drys og dett.

Eg vil ut, – å, eg vil høyra
livet, lauvet ta farvel.
Eg vil leggja lint mitt øyra
til det store tone-spel.

Eg vil ut, – eg med vil vera
hylla Han som livet gav, –
gløda, glima til hans æra –
til mi haustsol sig i hav.

Himmel'n hev alt fenge haust-tonen nå

Himmel'n hev alt fenge haust-tonen nå, –
skirare synsrand, bjartare blå,
rikare fargar, reinare luft,
lyng-blomars duft.

Ein etter ein flaug dei fuglar mot sør,
løgnt er det no, der det livalt var før.
Lerka er fari, – me saknar deg so.
Kvar er du no?

Hit kom du tidleg, ja, snøen låg enn.
Fær eg den fagnad å sjå deg igjen?
Ja, det vart underleg stilt då du fór,
her i vårt nord.

Jordi hev alt fenge haust-dåmen no.
Livslogen lyser med glimande glo.
Er det so lydt ifrå skogen om kveld.
Sol-sylvet fell.

No seier sommaren takk for seg

No seier sommaren takk for seg, –
den siste helsingi mot oss gløder.
Og flyttfugl-flokkane frå oss dreg,
og ospe-bladi, dei brenn og bløder.

Me ogso takkar for denne gong.
So ljuv ho var, denne lyse tidi, –
frå fyrste dagen med vårfugl-song,
til sorgmod-stilla i lauvfalls-lidi.

Og saman lovar med livsens Gud,
og so me vonar på nye vårar,
då jordi kled seg i juni-skrud,
og sol og song yver landet bårar.

Og saman lengtar me mot det land
der sommar-stundi skal aldri enda,
og livet ler, – for det døy 'kje kan,
og jonsok-eldane bjart skal brenna.

Den store meister lund og lier gyller

No er det haust, –
sitt hovud tidleg hallar
den skire sol, – ja, dagen stutnar no.
Og klåre klokkor kvar ein skapning kallar
frå arbeids-økti til den gode ro.

No er det haust, –
høyr, mognings-vindar susar,
og høgtids-stilla yver landet rår.
I fyrste stormen havsens båror brusar, –
september-dagen, han er meir enn klår.

Ja, det er haust, –
det er vel vakre tider,
når det kjem gull i kvar ein busk, kvart blad!
Men når det ut mot vinter-solsnu lider,
då stilnar meir og meir det store kvad.

So er det haust, –
han atter hugen fyller
med song og sorgmod og eit glede-vell.
Den store meister lund og lier gyller, –
ei von om vår i årsens vene kveld.

*Våren gav voner, –
og Gud gav vekst*

Atter ein gong var Gud so god,
gav oss ei fullmogen grøda.
Åkrane gylne og ljose stod, –
løn for vårt strev og vår møda.
Våren gav voner, – og Gud gav vekst;
solskin og regn let han fløda.

Herre, hav takk for haustens gull,
takk for dei stavstille dagar!
Atter ein gong vart vår løda full;
frukti, ho lyser i hagar.
Jordi no inn til si kvila gjeng.
Alt du so vel åt oss lagar.

Syng no naturen takkesong, –
høyr kor i hausten det tonar!
Skapningi lengtar i trengd og trong,
medan på våren ho vonar.
Hausten oss manar, og me syng med, –
lovar vår Gud og Forsonar.

Ei klokka i skogen syng

Det kling ei klokka i skogen;
ein småfugl smattar i li.
No årsens grøda er mogen,
og sommaren longe forbi.

Det tempelstilt er her inne, –
kvart tre i tilbeding stend.
Og ospi legg meg på minne
at no er det haust igjen.

I sol stend kvar liti furu,
i sol skin kvart tempel-tre,
i sol lyser livsfrisk muru*.
Eit under er ogso det.

Og vakker er lauvfallstidi,
med bladgull og haustens lyng.
Ein småfugl smattar i lidi, –
ei klokka i skogen syng.

Ja, her vil eg gjerne byggja,
og her vil eg gjerne bu,
og finna meg heim og hyggja, –
og synet mot stjernor snu.

Sigden kan koma

Havren hev fenge
mogi frukt sin farge,
ringlar på akset,
kosar seg i kvelden,
voggar i vinden,
glim i aftan-glodi.
Sigden kan koma.

Stundar mot mogning
kvart eit liv som lengtar,
fekk av sin Skapar
frø som ut seg faldar. –
Sælt må det vera
eingong glad å vitna:
Målet eg nådde.

* Den øvste toppen av treet.

Eg høyrer ein åker susa

Eg høyrer ein åker susa, –
det er ’kje ein havmarm-brus,
men gjennom dei gylne vidder
gjeng kornet sin linne sus.

Eg høyrer ein åker susa, –
dei svagar, dei fulle aks,
og bøyer seg stilt for vinden,
men retter seg oppatt straks.

Eg høyrer ein åker susa, –
og ser denne skire glo.
Han helsar: no er eg mogen,
ved målet, – å, tak meg no!

Eg høyrer ein åker susa,
ei helsing til meg han bær:
du ogso må mogen vera,
når du ifrå verdi fèr!

Vidjene visnar

Det er dette at livsbladet bleiknar,
som gjer meg so sår og so sjuk, –
at vidjene visnar og veiknar, –
den teinung so mjå og so mjuk.

Det er dette at sevjene dovnar, –
dei strøymde so friskt og so fritt, –
at blomen i haust-dagen sovnar,
som kjennest so sårt og so stridt.

Men atter skal livs-soli stiga,
og myrket og døds-kulden fly.

Og aldri ho då meir skal siga, –
der våren er æveleg ny.

Eg haustar i glød av septembersol

Eg haustar, i glød av september-sol,
ei frukt som skal fryda i heilag jol,
ei frukt som skal fagna dei spede små,
og gleda dei gamle med kruna grå.

Eg haustar, o Herre, ein solskir dag.
Å, unn meg det gjevsmilde hjartelag!
Ja, lær meg den løyndom som gjer meg glad;
at sælare er det å gi enn ta!

Ei tåra eg såg på eit eple-kinn

Ei tåra eg såg på eit eplekinn,
ein haustkveld so kyrr og klår.
Kvi græt du i dag, vesle venen min,
når andre med sol-smil står?

Det svara meg ikkje, men tåra brann
i sorgmod den skire kveld.
Då såg eg på treet, og løysing fann, –
so fekk eg då svaret lell.

Då skjøna eg grant: det var siste gong
den busken sin alde bar.
Det skulle ’kje meir høyra livsens song;
for – sjukt det til døden var.

So lite var lauvet, og tynt og rart,
og epli var få og små.

Men tåra på kinni, ho skein so bjart,
og kvifor? – eg veit det nå.

Ei tåra eg ser på eit eplekinn
i solglimen ljuv og god.
Kvi græt du i dag, vesle venen min? –
Eg trur at eg veit det no. –

Rognebæret

Her heng dei raudnande rognbær, –
i haustdagen glim og glør.
Som reven sagde, dei sure er, –
eg visste det elles før.
Men gildt det var å få sjå dykk att, –
de høyrer med til min minneskatt.

Og reven ytra: so høgt dei heng, –
han kunne dei ikkje nå.
Men trosten tjartrar på lette veng,
og bæri fær vengjer då.
Men neste år stend du atter der,
med sure, skinande rognbær.

Eg minnest deg frå dei unge år,
i barndomens bjarte land.
Og enno raudnande her du står, –
du glør med den same brand.
Ja, det var kjært å få sjå deg att, –
ein mynt i barndomens minneskatt.

Lyngen

Når andre blommar frå oss kverv,
då lyser lyngen bjart og djerv,

i jordi skinn og mager, –
på turre mo, på brune hei,
og innved myri mjuk og brei, –
å du, kor han er fager!

Når alle skogar stend i brand
og logar rundt i Noregs land,
då ser me lyngen bløma.
So lyser dei om kapp, dei to, –
ein smil so varm og ven og god, –
når sommaren lyt røma.

So tek eg markisen min ned for i år –

So tek eg markisen min ned for i år.
Eg sette han opp i den tidlege vår,
og no har ein sommar fare.
Å du, kor det den gongen tona og lèt!
Og no nyst eg høyrde i lauvet det grèt.
So tek eg i kvelden markisen min ned.
I hagen rår hausten sin fred.

Kvar gongen eg rullar den duken i hop,
eg tykkjer eg høyrer det vårglade rop,
men no er so stilt det vorte.
Eg minnest dei kveldar då soli gjekk langt, –
i hausten si skyming ein minnest so mangt,
og tenkjer at no er det borte.
So tek eg i kvelden markisen min ned.
I hagen rår hausten sin fred.

Og duken er vorten meir skral etter kvart,
meir sliten og sotet av tog-røyken svart, –
og livs-duken gjeng same vegen.
Kven veit om han duger når våren kjem att?
Kven veit om han greier ei vinterlang natt?

Og so kan eg lell vera fegen,
når berre eg gjeng til ein ævevårsfred
når Herren ein haust tek markisen min ned.

Kjuklingen er vaksen vorten

Det læt ingen lerkesson lenger, –
frå landet dei flyttfuglar strauk:
måltrost og ninill* og sulu** og stare.
Men fyrst drog den gukkande gauk.

Eg høyrer berre det piptar stundo
frå fuglar som ikkje fèr.
Likar dei seg oppå furugreini
når bårar av sol mot deim slær.

Eg høyrer kråka sitt grove mæle.
Ho ropar som før kra-kra,
stryk yver skogen, der ospi gløder
og bjørki hev brennande blad.

Der blenkjer det i ein ny-vend åker, –
det regnde so godt i går. –
Ny-vend åker – so er han enda,
den vegen som byrja i vår!

Og kingel-veven i hekken kvitnar;
han bårar, den tråden grann,
blenkjer og skjelv i ein haustleg solvind,
som stryk yver grøderikt land.

På tunet hønene spake trippar, –
i dag fær dei ute gå.

Kjuklingen, han er mest vaksen vorten, –
so lognt gjeng dei til og frå.

Og soli vermer dei gylne rauki,
som stend der med akset tungt.
Mogne nek hev det liv som vakna
i vårdagen, yddande, ungt.

Eg likar hausten – å, han er fager,
i stavstill septemberdag!
Gled eg meg, og mi åsyn vender
mot vermande vindars drag.

Det lakkar med den lyse årstid

Det lakkar med den lyse årstid,
og soli seg attende dreg.
Frå dag til dag ho før når skogen, –
han stutnar fort, den solar-veg.

Ho glitrar yver gylne åkrar,
og glim i kornagull før ho glar.
Og ospebladi skjelv om kvelden, –
som då ein liten gut eg var.

Høyr, treskeverki atter durar, –
den store stilla elles rår.
Det er vedkjømeleg om hausten.
Slik var det ei då det var vår.

Umerkande det atter hausta.
Og slik det er i livet med.
Gud, lat meg nå den fulle mogning, –
og slokna i den store fred!

* linerla. ** svola.

Det kom ei bi til ein blome

Det skjedde noko usynleg
ein junidag ute i hagen.
Det hende eit løyndomsfullt under, –
no ligg det ope i dagen.

Det kom ei bi til ein blome,
og små-fjom ho hadde på fotom.
Og treet stod i sitt brure-lin,
og sevja strøymde or rotom.

Då fjomi strauk lint mot blomen,
då var det eit under hende.
Her stend me i tempel-hallen,
og undrast til livsens ende.

Når no eg i hagen vankar,
i stille september-stunder,
og ser på den mogne alde,* –
då minnest eg vårens under.

Skapningi vespersong held

Lauvet i lundane alle
tek no med livet farvel.
Bladi hev byrja å falle,
stilt imot jordi seg stel.

Bladi på bjørki hev fenge
fargen av glimande gull.
Havren hev mogna alt lenge,
toppen av merg-malm er full.

* frukt.

Når ikkje stormane sjogar,
stilt ligg i haust-ro vårt land.
Flyttfuglar svint yver skogar
stryk mot ei mildare strand.

Bregnene bivrar og bleiknar, –
lyng-blomen lyser då lell.
Vollane visnar og veiknar.
Skapningi vesper-song held.

Noko vil gro etter deg og meg

Noko vil gro etter deg og meg, –
å seg då: kva sådde du?
Strødde du kornet ved livsens veg,
i kjærleik og von og tru?

Noko vil gro, – skal det signing bli
når eingong du sjølv er gløymd?
Skal det då glima til evig tid,
når du er i gravi gøymd?

Kanskje du tala eit livsens ord,
til tru i den tunge tvil,
duka for vandraren kjærleiks bord, –
so mødd etter mange mil.

Kanskje du turka ei tåra av,
med varleg og visleg hand,
ordet om Jesus ein arming gav,
langt ute i heidningland.

Kanskje du vitna ved det du var;
eit lys frå di åsyn gjekk.
Faklen, som fritt du i handi bar,
sitt skin ifrå himlen fekk.

Noko vil gro, – å, kor det er stort:
Når borte du er eingong,
lever det verk som i Gud vart gjort.
Høyr – skinande åkrars song!

Dei blad som fall

No gjer dei jordi den siste beina*,
dei blad som dala og datt frå greina.
Dei løyner henne so moder-vart, –
dei visne vollar og moldi svart.

Som gull dei lyser i seinhaust-kvelden,
og skin om kapp med den aftan-elden
som glør det ute der sol gjekk ned.
Å, lauvfalls-tid, du er full av fred.

Sjå, no ligg jordi og søv og drøymer,
og snart kjem snøen og lauvet gøymer.
Men når det ein gong vert vår igjen,
med fylte krunor då trei stend.

Om lauvet lyt frå mitt livs-tre falla,
når åri ut mot sin slutt mon halla,
eg lell frimodig og fege står:
I Kristus eig eg ein evig vår.

Fuglar som ikkje før

Eit bleiknande minne om våren som før:
Dei tusen-tals blad som no gøymer vår jord.
Ei kjærleikens tenesta gjer det til sist,
det lauv som fall skjelvande, lognt frå sin kvist.

* beina = hjelpe.

Og trei stend nakne i haustdagen mild.
I året sin kveld er naturi so still.
Titt-titt, seier fuglen som ei frå oss før.
Han helsar det lauvet som løyner vår jord.

Kvi-vitt, seier fuglen som ei frå oss drog.
Han elsker den gulnande, hauststille skog.
Om landet er lite og stundom litt kaldt,
for honom er nord-landet likevel alt.

Eg òg elsker landet, eg ei frå det dreg,
om varmare strender vil lokka òg meg.
Lik fuglen i hausten vedkjømeleg, still,
eg elsker mitt heimland, – der vera eg vil.

Svola på tråden kviler

Svola på tråden kviler,
ei solstund so stutt og rik.
Det er ikkje fritt for eg smiler:
so sjeldan å sjå henne slik!

Kanskje ho sit og tenkjer, –
ho sjeldan til slikt hev tid, –
og soli i barmen blenkjer,
ei kveldstund so ljuv og blid.

Kanskje ho sit og grundar,
og minnest den vår som var.
Ho metta dei mange munnar,
og økti var ofte hard.

So sit ho i kveldsol-glimen,
seg kosar eit lite bel,
og tenkjer på avskils-timen, –
no snart lyt ho be far vel. –

So kan ho 'kje kvila lenger, –
ho hastar av stad igjen,
og susar på sterke venger
til kvelds-røden ned att brenn.

Haustskog-gråt

Skogen var so våt
i juni-kvelden, –
no han glør i gråt
i haustgull-elden.

Då i gleda gleim
kvart blad si tåra.
No i haustskog-heim
bryt vemods-båra.

Då det knuppar svall
i vår-yr glede.
No er bladgull-fall
og haustsukk-kvede.

Då Guds fuglar kvad
i ris og runnar.
Lognt fell no kvart blad
i lauvfalls-lundar.

Haustsol sildrar inn

Du solrike haust med din signande smil, –
so lett tek dei strålane mil etter mil, –
dei vermer den gamle si skrukkete kinn,
og sildrar i treet si lauv-krona inn.
Og fjorden vert skiraste sylvet å sjå.
Slik blenkjer han då.

Du stryk yver barnet sin andlets-blom mjuk,
og sender ein smil inn til den som er sjuk.
Sjølvs gras-strået stivt ved den støvete veg
og taggete tistlar fær helsing frå deg.
Sjå bjørki i gull-dryss, å, sjå henne nå
når soli fell på! –

Du solrike haust, å, du gjer oss so godt,
når no me til året sitt lågmål hev nått.
Me gjeng millom fargar og fallande blad,
og høyrer naturi sitt haust-takkekvad.
Mest gled oss det sol-vell som sildrar seg inn
i vemodsfullt sinn.

Millom visnande gras-strå og gulnande liv

So sit eg då her, under skyer som driv,
blant visnande grasstrå og gulnande liv,
blant trei eg sette, – sjå, no veks dei til!
Mot kinni stryk haustvinden, varleg og mild.

Men vollen er grøn, – eg kan kvitkløver sjå,
me slo han i sommar, og no veks det hå.
Og hanen gjel hugleg, – ein fuglekvittr, høyr!
Om livet må visna, lell roti ei døyr.

Og so er det von i den haustlege dag,
om enn det er vedkjømd i vinden sitt drag.
So lengtar då livet, og ventar på vår.
Å, Herre, gjev jordi eit paradís-år!

Kjøleg haust

Den kjølege lufti er frisk og fornem;
dei haustlege fargar er varme.
Eg likar å gå i ein seinhaustes kveld
og kjenna på kinni ei sol tek farvel, –
og sjå desse åkrane arme.

Nei, aldri eg øygna meir glødande gull,
og aldri ein venare klåre.
Eg gled meg i hausten og takkar for han.
Gud gjev eg fær skoda eit haustfagert land
når ein gong det lakkar med året!

I seinhaustes-timen

I seinhaustes-timen
mo still eg stend;
eg ser denne glimen:
skogar som brenn.
Og elvi glid
so lognt imot sitt hav,
og jordi sukker tungt,
og sovnar av.

I seinhaustes-stundi
tagal eg stend;
ei lystid er runni,
liene brenn.
Sitt feste slepper snart
kvart feber-blad;
i lunden tagnar
fuglars fjåge kvad.

I seinhaustes-kvelden
teken eg stend;
eg ser denne elden:
åsar som brenn.
Naturi syng
sitt store aftan-kvad.
Når våren kjem,
må eg han møta glad!

Gjerne var eg ein flyttfugl

Gjerne var eg ein flyttfugl, –
og fylgde dei andre på ferd, –
kvar gongen det hausta i landet, –
dit sommar og solvindar er.

Gjerne var eg ein flyttfugl,
mot nord med dei andre eg drog, –
mot vårlege, livsfylte vindar,
og syngjande, sprettande skog.

Gjerne er eg ein flyttfugl, –
ei lengsla i barmen min rår, –
eg hørde om paradis-landet,
med nattsol og æveleg vår.

Gjerne er eg ein flyttfugl, –
når hausten er komen til meg,
då flyg eg frå verdi sin vinter, –
til himmelens høgsommar dreg.

Berga i hus

Når himmelens grøda
ligg hausta i løda –
for evig og alltid
er berga ein gong –
då lys er vår lagnad,
då skal me i fagnad
få syngja om siger
og sæla vår song.

Du, Herre, oss vare
i freisting og fare,
so varleg og visleg
me vandrar vår veg,
og mognar omsider,
imedan det lider
mot dagen den store,
då me møter deg!

Ei trolsk og ei takande verd

Haust er dei svart-blåe sky-hausars tid, –
dei sjogar og jagar av stad.
Og vindane riv i det lauv som er att,
og leikar med raslande blad.

Soli gjeng tidleg i kvelden til ro,
men millom dei sky-haugars her
det gløder av gull medan myrkret fell på, –
ei trolsk og ei takande verd.

So er ho enda, den lys-tid me fekk, –
den våren, og sommaren med.
Men gullet der vest, og mi vår-von i barm,
dei hjarta mitt inderleg gled.

STJERNONE GLIMTAR I MIDVINTERS NATT

*Når vinter-stormane syng og sjogar,
ut yver enger, inn yver skogar,
og andar kulde i lund og lide, –
då er det godt å ha sått i tide.*

Året gjeng hardt på hell

Året gjeng hardt på hell, –
snart kjem den skume kveld,
og soli seint.
Bladi, dei siste, dett,
lydlaust og lint og lett,
lagar so lognt og nett
eit teppe reint.

Takk då for denne gong,
sommars med lyslyndt song
og soldag lang!
Du var meg ljuv og gild, –
no alt eg stundar til
leikande lerke-trill
ved vårvarm vang.

November-kvelden

I dag du er uvanleg blid og bjart,
med blomeskyer, lyse solfalls-eldar.
Ein vinter-smil som skin – og sloknar snart!
Du ulik er dei grå november-kveldar.

So vil òg du, lik soli som gjekk ned,-
oss seia: ”Om i haust me tidt hev gøymt oss,
so kjem me att, og meir og meir dykk gled.” –
Hav takk då, vener, at de ei hev gløymt oss!

Det er noko himmelsk når nysnøen dett

Det er noko himmelsk
når nysnøen dett,
sa mor, –
det skiraste synet
som nokon hev sett;
kor er det vel reint,
dette dun-teppet lett,
som liver vår jord!

Kor er det vel kvitt,
dette lakan av snø!
sa mor.

I vårsoli snart vil det
glima og glø;
når dagen vert varm,
vil det tina og tø.
Det *vår* vert her nord.

Venta litt, de visne lier!

Venta litt, de visne lier,
blunda blidt eit lite bel,
til de vankar stilt or svevne
når ein gauk i lii gjel.

Berre sov, de stille skogar, –
svevnen er dykk unnt so vel, –
til de vaknar blidt or blunde
ved eit vårfugl-tonespel!

Berre blunda, lyse lundar, –
bjørki med den bjarte legg, –
til de kjenner sevja stiga, –
silju, or og osp og hegg.

Berre sov, de symre-blomar,
tiril-tunga, harefot,
til de kjenner livsens straumar
røra dykkar hjarterot. –

Berre sov, – det lette lauvet
ringlar no sin voggesong.
So dett snøen, og de kviler, –
søv til våren kjem eingong.

Og lengslene vankar so vide

Berre eit bel lèt du auga ditt opp,
du dag, no ved midvinters-tide.
Soli so seint attom skogane stig,
lågt yver åsane stryk ho – og sig.
Og lengslene vankar so vide.

Etterpå skin det ei strime av gull, –
voni om vårtider blide.
Dagen hev døytt, – eg hev ein mindre att.
Stjernone glimtar i midvinters-natt.
Og lengslene vankar so vide.

Ei ekstra takk skal sporven ha

Ei ekstra takk skal sporven ha
fordi du ikkje tok avstad
då flyttfugl-flokken letta.
Du kvittrar nøgd i hekken din,
og fjåg kvar dag i vegen finn
di tarvelege metta.

Ei serskild takk til sporvefar,
å nei, å nei, kor kjærte det var
at du hjå oss vil vera!
Ja, det var gildt at du vart att;
du liver opp vår vinternatt,
og nøgsemd vil oss læra.

Og så ei takk til sporevmor
at du – då hausten kom her nord –
ei fylgde fugle-draget.
Nei, du er ikkje skvetten, du
i bladlaus hekk du ville bu –
i Noregs vinterhage.

Då er det godt å ha sått i tide

Når vinterstormane syng og sjogar,
ut yver enger, inn yver skogar, –
og andar kulde i lund og lide,
då er det godt
å ha sått
i tide!

Når bladet dalar og blokka visnar,
når moldi klakar og myri isnar

og det er slutt med dei blommar blide, –
då er det godt
å ha sått
i tide!

Det kjem ein vinter då vinden sjogar,
ut yver enger, inn yver skogar,
og me hev visna som lauv i lide.
Då er det godt
å ha sått
i tide.

Blenk med von, mi tåre!

Største gåva nokon gav,
himlen jordi sende.
Difor stilnar aldri av
hjartans takk frå djupast hav,
lovsong utan ende,
for det lys Han tende.

Difor kvar ei jol me kved
takketonar klåre.
Hjarta seg i Jesus gled;
me med englar han tilbed
som vår synd hev bore.
Blenk med von, mi tåre!

Det er noko vonfullt ved solvendings-dagen

Det er noko vonfullt ved solvendings-dagen,
om enn han den stuttaste er i vårt år.
Eg ser imot sør, der han dala og døydde, –
der kvelven er gull-kledd og eld-glødd og klår.

So er ho til ende, den svartaste tidi!
So gjeng me å nyo mot lyset sitt land!
Og difor er vonfull den solvendings-dagen,
og difor er gull-prydd kvar kveldsky si rand.

Dag over jord!

Kveld millom kveldar,
signa du er.
Heilage eldar
helsing oss ber.
Englar tek tonen,
gledefyllt, glødd:
Menneskesonen,
no er han fødd!

Tempel vart stallen, –
himlen var nær.
Høgtid i hallen, –
Gud kviler der,
han som skal bera
høgfjell av skuld,
gjeva åt verda
frelsa sitt gull.

Himmelens gåva
helsar me glad.
Herren skal lova
heilage kvad.
Hjelpi han sende, –
naudi var stor.
Natti tok ende.
Dag over jord!

Og det er året sin siste dag

Og det er året sin siste dag.
Me stoggar litt, og me stend og lyder.
Høyr kyrkjeklokka sitt tonedrag
inn yver skogar og fjell og flyer!

Og det er året sin siste dag.
Dei fåe tonar som enno drygjer,
dei fylgjer vinden sitt sunnan-drag.
Og me stend tagale her og lyder.

Og det er året si siste stund.
Eg lovar Gud for dei dyre timar.
Mi takk skal tona or hjartans grunn,
når midnattsklokkone malmtungt kimar.

Ja, det er året sin siste dag.
Eg minnast må: eg hev *mange* fenge.
Eg kjenner æva sitt andedrag,
og spør: Min herre og Gud – kor lenge? –

Året tok til so ungt og blankt

Året tok til so ungt og blankt,
utan ein skrukk på den barnekinn.
Året vert gamalt, – det er so langt,
og rukkut når sistpå det sovnar inn.

Året tok til so blankt og ungt, –
sol kringom panna, og nysnø på kinn.
Året vert gamalt, og trøytt og tungt, –
når det omsider til kvila gjeng inn.

Året tok til so blankt og bjart,
stjernelyst, solkysst og fullt av von.
Sønstorm og strid vil du møta snart.
Herren deg signe, du unge son!

Sporven syng året det nye inn

Sporven syng året det nye inn, –
han kvittrar i klunger-kjerret.
”Kyrkja” er kald, men han tonen finn, –
eit fattigsleg ære vere!

Fattigsleg, sa du? – og like vel
Gud gled seg ved sporve-praten.
Gjer dei til skammar so mang ei sjel
som ei takkar Gud for maten.

Gjer dei til skammar so mang ei sjel
som ei lovar Gud for året.
Takk då, du sporv, for ditt nyttårs-spel, –
ei koseleg kvardags-båre!

Kjøl'n spenner ti

Romeriks-dialekt.

Det durer i tel'fon-stølpen,
og himmel'n er gnistrende klar.
Han lyser kældt når sola går ner.
Og isen på tjenna er bar.

Det synger i tel'fon-koppen,
det smeller i fjøs og stæll,
i bu og lyve* og låvedørna,
i brønns-isen tjukk og kæld.

Og stjernene gnistrer på himmel'n,
og månen er rund og bli.
Og nordlyset lågår i nord over skauen.
Slik er det når kjø'l'n spenner ti.**

Da er det godt å ha noe i ommen,
og tæpen i senga si,
når tel'fon-stølpene durer og synger
og kjø'l'n før ælvor spenner ti.

Det gnirker og sprakar under beina,
det gnistrer i skara-sno'n.
Og følka fyrer på harde livet,
og alle som kan, ligger bjønn. –

Snødans

Å du for ein dans
yver vidd, yver vang,
yver fly, yver fjell
i ein vinterdag lang,
når dei florlette snø-fjomi fell!
Det yr og det kryr
yver mo, yver myr.
Det drys og det dett
so forlivande lett.
Og det høglofta rom,
det er fullt ut av fjom.
So svalt og so skirt
og so skinande kvitt
vart landet mitt.

Og ei finst det noko på heile vår jord
so friskt som ein snøvinterdag her i jord.

* løe ** i

Ein vink av dei evige makter, –
so stansar den dansen vill.
Og lysande, linkledd ligg jordi
og søv i ein vinterdag still.

Etter snøstormen

Når stormen hev rive og rasa
og sistpå hev slite seg ut –
so lenge han murra og masa –
det klårnar kring nib og kring nut.
Då møter mitt undrande auga
so endelaust vakker ei verd.
I sol ligg dei snøvidder lauga;
det glør i ei glimesteins-verd.

I natt det om novene susa;
det ylte og kvinka og kvein.
Og snøstormen rasa og rusa;
eg høyrde han grylte og grein.
Eg høyrde han sjoga og skryta, –
nytt tak han med nevene tok, –
og lufti: ei kjempestor gryta
med snøfjom i røk og i kok.

No stend med krystallar i kruna
kvar bjørk som i storstormen skok.
Ja, verdi sin vakraste bunad
av fjukande snøfjom ho tok.
Det råder ei helgedags-stilla,
og lyset frå høgheimen fell.
Det glim i kvar silkesnø-filla,
Det glør i den glitrande fell.

Når kulden i verdi er mildna
og stormen hev slite seg ut,
når motgangens vindar er stilna,
og enda mi sorg og mi sut, –
då møter mitt undrande auga
so endelaust vakker ei verd.
I æveleg lys ligg ho lauga.
Og gløymde er stormane her.

Januari-kveld

I majestetisk ro
sig solar-sylvet no
bak ås og fjell.
Ei sol som nyleg rann,
hev alt nådd vesterland,
og set kvar sky i brann, –
so er det kveld.

Men vent ei liti stund, –
so stutt ein skymings-blund, –
bak slokna glo
det stig ei stjerne-verd,
ein tallaus tindre-her,
og Orion eg ser
i stilrein ro.

Og månen vandrar logn
i denne djupe togn,
på kvelven blå.
Og stjerne-verdi stor,
ho vitnar utan ord.
Eit mektig hyllings-kor
kan auga sjå.

Men når då dagen gryr,
det natte-eventyr
so audmjukt dvin.
Den stjerne-verdi mild,
ho berre lysa vil
til soli atter still
på snøen skin.

Vinterdags lærdom

Det bryt 'kje ein einaste blome,
det renn 'kje eit einaste strå
når soli gjeng lågt yver åsen
og dagen er snøtung og grå.

Og ikkje ein songfugl du høyrer, –
det læt ingen lovsong i li
når sommaren sistpå er enda
og hausten for godt er forbi.

Sjå, det er ein vinterdags tale,
når haugane hardfrosne står:
du sommar'n og hausten må nytta,
og mest den velsignade vår!

Legg kornet i moldi den mjuke,
og opna ditt hjarta for Gud!
Då fegnast du kan om det haustar
og flyttfuglar hastar mot sud!

Nordlys-natt

I klåre og kjølege kveldar
det glimtar ei stjerna og to.

Eg ser desse solefalls-eldar,
og møter den mektige ro.

Eg gjeng attmed åsen og reikar,
og månen ser ned til vår jord.
Og nordlyset lever og leikar, –
eit orgel-kvad utan eit ord.

Det spenner ein brennande boge
og bårar frå bryn og til bryn, –
ein levande, lysande loge.
Å du for eit spel, for eit syn!

Ustanseleg strøymer dei eldar,
frå kjeldor i høgaste nord.
Og stjernor i måneskins-kveldar
ser ned til den nattstille jord.

Takk for den milde vinter!

Takk for den milde vinter!
Du såg at me trong han vel.
Mange hadde so smått med ved;
so fraus dei til kropp og sjel.

Takk for den milde vinter!
Kor fint i vårt høge nord
å anda so linn og god ei luft
og sjå denne grønne gror!

Takk for den milde vinter!
Det sirlar i bekk og å,
og fuglane flyg yver skogen grøn,
so fjåglege til og frå.

Takk for den milde vinter!
Han minner so sælt mi sjel:
at eingong skal kulden for alltid fly.
For Herren gjer allting vel.

På venstre sida av vinteråsen

På venstre sida av vinter-åsen
det ligg eit vårland so vent og ungt.
Frå hausten av som eit barn eg bia, –
no er eg atter på livsens sida –
og tek farvel med eit myrker tungt.

På venstre sida av vinter-åsen
det glim ei vårsol so bjart og blank.
Ho varmar vel i dei frosne bakkar, –
og kysser livet, som kjærleg takkar
fordi ho signar ei skapning krank.

På venstre sida av vinteråsen
det er vel vent, og so godt å bu.
Eg vender kinni mot vårsolflaumen,
og stend med song i den sæle straumen,
og gløymer vinterens gråt og gru.

Fønviden

Eg kjenner den fine fønvind,
og høyrer på spurve-låten, –
no like etter ei fimbul-frosttid.
Det fær meg mest på gråten.

Eg møter det milde draget,
og høyrer den spurve-praten.

Dei høpp i den harde, taggete hekken
og takkar trutt for maten.

Eg ser mot ei sol som sigra, –
sjå, no er ho alt på farten,
og lengjer dagen, til ho omsider
i tidleg gry tek starten.

So takk for den fine fønvind,
ei varsling ved vintertide:
det ventar noko so vent der framme.
Ja, takk, du bod, du blide!

Mars

Den fyrste lyse tonen i året, det er du, –
imillom vår og vinter ei islagd, vonfull bru.
No hev me vunne yver den verste vinter-gru.

Ein kjenner seg so takksam når lyset kring oss rår;
det linne solskins-vellet so varleg kinni når.
I barmen syng ei lerka: No gjeng det fort mot vår!

Vel kan det enno koma so mang ei iskald skur,
men snart eg høyrer ljomen frå livsens store lur,
og glede-bylgja bårar igjennom all natur.

Mars er sporven sin månad

Mars er sporven sin månad;
då heilt suverent han råder,
kvitrar i hekkar og klunger-kjerr
og kviler på tre og tråder.
Og stundom i veggen han finn seg mat, –
trass alt eg likar den sporve-prat.

Mars er sporven sin månad,
og då held han fest-konsertar.
Innimillom dei kranglar litt,
mon tru dei kvarandre ertar?
Dei kvardags-fuglar sitt simple spel
i klunger-runnen, det tok mi sjel:

Sol-laust og grå er dagen,
og surpete, svart ligg vegen.
Sporven sit i sitt klunger-kjerr
og kvittrar so ganske fegen.
Han lite eig, – lell han bed til fest,
og kvikkar opp dei han fær til gjest.

Stundom når eg gjeng framom
den tornute klunger-runnen
og høyrer det huglege drøset
som strøymmer frå sporevemunnen,
då hender det meg so mang ein gong:
Eg teken vert av den kvardags-song.

I dag er det song i lufti

Det er 'kje det same landet, –
i går var det snørøk-kav.
I dag er det tusen svaner
som skin på eit solblankt hav.

Det er 'kje det same landet, –
i går var det gramt og grått.
I dag det i snø-lin lyser,
og blenkjer mot æve-blått.

Det er 'kje det same landet, –
i går var det trist og tungt.

I dag ligg det heilt forklåra,
og helsar oss morgon-ungt.

Det er 'kje det same landet, –
i går var det storm og sno.
I dag er det song i lufti.
Me gjeng imot våren no! –

Du gjer meg so glad

Du vonfulle vårfugl
som syng yver snøen, –
som enno ligg kvit
på den kald-klaka bøen, –
eg helsar ditt herlege,
lys-lyndte kvad.
Du gjer meg so glad.

Du vonfulle vårfugl
frå fjernaste strender,
velkomen attende
til heimlege grender!
Du syng yver snølandet
voni sitt kvad.
Du gjer meg so glad.

Det syng i skodda

No syng det i skodda
ein gråsporv-her.
Kva gav deim den tonen?
Jau, våren er nær!

No syng det i skodda
ein gråsporv-flokk.

Dei tenkjer: det tåkehav
lyfter seg nok!

So syng dei i hekken
av hjartans lyst,
so gleda vil sprengja
det gråe bryst.

So syng dei i tagg-hekken
kvass og arm,
so gleda vil sprengja
den vesle barm.

So syng dei i torn-hekken
kald og grå,
for våren seg nærmar, –
dei syngja må!

Sporven luktar vår i lufti –

Sporven luktar vår i lufti,
og syng si frygd i dagen ut.
Han sit so nøgd i klunger-kjerret
og gløymer nærings sorg og sut.

Fuglen vert so mjuk i målet
når våren nærmar seg her nord.
Han kjenner dette milde draget;
då vaknar lengsla sterk og stor.

Då noko inni barmen brånar,
flyt ut i tone-sylv og kvad.
So fløy tar han i vårsol-vellet,
og kjenner seg so hjartans glad.

Snart brest ein fugl i gledegråt

No er me komne til dei tider
då ut mot lys og liv det lider,
og vegen min er mjuk og våt.
Her siklar sume spede bekker,
der lyser nokre berre flekker.
Snart brest ein fugl i gledegråt.

Me lenge hev på lyset bia, –
no er me på den andre sida,
der soli rikt om landet vell.
Å, tenk at enn ein gong eg skulle
få skoda desse dagar, fulle
av solglim til den seine kveld!

So stryk eg varleg min vinterknupp

So stryk eg varleg min vinter-knupp,
som sleikjer sol på sin teinungs-tupp.
Han kosar seg i april-solsteiken, –
eg vel han unner den solskins-sleiken.
For vinteren var so streng og strid, –
no vel du treng denne varmetid.

Frå tusund teinungar fram dei tyt,
og vårkveld-solflaumen varleg nyt.
I undring ut i vår verd dei skodar,
frå soli sprett til ein kvelds-kvelv rodar.
Og undren eg millom knuppar gjeng. –
Dei rører stilt ved min hjarta-streng.

Varsels-gull

Eit hav av skodde-ull
sig på derute, –
eit vell av grått
imot mi stove-rute.
Og lell eg ikkje
saknar himmelklåren;
for dette hav av ull
er verdfullt varsels-gull:
Det varslar *våren*.

Eg tok ein liten tur
no nyst i hagen.
Eg gjekk og dreiv
og kringom sveiv
i dimme skodde-dagen.
Då brått ein tone
vart imot meg boren,
i tåke-ulli våt;
den fyrste fløyte-låt.
Han varslar *våren*.

Etter vinteren vill

Etter vinteren vill
kjem ei vår-vakning venleg
og vakker og mild.
Og eg gled meg til lys-tidi
ljuvleg og gild.

Etter vinteren arm
kjem ei livs-bylgja bårande,
veldig og varm.
Ved den voni ei kjelda
bryt fram i min barm.

Snart hev me streva ein vinter til

Snart hev me streva ein vinter til, –
å, Gud skje lov at det atter vårast,
at dagen lengjest, vert ljuv og gild,
og snøen tinar og taket tårast.

Ved middagstider vert bakken våt,
og vatnet surlar og syng i gruset.
So godt eg likar den bekkelåt,
dei berre flekker framføre huset.

Eg ser på soli når det vert kveld.
Ho ser på meg med sitt skire auga,
og so eg fær i det varme vell
kvar dag mot våren litt lenger lauga.

Dei lyse kveldane fram mot vår
eg lenge, lenge so godt hev lika.
Eg kan dei minnast frå unge år.
Med dei må myrket og vinter'n vika.

Vårlengt

Det hulkar i barmen,
mot våren og varmen,
mot elvar i is-gang
og frodande foss,
mot lerka og stare
og leir-fivel rare,
og symra i skogen, –
kom atter til oss!

No skapningen blundar,
eg svevnen dykk unnar, –
Gud vare kvar kvilande
blom i sin knupp!
Det bårar i barmen:
Mot våren og varmen
Gud fører oss fram, –
snart han døri lét upp. –

Eingong skal våren vinna

Eingong skal ståket stilna,
freden fylla vår jord,
vermande vindar mildna
kulden som sig frå nord.

Eingong skal våren vinna
yver ein vinter kald,
kjærleikens våpen binda
urett og lygn og vald.

Livslýset eingong bårar,
lækjedom med seg ber.
Strøymmer dei sæle vårar
yver ei utløyst verd.

So kan eg berre bia,
venta den nye tid.
Hjelp meg, min Gud, å strida
trui sin gode strid!

Hjelp meg, min Gud, å vinna
trui sitt store slag!
Hjelp meg, min Gud, å finna
fram til din vår, din dag!

Livs-kvelven klårnar til sist

Døden vert ikkje det siste,
gravi med gråt og med gru,
ikkje den attlatne kiste, –
det er mi fulltrygge tru.

Livsvåren vinkar og ventar,
morgonen doggblank og klår.
Englane åndi mi hentar
heim til den herlege vår.

Sky-lag og skodde skal vike,
blomane brydda på kvist, –
sigra Guds evige rike.
Livs-kvelven klårnar til sist.



VED KJÆRLEIKENS HAV

1963

*Vil du meg kveda,
so lukke til!
Gjerne eg gleda
og gagna deg vil.*

*Vil du meg syngja,
so er eg glad, –
gjerne deg yngja
eg vil med mitt kvad.*

GODT NYTT FRÅ PARADIS

*Dei store høgtidsdagar
med song i livsens hagar.*

Løva av Juda

Melodi: På Gud alene

No bryt med velde
Guds Son or gravi fram.
Vår fiend felde
det dyre offerlam.
Han greidde prøva
på krossens store dag,
han helheim røva;
vår død leid nederlag.
Ja, Juda-løva,
ho vann det store slag.

Det knast og knaka
då Kristus Satan slog.
Det brast og braka
då han vår fiend vog.

Der møtte døden
sin sterke yvermann.
Han bøtte brøden
då hjarteblodet rann.
I morgonrøden
han veldig siger vann.

Sjå ljuset strøymer
og vell ut yver jord,
og livet fløymer,
og gledeliljor gror.
Turk vekk di tåra,
din frelsar striden vann;
den synd som dåra
og drap, den sona han;
den tagg som såra,
han braut med blodig hand.

No kan du kvila
på trygg og fullgod grunn.
Du tarv 'kje tvila
i påskemorgon-stund!
Guds Son hev vunne;
vår verd er vorten ny;
ei sol hev runne,
som sprengjer svartast sky.
Snart hev me funne
eit evig morgongry.

Den store siger

Melodi: På Gud alene

Sjå, Kristus stiger
or dødsens brostne band,
den største siger
i verdi nokon vann.

Han kunne knekkja
den arge helvet-hund.
Gud ville vekkja
sin Son or dødsens blund
og løysa lekkja
i påskemorgonstund.

Syng høgt av fagnad,
ved fjord, på fjell og hav!
No hev det dagna,
Guds Son oss siger gav.
Med evig velde
han braut dei band som batt,
vår fiend felde,
gav dag der før var natt.
No utan elde
skal glima livsens skatt.

No påske-gleda
skal glita rein og klår,
vårt hjarta kveda
med takk i barmen vår.
All synd er sona
og kvitta all vår gjeld,
no kan me vona
om morgon og mot kveld.
Ved livsens trona
me evig påske held.

Sjå her er store under!

Melodi: Med strålekrans om tinde

Sjå her det store under, –
det største som hev hendt:
I påskemorgonstunder
hev Krist vår lagnad vendt.

I påskemorgon-timen
då tok han livet att.
Då gleim den bjarte glimen,
då enda dødsens natt.

I påskemorgon-vakti,
med same soli rann,
då møtte myrke-makti
sin store yvermann.

Høyr, morgonfuglar kveda, –
eit livsens jubelkor, –
og sidan påske-gleda
hev strøymt utyver jord.

Kor kan me anna gjera
enn syngja gleda ut?
No kan me trygge vera
og gløyma sorg og sut.

For Krist på krossen blødde, –
der strauk han ut vår skuld,
på ormens hovud trødde
og vann oss livsens gull.

Me skal 'kje døy, men leva,
forkynna Herrens pris,
vår hylling honom gjeva
hjá Gud i paradís.

So er du då konge, Jesus Krist!

Melodi: Den signede dag

So er du då konge, Jesus Krist, –
til det var du fødd og boren.
Det sannar me no, og trur for visst:

du frir oss frå helvet-fåren.
Du fører oss frelst frå død og dom
til fagraste livsens-våren.

So er du då konge, sterk og stor, –
du sigra til alle sider.
Med lyset du kom, med sanningsord,
med sælaste nådetider.
Og sigra me skal, for du er med,
som vann i dei verste rider.

So er du då konge, frelsar god, –
du råder med miskunns milde.
Du allting oss gav, – ditt hjartans blod.
og sona den synd som skilde.
Hav takk, du Guds Lam som leid for oss,
at ofra deg sjølv du ville!

So er du då konge, Herre kjær!
Ein klunger-krans laut du bera, –
no råder du all den vide verd;
all makti er di, og æra.
Til æveleg tid me tilbed deg
at du vil vår konge vera.

Kristus – konge full av frelsa

Melodi: Overmåte fullt av nåde

Kristus – konge full av frelsa,
du til fridom kallar oss.
Sjølv du vart med håns-ord helsa,
sistpå festa til ein kross.
Men då du i døden bleikna,
fullført var ditt frelse-verk.
Opp du stod, skal aldri veikna,
heimsens Herre, stor og sterk.

No du råder yver verdi
med di naglemerkte hand.
Sistpå smiast om skal sverdi,
freden fløyma i kvart land.
Då me deg skal verta like,
ved ditt sterke allmaktsord,
råda med deg i ditt rike,
på den atterløyste jord.

Herre, konge, deg me hyller,
underfulle heimsens drott.
Du vårt liv, vår framtid gyller.
Der du rår, vert allting godt.
No me skal 'kje døy, men leva
i en ljuvleg æve-vår, –
lov og takk og pris deg gjeva,
som so mildt og mektig rår.

Høgt me ropar hosianna!
Davids son, velsigna ver!
Klungerkrans vart lagd kring panna, –
no du diademmet ber.
Takk for Golgata sin våde,
for Getsemane si gru!
Der du vann oss liv og nåde.
Sælt det er på deg å tru!

So hev då livet vunne

Melodi: Med strålekrans om tinde

So hev då livet vunne, –
vår død leid nederlag.
I gryet hev det runne
ein fager påskedag.

No må me ikkje sova!
Statt opp i tru og von,
og livsens hovding lova,
den veldige Guds Son!

Høyr høge englar kveda
Guds pris i morgongry!
Me syngja vil i gleda
med deim ein lovsong ny.

So brast då dødsens-bandet, –
no kan me anda fritt.
Me bur i livsens-landet;
for Krist vår strid hev striddt.

No treng me ikkje fæla
for våre synders skuld,
for Jesus vann oss sæla,
forlating fri og full.

No tarv me ikkje klaga
i angst, gråt og gru.
Eit land han åt oss laga.
Der skal me alltid bu.

No kjem kvar dag her nede
med von til by og bygd.
So syng me påskekvede
med frimod, fred og frygd.

Krist stod opp i lys og fred

Krist stod opp i lys og fred.
Halleluja!
Heimsens born, og englar, kved
halleluja!
Hylla han i heilagt kor:
Halleluja!
Syng, de himlar, svar, du jord:
Halleluja!

Kristi kjærleiks verk er gjort.
Slaget vunne, å, kor stort!
Fåfengt stengde segl og vakt.
Kristus sprengde helheims makt.

Livsens land han no har nådd.
Seg meg, død, kvar er din brodd?
Livet han for alle gav.
Kvar er no din siger, grav?

Krynt han er med herlegdom.
Halleluja!
Lagar no åt oss eit rom.
Halleluja!
Han for oss or gravi steig.
Halleluja!
Døden, livet, alt me eig.
Halleluja!

*Etter Charles Wesley:
Christ the Lord is risen today*

I dag vil me høglova Jesus

I dag vil me høglova Jesus,
at opp ifrå gravi han stod,
men fyrst gav til frelsa for verdi
sitt heilage, sonande blod.

Ein æveleg siger er vunnen,
ein siger som også er vår.
Og difor me høglovar Jesus,
som evig i herlegdom rår.

I dag vil me høglova Jesus,
og stendig skal stiga vår song
fordi han ein æveleg siger
på Golgata vann oss ein gong.

Når korset underfullt eg ser

Når korset underfullt eg ser,
som herlegdomens Herre bar,
mi vinning rik som tap seg tér,
eg spottar alt som stort meg var.

Forby det, Gud, å rosa meg
av anna enn min Frelsar god!
All glim og glans på verdsens veg –
eg ofrar alt for Jesu blod.

Sjå, frå hans hovud, fot og hand
flyt sorg og kjærleik utan stans.
Mon før slik sorg og kjærleik rann?
Mon tornar batt so rik ein krans?

Var verdi mi, med gods og gull, –
for liti gåva like vel!

Slik guddomskjærleik underfull,
han krev mitt alt, mitt liv, mi sjel. –

Deg, Krist, som vann for syndig verd
Guds nåde ved din såre strid,
deg lovar all den løyste her,
for alltid og til evig tid.

Etter Isaac Watts:

When I Survey the Wondrous Cross

Din store strid

Melodi: Nå hviler mark og enge

Guds Son med evig æra
du var, men ville bera
den skuld som låg på oss.
Vår strid du ville strida
og straffi for oss lida,
om vegen bar til blodig kross.

Du steig frå himmelsalar
til våre skodde-dalar,
til jordi skum og svart.
Den herlegdom du åtte,
for oss du sleppa måtte,
og so ein fattig tenar vart.

Du oss frå Satan fridde,
imot hans velde stridde
på vilde, aude hei.
Du møtte vreidens piler
og gjekk dei tunge miler,
so me skal sleppa vandra dei.

Du vart til døden sára
for oss som lét oss dåra,
som hardt imot deg stod,
som hødde deg og hata;
kven kan den kjærleik fata
som slike gav sitt hjarteblod?

Meir skir enn sol om kvelden
er denne kjærleikselden,
i lidings-logen glødd.
Han valna ei og veikna
då du på krossen bleikna
og var til døden trøytt og mødd.

Din strid me aldri gløymer;
frå alle ætter strøymer
ein lovsong opp til deg.
Deg elsker me og ærar,
Guds Lam, vår syndeberar,
som opna oss ein livsens veg. –

Sjå der Guds lam!

Alt vondt som i verdi hev vore, –
som er og som vert, – hev du bore;
det lagdest på deg, du Guds Lam.
Då måtte du døds-angest kjenna,
den elden som oss burde brenna.
Då førde til fred du oss fram.

Du ut til Getsemane førdest,
der eldar av hjarte-verk nørdest
og angesten brann i ditt blod.
Som sveitte det draup imot jordi, –
og lippone kviskra dei ordi
som tolka ditt sorgtunge mod.

Og striden på Golgata enda, –
fyrst der fekk for alvor du kjenna
Guds vreide og rettvise dom.
Men då du so døds-kalken tømde,
då domen og helheimen rømde.
No hjart lyser livet sin blom.

No er det tid til å vera glade!

Melodi: Kvar helst eg vankar i verdi vide

Opp, alle hjarto i verdi vide,
og kved ein lovsong ved solsprett-tide!
For Kristus steig or den stengde grav;
no vell om verdi eit glede-hav.

Og de som sorger og synd fekk tyngja,
no også de må ein lovsong syngja!
for Kristus kvitta vår tunge gjeld,
vår død er drepen – vår fiend feld.

So er det tid til å vera fegen;
for Jesus vandra den tunge vegen,
so me kan gå til det gode land
og erva livet som han oss vann.

Ja, det er tid til å vera glade
og sæle syngja det store kvadet.
For Jesus steig or den stengde grav,
og vann åt verdi eit livsens hav.

Lat meg få sjå dei naglemerkte hender!

Melodi: Tenk når engang!

Lat meg få sjå dei naglemerkte hender!
Dei vitnar stilt at Jesus elsker meg.
Og difor gjekk han viljug alt til krossen,
den tunge, lange, vonde lidings-veg.

Lat meg få sjå dei naglemerkte hender!
Dei stungne vart so eg skal ganga fri,
med kalde naglar var til krossen festa,
den dagen då du sona syndi mi.

Lat meg få sjå dei naglemerkte hender!
Eg treng det syn kvar dag på livsens ferd.
Dei minner meg at eg må vandra varleg;
dei gjev meg trøyst når tyngd av tvil eg er.

Lat meg få sjå dei naglemerkte hender!
Å, må dei famna meg i dødens stund!
Då skal eg skoda dei med hjartans jubel
når sæl eg vaknar or min siste blund.

Lat meg få sjå dei naglemerkte hender!
I æva all dei stilt skal minna meg
om han som elska meg med evig kjærleik
og difor gjekk den tunge lidingsveg.

I dag skal du få vera med meg i paradís!

Melodi: Nu hjertelig jeg lenges

I dag skal du få vera
med meg i paradís! –
Ein røvar fekk den æra
å syngja fyrst Guds pris

for Golgata, for krossen,
og sidan yver jord
det vell som vårflaum-fossen
eit mektig lovsongskor.

So heilag, høgt og herleg
er Jesu soningsverk
at mild og mjuk og kjærleg
han rettar handi sterk
til ein som stend på stupet,
og lyfter varleg han
frå svarte syndedjupet
til livsens ljose land.

So er det von for alle
ved Jesu sonings-bragd,
kor djupt du enn hev falle
og er i lekkjor lagd.
Vår frelsar ned laut siga
for våre synders skuld,
til himmels skal me stiga
ved Jesu sonings-gull.

Mi sjel, syng lovsongs-kvede
til han som løyste deg!
Og gå med heilag glede
den nye vigde veg,
til han deg bod vil bera, –
mens sjeli syng hans pris:
I dag skal du få vera
med meg i paradís!

So seier me, Jesus, hjartans takk

Melodi: Den signede dag

So seier me, Jesus, hjartans takk,
at døden for oss du døydde,
at hit ned til jord din kjærleik rakk,
som syndi og døden øydde.
No burte er alt til evig tid
som livet og lukka snøydde.

So seier me, Jesus, takk og lov
for ordet som du oss sende,
til oss som i dødsens myrker sov,
so natti vår brått tok ende.
Kor stort at òg me fekk sjå din dag,
det sælaste tidar-vende!

So seier me, Jesus, lov og pris
for voni som ligg og ventar:
eit æveleg livsens paradís, –
den tru i vår hug me prentar.
Når dagen vår endar her på jord,
til himlen du heim oss hentar.

No er det kvitsunnhelg på jord

Melodi: Kom hit til meg

No er det kvitsunnhelg på jord,
og herleg tonar livsens kor,
eit kvad til Kristi æra.
Det syng i skog, i lund og lid, –
no lever me i Andens tid,
vår talsmann under ferda.

Naturi held sin høgtidsfest,
og livsens Ande er vår gjest, –
kor stort: me er hans tempel!
Kvar stund han gjeng i bøn for oss,
han lyser yver Kristi kross,
og set på oss Guds stempel.

Kom, Heilag Ande, til oss her,
med livsens lov i dødsens verd,
med æva inn i tidi.
Og gå so aldri frå oss bort, –
vert leidi lang, vert stundi kort, –
ver her til ho er lidi!

Du sløkkja må vår sorg og sut, –
men må me deg ei sløkkja ut,
og ikkje sorg deg gjera!
Til livsens siste andedrag
i miskunn ver med oss i lag, –
då lukkast himmelferda.

So er det kvitsunn enn ein gong, –
legg øyra til den sæle song,
eit livskvad utan like!
Når me på Jesus Kristus trur
og Anden i vårt hjarta bur, –
då er me evig rike. –

Kvitsunnhelg er livsens fest

Melodi: Saligheten er oss nær.

Kvitsunnhelg er livsens fest.
Høyr, det jublar, syng og tonar
sæle kvad om vår forsonar!
Livsens Ande er vår gjest!

Han vil Krstus herleggjera,
gjeva oss i Jesus lut.
Han all sanning vil oss læra,
sløkkja hjartans sorg og sut.

Kvitsunnhelg er livsens fest:
ævelivet om oss strøymmer,
som det klåre sollys fløymer.
Livsens Ande er vår gjest!
Alltid han hjå oss vil vera,
lysa i vårt hjarta upp.
Andens frukter skal me bera.
Livsens tre skal stå i knupp.

Takk for kvitsunnhelg på jord,
takk for livsens straumar klåre,
lækjedom for sári våre,
takk for livsens Ånd og ord!
Glade vil me, Gud, deg lova
at du kvitsunn til oss gav!
Takk for Andens dyre gåva,
siger yver død og grav!

Gode Gud, i nåde send
signande ut yver landet
Guds og Jesu Kristi Ande,
til kvar by og kvar ei grend!
Utan han vil natti siga
yver dalar, fjell og strand.
Herre, lat di livssol stiga
fagert yver Noregs land! –

Å kvitsunnhelg, du sæle tid!

Melodi: O Gud, på nåde rik og stor

Å kvitsunnhelg, du sæle tid,
du er so vonfull, ljøs og blid.
Om livsens Ande talar du.
Han leider oss til von og tru.

Ein evig Gud han var og er, –
den sanning er oss dyr og kjær, –
med Faderen og Sonen eitt.
Det vitnar Ordet grant og greitt.

Han lyser inn i hjartans natt
og viser oss den fagre skatt.
Han fører oss på livsens veg,
til Jesus Kristus mildt oss dreg.

Han føder oss til liv i Gud
og kler oss i det kvite skrud.
Han helgar lekam, sjel og ånd
og leider oss til livsens land.

Han hjelper oss i natt og nød
og trøystar oss i liv og død.
Og me som ottefulle var,
no ropar glade: Abba – Far!

Å, sæle trøyst: mitt hjarterom
er noe ein Andens heilagdom.
Og livsens kjelda aldri tryt,
med fred og gleda alltid flyt.

Guds gode Ande, hjå meg ver!
Kvar stund på jordi ver meg nær!
Til Jesus Kristus fast meg bind!
Til sist i himlen ber meg inn!

Å, Heilag Ande, hjelp du meg
at aldri eg må sára deg
og aldri sløkkja ut den eld,
mitt klåre ljøs i livsens kveld!

Kvitsunn-kvad

Melodi: På Gud alene

Å store under
som ut seg faldar no,
i blømingstunder,
i heilag høgtids-ro!
Høyr lercekvadet,
so ellevilt av fryd!
Sjå bjørkebladet
sin ange no oss byd!
syng songar glade,
du Kristi kyrkjelyd!

Den vår som strøymer
ved Herrens skapar-ord,
det lys som fløymer
om dag og natt her nord,
det kvad som tonar,
den sigersongen klår,
om vår Forsonar,
som vann oss livsens kår, –
gjer at me vonar
på paradisetts vår.

Me deg vil lova,
du Heilag Ande god,
for livsens gåva,
for tru og trøystig mod.
Du Krist forklårar
og gjev i han oss lut;

om syndi sårar,
du sløkkjer skuld og sut.
I Edens vårar
me fritt oss faldar ut.

Me var i våde,
forutan von og vår,
men Jesu nåde
hev lækt dei djupe sår.
Takk, livsens Ande,
som siger gjev i strid;
i himmel-landet
vert pinse ljuv og blid,
der skal me stande
i ljøs til evig tid.

Livsfyldens fest

Melodi: Du som går ut fra den levende Gud

Livsfyldens tid, –
i vår armod og strid
er vi uendelig rike.
Kristus er vår,
og mot livet vi går,
sorgmod og sukk nå må vike.
Takk da, vår Fader, for pinsens fest!
Ånden fra himlen er selv vår gjest!

Livsfyldens fest,
Helligånden er gjest,
han som til lyset oss leder,
bringer oss bud
ifra allmaktens Gud,
hjertene gløder og gleder.
Salige budskap og blide kår
at vi får leve i Åndens vår!

Ver lova, livsens ande!

Melodi: Med strålekrans

No tusund klokkor tonar,
det kved i tempelkor.
Me syng om vår forsonar.
Det kvitsunn er på jord.

Det blømer yver vingar,
og vårens fuglar kved.
Til klåre klokke-klangar
Guds folk i frygd seg gled.

For Kristus er hernede,
ved Anden i oss bur.
Kor sælt, i sorg og glede
det folk som på han trur!

Han våre synder sona,
og yver verdi vann.
No kan me tru og vona,
og trygge bu hjå han.

Guds Ande Krist forklårar,
i Jesu gjev oss lut.
Om synd og Satan sårar,
han sløkkjer sorg og sut.

Ver lova, livsens Ande,
ved lova, Jesus Krist!
Kor sælt i himmellandet
å hylla deg til sist!

Rør ved oss – Herre!

Melodi: Jesus, din dyre forening å smak

Rør ved oss, Herre, med Anden sin loge,
elden den heilage tenn i vår barm!
Duva som ut frå ditt tempel hev floge,
signe vår sjel med den livsgneisten varm!
Skap du i hugen den heilage lengsla,
so me oss svingar mot høgdi, mot deg!
Løys oss og lyft oss or syndi si stengsla,
so me med song imot himmelen dreg!

Rør ved oss, Herre, kvar morgon som randar!
Styrk oss til striden, so sigra me må!
Hjelp at kvar dag i din kjærleik me andar,
og i din her-bunad stødig kan stå!
Rør ved oss, Herre, kvar stund her på ferdi,
so me kan syngjande vandra vår veg!
Og når me sistpå tek avskil med verdi, –
rør ved oss, Herre, og tak oss til deg!

Kom!

Kom med din Ånd og din nåde!
Kom med di frygd og din fred!
Herre, di miskunn lat råde!
Hjarta til grunnen du gled!

Kom med din havdjupe kjærleik!
Møta deg gjerne me vil.
Einast, vår Gud, i din nærleik
sjeli er sutlaus og still.

Kom med din Heilage Ande, –
tolka ditt evige ord!
Fri oss frå våde og vande, –
då vert det himmel på jord!

Han kjem – den store konge

Melodi: O, Herre Krist, deg til oss vend!

Det tonar ifrå heimsens her,
gjev gjenlyd i den vide verd, –
Til alle folk skal songen nå,
og kvar ei ætt skal bodet få:

Han kjem, han kjem i herlegdom,
Den siste luren då gjev ljom.
Han ljøs og myrker skilja skal,
og råda yver verdi all.

Han kjem – so må du ferdig stå,
so du hans åsyn vågar sjå!
Han byd deg her sitt skire skrud, –
i det skal du få møta Gud.

Han kjem – det er det store ord –
som fyrste gong han kom til jord.
Han kjem – og allting nytt han gjer.
Då strålar evig ung vår verd.

Han kjem, – det er vår von, vår tru.
So skal hjå han i ljøs me bu.
Ja, Herre Jesus, kom, kom snart,
du morgonstjerne klår og bjart!

Då gjeld det kjenna Jesus, og vera kjend av han

Melodi: Når hav og himmel dynja

Når tidar-teikni varslar
den siste dag på jord,
då må dei kristne vaka
og merka Herrens ord!
Når dagen kjem som lynet
og gjeng frå land til land,
då gjeld det kjenna Jesus
og vera kjend av han.

Når Kongen kjem i skyi
med mykjen herlegdom,
då skjelv ved siste luren
det store verdensrom.
Når himmelkrefter skakast
og verdi kjem i brand,
då gjeld det kjenna Jesus
og vera kjend av han.

Når på den store dagen
me skal for Herren stå –
han som skal rettvist døma –
og der vår dom skal få,
i denne alvorsstundi,
som ingen skildra kan,
då gjeld det kjenna Jesus,
og vera kjend av han. –

Kome ditt rike!

Melodi: Mektigste Kriste

Kome ditt rike, store Gud og Fader,
frå morgonlandi og dit soli glader, –
kome med fred til ættene dei arme,
vår liv og varme!

Kome ditt rike – då all strid er enda
og du vår natt til evig dag vil venda!
Verdi er trøytt – å, må snart myrket vike!
Kome ditt rike!

Kome ditt rike, allheims drott og Herre,
då me for evig syng *din* lovsong berre,
då du er konge, du, og du åleine,
Herre, du reine!

Kome ditt rike, Gud lat jordi fyllast
heilt av di æra, av din lysglans gyllast!
Då skal me hylla deg, og i all æva
sjå deg og leva.

Kome ditt rike, klårt som morgonglansen,
då du, vår Frelsar, gjev oss sigerskransen!
Lengtar me no til livet utan like.
Kome ditt rike!

Guds kjærleiks sol er runnen

Melodi: Med Jesus vil eg fara

Guds kjærleiks sol er runnen
opp yver all vår jord,
og livsens veg er funnen
i ljuset av Guds ord.

Og denne skire soli,
det er den Herre Krist.
Ho rann den fyrste joli.
vår død sin odd har mist.

Ho syntest vel å siga
på nattmyrkt Golgata,
men kunne atter stiga
mot sky, – halleluja!
I desse strålar milde
er liv og lækjedom.
Dei kjem som gjester gilde
til djupast hjarterom.

Guds kjærleiks sol er runnen
opp yver all vår jord.
Me drikk av helsebrunnen.
Og livsens lilja gror.
No treng me ikkje fæla;
me tillitsfullt fær tru.
Det er ei evig sæla
i Jesu kjærleik bu.

Høyr, Guds englar kved i kor!

Høyr, Guds englar kved i kor:
Ære vere Kongen stor!
Fred på jord og miskunn mild
Gud kvar syndar gjeva vil.
Kvart eit folkeslag, vert med,
sigerskvad med englar kved!
Syng det ut til verdi mødd:
Oss ein frelsar no er fødd!
Høyr, Guds englar kved i kor:
Ære vere Kongen stor!

Høgste himlar hylla han;
lys av lys han nemnast kan,
midt i tidi kom til jord,
føddest av ei fattig mor.
Kledd i kjøt me Gud no ser;
Jesus Krist, velsigna ver,
at du denne drakti vel,
Jesus, vår Immanuel!
Høyr, Guds englar –.

Heil deg på din kongestol,
heil deg, klåre rettferds-sol!
Liv og lys du med deg ber,
lækjedom i strålars her.
Mild du gjesta mann og møy,
føddest so me ei skal døy,
so den arme Adams-ætt
eiga skal din barnerett.
Høyr, Guds englar –.

*Etter Charles Wesley:
Hark, the Herald Angles sing!*

Godt nytt frå paradís!

Melodi: Eit barn er fødd i Betlehem

Godt nytt vert meldt frå paradís.
Me difor kved Guds lov og pris.
Halleluja!

Godt nytt vert spurt frå himmelhøgdi,
i Betlehem, i Juda bygd.
Halleluja!

Godt nytt vert høyrte frå englemunn.
so gled me oss i hjartans grunn.
Halleluja!

Godt nytt vert meldt til hjarta mødd:
Oss er i dag ein Frelsar fødd!
Halleluja!

Godt nytt kjem ned frå høgste hald:
No er me løyst' or myrkers vald.
Halleluja!

Godt nytt vert sagt den gamle jord:
Ein varig fred, ei gleda stor.
Halleluja!

Den store gleda

Melodi: På Gud alene

Den store gleda
Guds englar no oss byd.
Hans lov dei kveda
til himmelharpors lyd!
I ljós dei dalar
frå høgdi ned til jord;
dei til oss talar:
"Fødd er ein frelsar stor!"
Oss sælt hugsvalar
dei gledefylte ord.

Dei engleordi
som tona jolenatt,
om fred på jordi,
dei er vår største skatt.
Me trutt deim gøymer
i hjartans perleskrin;

om me deim gløymer,
dei atter mot oss skin,
og gleda strøymer
so kjeldeklår og fin.

Guds store gåva
til oss er Jesus Krist.
Me han vil lova
for denne livsens kvist.
Han er vår sæla,
han er oss alt me tarv;
me treng ei træla,
men syng om livsens arv.
Før laut me fæla,
men sorg og sukkar kvarv.

Han er ein frelsar
frå all vår naud og natt.
Me glade helsar
vår morgonsol og skatt.
Me slepp fortvila, –
vår sorg i song er bytt, –
mot Gud kan smila,
for domens natt hev flytt.
Me trygt kan kvila;
sjå, alt hev vorte nytt.

Med engleherar
me syng vårt gloria,
vår Frelsar ærar
med høgt halleluja.
Vår natt tok ende,
sjå, dagen lyser klår,
den skatt Gud sende,
hans kjære Son, er vår.
Den sol han tende,
i auster evig står. –

Den store stjerna lyste

Melodi: Jeg vil meg Herre love

Gud gav so dyr ei gåva
til jordi jolenatt,
mens englar honom lova
og song om denne skatt.
Det beste himlen hyste,
var sendt til verdi då.
Den store stjerna lyste.
No kan me vegen sjå.

Ein himmelblom vart planta
i verdsens vinterland.
Me livsens lilja vanta; –
ho opp blant klunger rann.
Og kringom henne brånar
den kalde snø og is,
og yver himlen blånar, –
eit opna paradis!

Eit lite barn vart jordi
sin bergingsmann og von.
Ei fattig møy var mori,
og lell han var Guds Son.
So rein var denne sveinen,
i krybbe-rom lagd ned.
So dyr var denne teinen:
han vart eit livsens tre.

No vil me saman treda
til han i stallen inn.
Med hjartans djupe gleda
me verdsens frelsar finn.

Me ned for han vil falla,
med vismenn hylla han,
og honom konge kalla.
Kor stort at me han fann!

Og ingen mann må vraka
den høge himmelgjest!
Når du hans fred får smaka,
fyrst då fær hjarta fest.
Det store frelses-under,
det må du akta på.
Det vert vel sæle stunder
når du fær Jesus sjå!

Høge gjest – heilage gjest!

Melodi: Glade jul, hellige jul

Høge gjest – heilage gjest!
Fred på jord frå aust til vest!
Fryd og fagnad og von yver grav
Jesus, barnet i krybba gav.
Herre, me høglovar deg.

Sæle stund – heilage stund!
Lovsong steig frå englemunn,
vismenn hylla, og hyrdingar kom,
tilbad deg i ditt krybbe-rom.
Herre, me høglovar deg.

Høge fest – heilage fest!
Fred på jord frå aust til vest,
vår i verdi frå sud og til nord!
Me òg høyrde dei sæle ord.
Herre, me høglovar deg.
Herre, me høglovar deg.

Med englar me syng vårt gloria

Melodi: Jeg vet meg en søvn

Med englar me syng vårt gloria:
Deg, Gud, vere pris og æra!
Deg lovsyng ditt folk på kvar ein stad
ut yver den vide verda.
Hav takk at du ville i din Son
di frelsa til jordi bera!

Du gjesta vår jord med soloppgang,
med framtid og von og sæla.
Det lyser så vent på snøkvit vang;
no tarv me 'kje lenger fæla.
Nei, fridde frå dødsens tunge lov
me treng 'kje i otte træla.

Lik hyrdingar som fekk englebod,
me går til vår dont attende
og lovar vår Gud for tiend god,
det største som jordi hende.
I verdi sin vinter rann ein vår,
det sælaste solar-vende.

Lik mannen frå Etiopia
me fara vår veg med gleda.
Kvi skulle me ikkje vera glad
og solrennings-songar kveda!
Me går mot den evigt ljose dag,
der Gud me skal høgt tilbeda.

Himlen sender helsing

Himlen sender helsing, godt nytt til vår jord, –
høyr det, de vonlause ætter!
Jesus er vorten vår frelsar og bror,
byd oss dei livsæle retter.
Våren er komen til liten og stor, –
vika må verdi sin vetter.

Ver du då velkomen, du himmelske gjest,
du som vår dom måtte taka,
du som med naglar til krossen vart fest,
beiskaste drykk laut du smaka.
Sistpå ditt hjarta i dødsstundi brast, –
bergi då rivna og skaka.

Himlen sender helsing: no alt er gjort vel;
Jesus vår livslagnad vende.
Stungen til døde vart ormen frå hel,
vonløysa tung tok ein ende.
No eg i Kristus er utløyst og sæl.
Solrenning verdi han sende.

Himlen sender helsing: Kom, alle som vil!
Kom til Guds nattverd, den store.
Tak no det riket som høyrer dykk til,
kom til det festduka bordet!
Sidan i æva me lovsyngja skal
verket som Frelsaren gjorde.

Då Jesus kom, stod soli opp

Melodi: Opp, alle som på jorden bor!

Då Jesus kom, stod soli opp, –
ein dag som ei skal døy.

Ho skin so varmt på tind og topp,
velsignar mann og møy.

Då Jesus kom, tok natti slutt,
og myrkret strauk sin kos.
Og me som hev i skuggen butt,
eig no det sanne ljøs.

So takk då, Jesus, at du kom
med vår til vonlaus verd!
I dine strålars lækjedom
det liv og lukka er.

Då Jesus kom, ein morgon rann, –
no ser me grant vår veg.
Han gjeng til livsens framtidland,
og glade dit me dreg. –

Kongen er komen

Melodi: Himmelske Fader

Kongen er komen, –
han som verdi venta,
frelsar frå domen, –
himlen til oss henta.
Fagert det dagna,
og vår vonde lagnad
hev han til herlegdom vendt.

Kristus kan fylla
hjartans trong, den store,
livsdagen gylla, –
som han fordom gjorde.
Alt vil han gjeva,
so me rikt kan leva,
trygt i hans frelsarfamn døy.

Kongen skal koma
i sin Faders rike,
verdi skal døma;
natt og naud må vike.
Sorgi me gløymer,
i all æva strøymer
livsens og lovsongens elv.

Ved nyttårs-tide

Melodi: Jeg vet meg en søvn

Vell ut yver jord, velsigna sol,
som aukar ved nyttårs-tide!
Du vende so vent innunder jol
og sender oss strålar blide.
Å Herre, send no ditt nåde-ljos
alt ut yver verdi vide!

Vell ut yver jord, velsigna straum,
i myrker og natt og kulde!
Me vende oss burt frå ljøsens flaum,
og dagen frå Gud seg dulde.
Å Herre, send ut ditt kjærleiks-vell,
til landi av ljøs vert fulle!

Er morgonen kald og natti lang,
det ljøsna då vent omsider.
Det glitrar og glim på vidd og vang,
der snøen ligg vinterstider.
Å Herre, lat ljøset auka på
mens ut det mot æva lider!

17. mai

Guds rike i Noreg

Melodi: Kom hit til meg!

Guds rike fekk ein fager vår
her oppe i vårt høge nord, –
det var so lyst i landet.
Vårt Noreg ligg mot Nordhavs pol,
men fagert som ei midnattsol
skein ljøset frå Guds Ande.

Gud, du var god mot Noregs land:
Du opna vidt di fader-hand:
du vår og sumar sende.
Dei gjekk, dei mange hundrad år,
men enno lyser soli klår, –
og skin til livsens ende.

Guds rike kom til far og mor,
med fred til mang ein heim i nord.
Dei levde til Guds æra.
Og mang ei møy og liten svein
på livsens vintre vart ei grein
som fager frukt fekk bera.

Vår Gud, so hav då evig takk
fordi det til vårt heimland rakk,
det ordet utan like!
Ja, atter takk, all nådes Gud,
takk for det reine rettferdsskrud,
for Jesu Kristi rike!

KVILEPLASS VED KLÅRE KJELDOR

*Livsens laug og Herrens bord,
helgedag og bøneord.*

Eit livsens laug åt våre små

Melodi: Å, la din Ånd nu med oss være!

Ei livsens kjelda Gud oss laga,
so sælt eit laug åt våre små.
Med song i sjeli vil me draga,
til dåpens bad med borni gå.

Hav takk, o Gud, for denne kjelda!
Kvar Adams son og dotter treng
at hennar straumar fritt fær vella,
med lækjedom til borni gjeng.

Du gav oss denne spede blomen;
no gjev me han igjen til deg.
Han er 'kje langt i livet komen;
å Herre, signe du hans veg!

Tak du han no, og lat han vera
ein liten livsens vintre-kvist,
som seinare kan frukter bera,
her nede og hjå deg til sist!

Til namnet åt vår Gud og Fader,
Guds Son og Heilag-Anden god
me no den vesle skapning badar.
Då vatnet vert ei livsens flod.

Eg fekk eit laug

Melodi: Kom hit til meg enhver især!

Eg fekk eit laug i livsens å, –
no all min dag eg lova må
min Gud for denne gåva.
No lever eg, og skal ei døy, –
om holdet visna lyt, som høy,
mi ånd skal Herren lova.

Eg fekk eit laug i livsens å,
og kvar ein dag på nytt kan gå
til denne klåre kjelda.
Der tvår meg Jesu soningsblod,
og der eg fær det frie mod, -
ein fred som støtt skal gjelda.

Og eingong skal eg sæl få stå
i paradís ved livsens å,
og i Guds gleda anda.
Der ljodar ljuvleg harpelåt,
forutan sorgmod, sukk og gråt.
Kor godt hjå Gud få landa!

Velsignede trøst

Melodi: Opp, søteste sang!

Velsignede trøst:
fra livet sin morgen til seneste høst
du alle vil eie, velsigner de små,
og husker på den som er gammel og grå.
I dåpen du kjærleg tar barnet i favn
og hvísker dets navn.

For barnet sitt sinn
du himmelen åpner og lukker oss inn.
Så hjelp oss da, Herre, å være blant dem
som salige arver det evige hjem,
som kjærlig du signer og tar i din favn
og nevner ved navn!

Nattverd

Melodi: Med Jesus vil eg fara

Det er den største æra
som nemnast kan på jord:
ein gjest hjå Jesus vera
og benkast ved hans bord.
Der gjeng han sjølv til hande
og nattverd med oss held,
og styrkjer ved sin Ande
den pakt som evig gjeld.

So kom då, sysken kjære, -
til Herrens bord me går,
der me med han får vere
og all hans kjærleik får!
Seg sjølv han der vil gjeva
i brød og vin til oss,
so me skal sæle leva
ved krafti frå hans kross.

Me treng dei stille stunder
der livsens kjelda flyt.
Det er eit heilag under;
me himmel-manna nyt.
So styrkjest pilegrimen,
og lengtar til den gong
då han i æve-glimen
skal syngja Lammets song.

Ved Herrens bord

Melodi: Din dyre ihukommelse

So skulle eg den nåde få
til Herren Jesu nattverd gå!
Av alle gleder her på jord
er ikkje ei som denne stor.

Her klårt mitt hjarta kjenna kan
dei sterke, fine samfunnsband
med Jesus sjølv og alle deim
som fylgjer han på vegen heim.

Og eitt eg er med alle som
ut or den store striden kom,
av alle ætter, frå den gong
det fyrste nattverds-kvad dei song.

Å vera Herren Jesu gjest,
det forsmak er på livsens fest.
Han millom sine vener stend,
hans kjærleik varmt imot oss brenn.

Og alt han ved si liding vann,
han fullt og fritt oss gjeva kan:
forlating, liv og freden god,
som frukti av hans dyre blod.

Og sjølv han seg til sine gjev.
Mi sjel, so syng Guds lov, og lev!
For han vil leva sjølv i deg
kvar dag du gjeng den gode veg.

Her ved hans sæle nattverdbord
me kjem i hug den nye jord,
der me skal samlast til Guds fest
og vera Jesu heidersgjest.

Kvar gongen her me brødet bryt,
kvar gongen her me vinen nyt,
forkynner me hans død, til han
kjem att og løyser alle band.

Å, sæle stund når dagen kjem
då i det ny Jerusalem
me benkjer oss ved Herrens bord
med frelste frå den heile jord!

Då ingen ting oss tyngjer meir;
av sorger finst det ikkje fleir.
I livsælt samfunn med Guds Son
me gled oss i ei evig von.

Der livsens straumar stille flyt,
og himlens manna aldri tryt.
Der stillest hjartans djupe trong,
der tonar sælast gledesong.

Men til den store dagen renn,
av lengting tidt mitt hjarta brenn.
Men du meg huggar med ditt ord,
og mettar meg ved Herrens bord.

I heilag nattverd-stund

Melodi: Jeg vil meg Herren love

Her ollar livsens kjelda,
her surlar livsens brunn,
og sæle straumar vella
i heilag nattverd-stund.
Her fær eg sjå og smaka
den kjærleik grenselaus,
som krossen ville taka,
i dødsens dalar fraus.

Dei naglemerkte hender
no byd meg livsens brød,
og staupet han meg sender,
med frukti av sin død.
Den mat min hunger stettar,
og lækt vert kvart eit sår
når kjærleg han meg rettar
velsignings-kalken klår.

Han styrkjer samfunns-bandet
med seg og alle deim
som er på veg mot landet,
vår ævelege heim.
So ogso eg skal vinna
i kraft av Kristi blod.
So ogso eg skal finna
Guds kvila, ljuv og god.

Velsigna millom dagar

Melodi: Jeg vil meg Herren love

Velsigna millom dagar
er kviledagen min.
Då i Guds blomehagar
eg vandrar ut og inn.
Der er det godt å kvila
ved stille vatn i fred
og sjå Guds åsyn smila
i miskunn til meg ned.

Då kan det stundom henda
ved Herrens rike bord
at eg ei frygd fær kjenna
som ei kan finna ord.
For Herren Jesus rører

ved hjarta med si hand;
ein heilag eld han nører
som sjeli set i brann.

So sæl ein forsmak er du
på æve-kvila god.
Min Herre Jesus, ber du
meg fram til denne ro!
Alt meir mitt hjarta stundar
til kviledagen der,
då eg i livsens lundar
er Jesus alltid nær. –

Haldt helg – du folk i høge nord!

Melodi: Kom hit til meg!

Haldt helg, du folk i høge nord!
Å, land, land, land, høyr Herrens ord!
Då skal i ljøs du leva.
Det folket gjeng på lukkeveg
som glad til Herrens tempel dreg,
vil honom hylling gjeva.

Den dagen kvile møy og mann,
og kvart eit liv som kvila kan,
mot himmelen seg vende!
Då skal det ganga Noreg vel,
og ætti vår skal leva sæl, –
til tidi her tek ende.

Den dagen hev ein eigen dâm;
ja, han er alle dagars blom,
og landet ligg og kviler.
Det andar fred i bygd og by
frå tidleg sabbatsmorgon-gry
til aftansoli smiler.

Det ervegull du vare vel!
Det folk som denne perla sel,
gjeng inn i dødsens dalar.
Det vert so skum og kald ein kveld,
og skugge yver landet fell, –
når Gud ei lenger talar.

I Noregs merke krossen stend;
vår Gud, imedan åri renn,
eit krossmerkt folk me vere!
Dei gamle og vår beste blom
du verne imot heidendom,
og livsens vegar lære!

Som sæden fornemmer Guds velbehag

Som sæden fornemmer Guds velbehag
i fattig og stenet muld,
så lovsyng din Gud, du min sjel, i dag,
om vegen av vansker er full! -
For kraften og viljen, for spenstig gang,
for klare og strenge bud,
for jordisk gjerning og hjertets sang
jeg takker deg, himlenes Gud.

Den kommer så stille, din hviledag,
med fred og med hellig ro.
Ditt krav er så stort og min kraft så svak,
så lær meg, o Herre, å tro,
å vie mitt verk til ditt rikes sak,
og glemme mitt eget liv!
Den byrdes vekt som gjør ryggen rak,
du, høsttidens Herre, meg giv!

Å, led meg med enkle og trygge ord
hver dag i ditt rike inn,
og lær meg å minnes at denne jord,
og ikke blott himlen, er din,
at her skal jeg følge ditt store bud,
med kjærlighets hjertelag;
men mål meg etter din mildhet, Gud,
en gang på oppstandelsens dag!

Etter Bengt E. Nyström:

Som sådden förnimmar Guds välbehag

Kvileplass ved klåre kjeldor

Kvileplass ved klåre kjeldor
er den sæle sabbatsdag.
På dei grøne, vene vangar
livsens blomar ljuvleg angar,
Anden sjølv med oss held lag.

Dag imillom alle dagar
kjem med høgtid, helg og fred,
om Guds store miskunn talar;
dogg og manna til oss dalar
ljuvleg frå det høge ned.

Å, kor kan me nok deg prisa
for den gåva dyr og god!
Freden legg seg yver landet;
ved ditt ord og ved din Ande
styrkjer du vårt veike mod.

Mange slike kvilestader
fær den trøytt ferdamann,
helsar dei med hjartans fagnad,
takkar for so sæl ein lagnad
på vår veg til livsens land.

Når omsider kyrkjeklokka
slær for meg det siste slag,
lat då, døyande, mitt øyra
livsens klokke tonar høyra
frå Guds store kviledag!

Herre, du gav oss ditt evige ord –

Herre, du gav oss ditt evige ord,
deg vil me takka og lova.
Dag etter dag dukar kjærleg du bord,
byd oss den dyraste gåva.
So skal me trygt i di vern og di vakt
virka og vaka og sova.

Herre, du gav oss ditt levande ord, –
no tarv me ikkje fortvila.
Livsvoni lyser og liljone gror,
og me ser himmelen smila.
Frelsaren vann oss ein æveleg vår,
og i den tru fær me kvila.

Herre, du bad oss å bera ditt ord
ut til dei ventande landi.
Natti er kolmyrk, og naudi er stor,
sterke dei trælkannde bandi.
Takk, me får hjelpa vår fattige bror!
Stundande stend han på strandi. –

Ein sus av stille hender

Melodi: Jeg vil meg Herren love

Ein sus av stille hender
som lyftest opp mot Gud,
frå fjerne ishavs-strender
til palme-øy i sud, –
ein bøne-her kring jordi, –
so langt som grenser går, –
ein stille sus av ordi
frå einfeldt ”Fader vår”!

Ein sus av stille hender
frå alle folkeslag
når morgonsoli tender
eit gry, og det vert dag.
I lyse middagstimar
og ut mot kvelden klår
det tempelklokkor kimar
til heilagt ”Fader vår”. –

Ein sus av stille hender, –
er handi di òg med
imillom dei som vender
sitt hjarta mot Guds fred? –
Det er so godt å standa
i denne bøneher.
Det er so godt å blanda
sin song med skaren der.

Ein sus av stille hender,
ein heilag høgtids-song
til han som ser og kjenner
vår naud og djupe trong.

Og om det stundom varar
før hjelp og råd me får,
i rette stund han svarar,
og gjev ein glede-vår.

Ein sus av stille hender, –
i Jesu namn dei bed, –
i byar og i grender,
og englar dalar ned. –
Og når ved glarhavs-strender
me stend, på nyskapt jord:
ein sus av stille hender
ifrå det kvite kor.

Ingen bønn er bedt forgjeves

Melodi: Overmåte fullt av nåde

Ingen bønn er bedt forgjeves
når i Jesu navn du ber.
Han som skuer ned på jorden,
hjertets trang og lengsel ser.
Hver en gang i bønn du banker,
springer opp en lukket dør, –
selv om du på svar må vente.
Herren ennå under gjør.

Be, så skal I få! sa Jesus.
Gud er rik, hans miskunn stor.
Uten å bebreide gir han,
gjerne og med milde ord.
Be om vern, og be om visdom,
langt mer verd enn jordens gull!
Be om mer av Åndens frukter,
kjærligheten underfull!

Mer enn alt vi her kan fatte, –
langt utover vår forstand, –
når med bønnens hånd vi banker,
Herren gjøre vil og kan.
Å, så bruk den gylne nøkkel,
be, og bli så ikke trett!
Sine barn han vil miskunne,
hjelp dem til deres rett.

Livets småting, og de store, –
bring det fram for ham i bønn!
Dine lønndomsfulle lengsler,
nevn dem alle for Guds Sønn!
Han vet best hva barnet gagnar,
gir deg det du trenger til.
Kraft til livets bratte bakker
han så gjerne gi deg vil.

Vi folder våre hender

Melodi: Med strålekrans om tinde

Vi folder våre hender,
vi som på jorden bor,
fordi på lysets Fader
og livets Gud vi tror.

Vi folder våre hender
i demrings-stunden still.
For Jesu skyld, o Herre,
vær miskunnsam og mild!

Vi folder våre hender
i dagens strid og kav,
og takker for den gave
som Gud i Kristus gav.

Vi folder våre hender
når dagen dør til sist.
Vi legger oss til hvile
i tro på Jesus Krist.

Vi folder våre hender
når nøden banker på,
når gledebølger glitrer
og himmelen er blå.

Vi folder våre hender
og ber for alle dem
som strir den gode striden
og går mot samme hjem.

Vi folder våre hender
når båten går i havn.
En sist bønn vi hvisker –
og dør i Jesu navn.

Å be er å banka på himmelens dør

Å be er å banka på himmelens dør, –
so einfeld er bøni sin veg.
Dei høyrer derinne, om handi er veik,
og porten skal opnast for deg.

Å be er å tala som barnet med far,
og nemna sin tarv og sin trong.
Han veit kva du treng, han gjev gjerne og rikt,
og svaret skal koma ein gong.

Å be er å nemna det dyraste namn, –
for hans skuld du fær det du tarv.
Han vann oss på Golgata ævelivs gull,
ein evig, uvisneleg arv.

Å be er å gå i Guds heilagdom inn,
frimodig, har Frelsaren sagt.
Og hjelpi, ho kjem i den tid som er best.
For Herren hev miskunn og makt.

So ver i Guds tempel ved dag og ved natt,
og banka ved gry og ved kveld!
Då rik skal du verta, for ausa du fær
av evige, botnlause vell.

Like inn til nådens trone –

Melodi: Overmåte fullt av nåde

Like inn til nådens trone
får i Jesu navn jeg gå.
Å, hvor stort i Herrens nærhet,
i hans helligdom å stå!
Å, hvor salig å få ånde
inn den dype tempelfred,
møte miskunnhet og nåde
for hans skyld som for meg led!

Herre, du har åpnet veien
ved ditt blod som for oss rant.
Inn i helligdommen gikk du,
og en full forløsning fant.
Nå skal vi få følge etter,
til den kvite trone gå.
Å, hvor stort at vi derinne,
hjelp i rette tid skal få!

Jesus, i ditt dyre namn

Melodi: Jesus er mitt håp, min trøst

Jesus, i ditt dyre namn
samlast me ved nådebordet.
Og du opnar mildt din famn,
møter oss med miskunns-ordet.
Himmeldogg i hugen fell;
takk for dette signingsvell.

Jesus, djup er hjartans trong,
du er livsens rike kjelda.
Lat i miskunn enn ein gong
dine nådestraumar vella!
Då i åndi me oss gled,
lov- og takke-salmar kved.

Herre, du hvis hjerte gjemmer –

Herre, du hvis hjerte gjemmer
hellighet som allting dømmer,
kjærlighet som tilgir alt,
som vil døde for å føde
oss på ny som fra deg falt, –

Deg vi ber: Å, la oss kjenne
at den ild som vil oss brenne,
kjærlighetens lue er,
at den vrede vind kan lede
hjem til deg den du har kjær!

Rikt med tårer marker øde
vannet du, så de gir grøde,
liv og overflod igjen.
Roser mange gir sin ange;
blomstre skal selv ørkenen.

Der vi enn i angst må høre
verdenslarmen nå vårt øre,
helgeklokker lyder dog.
Gjennom lyse hvelv skal bruse
påskesalmers jubeltog.

Før oss atter på de gamle
stiene – ei mer vi famle
hver sin egen dunkle veg!
Vi oss bøyer, deg opphøyer,
Herre Jesus, bare deg!

Deg vi ene vil berømme,
som i vrede alt kan dømme
og i nåde tilgi alt,
som vil døde for å føde
alt på ny til ny gestalt.

Etter E. Liedgren

Der vår Fader dukar bord –

Der vår Fader dukar bord,
signing til oss strøymer.
Der det lyder himmel-ord,
freden fagert fløymer.
Du let opp di rike hand,
med di miskunn mettar mann.
Lov og takk skje Herren!

*Etter Steinn Sigurdsson:
Thar sem Drottin ber à bod*

VED KJÆRLEIKENS HAV

*Evige tankar til liv og fred,
kjærleik som heilar og hugen gled.*

Frå evige tider du tenkte på meg

Melodi: Det mange skal komme

Frå evige tider du tenkte på meg, –
i undring mitt hjarta no bankar.
Hav takk at i æva du valde min veg
og tenkte so kjærlege tankar!
Ver lova, vår Gud i det høge!

Frå evige tider du barnekår gav,
ved Jesus, vår Herre og frelsar.
Han døydde for oss, men stod opp or si grav,
og no som sin bror han meg helsar.
Ver lova, vår Gud i det høge!

Frå evige tider du valde meg ut,
at din eg for alltid skal vera.
Du himmelens herlegdom gav meg til lut, –
å du for ein arv, for ei æra!
Ver lova, vår Gud i det høge!

Du valde meg ut, for du ville det so,
oss frelsa frå syndi sin våde.
Det var 'kje fordi eg var from eller god, –
det var av ufatteleg nåde.
Ver lova, vår Gud i det høge!

På evige urfjell er huset mitt bygt, –
Gud lagde i miskunn dei murar.
I sværaste stormar det difor stend trygt, –

når brått lyder doms-englars lurar.
Ver lova, vår Gud i det høge!

Kor godt å få minnast den evige pakt,
Guds frie, urikkande vilje!
Det fins ikkje velde, det finst ikkje makt
som kan frå hans kjærleik oss skilje.
Ver lova, vår Gud i det høge!

Jesus hadde meg i tankar

Melodi: Jesus, styr du mine tanker!

Jesus hadde meg i tankar
då i æva han sa ja:
Eg er viljug til å gjeva
blodet mitt på Golgata. –
Jesus hadde meg i tankar
då han bad den siste kveld:
Far, eg bed at alle mine
fast i handi di du held!

Jesus hev meg stødt i tankar
i sin himmel-heilagdom.
Der han ber meg på sitt hjarta,
lagar til eit vererom.
Å, kor stort at han meg minnest,
hev meg kjær og for meg bed,
dag og natt til eg fær fara
til det gode land i fred!

Guds kjærlighet når til det dypeste dyp

Guds kjærlighet når til det dypeste dyp
og ned i de dunkleste grunner.
Han elsker det usleste, urene kryp,

i kraft av sin kjærlighets under.
Å, var du enn største synder på jord,
han byr deg til gjest ved sitt rike bord.

Guds kjærlighet ofret det største av alt
da Sønnen til verden han sendte.
Han *stod* der hvor slektene vaklet og falt!
oppstandelses-faklen han tente.
Men ingen kan fatte hans sjele kval
da dypt han steg nedad i dødsens dal.

Nå flommer Guds kjærlighets varmende vell, –
den alle, ja, alle vil eie.
Den søker det tapte, ved fjord og ved fjell,
langt utover hav, over heie.
Den løfte deg lint fra det dype fall.
Så følg da Guds kjærlighets klare kall! –

Og engang – når uro og angst er endt
og evighetsåret er inne,
Guds kjærlighets-sol som fikk lyset vårt tent,
blir jordlivets vakreste minne.
Og det blir det største vårt hjerte vet:
En endeløs dag i Guds kjærlighet. –

Ved kjærleikens hav

Melodi: Opp, søteste sang!

Frå vogga til grav
eg bur ved eit endelaust kjærleikens hav.
Det bårar imot meg om morgon og kveld,
Guds kjærleik sitt evige, signande vell.
Eg skal ei fortapast, – han Sonen sin gav
mot gru og mot grav.

Kor stort å få tru!
Kor sælt attved kjærleikens hav-djupner bu!
Når vorsoli glimar, når haust-stormen kvin,
når sumaren smiler, når nysnøen skin,
i yngd og i elde, i gleda og gru,
kor stort å få tru!

Ja, elska av Gud,
og kledd i hans rettferd, det skinande skrud,
der vel eg er verna, frå stund og til stund,
til sylvsnori slitnar og krukka gjeng sund.
Då sæl skal eg skoda, bak gru og bak grav,
Guds kjærleik sitt hav.

Guddomskjærleik utan like

Guddomskjærleik utan like,
himmelgleda kom hit ned,
oss å gjera evig rike,
signa oss med ljøs og fred.
Jesus, du all miskunns kjelda,
kjærleik grenselaus og rein,
lat di frelsa mot oss vella,
fri oss ut frå synd og mein!

Kom, allmektige, ver hjå oss,
lat oss all din yndest få!
Du må aldri gå ifrå oss,
aldri frå ditt tempel gå!
Då me skal 'kje døy, men leva;
sist hjå deg me høgtid held,
syng og signar deg i æva,
gled oss i din kjærleiks vell.

Guddomskjærleik utan like,
ingen annan er som du:

Angest, natt og naud må vike
når du sjølv i oss vil bu.
Gjesta du vår låge stova,
du som livet for oss gav!
Deg me skal i æva lova
for din kjærleiks djupe hav.

Kjærleiks hav! Kjærleiks hav!

Etter Charles Wesley:
Love Divine! all Love Excelling

Gud elsker – fordi han er kjærleik

Melodi: Det mange skal komme

Den fagraste tonen som finst i vår verd,
han hugen vår fyller med fagnad.
Useieleg sæle den songen oss gjer,
uendeleg lys vert vår lagnad:
Gud elsker, fordi han er kjærleik.

Og var det 'kje so, – kor me fattige stod!
Men no er me endelaust glade.
I undring me høyrer det herlege bod,
og jublar det evige kvadet:
Gud elsker, fordi han er kjærleik.

So er då 'kje livet vårt vonlaust og kaldt;
me tarv ikkje grua og gråta.
Ein song hev me høyr, han gjev svaret på alt,
og løysing på livet si gåta:
Gud elsker, fordi han er kjærleik.

So finst det eit hjarta som bankar for oss,
som elska oss hev ifrå æva,

eit hjarta som brast på den blodsulka kross, –
som døydde, so me skal få leva, –
som elsker, fordi Gud er kjærleik

Du tenkjer på meg i ditt rike

Melodi: Hvo ene lader Herren råde

Du tenkjer på meg i ditt rike,
den tanken gjer meg trygg og glad.
Dei tyngste suter då må vike,
og sjeli syng eit vonfullt kvad.
Kor godt på livsens pilgrimsveg:
Du, Jesus, tenkjer òg på meg.

Eg her i framandlandet vankar
og stundom mødd og modlaus dreg.
Då ottefullt mitt hjarta bankar,
men kan eg, Jesus, minnast deg,
og at du tenkjer på meg enn,
ein soldag ny i sjeli renn.

Då du på krossen måtte lida –
vår synd det var som nagla deg –
ein røvar i si store kvida
deg bad: Å, Jesus, tenk på meg!
Og du han gav eit paradís;
der syng han æveleg din pris.

I heilagdomen ved Guds trona
du trufast talar saki mi.
På Golgata mi synd du sona,
og difor gjeng eg frelst og fri.
Di gjerning er mi rettferds-skrud;
i henne stend eg rein for Gud.

Det er mi trøyst i tyngste våde,
at om eg djupt uverdíg er,
so gjev du meg ein evíg nåde
og på ditt hjarta trutt meg ber.
Min Herre Krist, eg takkar deg:
Du i ditt rike minnest meg.

Å, store løyndoms djup

Å, store løyndoms djup!
Min Gud, når eg fær sjå:
du heilag, heilag er,
som dust eg ser meg då.
Sjølv reine englar løyner seg
når, Herre, dei fær skoda deg.
Å, store løyndoms djup!
Du døden leid for meg.

Å, store løyndoms djup:
når eg din kjærleik ser,
eg sanna lyt at eg
uverdig til han er.
Sjå, englar sæle prisar seg
når dei vert sende ut for deg,
Å, store løyndoms djup:
du kallar også meg.

Å, store løyndoms djup:
Ditt barn eg vera får,
eg som har gjeve deg
so mange slag og sår.
Ja, krossens tunge pinsleveg,
den hev eg, Jesus, valda deg.
Å, store løyndoms djup:
Du, Herre, elsker meg.

Å, store løyndoms djup:
til det eg frimod finn
for Jesu Kristi kross
deg kalla Fader min.
Kjerubar sæle prisar seg
når dei fær sjå ein skimt av deg.
Å, store løyndoms djup:
Du, Herre, famnar meg.

Etter Bjarni Eyjolfsson: The blessed Sacrament

Morgonstjerna i Guds rike

Melodi: Saligheten er oss nær

Jesus er min hjartans skatt,
morgonstjerna i Guds rike, –
for det ljøs må myrkret vike,
dagen gryr i djupast natt.
Takk for denne ljose lagnad,
at di sol i sjeli rann!
Takk for fred, og takk for fagnad,
som ved kjelda klår eg fann!

Jesus, hev eg berre deg,
eig eg alt til liv og sæla.
Og då treng eg ikkje fæla
om eg gjeng alt kjøt sin veg.
Du hev stridt, og du hev vunne;
dødsens nøkkel, den hev du.
Full utløysing hev du funne,
bygt ei evig himmelbru.

Herre over liv og død,
sigervinnar utan like,
råder i eit evig rike,
byd oss livsens urt og brød.

Om mitt hjarta enn må beva,
eig eg endå trøyst og von:
Eg skal ikkje døy, men leva,
evig lova deg, Guds Son.

Stillfarande Frelsar

Stillfarande Frelsar, du tenar-drakt bar,
so audmjuk og spaklynd, men konge du var.
Du trong ikkje kle deg i purpur-raudt skrud,
for endå me sannar: Vår Herre og Gud!

Kven skulle me gå til om ikkje til deg, –
du – sanningi, livet, vår einaste veg? –
Og er me av sanningi, høyrer di røyst,
då fangar vårt hjarta den evige trøyst.

Du naglast til krossen, – kvar var då di makt?
Ei krunga av klunger var kongen si pakt!
Men høgt vart du lyft, til Guds herlege slott.
Me hyller deg, Herre, du allheimens drott.

Jesus – det er deg vi trenger

Melodi: Dyre bord som Jesus dekker

Jesus, det er deg vi trenger;
lengselsfullt ved deg vi henger, –
vi er intet, du er alt.
Du er rik, og vi er arme,
vi er kalde, du har varme,
du har all vår gjeld betalt.

Jesus, alt i alle er du;
på ditt hjerte dine bær du, –
varmt du elsker hver og én.

Og din kjærlyghet ei trettet;
ved ditt rike bord vi mettes, –
nok til hver en vintre-gren.

Jesus, våre kar er tomme;
derfor må til deg vi komme
med vår nød, vårt nederlag.
Vi med synd deg bare trettet,
men du fallet vårt opprettet
på den store korsets dag.

Jesus, ditt er riket, makten, –
vår er arven, rettferdsdrakten, –
du oss vant den rene skrud. –
I de kvite høgtidskleder
vi en gang frimodig treder
fram for tronen, for vår Gud. –

Gud, ver meg syndar nådig

Melodi: Velt alle dine veie!

Gud, ver meg syndar nådig!
Av hjartans djup eg ber.
No ser eg mine brester,
og du mitt hjarta ser.
Eit fjell av skuld seg lyfter,
av ureinskap eit hav.
Å, Herre, ver meg nådig,
du som din Son oss gav!

Eg villast vekk frå vegen;
eg stridlynt var, og stiv.
Dei mange såre minne
som tornar sjeli riv.
Din kjæleik hev eg såra,

eg livsens lovar braut;
men lell du hev meg skona.
Ditt langmod ikkje traut.

I lettsinn tidt eg krenkte
Guds høge majestetet.
Når no eg dette minnest,
mitt arme hjarta græt.
Nett som eit sulka klede,
ei stungen urt, det er.
Å, Herre, ver meg nådig!
Av hjartans djup eg ber.

Vel er eg verd å støytast
i helheims-djupet ned,
for eg mot deg hev synda,
og saknar sårt din fred.
Å, Herre, vil du høyra,
di miskunn la meg få!
Rettferdiggjord av nåde
då glad eg heim fær gå.

Kven skulle me gå til?

Kven skulle me gå til, o Jesus, –
du hev då det levande ord,
som gjev oss det evige livet
alt medan me vandrar på jord!

Me var av dei vonlause ætter
om du, Jesus, ei var vår bror.
No syng me i fryd, for me famnar
det evige livet sitt ord.

So stutt er vår dag, – snart det kveldar,
og blommar på gravbakken gror.

Me mister 'kje modet, me minnest
det evige livet sitt ord.

So kom då til Frelsaren, alle, –
de borni, du far og du mor!
Då skal oss til paradís leida
det evige livet sitt ord.

Og når me so eingong der heime
er benka om himmelens bord,
då lovsyng me Jesus, som gav oss
det evige livet sitt ord.

*Gå frå meg, Herre,
eg er ein syndig mann!*

Melodi: På Gud alene

Gå frå meg, Herre, –
eg er ein syndig mann! –
men veit at berre
ved deg eg leva kan,
Eg er uverdíg
å vera i ditt lag; –
om enn iherdig
eg strevar natt og dag,
eg vert 'kje ferdíg,
eg tapar kvart eit slag.

Men, kjæleiks kjelda,
du ikkje frå meg går;
du mildt vil stella
og grøda mine sår.
For meg du blødde
i krossens harde stund, –
då blodet flødde,

du reiv mitt skuldbrev sund,
gjev no den mødde
di kvild på fullgod grunn.

So får eg vera
med deg i venelag,
og betre læra
di sanning dag for dag.
Din kjærleik fløymer,
vert aldri mødd og mod;
mi synd du gløymer
for krossens dyre blod.
Di signing strøymer, –
ei evig livsens flod.

For denne gåva,
for dette samfunns-band,
eg deg vil lova
kvar dag i jordlivs land.
Du stridde herdig,
og kjøpte dyrt di brud;
no er eg verdíg
i ditt, det reine skrud.
No er eg ferdíg
å gå i fred til Gud.

Eg synda mot kjærleikens heilage bod

Melodi: Det mange skal komme

Eg synda mot kjærleikens heilage bod,
Guds farshjarta djupt hev eg såra.
For syndefalls-gifti, ho brenn i mitt blod,
so tidt vart eg dregen og dåra.
Min Gud, ver meg syndaren nådig!

Å, kunne eg gråta av tårar eit hav,
eg brotet mitt lell ikkje sona.
Eg kunne 'kje velta mi syndebyrd av, –
og vonlause songane tona.
Min Gud, ver meg syndaren nådig!

Kor stort: det var ein som tok skuldi på seg, –
han måtte for syndi mi svida.
Han trådde den tornfulle, krossmerkte veg,
no stend han som ven ved mi sida.
Min Gud, ver meg syndaren nådig!

Til æveleg tid vil eg høglova han,
kvar dag til hans æra vil leva.
Hans hjarta i lidinga loga og brann, –
no heilt eg til han vil meg gjeva.
Min Gud, ver meg syndaren nådig!

Du er velkommen heim!

Du er velkommen heim,
du som din Far forlet,
drog ut i verdsens sveim, –
i sorg hans hjarta gret.
Vart mange dine brot, –
han gjerne tilgjev deim.
Om ille du fór åt,
du er velkommen heim.

Velkomen heim til Far
og til hans rike bord!
Om ingen ting du har, –
er armast mann på jord, –
han gjev deg sko og ring
med fager glimestein.

Sjølv er du ingen ting, –
eig retttferds-drakti rein.

Velkomen heim du er,
frå verdi tom og trong
til stova ljøs og kjær!
Der lyder gledesong.
Kom heim frå framandt land,
frå vond og vådleg veg!
Med hjarta sitt i brand
enn ventar Far på deg.

Den opne dør

Melodi: Tenk når engang!

Ei opna dør inn i Gud Faders hjarta, –
det frukti er av Jesu frelsarverk.
Kor stort å gå den vegen inn til livet,
ved Kristi nåde verta sunn og sterk!

Ei opna dør, kvar stengsla ned er fallen, –
i Jesu hjarta vreidens piler gjekk.
Med blod betalte han vår skuld, den store,
og me ei full og fri utløyising fekk.

Ei opna dør til Jesu Kristi rike, –
so kom med frimod, himlen ventar deg!
Sjå, alt er reide, ingen kan deg meinka
å gå til livsens land den vigde veg.

Ei opna dør, so kom då alle, alle!
Det store tilbod ingen må forsmå!
Ja, me vil koma til Guds faderhjarta,
med takkesong vil inn til livet gå.

Ei opna dør, – inn til so rik ei gjerning,
til livsens kjelda visa andre veg.
Ei opna dør inn i Guds sæle himmel,
der me skal lova Herren æveleg.

Himmelrikets portar står opne i dag

Melodi: Ingen vinner fram

Himmelrikets portar
står opne i dag,
inn til Guds evige gleda.
Fylg då det linne
og lokkande drag,
lat ikkje fåfengt deg beda!
Mange røyster ropar:
”Gjer det ikkje nå!
Om du enno ventar,
vert det nok ei råd.”
Det er dødens andepust, –
vakta deg, ven!
Lat ikkje livs-lilja visna!

Heimlands-klokkor helsar, –
å, høyrer du deim
der uti verdi du vankar?
Faderen er det
som vinkar deg heim;
hjarta hans varmt for deg bankar.
Barnekår han byd deg,
heilag høgtidsdrakt,
seier deg dei beste
ord han kan få sagt,
leider deg kjærleg
til festbordet inn.
So tek de til vera glade. –

Då gjeng vegen ikkje
mot kveld og mot natt,
men mot ein dag utan ende.
Tak då den sæle
og skinande skatt, –
bruene bak deg du brenne!
Kom i denne stund,
å, kom i Jesu namn!
Då du finna skal
ein open faderfamn.
Aldri i æva du angrar ditt val.
Ver då velkomen til Jesus!

Kom – men kom som eit lite barn!

Kom, men kom som eit lite barn, –
det hjelpelaust alltid er!
Det legg seg trygt inn til far sin barm.
Han barnet på armen ber.

Kom – men kom som eit lite barn,
so tillitsfullt, utan tvil.
Du trygt kan koma i Jesu namn.
Deg ventar Guds fadersmil.

Kom – men kom som eit lite barn, –
det ventar alt godt av far!
Det inkje eig, men det allting får,
og alt det i heimen har.

Kom – men kom som eit lite barn!
Kor godt å få koma slik!
Du fattig er, men du eig ein Far,
uendeleg god og rik.

Kristi brud

Melodi: Overmåte fullt av nåde

Elska med ein evig kjærleik,
kjøpt til Gud med Lammets blod,
til eit liv i Herrens nærleik
gjennom æva ljøs og god,
kledd i reine, kvite klede
– Kristi rettferds klåre skrud –
eigande ei evig glede,
ventar Jesu Kristi brud.

Teken opp or syndedjupet,
sett på trygg og fjellfast grunn,
berga frå det store stupet,
frå den myrke avgrunnsbrunn,
atterfødd til heilag livnad
og til strid mot vondskaps her
eig ho livsens dyre givnad,
vandrar mot ei evig verd.

Aldri, aldri meir ho tregar
– der ho i si lukka står –
at ho valde livsens vegar
og kvar dag mot ljøset går.
Stor og strid renn syndeflaumen,
nærmare mot stup og foss.
Tvegen rein i nådestraumen
sterk ho stend ved Kristi kross.

Ver du mitt liv

Melodi: Å, ver hjå meg!

Ver du mitt liv! – i dødsens dal eg gjeng,
og kvar ein dag eg livsens straumar treng.

Eg skal 'kje døy, men leva æveleg
når du, min store Frelsar, bur i meg.

Ver du mi trøyst når sorgi tyngjer ned!
Med di hugsvaling du mitt hjarta gled.
Når gråten kjøva vil mi redde røyst,
min store Frelsar, ver mi trygge trøyst!

Ver du mitt frimod! – i ditt dyre namn
eg vågar meg inn i Guds faderfamn.
Eg like fram til nåde truna går,
med hugheilt mod, ved Jesu blod og sår.

Ver du mi kraft, min styrke år for år!
Då sjølv dei bratte bakkar opp eg går.
Eg veit so vel: eg veik og vesal er;
men du meg trutt på faderarmar ber.

Ver du mitt lys når natti her sig på!
Lat meg i voni sæl din morgon sjå!
Og når eg kjenner dødens kuldegys,
min store Frelsar, ver du då mitt lys!

Mitt frimod er i Jesu blod

Melodi: I Jesus søker jeg min fred

Mitt frimod er i Jesu blod, –
ved det eg trygt tør treda
til truna fram, med hugheilt mod
om fred og frelsa beda.
Der vert mi synd i rettferd bytt;
det vonde kverv, og alt vert nytt.
Å, for ei frygd og gleda!

Min fridom er i Jesu blod, –
dit når ei domens våde.
For denne dyre soningsflod
let Gud si miskunn råde.
Det sløkte vreidens varme eld,
strauk ut mi store syndegjeld,
det vann meg liv og nåde.

Mi framtid er i Jesu blod,
og ei i noko anna.
I denne borgi trygg og god
eg eingong ut vil anda.
I kraft av Jesu blod eg skal,
for evig frelst frå synd og fall,
med song i himlen standa.

So takk, vår Frelsar, at du gav
for verdi hjarteblodet!
Det vart for oss eit rikdoms hav,
det er vårt største gode.
Takk at det òg til Noreg kom,
og fekk hjå oss eit varig rom,
det dyre gledebodet!

Han sjølv er min fred

Melodi: Opp, søteste sang!

Han sjølv er min fred!
Min Gud, kor den bodskapen hjarta mitt gled!
So treng eg 'kje byggja på noko i meg, –
min dom og mitt ansvar tok Jesus på seg.
Han sokk i mi skuld og mitt syndehav ned.
Han sjølv er min fred.

Han sjølv er min fred!
Mitt hjarta seg fagnar og lovsongar kved.
Gud reknar no ikkje med meg, men med han
og freden som Jesus med hjarteblod vann.
Han står i min stad, og alt godt for meg bed.
Han sjølv er min fred!

Han sjølv er min fred!
Kva under at hjarta seg inderleg gled!
Den freden er fullgod, i eldprøva held,
i livet, i døden, for domstolen gjeld.
Kor herleg det er, når mi livssol går ned:
Han sjølv er min fred!

Vi er hans verk

Vi er hans verk,
skapt ved hans allmakts-hånd
veldig og sterk.
Myndig han talte
sitt mektige ”bliv!” –
stjerner ble tent,
og et underfullt liv.
Skapningens krone
et menneske var, –
Herren vår Far.

Slekten, den falt.
Arven vi ødet,
og urent ble alt.
Porten til paradiset hagen
ble stengt, –
enda i sjelen

det bodde en lengt.
Ættene vildret
i ørkenen om.
Frelseren kom.

Vi er hans verk,
skapte på nytt
ved hans frelserhånd sterk.
Selv vil han føre oss
ferdige frem.
Målet skal nåes
og vi komme hjem.
Herren vi lover
i himmelens glans.
Verket var hans.

Når du er djupast nede –

Melodi: Med strålekrans om tinde

Når du er djupast nede
og ingen utveg ser,
du minnast kan med glede:
No er min Frelsar nær.

So er hans vis og måte:
når voni di er sløkt
og livet vert ei gåte
og alt er dimt og døkt, –

då kjem han, som han gjorde,
i siste nattevakt.
Snart stormane dei store
hev seg til kvile lagt. –

Alt!

Melodi: Så vide om land

Det finst ingen lengsel i hjartans grunn
som ikkje din Frelsar kan stetta.
Det finst ingi bør i di tyngste stund
som Jesus ei maktar å letta.

Det finst ingi skuld som bryt ned ditt mod,
som ikkje din Frelsar vil gløyma.
Det finst ingi synd, – er ho raud som blod, –
som ikkje hans rettferd vil gøyma.

Det finst ingi sorg, – er ho nok so stor, –
som ikkje din Frelsar vil mildna.
Det finst ingen storm på din livsens fjord
som ei ved hans vilje må stilna.

Det finst ingen trong i ein hug som skjelv,
som ikkje din Frelsar kan fylla.
Det finst ingi sky på din himmelkvelv
som ikkje Guds allmakt kan gylla.

Det finst 'kje eit einaste hjertesår
som ikkje din Frelsar kan grøda.
Når fram du har nådd til den fulle vår,
skal livselvi æveleg fløda.

Den som trur på Jesus, hev æveleg liv

Den som trur på Jesus, hev æveleg liv,
skal ikkje koma til domen.
Stormar og straum han or kursen ei driv, –
inn han i leidi er komen.
Ingen, nei ingen kan klage han,
sæl i den siger som Jesus vann.

Den som trur på Jesus, er retteleg fri, –
syndi og døden ei skader.
Frelsaren stridde din blodige strid,
Gud er i Kristus din Fader.
Han er den evige, trygge borg,
der du kan sløkkja di sut, di sorg.

Den som trur på Jesus, skal sigra til sist,
vinna som Jesus hev vunne.
Han vann oss atter den arv som var mist, –
ævelivs-dagen hev runne.
Fram ifrå ljøs og til ljøs me går,
til me den livsæle strandi når.

Dei djupaste ord

Melodi: Opp, søteste sang!

Dei djupaste ord
som nokon hev tala på skuggefull jord,
er dei som vår Frelsar ein gong sa om seg:
Sjå, sanningi, vegen og livet er eg.
Eg trur denne bodskap, og bøyer meg ned
og takkar og bed.

Ja, vegen er du,
til paradiset ei levande bru.
Den porten som syndi for godt hadde stengt,
hev nagl' merkte hender på Golgata sprengt.
Til målet meg leider kvart einaste steg
den levande veg.

Du sanningi er,
den einaste sol i den nattsvarte verd.
Forutan den flaum me i skuggane frys,

men du er det skinande, strålende lys.
Kor stort i vår tvil å få ty seg ditt inn!
Den dagen me finn.

Og livet er du!
So sigra du stort yver døden si gru.
Eit æveleg liv åt oss alle du vann
den påskedags-morgon då vårsoli rann.
I livet si kjelda der løyner eg meg –
og lever ved deg. –

Gud har omsorg

Melodi: Overmåte fullt av nåde

Gud har omsorg, – liljeblomen
kleder han i fagert skrud.
Fuglane han trufast føder, –
ikkje ein er gløymd av Gud.
Gud har omsorg, – faderauga
fylgjer deg ved natt og dag;
all din trong han maktar fylla
med sitt rike hjartelag.

Gud har omsorg, – du kan kvila, –
kast på han di sorg og sut!
Kom til meg med alt, sa Jesus, –
du hjå meg fær kvila ut.
Gud har omsorg, – berre prøv han!
kvifor tyngd av uro gå?
Søk Guds rike fyrst, – alt anna
skal du då i tilgift få.

Gud har omsorg, lat dei ordi
lysa for deg kvar ein dag!
Han deg bera vil og berga
med ein Faders hjartelag.

Å, so treng du ikkje syta!
Syng ein lovsong til hans pris!
Gud har omsorg, til du vaknar
sæl i livsens paradís.

”For han har omsorg”

Melodi: Tenk når engang!

”For han har omsorg,” – lat dei ordi siga
i hjartans djup og leggja der Guds fred!
Då skal du støtt på sterke vengjer stiga,
og i hans kjærleik hjarta ditt seg gled.

”For han har omsorg,” – treng du då å syrgja
og sleppa sut og sukk og sorgmod inn?
Nei, du ei tarv i angst og uro spyrja.
Når han har omsorg, råd og veg du finn.

Ja, han har omsorg, og han sjølv går med deg,
hans allmaktshand kvar dag deg oppe held.
So kasta all di sut på han, og gled deg!
Han hjelper, til du når dei fagre fjell.

Livsens brød

Melodi: Jesus er mitt håp, min trøst

Jesus, livsens brød er du,
hjartans djupe trong du stettar.
Når me kjem med lengsels tru,
sjeli vår so sælt du mettar.
Himmelbrød i verdi tom,
ver velsigna at du kom!

Jesus, du er livsens brød;
evig liv du vil oss gjeva.

Utan deg er sjeli død;
men no skal ved deg ho leva,
ved din lekam og ditt blod.
Sjølv du lever i oss no.

Livsens brød gjev verdi liv.
Fyrst ditt hjarteblod laut flyta.
No du livsens drykk oss giv,
livsens brød me fritt kan bryta.
Himmelbrød med lækjedom,
ver velsigna at du kom!

Og når påskemorgon renn
og den siste lur skal ljoma,
opp til evig liv me stend;
ut or gravi skal me koma.
Du oss frir frå dom og død,
Jesus, livsens himmelbrød.

Aldri fullt me takka kan
deg, vår Frelsar, Jesus milde,
at i verdsens øydeland
livsens brød du vera ville.
Himmelbrød i verdi tom,
ver velsigna at du kom!

Kristus – mitt liv

Melodi: Mektigste Kriste

Leva ved Jesus, –
det er livsens løyndom;
om enn usynleg
er det då ein røyndom.
Død i meg sjølv,
men han er livsens kjelda.
Hans liv skal gjelda.

Leva i Jesus,
som i stomnen greina.
Inderleg er eg
med Guds Son sameina.
Krafti og sevja
frå min Frelsar strøymer;
livskjelda fløymer.

Leva for Jesus
livsens korte timar,
til eg fær høyra
kveldens klokkor kimar, –
det er det høge
mål for alle dagar
Gud åt meg lagar.

Leva med Jesus, –
no og i all æva!
Takk då, min Gud,
eg skal 'kje døy, men leva!
Du meg i tru
og von og kjærleik vara,
til eg fær fara! –

Guds nåde er nok

Melodi: Opp, søteste sang!

Der syndi vert stor,
vert nåden enn større, so seier Guds ord.
I velde han veks, som den flaumfulle foss,
den nåden som strøymer frå Frelsarens kross.
Han aukar i styrke der syndi vert stor.
So seier Guds ord.

So frihuga ver,
og kom til din Frelsar, so arm som du er!
Og melder seg synder i fylgje og flokk,
so minnast at nåden i Kristus er nok!
Ja, større enn syndene alle han er.
So frihuga ver!

So takkar me han
som nåden, den store og veldige, vann.
Det kosta han alt, og no gjev han deg fritt
sitt rike, og seier: Sjå, no er det ditt!
Og eingong me stend i den kvitkledde flokk.
For nåden er nok!

Vegen opp

Melodi: Overmåte fullt av nåde

Vegen opp er alltid open
om kvar stig på jord er stengd.
Vegen til Guds faderhjarta
stengjest ei i ævelengd.
Jesus Krist den veggen bana
med sitt eige hjarteblod.
Like inn i heilagdomen
kan du gå med hugheilt mod.

Hjarteleg velkomen er du
inn i livsens lyse land.
Tek du Jesu-namnet med deg,
ingen då deg meinka kan.
Vegen opp er alltid open, –
alltid høgare han ber.
Sistpå han deg trygt vil leida
inn i livsens lyse verd.

KRYN HAN!

*Himmelen helsar med heilagt kall.
Lovsong i heim og tempelhall.*

So er du konge, Jesus Krist!

So er du konge, Jesus Krist,
ein evig konge, sant og visst.
Du englars konge, kongen vår, –
om verdi all ditt velde når.

Den trui, Jesus, trøystar meg:
Eg skal frimodig møta deg,
når du – imedan luren læt –
din domstol høgt i skyi set.

Eg frelst for domen din skal stå,
og inn til gleda di få gå.
Dei sjeler som vart løyst ved deg,
vil utvald kalla meg hjå seg.

Eg konge, Kristus, kallar deg,
du trælen din må kalla meg.
Og ingi ros vår jord kan gje,
eg meiner liknast kan med det.

Å, Jesus, all din kristne lyd
deg konge-æra enno byd.
du styre oss, so me held ved
og når den sæle himmelfred!

*Etter Hallgrímur Pétursson:
Visst ertu, Jesu, Kongur klár.*

Hellig er livet!

Melodi: Mektigste Kriste

Hellig er livet, –
lek ei med dets lover!
Høg er den himmel
Herren hvelver over.
Alvor er livet,
sjelens skatt skal trygges,
Guds tempel bygges.

Herlig er livet
når med Gud det leves,
når det av Åndens
susen gjennombeves.
Endeløst utsyn
åpnes alle veier.
Framtid vi eier.

Under er livet, –
Løyndomsfulle tanker,
veldige, vise,
ser vi hvor vi vanker.
Og i Guds tempel
roper allting: ære!
Vi med vil være.

Evig er livet,
som til trengsel fødes.
Tror vi på Kristus,
skal det aldri ødes.
Lytt da til tonen
som til livet leder,
evige gleder!

Kristus møter deg på vegen

Melodi: Overmåte fullt av nåde

Kristus møter deg på vegen,
spør om du vil fylgja han, –
so vil han deg syna leidi,
like til det gode land.

Å, so må du ikkje tvika,
men med Frelsaren slå lag!
Då di framtid i all æva
vert ein sæl og sollys dag.

Kristus møter deg på vegen
alt ifrå dei unge år.

Han vil gylla dine dagar
like frå den vene vår.

Han vil signa livsens sumar,
gjera hausten god og rik,
ta deg heim til æve-våren,
der du vert din Frelsar lik.

Kristus møter deg på vegen, –
einast han gjev hjarta fred.

Einast han gjev von i kvelden,
når di sol skal siga ned.

Einast han hev ljøs i natti,
styrer gjennom brot og brand,
til du ser den store demring,
til du når det sæle land.

Kristus møter deg på vegen,
til sitt hjarta vil deg dra.

Svara han som det seg sømer,
gjev han då eit hugheilt ja! –
Ingen angra etter ferdi

at dei fylgde Kongen, Krist.
Han legg lysning yver livet,
og det beste gjev til sist. –

Kallet

Du høyrde kallet so mang ein gong,
i demningsstund og i nattetimar.
Det er den dragande himmelsong, –
og helgeklokka til høgtid kimar.

Du høyrde kallet so mang ei stund, –
Gud kom so nær, til ditt hjarta tala.
Du høyrde kvadet frå livsens lund,
og himmeldogg yver hugen dala.

Du høyrde kallet so mang ein dag, –
det mjukt og myndig og mandig mana.
So fylg det heilage himmel-drag,
og fylk deg fritt under Kristi fana!

Du høyrde kallet, – so seg ditt ja,
og set din fot på den gode vegen!
Då gler du Gud, og gjer himlen glad,
og gjeng mot livslandet fri og fegen.

Den gleda eg aldri kan gløyma

Melodi: Det mange skal komme

Du lokka meg heim frå det framande land, –
den gleda eg aldri kan gløyma.
Ved porten du venta, og gav meg di hand,
din kjærleik du mot meg let fløyma,
ved barmen din ville meg gøyma.

Du gløynde mi fortid, du tilgav meg alt,
meg kledde i barnekårs bunad.
Du vermdde mitt hjarta, som før var so kaldt,
meg krynte med kjærleikens krana.
Frimodig eg stend for di truna.

Du barnerett gav meg, og stelte til fest,
og so tok me til vera glade.
No fær eg kvar dag ved ditt bord vera gjest,
og nynna det evige kvadet,
og lækjast frå syndi sin skade.

No legg eg mi veike og vesale hand
i Faderens store og sterke.
Du vegen vil velja til himmelens land, –
meg leider ditt lysande merke.
Takk, takk, at du fullfører verket.

Fyll din hug med høge tankar!

Melodi: Dyre bord som Jesus dekker

Fyll din hug med høge tankar,
tenk på Gud kvar helst du vankar,
høyr hans ord kvar dag som går!
Det ein skjold, eit vern skal vera
på den fårefulle ferda,
til du sæl ditt heimland når.

Mangt vil hug og hjarta fylla, –
lat Guds ljøs-vell livet gylla, –
då du vert for alvor rik!
Sjå mot himlen, tenk på æva, –
Då du fullt og fritt fær leva, –
til du vert din Frelsar lik.

Bryt alabaster-krukka!

Melodi: Kom hit til meg enhver især!

Bryt alabaster-krukka sund,
om ho er verd dei mange pund, –
til Jesus gjev det beste!
Sjølv gav han alt, ja, alt for deg,
på tung og tornut pinsleveg,
til hjarta hans laut breste.

Lat nardus-salven fløda fritt
og angen fylla romet ditt, –
då vidare han fløymer.
Det offer som Maria gav,
med signing gjekk om land og hav, –
til nye strender strøymer.

Bryt alabaster-krukka då, –
lat Frelsaren det beste få!
Den dåd du aldri tregar.
Ditt offer sjølv han auka vil,
og angen, yndeleg og mild,
finn alltid nye vegar.

Å, gi det beste du hev å gi!

Å, gi det beste du hev å gi!
Til evig signing kan gáva bli,
og lenge ho ljuvleg angar, –
når sjølv du kviler eingong i grav, –
som nardus-salven Maria gav,
lik blomen på blide vangar.

Ja, gi det beste du hev å gi!
Gud tek di gáva i handi si,
om berre det er to skjervar.

Som bylgjeringar dei breider seg,
dei stansar ikkje, dei er på veg
mot vidare signings-kvervar.

So gjev det beste du hev å gi!
Eingong so møter du gáva di, –
då syng du i frygd og fagnad.
Det korn som lagdest i vårmjuk mold,
i haustsol glimar med fagre foll.
Takk, Gud, for so sæl ein lagnad!

Enno ventar store vidder

Melodi: Overmåte fullt av nåde

Enno ventar store vidder
ute i den vide verd.
Bror og syster, ser du ikkje
åkeren, kor han er skjær?
Han som er vårt liv, vår lukka
og vår ljose framtid-von
– Jesus – han er enno ukjend
for so mang ein mannsens son.

Du, det er din bror, di syster
som i myrke natti gjeng.
Og ein stengd og skytung himmel
yver deira hovud heng.
Å, me må deim soli senda,
Kristi kjærleiks klåre dag,
so dei snart fær våren kjenna,
Jesu rike hjartelag!

Me som eig den store arven,
me må ikkje gløyma deim
som hev lut i Jesu soning,
men ei veit om vegen heim!

Me vil gå, og Herren Jesus
sjølv har lova vera med.
Takk, vår Frelsar, at du bad oss
vitna om den dyre fred!

Ja, dei store vidder ventar,
og vår Frelsar bad oss gå,
berga inn den dyre grøda
og det gode såkorn så.
Du, kor stort når gledestrålar
glim i auga tårevått, –
løyste tungor lovar Jesus,
verdsens von og allheims Drott!

Med Kristus i din kvardag

Med Kristus i din kvardag
vert livet ljuvt og gildt.
Og stormar stundom havet,
so vert det atter stilt.
Og kjem det vinterkulde,
det vert å nyo mildt.

Med Kristus i din kvardag
det helg og høgtid er.
Og endå livsens småting
då himmelfargen fær.
Du sjølv og det du onnar,
Guds eige merke ber.

Med Kristus i din kvardag
vert livet ikkje grått.
Du tener i eit tempel,
og ingen ting vert smått.
Guds fred då fyller hugen, –
å du, kor det er godt!

Med Kristus i din kvardag
skal livet lukkast vel.
Du mognar ut mot hausten,
det tonar i di sjel.
Og sistpå fær du høyra
eit herleg harpespel.

Er kvardagen grå?

Melodi: Opp søteste sang

Er kvardagen grå? –
Nei, ikkje når me han i sanning fær sjå, –
i ljuset frå himlen, i Guds perspektiv.
Det gyller med høgtid og helg våre liv.
Ein gullkant fær også det kvardagsleg små,
og skyene grå.

Er kvardagen trist? –
Nei, ikkje i fylgje med Frelsaren, Krist.
Då eig me ei kjelda som ollar i barm,
då eig me hans kjærleik, uvisnande, varm.
Han lova med sine so trutt halda lag,
kvar einaste dag.

Er kvardagen stri?
so kjem det ei kvilestund ljuvleg og blid.
Kor sælt å få kvila i Frelsarens famn,
få kalla i sorg og i sut på hans namn,
og eingong få kvila frå saknad og strid
til æveleg tid. –

Ver god mot din bror!

Melodi: Opp, søteste sang

Ver god mot din bror,
den einaste gongen du ferdast på jord!
Du hev nokre dagar, du fær nokre år, –
Det skifter med sumar og vinter og vår,
Og so er du borte, – so fort åri fór.
Ver god mot din bror, –

Mot æva me går, –
og det du hev gjort, eingong atter du får.
Det lider mot natti, men no kan du så,
og kjærleikens vegar med Frelsaren gå.
Å, ver då eit ljøs i den lidande verd!
Sjå, æva er nær.

Ver god mot din bror, –
han treng dine milde og kjærlege ord.
Han ber på ei sjel som må bergast til sist, –
så syn honom veg til den skatt han hev mist!
Då fagert det etter ditt fotefar gror.
Ver god mot din bror!

Ord av evighet –

Melodi: Våk, o sjel, og bed!

Ord av evighet,
Mester, du som vet
med din Gud og oss å tale
og de stummes nød husvale,
løs med mektig hånd
våre tungers bånd!

Bryt vår stolthets dam,
og la bruse fram
all den uro som oss gremmer
all den kval som sjelen skremmer!
Gi den form og lyd,
bær den fram til Gud!

Og når Guds behag
gir en solskinnsdag,
når ei lenger sorgen stinger,
men av fryd vårt hjerte springer,
rikt på fred og trøst,
gi da gleden røst!

Hjelp at vi ei kaldt
ser og tåler alt,
men når det blir synd å tie,
kom at våre lepper vie,
og gjør røsten varm,
kjærlig – hellig harm!

Helst dog la oss få
byde fred og nå
gjennom hjertedører stengte
inn til dem som sårt må lengte,
gi dem, Gud, din ro
og din kraft til tro.

Du Guds sterke ord,
omskap all vår jord!
Til din tjeneste bered oss,
Herre, gjør et under med oss:
Alle løfters ja,
si ditt Effata!

Etter E. Liedgren

Ver med i Guds haust!

Melodi: Opp, søteste sang!

Ver med i Guds haust,
frå soli stend morgonstill langt der i aust!
Ver med òg når dagen er fager og full, –
og då når kvar kveldsky er farga av gull, –
når soli mot kveld skin på skogen i aust:
Ver med i Guds haust!

Kor store dei er,
Gud åkrar, – dei rekk yver heile vår verd.
Kvart aks er ei sjel, i Guds bilete skapt,
ein skatt som kan bergast, men òg gå fortapt.
Å, ser du Guds åkrar, langt borte og nær,
kor store dei er!

Å, tenk om du kan
få berga eit nek med di flittige hand!
Hugs på at eit aks er meir verdt enn vår jord!
Å, tenk om du berga for himlen ein bror!
Fær Jesus deg fylla med kjæleikens brand,
då veit eg du kan.

Ver med, – å, ver med,
til du etter strevet ser soli gå ned!
Då kallar din Herre til kvila deg inn.
Kvart korn-nek du sank, derinne du finn.
Å, tenk for ein jubel når der du deg gled!
Ver med, å, – ver med!

*Herre, ha takk for din rike,
mangfoldige nåde!*

Melodi: Lover den Herre

Herre, ha takk for din rike, mangfoldige nåde!
Lys ble vår livsveg da du over dagen fikk råde.
Mot eller med – sorgene ble oss til fred.
Bitreste drikk ble til både.

Takk for den himmel av håp, som du
over oss hvelver!
Takk for hver tone av trøst som i tårene skjelver!
Alt skal engang ende i seierens sang,
ved dine paradiset-elfer.

Takk for hver dag som med signende solskinn
oss gledet!
Takk for hver stund du vår fot gjennom fristelsen
ledet!
Takk for hver gang sukket du vendte til sang,
hjertet vårt frydet og fredet.

Takk for hver rensende storm som vårt livstre
har styrket!
Takk for hver svalende skur i den åker vi dyrket!
Takk at du bød sjelen dens daglige brød,
hjalp når vi onnet og yrket!

Takk at du støttet vår fot i de bratteste bakker,
styrker vårt mot når det ut imot livs-kvelden lakker,
gir oss den trøst: Vår skal det følge på høst!
Herre, vi tilber – og takker!

Ein lovsong kvar dag!

Melodi: Opp søtteste sang!

Ein lovsong kvar dag!
Å, stig imot høgdi med gullharpe-slag!
Kvar signing, kvart solstreif frå himlen kjem ned,
so sømer det seg at me takkekvad kved
og lovar vårt opphav med heilage ord.
Hans miskunn er stor.

Ein lovsong kvart gry
til livet sin Herre i dagningi ny!
Med undring me stend ved eit endelaust hav
og lovar vår skapar for livet han gav,
for soning og siger ved Jesus, vår bror.
Hans miskunn er stor.

Ein lovsong kvar kveld,
når soli seg løyner bak skogar og fjell!
Me takkar vår frelsar for dagen som kvarv,
for voni om vår og uvisneleg arv.
Då tilbed me Gud, etter stormar og strid,
til æveleg tid. –

Herre, takk for morgongleda!

Melodi: Jesus, dine dype vunder

Herre, takk for morgongleda,
glitrande som dogg i blom!
Takk at eg kvar dag kan kveda
om din store herlegdom,
syngja i det stille gry:
Nåden din kvar dag er ny!
Når eg vaknar, er du nær meg,
og på ørnevengjer ber meg.

Herre, takk for morgon-lukka,
von om ung og evig arv!
Må mitt hjarta stundom sukka,
mista modet ei eg tarv.
Dag for dag du gjeva vil
all den hjelpi eg treng til.
Og når sistpå endar ferdi
du meg ber til himmel-verdi.

Deg skal kvar tunga lova

Melodi: Med strålekrans om tinde

Deg skal kvar tunga lova,
som alle ting hev skapt
og gav den dyre gåva
til verdi som var tapt.

Deg skal kvar skapning æra,
i himmel og på jord,
som heimsens synd laut bera.
Den bør var tung og stor.

Høyr, fuglar kved i gleda;
me ogso syngja vil,
og takke-salmar kveda
fordi at me er til.

Sjå, blommar skin i hagen;
dei duftar til din pris.
Me lovar deg for dagen,
for von om paradís.

Du mettar oss med fagnad,
med sol og himmel-dogg.
Du leier livsens lagnad,
og lækjer hardast hogg.

Og i dei tunge tider
me lengtar til den gong
då me i livsens lider
skal syngja Sions song.

Då skal vår løyste tunga
få kveda høgt din pris,
i alle æver syngja
di lov i paradís.

Ver lova, livsens Gud og Far!

Melodi: Din rikssak, Jesus

Ver lova, livsens Gud og Far,
av kvar ein mann og møy!
Frå evig tid du er og var, –
din dag skal aldri døy.
Din herlegdom er himmel-stor,
han glimar fram i alt på jord,
i stjernors glans, i solers mengd,
og stråla skal i ævelengd,
når alt vert nytt, –
vår natt i dag er bytt.

Ver lova, livsens gode Gud,
som elska trass i alt,
og med ditt blod deg vann ei brud,
oss til ditt folk hev valt!
Din Son du gav til kross og grav, –
han vann oss veg til livsens hav.
No råder han i herlegdom
og reider oss i himlen rom.
I æva all
hjá deg me vera skal.

Ver lova, Gud, – kor du er stor
i visdom og i makt,
når våren vaknar her i nord,
i venast vinterprakt!
Ein sommardag når livet syng,
ein haust med gråt i lauv og lyng,
vår song skal stiga opp til deg
som leider oss på livsens veg,
mens tidi flyr, –
til ævedagen gryr.

Ver lova, Gud, til evig tid,
av englars store her
og dei som kjem frå sorg og strid
til ljosesens sæle verd!
Me kjenner djupt i sjeli vår
at du som for vår lagnad rår,
er verd all lov og takk og pris
på jordi og i paradís.
I æva all
vår lovsong lyda skal.

Å, var min hug eit hav av takk!

Melodi: Kom hit til meg enhver især!

Å, var min hug eit hav av takk,
eg skjønar no: det langt ei rakk;
eg ikkje tolka kunne
det miskunns djup, det kjærleiks hav,
den rikdoms fjellhøg Gud meg gav.
No hev eg himlen funne!

Ei æva treng eg til å sjå,
til botnen av Guds dypter nå,
til rett min Frelsar lova.

Eg æva treng til takk og pris –
for Golgata og paradís, –
den store himmelgåva.

Vår song skal stiga opp til deg

Melodi: O Herre Krist, deg til oss vend!

Vår song skal stiga opp til deg,
frå pilegrimens vandringsveg,
du Herre som i himlen bur
og oss er nær som på deg trur.

Du skapte ved ditt veldes ord
den vide verd, den vene jord,
og oss ditt eige bilet gav, –
å, kjærleiks djup, å, rikdoms hav!

Deg tilbed englars store her,
den endelause stjerneverd.
Me òg vil gjerne vera med,
eit ærekvad vår Konge kved.

Du frelste oss ved Kristi kross,
til helg og høgtid kallar oss.
So kjem me, Fader, i ditt namn,
og ferdi endar i din famn.

Me vitnar på vår pilgrimsveg:
at livet er å eiga deg,
du som er Gud til evig tid,
og oss i Jesus Kristus blid.

Me stundom lengtar på vår ferd
å sjå deg i den sæle verd.
Til deg skal stiga opp vår song
til me fær møta deg ein gong.

Stå opp, mi sjel, og syng!

Stå opp, mi sjel, og syng,
stig opp frå jordegruset!
Skunda deg no audmjukt til Guds nåde truna fram!
Om auga trøytt og tungt ei toler himmellyset,
må eit gledekvad du syngja for Guds dyre Lam!
Hiimmelkallet lyder, til fest deg byder,
til Lammets store bryllupsfest i himmelen.
Å, for ei æra stor, ei tolkast kan med ord!
Der er din skatt, din herlegdom og arvedel.
So gled deg då, og syng hans lov og pris, mi sjel!

Å, for ein ljuvleg lut:
min Frelsar lik å vakna,
og forklåra skoda honom som han er eingong!
Då enda er all sut, mi sjel kan inkje sakna.
Då er Lammets brud fullkomen, kved den nye song.
Då fær eg kruna, den kvite bunad,
min Jesu Kristi reine, klåre rettferds-drakt.
Kvar skugge i mitt sinn, kvar tåra på mi kinn
vert der i frygd og fred og evig fagnad bytt.
Og lov og pris skal lyda, – Gud hev alt gjort nytt.

Når her me alt oss gled,
med dimme augo våre,
til å sjå vår store Gud og Frelsars herlegdom,
kva vert det ikkje då i himmelljoset klåre
der no Jesus Kristus reider for dei trugne rom!
Alt her den ljuve og søte druve
me smaka fær når Jesus kjem i Ordet nær.
Når mine tankar går til sæle himmelkår,
då i den ljuve von mitt hjarta varmt seg gled.
Å, Herre, på den store dag ta meg òg med!

Høyr herleg harpelåt,
dei syng den nye songen.
Aldri vert han gamal, og han aldri enda skal.
Er røysti vår enn veik, ho tolkar hjartetrongen,
lovar han som lyfte oss ifrå det djupe fall.
Hjarteblodet flødde, det sári grødde.
No ved hans liv og død me når det sæle land.
Kor glade vert me då, når me fær Herren sjå.
Der jord og hav og himmel høgt skal lova deg.
All æra vere Gud og Lammet æveleg!

Etter Johan Kahl, 1721-1746: Nyt ylös sieluni!

Alle gode gavers giver

Melodi: Dyre bord som Jesus dekker

Alle gode gavers giver,
du som er, som var og bliver,
ifra evig tid vår Gud,
du oss skapte, du oss kjøpte,
og til Jesus Kristus døpte,
til å være Lammets brud.

Vi har syndet mot deg, Herre,
vandret ifra vondt til verre,
vi oss vendte hver sin vei.
Men du lot din vrede ramme –
ikke oss, men offerlammet.
Straffen tok du selv på deg.

Du har verdens synder båret
da du ble til døden såret,
du har alt gjort godt igjen.
Og når nu til deg vi kommer,
er det ikke til en dommer,
men en far og trofast venn.

Herre, vi ditt navn påkaller;
reis oss atter når vi faller,
styrk vår bønn og klar vårt blikk!
Lær oss elske deg og andre
og i tro og tålmod vandre
veien som du, Jesus, gikk.

Da skal vi deg engang skue,
lysets glans og livets lue,
bo i evighet hos deg.
Herre, etter deg vi stunder,
og når vi i døden blunder,
går til livets land vår vei.

Evige Gud – eg er so glad

Melodi: Kirken, den er et gammelt hus

Evige Gud, eg er so glad,
takksam for livet si gåva.
Difor kvar dag mitt hjartans kvad
deg for den skatten vil lova, –
takka fordi at eg er til,
og at du trygt meg leida vil
fram til det evige livet.

Nådige Gud, eg er so sæl, –
endelaust rik er mi lukka.
No er eg løyst, og lever vel,
må eg i sorgmod enn sukka.
Frelsa du vann meg ved Guds Lam;
so vil du visst meg føra fram
dit alle stormar er stilna.

Heilage Gud, som ved ditt ord
jordi og himmelen skapte,
kor er din kjærleik rik og stor,
som løyste ut det fortapte!
Hjarta i takk no tikka må,
og når eg eingong deg fær sjå,
skal eg deg æveleg lova.

LIVSENS KRUNA

*Stjernone glimar,
klokkone kimar:
von om ein livsdag
som aldri døyr.*

Slektens lengsel

Melodi: Himmelske Fader

Slektenes lengsel
opp til deg er steget.
Sorger og trengsel
har vår vandring preget.
Dog, mot det høye
vendte vi vårt øye;
hjelpen fra himlen vi fikk.

Slektene skiftet,
høsten følger sommer.
Vekk blir vi viftet, –
nye ætter kommer.
Du er den samme,
lysets klare flamme.
Evig og stort er ditt navn.

Stundom vi skjelver,
angst for livets lover.
Herre, du hvelver
nådens himmel over.
Derfor vi trygge
over gudlagt brygge
går til de levendes land.

Dag følger dager;
fort vi fremad føres.
Vår-kvad i hager, –
siden høst-sang høres.
Vemodets tåre
væter kinna våre.
Herre, du vet vi er støv.

Stjernene blinker
i de klare kvelder,
varmt til oss vinker
mens vår livsdag heller:
Vandrer dernede,
kom til himlens glede.
Der skal for evig du bo!

Gud har vår evighet for øye

Melodi: Hvo ene lader Herren råde!

Gud har vår evighet for øye, –
det teller mest i alt han gjør.
Snart lidings-eld må hjertet bøye,
snart luer lykkens lyse glør.
Han lutrer gull og gløder stål
så vi skal nå det store mål.

Gud har vår evighet i sinne, –
og ikke jordens korte tid.
Kan bare himmelen vi vinne,
han koster på oss storm og strid.
Og kan hans godhet skynde på,
han rike gaver lar oss få.

Gud har vår evighet i tanker, –
hva gagnet det om alt vi vant
om ei vi engang kastet anker

og paradiset åpent fant!
Se, det bestemmer kurs og lei
og veien over livsens hei.

Gud har vår evighet for øye, –
så la oss takke ham for det!
Om mang en motbør vi må døye,
det bitre skal oss bli til fred.
Når frelste vi derhjemme står,
da takker vi for livets kår.

Herre, rett vårt sinn mot himlen!

Melodi: Overmåte fullt av nåde!

Herre, rett vårt sinn mot himlen!
Jordens treller lett vi blir.
Hjelp at vi ei målet mister
mens vi her vår livsstrid strir!
La oss i de lyse dager
og på mørk og stormfull fjord
minnes at vårt rette heimland
er en ny, forklaret jord!

Herre, rett vårt blikk mot himlen,
der vårt borgerskap vi har,
der de såre lengsler stilles
og hver gåte får sitt svar!
Takk at du et rom bereder
for hver en som finnes tro!
Takk at vi i himlens gleder
skal i evighet få bo!

Herre, rett vår hug mot himlen,
så vår lengsel alltid går,
dit hvor du i lyset råder,
og hos deg vi være får!

Takk for livets dag som svinner,
takk for alt du her oss gir.
Mest av alt: ha takk for himlen!
Å, hvor lys dens lykke blir!
hvor stort hos deg å benkes ved ditt bord!

Å, tenk på meg!

Melodi: Leid, milde ljøs !

O Jesus Krist, ifra din helligdom
kom meg ihu!
Hvor skal jeg ellers unnfly vredens dom!
Kom meg i hu!
Du har så mange til å minnes her,
men takk, min Gud, at du òg har meg kjær!

På korset hørte du en røvers bønn:
”Å, tenk på meg!”
Han ble din bitre smertes første lønn.
Tenk òg på meg!
Ja, unn òg meg et rom i paradiset!
Da skal jeg evig synge glad din pris.

Hvor stort at du i himlens helligdom
vil minnes meg,
og der berede vil for meg et rom,
et sted hos deg!
I begge hender tegnet du mitt navn,
og frelst vil føre båten min i havn.

Så tenk på meg, o du Guds dyre Lam, –
husk også meg!
Når du i bønn for dine treder fram,
husk også meg!
Når jeg omsider glemmes her på jord,
hvor stort hos deg å benkes ved ditt bord!

Kva er vel mitt liv?

Melodi: Opp, søteste sang

Kva er vel mitt liv? –

I stranden ved æva eit skjelvande siv,
ei stjerna som blinkar og blikar ei stund,
ei krukka i kjelda som sistpå gjeng sund,
ei sylvsnor som skin til omsider ho brest,
når sol sig i vest.

Kva er vel mitt liv?

Eit ørlite fjom som i verds-romet sviv,
ein gneiste som gloar og sloknar mot kveld,
når dagen min døyr attom åsar og fjell,
eit hjarta som bankar, til æveliv skapt,
eit barn som var tapt.

Kva er vel mitt liv?

ein båt som på storhavet bårone hiv,
ei æveleg ånd i ein underfull hall,
ein bortkomen son som fekk himmelens kall,
eit kunstverk av Gud som hans bilete ber,
for evig – og her.

Lær meg å telja mine dagar!

Melodi: Lær meg å kjenne dine veier!

Lær meg å telja mine dagar,
for kvar av deim ei perla er!
Eg gjeng i livsens ljose hagar,
i Herrens underfulle verd.
Om eg i skodd og skugge vankar,
og bryske bylgjor mot meg slår,
mitt hjarta endå hugheilt bankar,
for eg ser fram i von mot vår.

Lær meg å telja mine dagar,
so hjarta mitt kan visdom få!
Å, du som framtids-leidi lagar,
lat meg på dine vegar gå!
Må eg dei dyre timar nytta,
den gylne tid som framom renn,
til eg ein dag i fred fær flytta,
og sæl i paradiset stend!

Ja, lær meg mine dagar telja,
og minnast i kvart nyfødt gry
at eg må livsens vegar velja
og takka for kvar morgon ny,
og gå med deg til dagen hallar,
so eg kan møta glad min kveld, –
til du ein gong til kvild meg kallar,
der evig sabbats-helg eg held! –

I Herrens vern og vakt

Melodi: Jeg vil meg Herren love

Når morgondoggi glimar,
eg er i Herrens hand,
i alle dagsens timar,
i kveldens purpurbrand.
Kor stort det er å finnast
i Herrens vern og vakt!
Kor godt det er å minnast
hans miskunn og hans makt.

Kva enn han då meg sender,
det er i kjærleik sendt.
Og alt som då meg hender,
vert til det gode vendt.
I alt han er ein Fader

som vil meg berre vel.
Og når mi livssol glader,
i han eg sovnar sæl.

Herren hev hjelpt til i dag

Melodi: Høyt frå det himmelske høye

Han som hev hjelpt deg so herleg,
like til dagen i dag,
han vil òg hjelpa deg kjærleg,
allstødt med deg halda lag.

Han som hev berga og bore,
trufast frå år og til år,
han vil deg fria or fåre,
grøda dei blødande sår.

Han som i miskunn deg kalla,
sløkte di sorg og di sut,
han vil òg oppe deg halda,
alltid med deg halda ut.

Stormar og motstraum oss møter, –
aldri dei ned skal oss slå.
Treet slær djupare røter, –
stødt det i stormen skal stå.

So vil på Herren me vona, –
aldri me då kjem på skam.
Han som so dyrt for oss sona,
han skal òg føra oss fram.

Når me i himlen fær landa,
vera med Jesus i lag,
då skal med jubel me sanna:
Herren hev hjelpt til i dag!

Å, seg det igjen!

Melodi: Opp, søteste sang!

Å, seg det igjen,
so lysande klårt for mitt auga det stend,
at fullført er verket, at frelsa er fri,
og soningi gyldig til æveleg tid!
Sjå, difor Guds kjærleik imot oss no brenn.
Å, seg det igjen! –

Å, seg det på ny,
når dagen min døyr, i kvart demrande gry,
at sanningi, vegen og livet er han
som døydde for oss, over djevelen vann.
For Jesus må myrkret og gravnatti fly.
Å, seg det på ny!

Å, seg det til sist,
når synsnerva sloknar, og mælet er mist,
at Frelsarens ”fullført”, det æveleg gjeld,
at grunnen er god og at freds-pakti held,
Då sovnar eg sæl i hans heilage namn,
i Frelsarens famn.

Eg må vinna livsens krona

Melodi: Dyre bord som Jesus dekker

Eg må vinna livsens krona,
høyra englesongen tona
i Guds paradisi eingong.
Å, kor sæl eg då skal vera
når eg livsens krans skal bera,
syngja sæl den nye song!

Må ho lukkast, himmel-ferdi, –
pilgrims-gangen gjennom verdi, –
må det gode land eg nå!
Må ei sjeli lida skade,
lat meg – etter solegladet –
Gud og Lammet frelst få sjå!

Meir enn siger skal eg vinna,
fram til livsens elvar finna
i min Frelsars dyre namn. –
Får eg berre Jesus fylgja,
skal eg – gjenom brot og bylgja –
nå den logne himmelhamn. –

Mett oss med di miskunn når morgonen renn!

Mett oss med di miskunn når morgonen renn,
Herre, vår himmelske Fader,
alt frå soli sylvskir i synsrandi stend,
til ho i kveldsstundi glader.

Mett oss med di miskunn, – so sårt me det treng,
livsbrødet alle me saknar.
Men når du oss signar, til kvila me gjeng,
og i din livsmorgon vaknar.

Mett oss med di miskunn kvar einaste dag,
både i yngd og i elde,
so me kan vinna dei tallause slag,
ikkje for godt verta felde!

Mett oss med di miskunn, – det beste av alt:
himmelbrød herleg å smaka.
Takk at i dødslandet audsleg og kaldt
fær me den livs-manna smaka!

Gud vere med deg, til me atter møtast får!

Melodi: Deg være ære!

Gud vere med deg
til me atter møtast får,
og si store signing gje deg
kvart eit steg du går!
Fårefull er verdi,
men når han er med,
lukkast skal livsens-ferdi,
alt til sol går ned.
Gud vere med deg
til me atter møtast får,
og si store signing gje deg
kvart eit steg du går!

Gud vere med deg
til me atter møtast får,
i Jesu rettferd kle deg
til du himlen når!
Å, for frygd og fagnad:
atter møtast der!
Å, for ein liv-sæl lagnad:
Jesus sjølv me ser!
Gud vere med deg
til me atter møtast får,
og i Jesu rettferd kle deg
til du himlen når!

Gud vere med deg
til me atter møtast får,
med si reine gleda gle deg
ifrå år til år!
Om me ei her nede
får einannan sjå,
møtest me i Guds glede.

Å, for jubel då!
Gud vere med deg
til me atter møtast får!
Med si reine glede gle deg
ifrå år til år!

Eg lyfter augo mine opp til dei høge fjell

Melodi: Hos Gud er idel glede

Eg lyfter augo mine opp til dei høge fjell:
Frå kven skal hjelpi koma, den hand som fast
 meg held?
Mi hjelp, ho kjem frå Herren, som skapte denne jord,
med hav og himmeltindar, og stjerneverdi stor.

Han styrkjer stegi mine, so eg 'kje ustød gjeng.
På ørneveng han ber meg, og gjev meg alt eg treng.
Sitt folk so vel han vaktar, og ikkje slumra kan.
Han fylgjer meg som skuggen tett ved mi høgre han.

Meg soli skal 'kje stinga i middags-hiten hard.
Om natti vert eg verna som barnet vert av far.
Min inngang og min utgang han vara vil so vel,
frå no og i all æva. – Min Gud, kor eg er sæl!

Jesus, ber meg heile vegen!

Melodi: Overmåte fullt av nåde

Jesus, ber meg heile vegen,
på din sterke frelsar-arm!
Og når kring meg myrknar natti,
tak meg tett inntil din barm!

Jesus, ber meg heile vegen,
i dei fyrste ungdoms-år!
Ber meg, Frelsar, når det kveldar,
og eg inn i hausten går!

Jesus, ber meg heile vegen, –
du hev lova at du vil.
Når eg då ser fram mot målet,
er eg hugheil, glad og still.
Jesus, ber meg heile vegen, –
sterke vengjer lyfte meg!
Og når ferdi sistpå endar,
ber meg; Jesus, heim til deg!

Gud, signe du dei gamle!

Melodi: Jeg vil meg Herren love

Gud, signe du dei gamle,
med milde andlitsdrag,
dei som hev sett det meste
av livsens stutte dag!
Dei hev 'kje våren lenger,
ei soli meir i aust;
nei, ned i vest ho dalar,
og dei hev nådd sin haust.

Gud, signe du dei gamle
som no sin strid hev havt!
Når mod og makt må minka,
so ver du deira kraft!
Og hjelp du deim som enno
er i dei unge år,
i kjæleik visa vyrnad
imot dei gråe hår!

Gud, signe du dei gamle!
Må kvelden verta god!
Og hjelp deim til å hava
si trøyst i Jesu blod!
Når siste stund er komen,
styrk deim i deira strid,
so dei i deg må sovna
og svevnen verta blid! –

Når morgonen renn

Melodi: Jeg vil meg Herren love

Kor godt det er å vakna
når Jesus er so nær!
Dei fyrste ordi kviskrar:
”Min Herre Jesus kjær!”
Mens morgonsoli gyller
i aust kvar purpur-sky,
min Frelsar sjeli fyller
med nåde, kvar dag ny.

Den fyrste som meg møter
i morgonstundi god,
er han som for meg døydde
og gav for meg sitt blod.
Den fyrste som vil helsa
og signa meg med fred,
er han som til mi frelsa
kom hit til jordi ned.

Før eg skal ut i ståket,
vil han meg stilla gi
og sjel og lekam styrkja
til dagsens kav og strid.

Før verdi sjeli fyller,
vil han ho fylla fyrst,
meg metta med si miskunn
og stilla hjartans tørst.

Kor godt det er å leva
i nådens klare dag
og inn Guds kjærleik anda
i djupe, fulle drag!
Kor godt det er å lauga
i nådekjelda rein,
å skirast og å lækjast
frå synd og sår og mein.

Kor stort det er å vera
i Herrens skapardraum!
Han sjølv meg fram vil bera
på livsens nådestraum.
So skal eg eingong verta
det Gud har alltid tenkt:
so tindrande ei stjerna
som ei på jord hev blenkt.

Kor godt det er å sovna
kvar kveld – den siste med –
når Jesus står ved lægjet.
Då sovnar eg i fred,
med hjartans takk for dagen
og det som var i han –
med auga vendt mot Jesus,
og mot eit betre land.

Kor godt det vert å vakna
i livsens sæle land,
ein morgon utan skyer
på stormfri ævestrand!

Den fyrste som mitt auga
fær sjå i dagen der,
er Jesus, morgonstjerna,
som evig var og er.

Den fyrste som meg møter
i ævemorgongry,
er han som òg hernede
kom fyrst kvar morgon ny.
Den fyrste som vil helsa
mi sjel, no evig rik –
er Han – eg ser hans åsyn,
og so eg vert han lik.

Det fyrste som eg kviskrar
i æveheimen der,
når eg hans åsyn skodar,
er: Jesus, Jesus kjær!
Då famnar eg hans føter,
med hjartans takk og pris;
eg evig han skal lova
i livsens paradís.

Kor det vert godt å leva
i Edens sæle dag,
og inn Guds kjæleik anda
i djupe, fulle drag!
Då skal meg ikkje døden
og syndi gjera mein;
for alle sår er lækte;
mi sjel er kvit og rein.

Gud, skap ei kjærleiks-bylgja – !

Melodi: Med strålekrans om tinde

Vår Gud, lat kjærleik råda, –
den milde livsens vår!
Å, skap ei kjærleiks-bylgja
som yver verdi går!

Å, Gud, lat hatet vika,
og urett, lygn og vald!
Send du ei kjærleiks-bylgja
ut yver verdi all!

Å Gud, verm du vårt hjarta
og set vår sjel i brand!
Å, skap ei kjærleiks-bylgja
som gjeng frå land til land!

Å, Gud lat natti vika,
lat renna snart den dag
då kjærleiksvåren strøymer
med livsens andedrag!

Gud sigrar til sist

Melodi: Opp, søteste sang!

Gud sigrar til sist
i striden den store, – det veit me for visst.
Ver frihuga, broder, for ”berre ei stund” –
so lyder eit ord ifrå Frelsaens munn –
so kjem han med tallause englar i lag
på domen sin dag.

Det lider mot kveld,
og soli ho glader i blod og i eld.
Men ver ikkje fælen! Sjå stjerna i aust!
Og reddast so ikkje for døden sin haust!
For fram bryt med velde so solrik og klår
den livsfylte vår. –

Om fienden stor
vil skræma med sterke, stormodige ord,
om bylgjor seg lyfter med skyhøge kam
og øyder og krasar kvarhelst dei fer fram,
so veit me om ein som på livsstrandi stend
og trugar deim enn.

Om Satan er sterk
og mange i verdi gjer djevelens verk,
om urett og vald rundt i landi no rår,
so veit me om ein som hev lova ein vår –
der rettfærd og kjærleik og sanning og tru
skal æveleg bu.

På vegen eg er til det evige liv

Melodi: Det mange skal komme

På vegen eg er til det evige liv;
ein vandringsmann er eg i verdi.
Og tidi si bylgja meg framyver driv, –
ein gong endar jordelivs-ferdi.
Gud, lat meg i himmelen landa.

Den dagen du gav, gjeng so snøgt mot sin kveld,
so svint flyr dei ovdyre timar.
Snart soli mi sig attom åsar og fjell,
og klokkone vemodfullt kimar.
Gud, lat meg i himmelen landa!

Kor vesal eg var utan framtid og von!
Men Gud vere æveleg lova!
I kjærleik han gav oss sin einborne Son.
Hav takk for den herlege gåva!
Gud, lat meg i himmelen landa!

Ja, feste for foten eg fann på min veg;
no tarv eg 'kje tvila og beva;
for Frelsaren sa: Den som her trur på meg,
han skal ikkje døy, – han skal leva,
og eingong i himmelen landa.

No tonar ei harpa, so herleg eit kvad,
og livsvoni hugen min fyller.
So kan eg, trass visnande blad, vera glad,
eg livsvåren helsar og hyller.
Gud, lat meg i himmelen landa!

So lat det då ganga mot haust og mot kveld, –
eg tarv 'kje i sorgmod fortvila.
Eg vender mitt syn mot dei evige fjell;
på Golgata sjeli finn kvila.
Gud, lat meg i himmelen landa!

Eit evig mål hjå Gud

Melodi: Med Jesus vil eg fara

Du gav meg, Gud, i nåde
eit evig mål hjå deg.
Må ikkje synd og våde
då stengja meg min veg!
Imillom farar går eg
i verdi vond og vand,
men vern meg, Gud, so når eg
det evig gode land!

Eg arm og veik meg kjenner, –
og er det, sant og visst.
Og difor eg meg vender
til deg, min Jesus Krist.
Å, hald du dine hender
ikring meg dag for dag,
då når eg himlens strender
og vinn det store slag.

Eg kan 'kje sjølv meg vara, –
eg vesal er og veik.
Di vil med deg eg fara
som aldri dine sveik.
So skal med deg eg vinna
som himmelen meg vann.
Til sist eg sæl skal finna
det evig gode land.

Herre, vil du kjennast ved meg?

Melodi: Overmåte fullt av nåde

Jesus Kristus, når eg eingong
ved den kvite truna står,
når ditt auga, lik ein loge,
også meg, ein syndar, når, –
vil du, Herre, kjennast ved meg,
seia til meg: Ven, kom hit,
arva herlegdomens rike,
ta din plass i skaren kvit!

Jesus, meister, hjartans djupe
lengsel er å vera din,
eingong sjå deg, der lik soli
du i herlegdomen skin.

So vil her ved deg eg kjennast,
og i einfeld på deg tru;
glad eg deg eingong skal møta,
og i ljuset alltid bu.

Lat koma, Gud, ditt rike!

Melodi: Kom hit til meg

Frå Kristi kyrkja kring vår jord
det stig mot Gud eit samstemt kor
og inderleg til like,
ein sukk så lengselsfull og sår
som vindens song i skogen går:
Lat koma, Gud, ditt rike!

Vår Gud, lat renna snart den dag
då enda er det siste slag
og hatet burt må kverva,
då kjærleik grenselaus skal rå
og fredens engel vakt skal stå
og me skal Riket erva!

So høyr vårt rop, all nådes Gud,
ifrå ditt folk i nord og sud:
Lat riket dit no koma!
Vår ætt er trøytt av myrkers makt.
Kom, kled vår jord i ljoses drakt!
Lat jubelklokkor ljoma!

Å, kom, vår konge, kom no snart!
Strål fram, du morgonsstjerna hjart,
med ljøs til ætti arme!
Ja, kom, vår sol, med evig gry,
med jubelsong på jordi ny, –
med evig vår og varme!

Eg arving er til evig liv

Eg arving er til evig liv, –
det er so høg ei æra.
Der skal eg, i den gode vår,
min krans og krana bera.
Kor sælt det vert: i paradís
hjá livsens Gud å vera!

Eg arving er til evig liv, –
det er so rik ei kjelda.
Ho ollar ifrå æve-djup,
og alltid skal ho vella.
Og liljone som blømer der,
skal aldri bladi fella.

Eg arving er til evig liv, –
tenk, aldri skal det enda!
I år og aldrar utan tal
eg skal Guds sæla kjenna.
Den sol som aldri skal gå ned,
eg snart i aust ser renna.

Når tusund millionar år, –
ja, endå meir, – hev fare,
hev æva nettopp teke til, –
ei liti byrjing bare!
Der syng Guds lov til evig tid
den store, kvite skare.

Å, var mi sjel i paradís!

Melodi: Kom hit til meg, enhver især

Å, var mi sjel i paradís!
Ho frys i verdsens vinter-is,
når syndi henne sårar.
Vel er i Gud eg sæl og glad,
men lengtar etter Sions stad,
og etter Edens vårar.

Eg nådde her so lite langt,
og det som skulle skina blankt,
ei blenkte som det skulle.
Den eld som burde brenna varm,
vil stundom kolna i min barm
i verdsens vinter-kulde.

Og hjarta græt når andre lid
i denne lagnadstunge tid,
då kjærleiken vil kolna.
Og verdi gløymer Gud, og søkk,
og kvelden er so skum og døkk,
og liljone lyt folna.

Dei eg på jordi mest hev kjær,
dei ein for ein ifrå meg fer;
det slit i hjartans røter.
No syng dei glade Herrens pris;
å, var mi sjel i paradís,
der eg deim atter møter!

Frå dag til dag eg strir i tru, –
i syn eg gjerne ville bu;
fyrst då eg fullt kan kvila.
Å du, for dag når eg fær gå
i livsens lund og Jesus sjå
so mildt imot meg smila!

Å, var mi sjel i paradís,
og song i sæla Herrens pris,
for evig fri for fårar!
So hjelp meg då å vera tru,
til dess eg glad hjå deg kan bu, –
i Edens sæle vårar!

Alt er gjort i stand til fest

Melodi: Stille ut til Golgata

Alt er gjort i stand til fest, –
også du er beden.
Kom – og vert den sæle gjest!
Smaka himmelfreden!

Kom til Jesus som du er,
med to tome hender!
Inderleg han hev deg kjær,
og so vel deg kjenner.

Ved det store himmelbord
ogso du er venta.
Kom frimodig på Guds ord,
bryllaupsdrakti henta!

Kom med synd og sut og sorg, –
med dei tome hender!
Det er song i himmelborg
når du heimatt vender.

Eg er på veg til livsens land

Melodi: Kom hit til meg

Eg er på veg til livsens land, –
min frelsar tok mi veike hand,
og vel vil han meg vara.
Ei liti stund eg vankar her
på vegen til den nye verd.
Med Jesus vil eg fara.

Eg er på veg til livsens land, –
å, leid meg, du som vil og kan,
so målet eg må finna!
Vel er eg veik, men du er sterk,
til fullnad fører du ditt verk.
Ved Jesus skal eg vinna.

Eg er på veg til livsens land, –
og ljuvleg er den sæle strand
der eg eingong skal lenda.
Der alt er kledd i evig skrud,
og me med frygd fær skoda Gud, –
og gleda skal ei enda.

Hjå deg er livsens kjelda

Salme 36,6-10

Å Herre, di miskunn til himmelen når,
din truskap til stjernor og skyer.
Di rettferd som fjelli mot høgheimen går, –
din nåde seg stendig fornyer.

Og domane dine som havdjupet er, –
å skyna deim du makter berre.
Og dyri og mannsborni, Gud, hev du kjær.
I miskunn du frelser deim, Herre.

Din kjærleik er betre enn livet, enn alt, –
kven maktar vel honom å rugge?
Der hjarta seg vermer i vinddraget kaldt,
der finn det ein svalande skugge.

Og mette til fullnads me vert ved ditt bord,
di glede-elv fritt mot oss fløymer.
Ja, Herre, din fagnad er havdjup og stor,
og fullt han kring sjeli vår fløymer.

For livet si kjelda, vår Gud, er hjå deg, –
med milde du evig skal råda.
Som far du oss fører på frelsa sin veg,
og ljøs i ditt ljøs fær me skoda.

Vi venter oppstandelsens strålende dag

Melodi: Det mange skal komme

Vi venter oppstandelsens strålende dag,
foruten en eneste skygge,
da vi skal få være med Herren i lag,
og evige boliger bygge. –
Vi venter den dagen, o Jesus!

Det lider med natten, det stunder til dag.
På vinteren våren skal følge.
Da ruller med mektige, seirende slag
den evige salighets-bølge. –
Vi venter den vår-tiden, Jesus!

Vi venter oppstandelsens seirende stund,
da livs-solen fagert skal flomme,
og lovsangen fyller den paradislund,
når natten for evig er omme. –
Vi venter den stunden, o Jesus!

Så vil vi da løfte vårt hoved, vårt blikk,
og skue i troen din sommer,
og vandre i tålmod den veien du gikk,
til morgenen gryr, og du kommer.
Kom snart – ja, kom snart, Herre Jesus!

Ver du, Gud Fader, Fader min!

Lat no Guds hand deg leida her, –
din veg vert då den beste!
Signings-ordet på livsens ferd
i hjartans djup du feste!

Vis ikkje frå deg Herrens hand, –
ho tukta berre ville. –
Nei, legg heller ditt liv, di ånd
i Herrens hender milde!

Når so all hjelp på jordi tryt, –
din hugnad her tek ende, –
opp til Guds hand du alltid lyt
med tiltru augo vende!

Ver du, Gud Fader, fader min,
i Jesu dyre nåde!
Di hand leide meg ut og inn,
meg fri frå synd og våde! –

*Etter Hallgrímur Pétursson:
Vertu, Gud fadir, fadir minn!*

”Og de har seiret –.”

Melodi: På Gud alene

Og de har seiret
i kraft av Lammets blod,
har lenge feiret
Guds fest ved livsens flod.
De her i tiden
fornektet verdens glans,
de valgte striden
mot kjøtets sinn og sans,
av Jesus siden
ble kront med seirens krans.

Nå deres minne
oss maner sterkt og stort:
Vi òg må vinne
vårt liv, som de har gjort!
De kampens stunder,
hva har de vel å si!
Kun få sekunder
og striden er forbi.
I livsens lunder
er sjelen løst og fri.

Vi òg skal seire
i kraft av Lammets blod.
Vi òg skal feire
Guds fest ved livsens flod.
Vi fritt bekjenner
vår tro på Jesus Krist,
til ham oss vender, –
han øker troens gnist.
Og ferden ender
i paradiset til sist.

Er jorden fager
i vårens lyse stund, –
tenk Edens hager
med sang i li og lund!
Der intet gremmer,
nei, endt er all vår ve;
vi sorgen glemmer
i sang ved livsens tre.
Vår Gud oss gjemmer.
Vi skal hans åsyn se. –

Kom snart, Herre Jesus!

Melodi: Jeg vet meg en søvn

Kom snart, Herre Jesus, kom med dag, –
no natti rundt jordi rugar,
og kalde er vintervindens drag
og hatet i hemmens hugar.
Når ætti sin Skapar gløyma vil,
då myrkret all verdi trugar.

Kom snart, Herre Jesus, kom med vår,
med vakning i vinter-lundar!
No døden so hardt i heimen rår,
me sårt etter sumar stundar.
Kom snart, Herre Jesus, til vår jord!
Me fram imot målet skundar.

Kom snart Herre Jesus, kom med fred,
til verdi der striden bårar!
Vårt hjarta seg alt i voni gled,
trass sorger og synd oss sårar.
Kom snart, Herre Jesus, kom med ljøs
og evige livsens vårar!



LYSANDE LAND

1965

LYSANDE LAND LOKKAR

NOREG FRÅ NORD TIL SUD

*Eit lite land, – men me til det vart bundne,
frå ætt til ætt, med sterke kjærleiks-band.
Med takk me minnest våre trugne fedrar:
Med slit og sveitte bygde dei vårt land.*

Eit lite land som kulsar under polen

Eit lite land som kulsar under polen,
der tusund sjøar frys til stålblank is. –
Men når med velde våren atter vaknar,
då minner Noreg om eit paradis.

Eit lite folk, som stridde og som streva,
i fred og ufred, tidt i tronge kår.
Fyrst vanka det i heidendomens vinter, –
so fekk det møta glad Guds rikes vår.

Eit lite land, – men me til det vart bundne,
frå ætt til ætt, med sterke kjærleiks-band.
Med takk me minnest våre trugne fedrar.
Med slit og sveitte bygde dei vårt land.

Eit lite land, – men her er rom for mange,
frå ishavs-strandi og til lengst i sud. –
Me elsker deg, du frie, fagre Noreg.
For fedrelandet takk, vår store Gud!

Gud signe deg, Noreg, mitt land

Imillom dei mange landi
er eitt som eg kallar mitt.
Det stig frå det store havet
so fagert og friskt og fritt.
Og namnet på fedraheimen
på hugen vår underleg dreg, –
det tonar i namnet Noreg,
den eldgamle norrøna-veg.

Her fekk me ein heim for livet,
med mold til vår nybrotts-plog.
Her blånar eit hav mot strandi,
her susar den stille skog.
Og fjelli med snøkvit kruna
stig tagale høgt mot sky,
so fylgjer me djupe dalar
til folket i bygd og i by.

Eg elsker det land Gud gav oss,
med stor og med sterk natur,
og dei som i stille heimar
ved hav og ved høg fjell bur.
Og det er mi djupe lengsla,
mitt hjarta sin løynde brand:
at me som fekk slik ei gáva,
må elska vår Gud og vårt land.

Ein ørliten songfugl er eg,
med vengjer spede og små.
Men var eg ein ørn i skyi,
til fjelltinden siglde eg då.
Når der eg såg landet lysa
til fjernaste himmelrand,
eg skulle av hjarta beda:
Gud signe deg, Noreg, mitt land!

Ei strime av land utmed nordhavet vilt

Ei strime av jord
utmed storhavet vidt, –
stundom fjellvilt og strengt,
stundom ljøslyndt og blidt.
Dette landet er Noreg, –
eg nemner det mitt.

Ei strime av land
utmed nordhavet vilt, –
stundom herja av storm,
stundom vår-vent og mildt.
Dette landet er Noreg, –
so kjærte og so gildt!

Her folket vårt streva
i aldrar og år,
her dei onna og yrka
i skiftande kår,
i den kvit-kalde vinter,
i haust-dagen klår.

Her kalla det klokkor;
Guds kyrkjelyd kvad,
og tonen frå himmelen
gjorde deim glad.
Her grét dei og glederdest,
her song dei og bad.

Mot stjernone såg dei,
den evige verd,
og sanna: vårt heimland,
der er ikkje her.
No vil me deim fylgja
på pilegrimsferd.

Dette vakre og vide og veldige land

Dette vakre og vide og veldige land,
eg deg såg, og det syn sette hjarta i brand.
Eg såg fjellsjøen still innmed høgheimen vill.
Blanke små-bylgjor leika so lint imot strand.

Ifrå bre-vatnet, høgt under snø-kransa tind,
brusar bekken, – han leid gjennom lidene finn, –
sistpå fjellsjøen når; han ligg speglende klår,
stundom kokar i brå-kast frå kåtaste vind.

— — —

Og no sit eg i skog-heimen, – soli gjeng ned.
Berre bjøllone læt, – det er togn, det er fred. –
Eg ser Noreg, mitt land, der det stig frå si strand.
Dette storfagre rike, det hjarta mitt gled.

Mitt storlagde slott

Noreg, mitt land,
du er veldig og vidt
når du meg møter
i snø-skrudet kvitt,
når du meg helsar
som vår-landet blidt.

Noreg, mitt land,
du er vakkert og vilt, –
stundom du famnar meg
moderleg, mildt.
Stormane sjogar,
so sovnar du stilt.

Noreg, mitt land,
du mitt storlagde slott,
å, for ei gåva
i deg me hev fått!
Herre, me lovar deg,
landet er godt!

Noreg, mitt land,
eg er glad det var her
eg fekk ein heim
i ei underfull verd.
Noreg, mitt land,
du ligg hjarta mitt nær.

Å, for eit land

Ifrå midnattsol-riket der nord
til den smilande Skagerak-fjord
er det hundretals miler med mektig natur.
Det er fjell attom fjell,
det er fossande vell,
det er dal attved dal i det land der eg bur.
Og eg kviskrar: Å, for eit land!

Det er skifting frå stad og til stad,
det er skog millom snø-tindars rad,
det er mektige moar og milelang fly.
Her er fjellverdi vill,
der er skogheimen still,
der er sjøar som speglar den siglende sky.
Og det syng i meg: Å, for eit land!

Høyr, den svalande solvinden syng,
og det angar frå fjellblom og lyng;
der stend myr-ulli drivkvit og barnemjuk, mjå.

Det er stilt imot kveld, –
medan skuggane fell,
svagar symre og ballblom og stilreine strå.
Atter kviskrar eg: Å, for eit land!

Sjå den nordlys-leik, du, for eit syn,
der det spelar frå bryn og til bryn
yver tusentals flyer og kvitkrona fjell! –
Det vert sumar igjen;
no ei midnattsol stend
yver land, yver hav med sitt signande vell.
Slik er Noreg, – å du, for eit land!

Det er hav-marm og stor-storm om haust,
det er snø-rok kring fjelltinden traust.
Det er skodd, det er sprengkaldt, det knakar og
knest.
Men det mildnast på nytt;
snart er vinteren flytt,
og i våren dei vaknande blom-knuppar brest.
Atter tonar det: Å, for eit land!

Yver is-tid og ur-tid sin sand
glider elvar som sylvblanke band.
Å, kor vatnet er klårt i den straum av smaragd!
Imot havet dei gjeng,
snart i blomeprydd eng,
snart i dalar som talar om fedrar si bragd, –
gjeng med song gjennom Noreg, vårt land.

Her er heimar i grend etter grend,
her er kyrkjor som stavstille stend,
her er ungdom og alder og leikande born.
Her er flytt-fuglars spel
i den livsvåren sæl,
og om hausten det susar i fullmoge korn.
Signe Gud dette allfagre land!

Ja, det skifter frå villaste vilt
til det mjukaste, mildaste mildt;
det er samspel og stil, det er eining i alt.
Det er fin harmoni
millom høgfjell og lid,
millom fjorden og stor-havet salt.
Og eg takkar min Gud for mitt land!

Det ligg eit land mot Nordens pol

Det ligg eit land mot Nordens pol,
det lyfter seg frå havsens grunnar;
i stjernelys so barneblidt det blundar,
og søtt og stilt det søv i midnattsol.
Og båra bryt mot sterke strender,
og fjelli stig frå fagre grender.
Sjå bredden skin i kveldsol-brand.
Og det er Noreg, ja, det er Noreg, –
fedreland.

Men sterke tak tidt stormen tok, –
vårt land vart løynt av svarte skyer.
Då blæs det barskt på hav og fjell og flyer,
men sjø og snø og skog i rok og kok.
Men atter klårnar det og stilnar,
og varme vårar veret mildnar,
og soli vell om land og strand.
Då vent er Noreg, det gamle Noreg, –
fedreland. –

Her feste eingong fedrar bu,
dei sterke, stride viking-ætter.
Omsider kvarv den kalde, vonde vetter
for varm og vonfull kristenarv og tru.
Og enn i dag den tru oss tryggjer,
i fred og fridom her me byggjer.

Gud signe kvar ei møy, kvar mann!
Gud signe Noreg! Gud signe Noreg, –
fedreland!

Enn ligg vårt land mot Nordens pol,
det dyraste av alle landi.
Enn bårar havsens bylgjor inn mot strandi,
i stjerneskin og fager midnattsol.
Her fær me høyra himmelordi
og bera bod utyver jordi
om Han som alle berga kan.
So takk for Noreg! Ja, takk for Noreg, –
fedreland! –

Fedrelandet

Fedrelandet er folket mitt,
tusund heimar i raudt og kvitt, –
tungemålet til far og mor,
kjære, heimslege, kjende ord.

Fedrelandet er mor og far,
byar, bygder og grend og gard,
store skogar og fagre fjell,
lange lider der knuppar svell.

Fedrelandet er bjørk som sprett,
lauv som angar so ljuvt og lett,
hegg som blømer i juni-tid,
liti symra so bljug og blid.

Fedrelandet er lerce-kvitr,
stare-fløyting og fjellsol-glittr,
elv som susar og foss som syng,
blomehagar og haustens lyng.

Fedrelandet er hav og fjord, –
graset tett innmed isen gror.
Fedrelandet er blanke votn, –
liljor veks frå den mjuke botn.

Fedrelandet er ætters arv, –
slekter stridde, og sidan kvarv.
Størst av alt: dei oss gav Guds ord.
Denne skatten er meir enn stor.

Fedrelandet er hus og heim,
alle kjære, – me signar deim.
Må me alle, når sol gjeng ned,
sæle somna i Herrens fred!

*

Fedrelandet er floten vår, –
skip på alle dei heims-hav går, –
fangstmenn veidar i evig is;
nordlys stilt syng sin Skapars pris.

Fedrelandet er båt på fjord, –
vår og vinter dei fiske ror.
Djupt i fjellet sin gruvegang
bryt dei malmane dagen lang.

Fedrelandet er traktor-dur, –
arbeids-nevane rattet snur.
Bilar rullar, og bussar gjeng,
flyet sigler på lette veng.

Fedrelandet er kvar fabrikk, –
brus av reimer er livs-musikk.
Moldi vendest av blankslipt plog;
øksi syng i den stille skog.

Fedrelandet er lærdoms-hall, –
”Heilagt er det, studentens kall”, –
skulestovor i tusund-tal,
kunnskaps-faklar i fjord og dal.

Fedrelandet er ljosens her, –
stendig strid mot den vonde verd.
Sott på sjeli me meinka må.
Folket lyt på Guds vegar gå.

Fedrelandet er kyrkjerom;
lovsong lyder i tempel-dôm.
Og i einfelde bønehus
tonar songen til orgelbrus.

Fedrelandet, – ei viking-ferd
søker ut i den vide verd.
Lysa vil dei med livsens ord,
dela arven med ukjend bror.

Fedrelandet er flagg på stong,
Herrens hjelp gjennom tidi trong.
Korset enn i vårt merke står.
Må det lysa frå år til år!

Fedrelandet – me lovar Gud.
Fagert er det i snølin-skrud.
Vakkert er det i hausten klår,
aller venast i livsens vår.

Fedrelandet – det kjem ein dag,
du og eg då lyt skilja lag.
Voni lyser i kveldsol-brand:
Himmelen er mitt fedreland!

Hev du sagt takk for eit underfullt land

Hev du sagt takk for det landet du fekk,
der du i fridom frå barndomen gjekk,
vandra i vill og i veldig natur,
blidslege bøar og eldgamal ur?

Seg, hev du takka for far og for mor,
ævelivs von ved det levande ord?
Hev du 'kje gjort det, ta til no i dag!
Hjarta ditt tone av takksame slag!

Visstnok er vinteren stundom litt strid, –
atter det vårast, so ljuvleg ei tid.
Visst lyt me streva frå år og til år, –
lell fekk me leva i tålige kår.

Visstnok gjeng livet mot haust og mot kveld.
Soldagen stutnar og skuggane fell.
Atter det dagnar, – eit ovfagert gry.
Paradisvåren er evig og ny.

Hev du sagt takk for eit underfullt land?
Aldri vår skapar me fulltakka kan.
Her ropar fossar og fjordar i kor:
Herren, vår Gud, er allveldig og stor!

Takk til dei som lyfte landet!

Takk til dei som lyfte landet
i dei mange tusund år, –
odla det frå audn og armod
til det står der no det står,
vyrdsla det i vêt og uvêt,
sumar, vinter, haust og vår.

Takk til dei som bygde landet,
rikare til oss det gav,
snudde steinar, vender vollar,
stemnde ut på ovdjupt hav.
No me heidrar deira minne,
stend i takk ved deira grav.

Takk til dei som verja landet
so me fritt og frelst det eig.
Ufreds-skyer tidt seg târna,
soli attom skogen seig,
men omsider vent det dagna, –
atter opp i aust ho steig.

Takk til dei som kom til landet
med det ljose gledebod.
Stjernelaus og nifs var natti,
då det kom ei tidend god:
Kvite-Krist er heimsens herre,
løyste ætti med sitt blod.

Takk til dei som gav oss landet
med ein arv av kristen sed,
med ei tru som sælt oss signar
og ei von som varmt oss gled.
Herre, takk for gamle Noreg!
Unn det framtid – fridom – fred!

No stend me i takksemd ved fedrar si grav

Kven sette dei stolpar
på endelaus heid?
Kven tøygde dei trådar
på fjell-lendt leid?

Kven bygde dei banar
som gjeng gjennom fjell?
Kven tøynde vel fossen
sitt rådrinke vell?

Kven bygde dei vegar
langs avgrunn og stup,
i dalane dryge,
ved fjord-armen djup,
dei tusundtals gardar
som kvitmåla stend
og lyser imot oss
i grend etter grend?

Jau, *Noreg* det gjorde,
i ættled som kvarv.
Til oss vart det gjeve
som gjævaste arv.
No stend me i takksemd
ved fedrar si grav, –
i vyrdnad for verket
tek hatten vår av.

Og det er vårt heimland Noreg

Og det er vårt heimland Noreg, –
det ligg her so langt i nord.
Av Skaparen fekk det ein fagerdom
som ikkje kan tolkast med ord.

Og det er vårt heimland Noreg, –
det fekk seg so lang ei strand.
Og havet fyller kvar einaste fjord,
i velde det voggar mot land.

Og det er vårt heimland Noreg,
med frie og fagre fjell,
med syngjande skogar og stille votn
og tordnande fossevell.

Og det er vårt heimland Noreg, –
her folket i fridom bur.
Her vitnar om Herrens velde og makt
ein storfelt og stolt natur.

Og det er vårt heimland Noreg, –
her tonar eit heilagt kvad.
For ordet om Kristus kom hit eingong,
og hugen vart glødd og glad.

Og det er vårt heimland Noreg, –
me takkar for denne arv,
for miskunn og milde i faren tid,
mot ætter som kom og kvarv.

Og det er vårt heimland Noreg, –
me takkar vår Gud for deg.
Han styre vår leid til eit betre land
når enda er livsens veg!

Eit paradis-land under polen

Med sol yver snødekte vidder
useieleg vent er vårt land, –
dei fjellheimar vakre og ville
og skogane store og stille
og sjøar med stålis-lagd strand.

Og lyder so fløytande tonar,
me hev både vinter og vår!

Eit tempel der alt ropar æra,
er landet, og her vil me vera,
til ut me or livsdagen går.

Eit paradis-land under polen
er Noreg i nysnøen skir.
So høyrer eg vårfugle-klangar,
og mars-soli skin yver vangar,
frå klåraste kvelv av safir.

Kor stort å få eiga eit land som er mitt!

Hev du lengta eingong
i det framande land,
i ei ukjend og underleg verd, –
hev i spaning du speida
mot barndomens strand,
då fyrst veit du
kva heimlandet er.

Du til heimen er knytt
med dei sterkaste band, –
når det slit i dei,
kjennest det vel.
Og du dregst mot den stille,
ugløymande strand,
medan sorgmodet syng i di sjel.

Å, kor stort å få eiga
eit land som er mitt
og ein heim som eg glad kallar min!
Men det største av alt:
når eg striden hev stridt,
til ein æveleg heim ganga inn.

Og Noreg fekk eit jubelår

– 1905-1955 –

Og Noreg fekk eit jubelår, –
eit sekel halvt hev runne.
No minnest me den vene vår
me fridom hadde funne.

Og Noreg fekk eit jubel-år,
og enn me hev vår konge.
Me minnest fridoms-lilja klår, –
nett då ho hadde sprunge.

Me takkar Gud for all den tid
som sidan då hev gjenge.
Han signa oss i sorg og strid.
Og freden vara lenge.

Me takkar Gud, og honom bed:
Vårt heimland vel du vare!
Du signe oss med landefred,
og ver vårt vern i fare!

Det lys som eingong synte seg,
frå Noreg aldri vike!
Leid du vårt land på livsens veg!
Gud signe Noregs rike!

Haakon Rex

Ved Haakon VII sitt 50 års konge-jubileum

Ung han var hin gong han stemnde
inn mot Noregs strand.
Rak, i ro, ein hovding helsa
verhardt vikingland.

Bylgjor bar han mot dei strender
som so drygt eit bel
hadde sakna kongehylling
i sitt tonespel.

Ung var Noregs nye fridom, –
vene juni-vår.
Lukkestjerna gleim og glimta
ifrå kvelven klår.

Hyllings-kvede honom helsa
varmt velkomen heim.
Dei som unge var det året,
enno minnest deim.

Dei som unge var det året,
aldri gløyma kan
då den fagre fridoms-fuglen
gjesta Noregs land.

*

Inn han steig i Trondheims-domen,
kongekruna bar.
No han i eit folk av frie
Noregs hovding var.

Åri skrid i fred og fagnad,
folkelukka veks.
Samlingsmerket, det er Noregs
flagg og Haakon Rex.

Uvers-skyer tungt seg tårnar,
verdi kjem i brand.
Blod og eld og usæl øyding!
Berga vart vårt land.

Åri gjekk i onn og arbeid, –
folket hadde fred.
Atter toreskyer truga.
So slo lynet ned.

Lange var dei vonde åri, –
uvers-natti kvarv.
Atter stemnde han mot landet,
til sitt folk, sin arv.

*

Gamal var vår konge vorten, –
enno like rak, –
gråna i dei lagnadstunge
tider som låg bak.

Det var sol og song i landet,
bjarte bjørkers brus,
då vår hovding atter helsa
gamle Akershus.

Femti år – og enno eig me
denne hovding hæv.
For ei lukka for vårt heimland!
For ei gåva gjæv!

Soga susar, minni strøymer,
takketonar vell.
Herre, signe Noregs konge
i hans seine kveld! –

For kongen vår me takkar Gud!

Ein sus av sorgmod
gjenom lyse lider
ein solstill morgon
i den gylne haust.
No hev han enda
sine jordlivs-tider,
vår hovding hæv og høg
og trygg og traust.

Det var vårt land
ein livsens lukkelagnad
at han vart hovding
for det norske folk.
No hev det trugne hjarta
sistpå tagna,
og enda er den
lange tidarbolck.

Eit folk i sakn og sorg
no senker fana,
eit krossmerkt flagg
med florlett syrgjeskrud.
Hans ljose minne
vil til truskap mana.
For Haakon Rex
me audmjukt takkar Gud.

Eg ser eit land der langt i vest

Eg ser eit land der langt i vest,
der dagen døyr, – ein faren gjest.
Der logar det ein purpur-eld.
So ven han er, vår vinterkveld!

Ein måne sped i elden står, –
ein sigd av sylv i kvelden klår.
So sloknar denne purpur-brand
som lyste opp vårt vinterland.

Eg tagal her og teken stend
når denne fagre elden brenn.
Og landet ligg i vinterskrud.
Og lengsla gjeng ditt opp – mot Gud!

No søv mine skogar sin middags-blund

No søv mine skogar sin middags-blund, –
den luren og logn og gild.
Dei dormar og døser ei haustsol-stund,
dreg ande i dagen still.

No ligg mine åsar i middags-ro, –
på gardane søv dei òg.
På beitet buskapen blundar no.
Ja, sov berre, sol-kyst skog!

Vel kom det ei ele*, men fort ho fór,
og atter stend skogen still.
Ein middags-blund tek seg den gamle jord, –
ei solstund so ljuv og gild. –

Eit land som ligg og lyser

Eit land som ligg og lyser
i sol og stjerneskin,
og yver kvelver himlen

* Byge, som kjem fort og fær fort.

seg høg og blå og fin, –
eit land der stormen sjogar
med snø og rennefok
og havet bryt i velde
mot land i kok og rok.

Eit land med fjell og fonner
og tagal tinderad,
der sumarsoli spelar
og lerka kved sitt kvad, –
eit land med lange fjordar
og tusund øyars krans,
der nordlys lydlaust leikar
i skire stjernors glans.

Eit land med klåre elvar,
der fisken sym og sprett, –
med ville, blyge blomar,
som angar ljuvt og lett, –
eit land med store sjøar
og blanke, bjarte votn,
der du i stille dagar
kan sjå den djupe botn.

Eit land med ljose heimar,
med blomar i kvart glas, –
det tidt i farne tider
fanst ingen annan stas.
Du finn dei attmed fjorden
og i den bratte lid,
der store skogar susar,
i bygdi breid og blid.

Eit land der borni leikar,
dei unge hev det gildt,
dei vaksne strir og strevar,
dei gamle stig so stilt. –

Gud, signe du vårt heimland
og alle som her bur,
at det eit folk må vera
som på Gud Herren trur!

Eg er nærmare himmelen her

Eg er nærmare himmelen her;
uendeleg vakkert han blånar,
og snøfjelli oppyver skrånar,
der uri og reins-mosen grånar,
og alt imot høgdene ber.

Eg er nærmare himmelen her, –
i lettare eter eg andar,
og tidi med æva seg blandar, –
når morgonen raudnar og randar,
om kvelden når natti er nær.

Der dalane går

Endelause lider der dalane går,
vitnar om landet sitt velde.
Opp imot tagale tindar dei når,
merkte av år-tusunds elde.

Å, de digre dalar, eg syng dykkar pris,
og desse lokkande lider.
Dana de vart av den evige is,
forma i fjernaste tider.

Bekkene brusar, og fossane fell,
elvi i dalbotnen skumar,
klokkeklårt høyrest ein tempel-still kveld,
når det i Noreg er sumar.

Heimane ligg her i hallingi bratt,
bygdest i framfarne tider.
Heimen er dalen sin dyraste skatt,
gullet i heimlandets lider.

Noregs kongedal

Sjå, her tek Gudbrandsdalen til,
han er 'kje trong og Romsdal-vill, –
ein himmel-stormar prektig, –
men roleg, vid, monumental
er denne Noregs kongedal,
og milelang og mektig.

Eg gjenom denne dalen drog,
til Mjøsa ifrå Lesjaskog.
Å, desse lange lider,
med ljose lundar, brune hus
og døkke skogars linne sus
langs dalen sine sider!

Å, dette utsyn, denne ro
frå fly og fjell til sandgrå mo,
der Lågen ligg og drøymmer, –
so blankt eit band av grøn smaragd,
om Noregs barm so fagert lagd, –
det perlar og det strøymer.

Gud signe deg, du kongedal,
so veldig, vid, monumental,
og dine heimar mange!
Enn susar det frå saga-grunn;
Guds signing gå til siste stund
igjennom lider lange!

På Noreg sin barm

Her stend eg på Noreg sin bergfaste barm.
Eg kjenner meg undren, og teken og varm.
Den fjell-brynja, veit eg, ho heldt, og ho held,
frå istid og urtid – til verdi sin kveld.

Og fjellblomar fagre i kringom her stend,
dei kvitnar som snøen, i kveldsoli brenn.
Eg andar den angen, den fjell-lufti skir,
og yver seg kuplar ein kvelv av safir.

Og fjellbekken brusar, – han syng i sitt slott, –
og stilnar fyrst då når han fjorden hev nått.

Uendeleg langt kan eg utyver sjå,
sjølv ov-fjerne blånar kan auga mitt nå.
Det storsynet alltid om hjarta meg tok, –
med age eg ser i naturi si bok.
Då stend eg der tagal, med peikande hand:
Å, var det *so* mektig, mitt Noreg – mitt land!

I fjellheimen

Å, alt dette tagale, trauste,
og alt dette rike og rauste,
som lyfter mot høgdi seg her!
Å, alt dette mjuke og mjåe
og alt dette bjarte og blåe!
Det er som ei paradis-verd.

Å, alt dette sterke og stille,
og alt dette vene og ville,
som tøyer i himlen seg inn!

Å, alt dette lyse og lette,
den klåre og kjølege hette
som sveiper kvar einaste tind!

Å, alt dette skinande store,
som himmelens allmaktshand gjorde!
Og yver Guds sol glitrar ned.
Eg stend millom høg-kupla hallar;
alt lyfter og lokkar og kallar,
i æveleg stilla og fred.

Å, alt dette rolege, reine, –
eg stend i mi einsemd, aleine,
og ser dette solskire skrud.
Dei kjempor som klårnar og kvitnar,
i velde og venleik dei vitnar
om aldrars og ævordoms Gud.

Her byrjar Jotunheimen

Her byrjar Jotunheimen, –
her kan eg honom sjå.
Her stig dei steile tindar
mot høgdi still og blå.

Og her dei stødt hev stade
dei hundrad tusund år.
Her vil dei stendig standa,
til denne jord forgår.

Her brenn dei bjarte breder,
her blenkjer blanke votn.
Det skin i skire steinar
i djup og tagal botn.

Eg såg det store synet, –
det fram for augo gleim.
Han fyller meg med age,
den fagre Jotunheim.

Her ser eg ut yver hundrad fjell

Her ser eg ut yver hundrad fjell,
og sumarsoli hev ljøs åt alle.
Frå morgontimen til seinast kveld
ho fagert hev yver flyer falle.

Å, for eit land me av Gud hev fått, –
eit storverk skapa av meisterhender!
Det kviler under eit soltak blått,
med venleik lagd yver alle grender.

Det skin i snøbre og vene votn;
me ser so høgt her i tempel-hallar;
me ser so djupt til den bjarte botn,
og helgeklokkor til høgtid kallar.

Fjerne fjell

Langt unda, – og lenger enn langt, – ligg eit fjell,
det ser ut som eit skinande slott.
Av snøen som fall i ei vinternatt kald,
hev den fagraste sol-fell det fått.

Langt unda, – og lenger enn langt, – eg det ser.
Det i solkvelden silkekvitt skin.
Som eit Soria Moria strålar det der,
i det lette og lysande lin.

Langt unda, og lenger enn langt, – ligg mitt fjell,
og det barm-breidt og blått på meg dreg.
Eg skal sjå det omsider, ved solfall og kveld,
nå ho endar, mi vandring, min veg.

So sit eg atter under Rabnafjedlet

So sit eg atter under Rabnafjedlet
og ser den gamle, gråe berg-kontur.
Frå barndoms-åri strøymer minni mot meg,
og hugen min vert sorgsam, still og stur.

Og bjørkelidi, ho er nett den same,
og nøkke-rosa lyser, gul og kvit.
Enn vaker auren som hin gong han gjorde,
og attom fjedlet ris, so vent og vilt.

No krusar vinden vatnet inni viki,
og nøkke-rosa lyser, gul og kvit.
I rabb og runnar klokkelyngen raudnar.
Å sæle meg, at eg kom atter hit!

Her pip ein liten fugl i ospetreet,
han flyg frå grein til grein i bråsnøgg sving.
Kvi klagar du so sårt i solefallet?
Kva er i vegen, vesle arme ting?

Og bjødle-låten bryt den store stilla, –
det kui er som no skal heim til kvelds.
Den klangen kan so vel eg også minnast.
Kor gildt å koma atter hit til fjells!

Og gløyma må eg ei den grøne porsen.
Han angar like fint og friskt som då.
Og mikkjelsberet kransar kvar ei tuva.
Den blåe klokka, ho er like blå!

Her vil eg sitja medan soli dalar
og sumarvinden stryk imot mi kinn.
Og medan barneminni til meg talar,
dei gamle syner fyller hugen min.

Romsdals-fjelli

Kva er det for villskap som her hev seg synt?
Her hev det nok ramla og losna og lynt,
og lyft seg or havet den skyhøge tind,
som snøkront seg tøyser i himmelen inn.

Her kvelder seg kuplar med snøhette på,
her hevjar seg kollar mot himmelens blå.
Der fram stend ein nase, der opp sting ein pik,
og under ligg fjorden med blenkjande blik.

Dei ruggande ris i urikkeleg ro,
og stundom mot himmelen retter ei klo.
Og andre hev horn, sume taggute blad, –
seg teiknar mot himlen den ævero-rad.

Sjå, her er det blidare former alt fort, –
det er 'kje so veldig og villsleg og stort.
Og skogen i lidene lyser langt opp, –
ei kufta av lauv kring den berg-harde kropp.

Her dalane gjeng millom fløgbratte fjell,
der seint det vert morgon og tidleg kjem kveld.
Men folket bur her, og ved milelang fjord.
Her hev dei den fagraste heimen på jord.

Fjellsjøen

Der, under døkke lider,
det ligg og søv ein høg fjell-sjø.
Han himmel-lyset fangar,
dei ville blomar angar, –
og yver skin ein evig snø.

Den syni sinnet roar, –
den sjø av sylv, dei moar,
den tempelstille verd.
Den tinde-snø som kvitnar,
om allhers Gud han vitnar.
Eg høyrer æva andar her.

Fjell-åi

Fjell-åi glitrar og glid, –
stundom ho strøymer so strid,
spaknar, og blinkar so blid;
hastig mot havet ho skrid.

Fjell-åi, kjøleg og klår,
tilfang frå flyene får,
vinter'n tek med seg mot vår, –
kviler når havet ho når.

Fjell-åi, steinut og smal,
sig frå den skinande sal,
ned i den djupaste dal,
buldrar når stigen vert smal.

Fjell-åi sullar sin song,
dundrar når porten vert trong,
fell so til ro enn ein gong, –
kviler, for ferdi er lang.

Songa syng

Høyrer du Songa*, – so vent ho syng,
strøymer sin veg millom stein og lyng?
Men oppå myri si tuva,
der raudnar Nordens druva.

Ser du vel Songa, so skir og rein,
strøymer sin veg yver skura stein,
kastar seg utyver stupet,
villaste Urbø-glupet.

Naustnuten stig mot det djupe blå, –
derifrå kan du so vide sjå:
solfjell so langt som du skodar.
Morgon- og kvelds-kvelv rodar.

Viddene, sveipte i snøens lin,
kviler i stjerne- og måneskin.
Songa då søv under isen, –
vaknar i vårdags-disen.

Geite-mækking og bjølleklang
sumardagen so ljøs og lang.
Viddi, ho blånar mot kvelden,
sovnar i solfalls-elden.

Reinsdyr-flokken, so svint han flyg,
milelangt yver viddi dryg.
Molta, ho mognar på tuva,
Norden si skire druva.

Høyrer du Songa, – so vent ho syng,
strøymer i veg millom vidders lyng.

* Elv i Telemark, der Hardangervidda bytjar, no "regulert".

No kan me høyra på låten
at ho er mest på gråten. –

Eit fjell som stig med sol kring tind

Eit fjell som stig mot kvelven blå,
i lufti lett, med nysnø på, –
i mektig, majestetisk ro, –
det syn meg tok, og tek meg no.

Som brudeslør dei fossar fell
ifrå det stille, store fjell.
Ved foten grønkar bjørk og or.
Der kved om våren fuglars kor.

Eit fjell som stig med sol kring tind
og tøyer seg mot himlen inn,
imot det endelause blå, –
det er so stort eit syn å sjå.

Å stå som fjell på Gud-lagd tuft
og tøya seg i reinleiks luft
mot himlens endelause vell, –
eg gjerne likna slikt eit fjell. –

Telemark

Telemark med tusund sjøar,
kollar, knausar, fagre fjell,
unelege blide bøar,
heimar i kvart bakkehell.

Såg eg deg i blømingstidi:
hegg og apal og viol.

Bjørki lyser uppi lidi,
venast vår-tre under sol.

Gauk og lerka, liti erla
priser våren best dei kan.
Telemark – so fin ei perla
i vårt fagre fedreland!

Gullet i blomen si verd

Eg måtte til midnattsol-landet,
til vollane, vangane der,
for retteleg læra å kjenna
den gull-fargen gløda og brenna, –
sjå gullet i blomen si verd.

Sjå, smørblomen glinsar og glimar.
Han tirer i titusund-tal.
Soleia og ballblomen svagar
i ljuvlege midsumar-dagar
i Målselv sin mektige dal.

Det kvite og blåe me fagnar,
og raud-fargen òg hev med kjær.
I år såg eg gullregnet brenna, –
med gleda eg lærde å kjenna
det gullet i blomen si verd.

So vakkert Noreg er!

Å, so vakkert Noreg er,
når du gjennom landet fer!
Aldri såg du noko slikt.
For eit storfelt skapardikt!

Her spring friske fossevell
frå eit fløgbratt urtidstfjell.
Under blenkjer vatnet blidt.
Yver blånar himlen vidt.

Gjenom mange hundrad mil
møter me dei bjarte smil.
Atter skifter landet lag:
sterke, strenge alvors-drag.

Noreg er 'kje lite lell:
tusund flyer, fjordar, fjell,
dryge dalen, myr og mo,
endelause skogars ro.

Det som tek meg aller mest,
det som ligg mitt hjarta nest,
det er heimane eg ser,
og ei bøn for deim eg ber.

Store Gud, di skaparhand
gav oss dette gode land.
Størst av alt: me fekk ditt ord.
Signe du vårt land i nord! –

Kan det tenkjast eit gildare land?

Eg ser ut yver dalen, med åsar ikring,
der kvart tre stend med bladi i brand.
Det er haustsol og høgtid, og stilt eg meg spør:
Kan det tenkjast eit venare land?

Her gjeng storhavet inn i den fjellkransa fjord,
blomen turer ved isbredens rand.
Om ei stund er du komen i høgheimen inn.
Kan det tenkjast eit fagrare land?

Det er midnatt i nord, – men det endå er dag;
soli spelar på tind og ved strand.
Når so vinteren kjem, leikar nordlyset lognt.
Kan det finnast eit finare land?

Her ligg kvitmåla heimar i by og i grend, –
Gud hev signa, som han berre kan.
Me fær onna og yrka i fridom og fred, –
hev du takka for Noreg, vårt land?

Det kling klokkor frå tårnet, – dei kallar til helg, –
høyr, dei lokkar på møy og på mann!
Me hev ljøs på vår veg, me eig von yver grav.
Hev du takka for Noreg, vårt land?

Eg elskar dei store utsyn

Eg elskar dei store utsyn,
til åsar og fjerne fjell, –
og yver dei veldige vidder,
der soli gjeng ned om kveld.

Eg elskar dei store utsyn
mot stjernor i djupet blått,
mot æva sin lysheim attom.
Å, gjev at *det* mål var nått!

Ingen kan spana ein teltduk so blå

Ingen kan spana ein teltduk so blå
som den eg no ser yver snøkvite fjell.
Aldri eit skirare syn fær du sjå
når fjellsoli fritt yver viddene vell.

Aldri ei stillare stund hev du møtt
enn her millom høg fjell ein soldag mot vår.
Snø-lin i helios-glimen* ligg glødt,
ein dag so ufatteleg fager og klår.

Eg mitt heimland vil sjå

Eg mitt heimland vil sjå
i eit vinterskrud kvitt. –
Under himmelen blå
søv som barnet det blidt.
Sjå, på rim-bjørki fell
morgonsoli sitt vell, –
eg mitt heimland vil sjå, –
kvar ein skog, kvart eit fjell.

Eg mitt heimland vil sjå, –
det er stort, det er vidt,
eg er glad at eg må
dette land kalla mitt.
Eg vil gjesta kvar fjord,
til det høgaste nord.
Eg mitt heimland vil sjå, –
venast land her på jord.

Slik ser eg landet

So mange sjøar, so mange strender,
so mange gardar, so mange grender,
so mang ei ufs, og so mang ei ur,
so mange heimar der folket bur.

So mange kollar, so mange knausar,
so mange haugar, so mange hausar,
so mang ein døkk og so mang ein dal, –
på mange finst det 'kje namn og tal.

So mange lider, so mange lundar,
so mange ruster, so mange runnar,
so mange fløg og so mangt eit fall,
so mange bergmål i høgheims-hall.

So mange breder som brår og glitrar,
so mange vårfuglar kved og kvitrar,
so mang ein ellevill, munter bekk,
so mangt eit lengtande flyttfugl-trekk.

So mange susande store skogar,
so mange sjogande grågås-plogar,
so mange lerkor i lufti klår,
so mange symror i solrik vår.

So mange elvar som syng og strøymer,
so mange kjeldor som flør og fløymer,
so mang ein foss som i djupet fell,
so mang ei tora som smell og skrell.

So mange brotsjøar, mange bårar,
eit hav som gjev både smil og tårar,
so mange øyar og skjer og sund,
og gylte skyer ei solfalls-stund.

So mange vollar, so mange vangar,
der kornet mognar og høyet angar,
so mange blikstille, blanke votn,
der liljor renn or den mjuke botn.

* Helios (gresk) = sol.

So mange fjordar, so mange finnar,
so mange tårnhøge tempeltindar.
Slik er vårt heimland eit kyrkjekor
som tilbed Gud utan ljod og ord.

So mange fjell og so mange flyer, –
og yver sigler det solskins-skyer.
Slik ser eg landet frå nord til sud, –
eit allmakts-under, eit verk av Gud.

Flagget i morgonbrisen

No bårar flagget i morgon-brisen, –
å, Noregs merke, so vann du prisen,
imillom lyskledde bjørker smell,
og skuggen din på den sol-drakt fell.

*

Og denne syni i morgon-stundi,
kvar vart meir skir og meir bjart du funni?
No strøymer livet i fulle drag.
No er i Noreg det vår og dag!

Slik såg eg landet

Her er det blått
i berg, i sjø,
og i den vide
kuppel-kvelv,
i blomen på
den blide bø,
dei klokkor
som i solbris skjelv.

Her er det breidt
frå bryn til bryn.
Å, for eit land!
Å, for eit syn!

Her er det kvitt,
i sommarsky,
i snøen kring
den kvite tind,
i myrull mjuk
i fjellvidd-fly,
i molteblom,
i kvit syrin.
Slik såg eg Noreg,
landet mitt.
Du er so bjart,
du er so blidt.

Her er det gull
i aftan-glod, –
når dagen døyr
og tek farvel, –
i smørblid blom
på solsteikt mo, –
den skapning tidt
mitt hjarta stel.
Sjå, gullet glør
i hausten klår,
i åkrane
som mogne står.

Her er det grønt, –
å, for eit skrud
i kvar ein lund,
i kvar ei lid,
om vår når bjørkene
stend brud.

Å, for ei stund,
å, for ei tid!
Slik såg eg deg,
mitt slott, mitt land,
og hugen min
for godt du vann.

Ved Gjevilvatnet

Her stig i æve-ro
ifrå den mjuke mo
og vene votn
dei digre urtids-fjell.
Dei speglar seg om kveld,
når morgonsoli vell,
i djup-blank botn.

Det skin i snø kring tind,
og bjørkeskogen skrinn
til sist gjev opp.
Men reinsdyr-rosa gild
ho stend i lufti still, –
det er som om ho vil
nå øvste topp.

Og friske fossar fell
ifrå dei fagre fjell
i sjøen ned,
der kåte aurar sprett.
Sjå, svola sviv so lett,
og sommar-doggi dett
i midnatts-fred.

So gildt å vera her
i denne ville verd,
der stilla rår!

Her er det kvitt og blått,
her er det grønt og grått, –
eit stilreint tindeslott
mot kvelven klår. –

Vinter-Noreg

Sjå, dette er vinter-Noreg,
ei draum-verd av snø-lin kvitt.
Eg ser dette reine rike,
og då er det ikkje fritt
at blodet i barmen brusar,
for di dette landet er mitt!

Der glitrar ei bjørk i rim-skrud,
der kviler ein skog i kvitt,
der drøymer ein is-lagt innsjø, –
å, bror, – dette land er *ditt!*
Og høgt yver vinter-vidder
skin stjernor lys-år-vidt.

Og snur eg meg so, – ein fjell-heim
i æve-still ro ligg der,
med tindar og tårn og toppar
i skinande kvite klær.
Då tonar mot Han ei hymne
som skapte den vene verd.

Enno kan eg gå i mjuke vollar

Enno kan eg gå i mjuke vollar, –
blide blommar angar mildt mot meg.
Enno ser seg opp mot støe kollar,
som i solskir luft mot himlen tøyser seg.

Enno kan eg helsa aftan-glímen, –
å, kor han er gild og ljuv og god!
Enno kan eg stå i morgontímen,
sjå kor soli renn i opphøgð æve-ro.

Enno kan eg høyra bjøllelåten, –
slåmaskínen som i engi syng.
Enno kan eg høyra barnegråten, –
sorgmod-sukken sår i haustens lyse lyng.

Enno kan eg himmelklángen høyra,
som om evig dag og vår ber bod.
Å, kor stort at enn han når mitt øyra,
denne livsens tone sæl og ljuv og god!

Kor kjært å sjå landet igjen!

So dette er Noreg, landet!
Kor kjært å få sjå det igjen, –
dei rolege, lange lider
og skogen, som kyrkjestíll stend!

Det tek meg på nytt, – slikt velde,
slik villskap i storlagd stíll.
Her tøyser seg jotunheimar
og jøklar dei mange mil.

Her kløyver dei djupe fjordar
det mektige urfjell-massívl.
Men tett ved den blåkvíte breen
ber blomane bod: her er lívl!

Ja, dette er Noreg, landet!
Det danast í tíusen år.
Snart skín det í skírase snø-skrud,
snart vaknar det atter mot vår.

Og her, í dei tusund heimar,
bur fedrar og mødrer og born.
Her sår me í unge åkrar,
her haustar me mogle korn.

Gud sígne deg, gamle Noreg,
deg unne eit framtíds-år!
Gud gjeve med borni díne
mot lyset og lívet du går!

Det syng í dei høge salar

Gud gav oss ein heim so gild og god,
og der fekk me bu og byggja.
Her rádde det jamnast fred og ro;
her hadde me helg og tryggja.
Me lovar deg, store Gud og Far,
at du vílle Noreg tryggja.

Du prydde vårt land med underverk,
og alt om dí visdom talar.
Me ser kor dí hand er stor og sterk,
í snøfjell og stílle dalar.
Å, Herre, vårt heimland lovar deg.
Det syng í dei høge salar.

Du lyfte vårt land or naud og natt,
du kom í vår ve og våde.
Du gav oss vår fred og frídom att.
Me lovar deg, – alt var nåde.
Å, Herre, í ukjend dag og tíd
du míldt yver Noreg ráde!

VÅREN SPELAR OG SUMAREN SYNG

– LANDET FRA VÅR TIL VÅR –

*Eg vil møta den vaknande våren,
der han kjem med ei bylgja frå sud.
Og når hausten sig inn yver livet,
må eg møta han nyfødd hjå Gud!*

I dag bankar våren på Noreg sin port

I dag bankar våren på Noreg si dør,
so varmt som han gjorde i årtusund før.
Og handi ligg løynd i ei våt-skodd frå sør.

I dag bankar våren på Noreg sin port,
so lint som i årtusund før det vart gjort.
Og atter skjer underet, evig-ungt, stort.

I dag bankar våren, – og Noreg gjev gaum,
og opnar sin barm i ein lukkeleg draum
for lyset og livet sin ovfagre flaum.

No lyfter seg soli frank og fri

No lyfter seg soli frank og fri,
høgt yver toppar og tindar,
logar i lund og lyser i lid,
vermer i rabbar og rindar.
Gjeng ho frå siger til siger no,
vinn yver vinter og snø og sno.

No lyfter seg soli stor og still
yver dei dormande skogar.
Snart fær me sjå den syni gild:
flyttfugl i stilreine plogar.
Då er det atter vår her nord, –
gildaste tid på den gamle jord.

No lyfter seg soli ljøs og gild
yver det kvitkledde landet.
Enno ligg jordi stiv og still,
lett under snøen dreg ande.
Himmelen kvelver seg blank og blå,
venare vert med kvart år å sjå.

No lyfter seg soli blid og bjart
ut mot dei vårlege tider.
Inn skrumpar natti nifs og svart, –
snart vert det lauvsprett i lider.
Herre, kor her er godt å bu!
Best då på deg og på himlen tru.

Eg vil møta våren

Eg vil møta den vaknande våren,
eg vil lyda til klangfylte kvad.
For det snart kan den siste gong vera
at ei lerka gjer hugen min glad.

Eg vil kjenna den bråtebrand-angen,
sjå den logande, livlege eld,
høyra sysvorti syngja i skogen
i den dag-klåre, drøymande kveld.

Eg vil fylgja den svellande knuppen,
der han vågar seg fram frå sitt rom,
sjå dei skinande skjoldane bresta,
sistpå sjå honom bresta i blom.

Eg vil møta den vaknande våren,
der han kjem med ei bylgja frå sud.
Og når hausten sig inn yver livet,
må eg møta han nyfødd hjå Gud! –

Gud spelar stort, Gud spelar stilt

So sigrar soli sterkt og stort.
Igjenom tidleg demrings-port
ho yver landet bårar.
Og ljuset yver jordi vell,
og seinare kjem kvar ein kveld,
ut mot dei unge vårar.

Kor det er ljuvt, kor det er gildt, –
so kjøleg-friskt, men endå mildt,
og dette solskins-vellet!
Det vaknar noko i min barm,
eg kjenner meg so glad og varm.
Snart ollar livsens kjelde.

Gud spelar stort, Gud spelar stilt, –
i stormen stundom sterkt og vilt;
men vinter-veret spaknar.
Snart tonar vårens harpespel,
og lerka syng og gauken gjel,
og alle liljor vaknar.

Landet ligg lauga i lys og dag

Landet ligg lauga i lys og dag;
natti, – mest berre eit minne, –
kverv som eit myrknande andletsdrag.
Sol er det ute og inne.
Gløymd er no vinterens tunge tid.
Våren er komen, so ung og blid.

Ven er vel våren i norderland, –
lys-vellet bylgjar og bårar.
Fuglar på veg mot ei norrøn strand, –
varsel om vaknande vårar.
Allting fær blidare let og lag,
landet ligg lauga i lys og dag. –

Slik er Noreg, no ut mot vår

Alle skogar i landet svell, –
knuppar i millionar,
i eit vermande vårens vell,
til tusund fuglekvads tonar.
Landet ligg i eit hav av ljøs,
og alt som kan venta, vonar.

Slik er Noreg – no ut mot vår –
venare vert omsider.
Livsens bylgja om landet går,
det lauvast i lundar og lider.
Herre, takk for det skire syn, –
dei ljuvlege, gilde tider!

No fløytar staren i sin topp

No vaknar knuppen på si grein, –
han sprengjer skjolden sin.
Han er so barnefrisk og rein,
han er so karsk og fin.

No fløytar staren i sin topp, –
den tonen er vel klår.
Og snart let blomen auga opp.
So er det atter vår.

No er det dag ved nattetid,
no er det song og spel.
Eg helsar våren, ven og blid,
med lovsong i mi sjel.

Og so er lerka komen!

Og so er lerka komen, –
eg høyrer hennar strengespel.
Ho heng der høgt oppunder kvelven, –
frå fyrste stund ho hugen stel.
Og himmelen er høg og klår,
og det er atter vår.

Ho syng til seine kvelden,
fordi ho er so hjartans glad, –
fordi ho endeleg er komen
og atter fann sin kjære stad.
Og soli stryk so langt av leid,
høgt yver hav og heid.

Eg hev 'kje lerke-vengjer, –
eg kan 'kje hennar kvad.
Men fuglen i meg kvittrar, –
eg ogso er so glad.
For soli er so skir og klår.
Og det er atter vår.

I dag gol gauken yver svarte skogar

I dag gol gauken yver svarte skogar, –
det hender sjeldan, sa mi gamle mor.
I moldi er 'kje komne vårens plogar,
og kald og klakut enn er moder jord.

Men sjølv kan mor 'kje lenger gauken høyra,
om låten lyder kjend og klokke-klår.
For veikt og vesalt vart det vakne øyra,
og det er lenge sidan livsens vår.

I dag han kom, – på sjølv fridomsdagen, –
og med det same sette i og gol.
Om trei enno nakne stend i hagen,
dei spring nok ut, so sant det vert litt sol.

Der skogen byrjar, symra stend og hutrar;
ho nyfødd er, og saknar soli sårt.
Og fuglane, dei stille sit, og sutrar.
Det er for kaldt til kvadet varmt og klårt.

Men det er mai, – og han som bogen sette
i skyi, lova: medan verdi står,
skal ingen fåfengt lengta etter dette:
på kvar ein vinter vaknar venast vår. –

No kleder Gud dei kalde kvister

No kleder Gud dei kalde kvister
med skirt og lys-sart nylauv-lin.
Eg stend i age og i undring
ved denne klednad ung og fin.

No fyllest alle livsens lundar
med friskt og fagert unglauv-skrud.
Det tonar ifrå fylte krunor.
Det fuglen er som lovar Gud.

Eg stend og ser i morgontimen
kor landet livnar, lysnar att.
So takkar eg min Gud for våren,
den underfulle, fagre skatt.

Eg stend og ser i morgon-glimen,
og høyrer fugletonen klår.
Då lovar eg min store Skapar
for von om sæl og evig vår.

Når songen og soli fær makt

Det finst ikkje noko i verdi so vid –
av alt som er sett eller sagt –
som likna me kan med den ljuvlege tid
når songen og soli fær makt.

Då kverv alt det kalde, sjølv døden må fly, –
det liv som i lekkjor vart lagt,
no vaknar og vitnar i vårdagen ny, –
når songen og soli fær makt.

Du tidleg kan vakna, og dagen er der,
og himmelens blånande prakt.
So gild og so ljuv og so ven er vår verd,
for songen og soli fær makt.

Og eingong eg vaknar i æveleg vår,
når jordlivet attom er lagt.
Ei iling av lukka igjennom meg går, –
der songen og soli hev makt.

Gjennom Noreg sin vår gjeng min veg

Gjennom Noreg sin vår gjeng min veg,
framom blånande sjøar eg dreg,
med ei glitrande sylvstrime-rand.
Eg ser symror i sol,
og konvall og fiol
Ja, Gud gav oss eit underfullt land.

Gjennom Noreg sin livsvår eg drog,
gjennom vonfull og vaknande skog,
der eit vår-kor av fuglar heldt fest. –
Her dei horvar og sår,
medan mai-dagen går,
alt til kveldsoli glader i vest.

Gjennom våren eg vidare fèr, –
inn i Noreg si eventyr-verd,
med ein venleik eg tolka 'kje kan.
Her gjeng fjordane inn,
her stend tind attmed tind, –
ja, Gud gav oss eit underfullt land.

Tusund blomar stirer mot meg

Tusund blomar stirer mot meg
i den svale sumars-kveld.
Enno kan eg lerka høyra;
kvadet hennar når mitt øyra.
No ho aftan-andakt held.

Tusund blomar stirer mot meg, –
no dei stilt i skuggen stend:
tiriltunga, prestekrage
i min villblom-hage.
Snart dei somnar, – vaker enn.

Tusund blomar stirer mot meg:
gull og purpur, drivkvitt lin.
Kløver-krunor, eng-soleior,
slanke siv-strå nikkar, neier
mens det siste sollys dvin.

Blyge, blide, bjarte blomar, –
takk fordi de på meg såg.
De Guds allmakt vil meg vise.
Reinleiken frå paradiset
enn i dykkar krunor låg.

Fjell-vår

Friske fjellsjøer blenkjer, –
nysprøtne bjørker ved strandi,
løyste or istid-bandi.
Vatnet ligg stilt og tenkjer.

Friske fjellbekker brusar,
hastar mot klåre sjøar;
grønkar dei brune bøar.
Fjellfriske furu susar.

Friske fjell-elvar strøymer,
blånar om kapp med kvelven.
Bjørki i solskins-skjelven
lukkeleg stend og drøymer.

Då tek me det tusundfald att

Vel er vinteren tung,
og kan henda litt strid, –
ho er lang, denne midvinters-natt,
men i våren si ljuvlege, tonande tid,
då tek me det tusundfald att.

Då er dagen so lang
ifrå gry og til kveld, –
det er berre ei aning av natt.
I eit signande solskin sitt vermande vell,
då tek med det tusundfald att.

Å, er dette ein vår! –
eg det mest hadde gløymt.
Eg velsignar den skinande skatt.
Ja, han gildare er
enn mitt hjarta hev drøymt.
No tek me det tusundfald att.

Og om jordlivet stundom
er vinteren lik,
og me tykkjer at lang vert vår natt,
i ein æveleg vår, so useieleg rik,
då tek me det tusundfald att.

No skin det som nysnø i natti

No skin det som nysnø i natti, –
tusund-tals aldetre-blomar, –
eit av dei skiraste syn eg fær sjå.
So er det atter sumar.

Nyst bione summa og surra
heile den solrike dagen.
Kvelden kom på, – dei til kupone flaug.
No er det stilt i hagen.

Det skin nett som nysnø derute. –
Eit ange-fylt livsens under.
Skaparen lovar dei, stor og sterk,
i tagale nattestunder.

Soli om sumaren sigler so langt

Soli om sumaren sigler so langt, –
tidleg tek til på den ferdi,
signar so mange og skin på so mangt,
lyser so vide om verdi.

Soli ein sumardag seint gjeng til ro,
tek det med tol før ho dalar.
Kvelds-glimen er oss so ljuv og so god, –
vind-draget smeikjer og svarar.

Bjøllone kling i den solklåre kveld,
gauke-mål ljodar i lidi.
Langt der i vest skin ein solefalls-eld.
Fager er høgsumar-tidi.

Fuglane kved i den lauv-fylte lund.
Alde-tre blømer i hagen.
Kjennest det mest som ei paradis-stund.
Takk for den draumfagre dagen!

I året sin lengste kveld

Her vil eg sitja og sjå og sjå,
i året sin lengste kveld, –
skygna mot soli, til dess ho lyt gå
ned attom ås og fjell.

Her vil eg sitja, til minnes dra
den våren som frå meg fór,
minnast det lokkande lerke-kvad
yver ei ny-kledd jord.

Her vil eg sitja og tenkja på:
Det ut imot hausten lid.
Her vil eg sitja og sjå og sjå, –
takka for svunni tid.

Aldri såg du slik sankthans

Aldri såg du slik sankthans, –
sky og solskin hadde signa;
lider, lundar, skogar digna
av ein lauvrik livsens krans.

Aldri såg du slik ein vår, –
soli glitra, doggi svala,
lerkone dei steig og dala
under kvelven skir og klår.

Jonsok-dag og -natt

Jonsok-dagen er so mjuk ei minning
om paradiset tapt og vunne att.
Og lyset vell, og raude rosor angar, –
eg takkar Gud for livsens fagre skatt.

Jonsok-natti – det er sumardagen
som drøymer lett og blundar blidt eit bel.
So slær han opp sitt blanke, bjarte auga,
imedan gauken lydt i lidi gjel.

Jonsok-tid, – då er det gildt å leva.
Den fulle flaum av ljøs og liv og song, –
alt talar om vår store Gud og Skapar, –
og om den vår som ventar oss eingong.

Takk for høgsommaren

Herre, for høgsommar-tidi
inderleg takkar eg deg.
Lovsongen tonar i lidi,
hugen mot høgdi han dreg.

Herre, for høgsommar-gryet
inderleg takka eg vil.
Soli i dagen den nye
strålar i demringi still.

Herre, for høgsommar-dagen
takkar eg, teken og glad.
Solvellet voggar i hagen, –
lyslyndt er lerka sitt kvad.

Herre, for høgsommar-kvelden
takkar eg deg som han gav.

Fager er solefalls-elden,
logar, og lognar so av.

Herre, for høgsommar-tidi
inderleg takkar eg deg.
Og, – når ho eingong er lidi, –
heim eg til vårlandet dreg.

Bøn i turketid

Herre, gjev himmelens dogg
yver visnande vollar,
signande skurer du sende
til tyrstande kollar!
Gud, ver oss god,
opna den livsfriske flod, –
kjelda som surlar og ollar!

Engjar og åkrar mot
svalande straumar no stundar.
Talmast dei må om du no
ikkje snart deg miskunnar.
Audmjukt me bed:
send ifrå høgden ned
livsdrykk frå farande brunnar! –

So lyser landet i kveldsol-glimen

So lyser landet i kveldsol-glimen,
den siste sumardags-aftantimen.
Kor ho er vakker, den gamle jord, –
og ikkje minst i det høge nord!

Kor lint han logar, den aftan-elden,
og klokkor kling i den stille kvelden.

Kor ho er vakker, den gamle verd
når ho er ute på sumars-ferd!

So lyser landet i kveldsol-glimen.
Kor han er ljuvleg, den solfalls-timen!
Kor det er vakkert, vårt gamle land
når stilt det kviler i kveldsol-brand!

Tore-vêr

I høge hallar
tora skrallar, –
det høgtidssamt
og herleg er.
Og lyni glimtar,
skin, – det skimtar
fram ei veldig
allmakts-verd.

Sjå, der stend bogen,
lovnads-logen, –
han byggjer bru
frå bryn til bryn.
Og farge-elden
glør i kvelden, –
eit takande
og storfelt syn.

Ei sky seg tårnar,
so det klårnar,
og doggi glim
i blanke blad.
Sjå, soli smiler,
grendi kviler,
og fuglen kved
eit takkekvad.

Den blåaste blomen i verdi

Den blåaste blomen i verdi
høgt oppe i fjellheimen skein.
Han rann or den skrinnaste grunnen,
so paradys-vakker og rein.

Den blåaste blomen i verdi
eg oppe i høgfjellet såg.
Ein blåne som hans ikkje eingong
på sjølvaste himmelen låg.

Eg fann han ein morgon på viddi,
og jøklane kringom han brann.
Og fegegen eg vart då eg honom
blant blodberg og lamba-gras* fann.

*

So kom eg attende i kvelden, –
min ny-vunne ven ville sjå.
Der lyste det fjell-blomar raude, –
men kvar var den blåaste blå?

Eg leitte meg fram til den tuva
der eg i dag tidleg han såg.
Kvar er du, – hev nokon deg teke,
du blå-blom som smilte so fjåg?

Med eitt fekk i undring og age
eg sjå denne smålåtne skatt.
No hadde, i kveldsskuggen kalde,
han lognt late auga sitt att.

* Namn på islandske villblomar. Den blåe blomen heiter på islandske "katt-auga", på norsk "snø-søte". – Diktet er skrivne i innlandet på Island.

No sov han so tryge på si tuva,
til soli i dag-gryet rann,
då stilt han sitt hjarteblad opna,
då atter sin livs-drykk han fann.

*

Den blåaste blomen i verdi,
som høgt oppi fjell-audni skein,
meg lærde so einfeld ein løyndom, –
ein veg til å varda seg rein.

Då blåaste blomen i verdi,
som sovnar i aftansol-blik,
du synte kor paradisetanken
på fargar og reinleik er rik.

Og vollen i vinden svagar

Og vollen i vinden svagar,
ei solstund so god og blid,
i ljuvlege juli-hagar,
i årsens ljøsaste tid, –
kløver og prestekragar.

Ja, vollen i vinden svagar,
og blåkløkkor kringom stend.
Og solskyer yver jagar, –
i ro ligg den gamle grend.
Det lyser i livsens hagar.

Å, alle dei blomar blide –!

Å, alle dei blomar blide
som fell for den kvasse ljå,

kvar dag no ved slåtte-tide, –
dei ljuve og gilde små.

Å, alle dei blomar unge,
som bleiknar ein sumarsdag!
Sjå kløver og tiril-tunge,
dei dett no for ljåens drag.

Den kvitkrona prestekrage
og smørblomen gul og blid, –
dei anga i livsens hage;
brått enda den stutte tid.

Å, alle de blomar blide,
som song dykkar Skapars pris!
All skapning i sårast kvide
no lengtar til paradiset. –

Paradisets andletsdrag

Ein solvarm, ljuvleg sumardag
eg høyrer livsens hjerteslag, –
og paradisets andletsdrag
eg synest sjå.

Kor vent å høyra bjøllelåt
og sjå ei bjørk i regnvers-gråt,
og unge, friske, fine skot
på kvart eit tre!

I solgangs-brisen bladi skjelv,
og skyer sviv på djupblå kvelv.
Og stilt mot havet flyt mi elv
ein sumardag.

Sjå, bia flyg frå blom til blom,
syp honning i kvart beger-rom.
Alt speglar av Guds herlegdom,
og lovsyng han.

Ein fuglepip, – ein klagelåt! –
Kvar skapning kjenner òg til gråt.
Me alle er i same båt.
Men me eig – von.

Eg gledde meg frå år til år,
og mest kvar vonfull vahnings-vår;
men denne undertonen sår
eg òg veit av.

Eg gled meg kvart eit sumars-bel,
ved blome-blygd og tonespel.
Og græt det stundom i mi sjel,
eg enn eig von.

Eg gled meg når eg opp fær sjå
mot dette æve-djupe blå
og ser dei blyge blomar små,
som smiler der.

Eg gled meg yver skog og eng
og fuglen fjåg på lette veng,
og doggi som i graset heng
ei morgonstund.

So gled eg meg til paradís, –
der ingen døyr i dødsens is,
men alle syng sin Skapars pris, –
i æve-år.

Nyst døydde det ein dag

Nyst døydde det ein dag, langt, langt derute, –
ein sumardag er nettopp gått til ro.
Han vara lenge, frå det stille gryet.
Kvar time var so logn og ljøs og god.

Nyst døydde det ein lut av mine dagar, –
av tidi mi litt mindre no er att.
Med takk eg minnest alle leve-åri.
Gud signe resten av den dyre skatt!

Det brenn i Noregs tusund fjell

Det glør og glim ei liti stund,
i knaus og koll, i lid og lund,
kvar osp, kvar or, kvar eik i eld!
Det brenn i Noregs tusund fjell.
So er atter haust.

Og fagert er mitt fedreland
i desse fargars bragd og brand.
Men brått brenn denne elden ned, –
so er det atter seinhaust-fred.
Og vinteren er nær.

Mitt heimland glør i feberbrand, –
det logar vent ved kvar ei strand.
Det tek meg like sterkt kvar gong;
i barmen tonar det ein song, –
ein sukk, – ei von om vår.

Hausten held inntog i landet

Hausten held inntog i landet, –
me helsar den lyse drott.
Gullkruna ligg kringom panna,
og høgt er det solskire slott.

Hausten held inntog i landet,
og kornet eit hyllings-kvad syng.
Rognebær-runnane raudnar,
og heidi sin lysande lyng.

Hausten held inntog i landet,
den droten si panne er klår.
Lell stend eg litt sturen, eg minnest
den livsfylte, lysande vår. –

Hausten held inntog i landet.
Meir lognt tonar livet sitt spel.
Langt framme, der helsar eg våren,
då gauken i liene gjel.

September-sola er so rar

”September-sola er so rar,
og dagen er so klar, so klar,”
han sa, ein gamal arbeidskar. –
Og eg er samd med han.

September-dagen er so still
og solskins-glimen ljuv og gild.
Vel høyrest ingen lerke-trill,
men du kor vent det er!

Ein liten halvdøyvd bjøllelåt,
ein sorgmods-sukk, ein vemods-gråt.
Kvar eng av morgondogg er våt.
Og doggi glim og glør.

Og dagen gjeng mot vest frå aust,
ein fargerik og gyllen haust.
Eg ser eit utsyn endelaust,
når alt er vorte nytt.

Sjølv kornet vil syngja sin skapars pris

So fekk eg då atter sjå mogi frukt!
Eg tek henne varleg frå greini ned,
og dagen er breddfull av haustens fred.

Ho heng her so gyllen og rik og rein,
mens morgonens sol gjennom skodda bryt.
Og ut yver landet eit lys-vell flyt.

So stilt det hev vorte! – eit einsleg ”pip”.
Men onne-maskinane summar og syng,
og haustsoli smeikjer den raude lyng.

Ho åkrane signar, – dei mogne stend.
Kor vent når dei bårar i solgangs-bris!
Sjølv kornet vil syngja sin skapars pris.

Mitt hjarta syng med, – men eg kjenner på:
ei æva eg treng til å lova han
som livet meg gav og meg voni vann.

Eg stend her ved skogen, – eg ser og ser.
So vakker er hausten, og varm og rik!
Eg synest at aldri eg såg han slik.

Takk, Herre, for vinter og vår og haust!
Kor er eg vel rik at òg eg vart med!
Og ævelivs-voni mitt hjarta gled!

Eg såg ein åker i solfalls-timen

Eg såg ein åker i solfalls-timen, –
han låg og lyste i kveldsol-glimen.
Det synet sokk mens eg framom fór, –
ei andakt-stund utan song og ord.

So sterkt det synet til sjeli tala, –
imedan soli mot skogen dala.
Ein åker mogen, eit mål er nått.
Det lukkast, det som i vår vart sått.

Eg gløymer aldri den korngull-glimen
som gleim og glødde i solfalls-timen.
Eg framom fór, men i hugen enn
han ligg og lyser og skin og brenn.

Her er ei lerka som ikkje fór

Her er ei lerka som ikkje fór
då flyttfugl-flokkane flaug frå nord.
Her er ei lerka som ikkje drog, –
no sit ho einsam ved tagal skog.

Ho sit på tråden, – eit lite ”pip”, –
tek so ein snartur, – vi-vipp, vi-vipp.
Kvar er vel tirlingi perleklår,
som fylte lufti i heile vår?

Her er ei lerka som ikkje strauk
då alle hine frå landet fauk.
Kor skal det ganga deg, litle du?
Mon tru du greider ein vinters gru?

Kor gildt å møta deg no i kveld!
På same tid er eg sorgtung lell.
Du skulle vor der nede no,
og kome att – i ei vårtid god.

Når hausten eingong kjem òg til meg,
må budd eg vera, so glad eg dreg
frå dødsens dalar til livsens land,
til evig vår på den sæle strand!

Nokre hektiske dagar i hausten sein

Nokre hektiske dagar i hausten sein
stend skogen i glod og brand.
Det logar og lyser i lid og lund.
Då vakkert er Noreg, vårt land.

Og bjørki og ospi er solglødd gull, –
det blenkjer so blankt og bjart.
Og lauvet det fell, – desse gylna blad, –
i skogvatnet stilt og svart.

Nokre hektiske dagar i hausten sein
stend skogen i brand og glod, –
eit gjenskin av himmelens herlegdom.
So fagert er Noreg no!

Moge gull

Dei gulnande åkrar er moge gull;
dei bårar i blidleg bris.
No glimar dei i ei solskins-stund,
og syng deira Skapars pris.

Det byrja i vår med eit nake korn,
som morkna i myrke mold.
No skin eit glødande hav av gull,
med bognande, fagre foll.

So tidt dette syn meg om hjarta tok, –
dei livsmålet no hev nått.
Å, gjev det må seiast om meg ein dag!
Då allting vert evig godt.

Eg vert ikkje trøytt av å sjå det syn:
det fullmogne livsens gull. –
Må mogen eg i mi haust-stund stå.
Gud, gjev det for Jesu skuld! –

I gleda det glødande livet dreg ande

No signar ein solkyss dei blad som skal falla,
i feber-glod kinni mot haust-bakken halla.
Derute frå verds-romet soli med makt
sitt vermande vell yver lauvet hev lagt.

I dag er det høgtid og helg yver landet, –
i gleda det glødande livet dreg ange.
Det veit at om visning i kronene rår,
so ventar der framme ein vaknande vår.

Å, alle dei vende åkrar

Å, alle dei vende åkrar, –
de vitnar: ein haust er til ende.
Vinter og vår og sumar gjekk
sidan de sist vart vende.

Vinter og vår og sumar fór
sidan de sist vart pløgde.
Men de hev mogna det gylne korn, –
no kan de vera nøgde.

Å, alle dei vende åkrar
i helgedags haust-fred kviler.
Ja, sov de berre, – de vaknar nok
når vårsoli varmt mot dykk smiler.

Gullstenk i haustlege hagar

Frå unge bjørker bladi dett,
lognt og lett, –
tett i tett,
det er gullstenk
i haustlege hagar.

I natt fekk bjørki rim i hår, –
sol det får, –
doggi klår
dett i dropar
frå bladlause greiner.

Og kråkor flyg i flokk av stad, –
kra, kra, kra, –
hev det bra.
Det er gullstenk
i haustlege skogar.

Og dagen solklår er og still,
ljuv og gild, –
frå og til
flyg fuglar
i haustlege lider.

So er hausten ogso god,
rik på ro.
Men alt no
ser me mot våren den nye.

Det græt ein stad i den gylne lid

No er dei spreidde for vêr og vindar,
dei blad som kledde kvart tre i vår.
Og snøen legg seg kring kvite tindar,
og hausten stilt gjennom landet går.

Dei nakne greiner i lufti sprikjer
mot seinhaust-himmelen lys og lett.
Med nye knuppar dei endå brikjer
og lagar venaste silhouett.

Å, høyr – ei harpa i sorgmod sitrar;
det græt ein stad i den gylne lid.
Der ingen småfugl i toppen kvitrar,
den gilde lys-tid er no forbi.

So somnar alle skogar

No alle lundar gyllest,
og lauvet fell mot jord.
Omsider so dei fyllest, –
det vårast her i nord.

No heile Noreg gløder
i fager feber-brand.
Ei farge-kjelda fløder,
utover alt vårt land.

Og alle lider logar
i fager farge-eld.
So somnar alle skogar.
Og det er haust og kveld.

Ei lystid er til ende

Ei lystid er til ende, –
ho var so ljuv og gild.
Eg minnest sumarkvelden, –
han var so ven og still.
No myrknar det so tidleg,
og dagen er so stutt;
den tonefylte våren
og sumaren er slutt.

Men treet stend med knuppar,
og soli snart vil snu.
Dei fuglar som fór frå oss,
vil atter hjå oss bu.
So lengjest atter dagen
og ljuset aukar på.
Å, Herre, lat meg atter
den ljuve våren sjå!

Sol i november

Tenk at eg skulle få sjå ein skimt
av sol i dag!

Lenge det sylvet so vel var løynt
av skoddelag;

no langt derute i aust ho stend,
logar og lyser og brår og brenn.

Hjarteleg gildt å få soli sjå, –
november-bel!

Stilt ho oss signar i dagen grå
med strålars spel.

Herre, hav takk for den smilen klår!
Mildt han meg minner om neste vår.

Og det var vinterkveld-glimen

Og det var vinterkveld-glimen, –
eg ser denne purpur-brand.
Før fram bryt november-natti,
han logar om Noregs land.

Og det var vinterkveld-klåren, –
eg ser denne skarlaks-eld.
Han leikar langs synsrand-lina,
og lyser i årsens kveld.

Og det var vinterkveld-røden, –
han er oss so kjær ein gjest.
Straks soli gjeng ned bak åsen,
han rødar der langt i vest.

Og det var vinterkveld-gløden, –
han sloknar, den fagre brand.
Eit bod ber han med frå æva, –
det lysande himmelland.

Det raude gullet i vinterkvelden

Å du, kor vakkert det er å sjå
det raude gullet i vinterkvelden!
Han lyser opp det desember-grå,
og godt han gled oss, den glødde elden.

Ei minning er han nett no før jol
at vinternatti, ho skal nok enda.
Snart skal ho snu, den velsigna sol.
Å, du so stort: ho skal atter venda!

Og langt der framme der ligg ein vår,
då fugl skal kveda og knupp skal bresta.
Men fyrst den heilage jol me får, –
den Herre Jesus vil jordi gjesta.

So er det von i ei vinternatt:
det siste vert den velsigna våren.
For livsens urt vann vår Frelsar att,
den ljose, evige morgon-klåren.

So er det von i vår vinterkveld.
Det raude gullet i vest meg helsar.
Eit ljøs frå æva ikring meg vell,
og glad eg lovar min store Frelsar.

Hurra for den solskire silken!

Dei kvitaste klede som nokon hev fått,
det lysaste lin nokon skapning hev ått,
er det som vart vove no nyst i det blåe
og la seg so lint på det grøne og gråe.

Nei, aldri eg såg slikt eit skinande skrud,
og vove det vart av ei meisterhand – Gud.
Det lyser i skogen og blenkjer på bøen.
Hurra for den solskire silken – for snøen!

Ein solkyss i venting på våren

Med nysnø langt oppetter leggen
stend trei i skogen min no.
Og ospi og bjørki og heggen,
dei likar den solstundi god,
seg unar i midvinter-klåren, –
ein solkyss i venting på våren.

Om snø-fellen enno ligg diger,
eg kjenner ei aning av vår.
Snart livs-bylgja bårar og stiger, –
me ut imot lys-tidi går.
Og skogen, i midvinterklåren,
syp solkyss, i venting på våren.

Vinterdagen gjeng til ro

I gull og glod
gjeng vinterdagen no til ro.
Og snøen skin på myr og mo.

For fargespel
når soli byd eit bjart far-vel!
Den store stilla tek mi sjel.

For fager kveld,
når dagen døyrr i aftan-eld!
Det logar yver fly og fjell.

Men elden dvin, –
han døyrr, den gullglans farge fin. –
Og so den store stjerna skin.

Sol ved vintertide

Sol ved vintertide, –
takk, du bjarte, blide,
for din skire skimt.
Lågt på kvelven står du,
lite langt no når du, –
lell so ødselt strår du
dine glødde glimt.

Sol i vintertimar
vent og vonfullt glimar, –
kjærast er du no.
Myrkret slit du sunder,
ut mot vårens under.
Takk for desse stunder,
vinter-solsmil god!

Kulden slepper taket

No slepper kulden sistpå taket,
som hardt han heldt i vekers vis.
Kvar pytt og poll, dei fraus til klake,
og votni låg med blåblank is.

No veiftar atter milde vindar
imot mi kalde, frosne kinn.
Og soli skin kring kvite tindar,
og vermer meg i sjeli inn.

Det skal spira under snøen

Det skal spira under snøen,
grønka under hjartans is.
Milde vindar vekkjer våren,
fjåge fuglar kved Guds pris.
Blide blomar ljuvleg angar,
som dei stod i paradís.

Det skal spira under snøen,
sædet som vart sått med gråt.
Faderhandi vekk skal viska
tåra ifrå kinni våt.
Eingong skal me våre kornband
bera heim med gledelåt.

Det skal spira under snøen,
i den gode hjartejord.
Himmelsoli smeltar isen,
kjærleiks-lilja fagert gror.
Difor vil me gjeva borni
livsens gode, glade ord.

Landet tok på seg sitt lysande lin

Landet tok på seg
sitt skiraste skrud, –
vent var det virka
og vove av Gud, –
ligg no og lyser
som bjartaste brud.

Noreg tok på seg
sitt lysaste lin.

Sol i dei klåre
krystallane skin.
Noreg, vår moder,
so fjelga og fin!

Venast er snølandet
ut imot vår,
kviler i klednaden
kjøleg og klår,
medan me ut
imot livs-tidi går.

Solvinden stryk yver landet

Solvinden stryk yver landet,
mars-snøen mjuknar og skin,
smeikjest av våren sin ande, –
minkar og sistpå dvin.*

Høgt i dei djupblåe hallar
solskyer siglar og driv.
Kyrkjeklokkone kallar, –
enda er nok eit liv.

Her våre forfeder vanka, –
onna i solver og storm.
Hjarta i livsstriden banka, –
Åndi fekk adels form.

Minnet i vedmod no svallar,
talar om far og om mor.
Kyrkjeklokkone kallar,
graset på gravi gror.

* Dvina: kverva, forsvinna.

Sjølv eg i hausten er komen,
gjeng millom gulnande blad, –
høyrer den sorgtunge omen, –
klåre kveldsklokke-kvad.

Glim det i vårsnø-krystallar, –
snart er det påske igjen.
Gledefylt klokkone kallar.
Ævelivs-voni brenn.

Elvi syng under isen

No skin det sol yver alle fjell,
og dei i Noreg er mange.
Og yver lidene lint ho vell,
og dei i landet er lange.

Ja, det ligg lys yver alle fjell
og alle lider i landet.
No rullast saman den lubne fell,
og fossen løysest or bandet.

No er det vår i kvar vaknings-grend,
det skjelv i middagssol-disen.
Og tusund skogar i spaning stend,
og elvi syng under isen.

Og brått dei blenkjande knuppar brest,
og alle fuglane kveda.
Då held vårt heimland sin vårlivs-fest,
i yr og glitrande gleda.

Og sevje-straumane atter renn, –
ei livsflod løyndomsfull leikar.
Den kvite tinden i soli stend, –
mot himmel-blånen han peikar.

Det er naturi si store stund,
når lyset bylgjar og bårar,
til fløytetonar frå flyttfugl-munn,
i livsens ljuvlege vårar.

Det er ein av dei dagar då bjørkene græt

Det er ein av dei dagar då bjørkene græt, –
det dryp ifrå tusentals tuppar.
Og ikkje ein tone i toppane læt, –
med tårar stend brunkledde knuppar.
Og hjarta mitt er som ei bjørk i gråt,
det lyder i sorgmod ein klagande låt;
for livet lyt visna som ny-slege hø, –
og mor mi ligg og skal døy.

Det er ein av dei dagar då skodda stend våt
og løyner dei stillslege skogar.
Men grannen min hørde i lufti ein låt, –
ei susing av grågås i plogar.
Og so – attom skodda sin sleipe mur
den lysande livsvåren sjølv ligg på lur.
Og mor – som no strider den striden sår,
skal vakna i evig vår.

Eg dreg kjensel på dei ljose eldar

Velkomen att, de seine, klåre kveldar, –
eg minnest dykk so vel ifrå i fjor!
Ja, eg dreg kjensel på dei ljose eldar
kvar gong det vårast i det høge nord.

So ver velkomen, livsens ljose tider!
Det alltid var so kjært når de kom hit.
Ei gleda glitrar når mot vår det lider, –
og vinteren fer frå oss, kald og kvit.

Ja, varmt velkomen enn ein gong, de kveldar!
Som sagt, eg minnest dykk ifrå i fjor.
Og dykkar purpur-fagre solfalls-eldar
ber bod om våren på den nye jord.

Eg tusund vårar valde om eg kunne

Langt der framme ligg ein vår og ventar, –
no det er dei skire seinhaust-dagar.
Skal eg atter sjå kor fuglen hengar
kvist og kvas når reiret sitt han lagar?

No er gull og glim dei tusund skogar,
gylne åkrar som i solvind svagar.
Skal eg atter skoda vårens dagar,
fugletrekket, fagre grågås-plogar?

Fager haust, – han lell av sorgmod fyllest.
Dagen stutnar, soli snart seg gøymer.
Skal eg sjå kor vårens kvelds-land gyllest,
livsens bårer yver landet fløymer?

Våren elsker eg, – han tok mitt hjarte.
Ogso hausten heve hugen vunne.
Lell eg lengtar til dei bjørker bjarte, –
tusund vårar valde om eg kunne.

Vel eg veit: ein haust vert snart den siste, –
ingen vår der framme på meg ventar.
Englar då til livsens land meg hentar, –
heim til mykje meir enn her eg miste.

Når nordlandi lyser

Når nordlandi lyser
i ung og nyskapt vår
og livsens bjarte bylgja
inn yver Noreg går, –
når landet vårt ligg lauga
i sol til seine kveld,
då stiller eg mi harpa,
og hjarta høgtid held.

Då kvitrar eg med lerka:
kor stort å vera til!
Takk, Gud, at eg fekk livet, –
ei gáva ljuv og gild!
Hav takk for vårens under!
Kor du er rik og stor!
Kva vert då æve-våren
på sæl og nyskapt jord!

LANDET OG LYSESTAKEN

— ARV OG ANSVAR —

*Me kunne 'kje fenge ein fagrare arv
dei dagar me andar her nede.*

Gud gav oss eit land i det høge nord

Gud gav oss eit land i det høge nord,
so vent at det ikkje kan nemnast
og tolkast av tonar og fagre ord,
og ei av eit farge-felt femnast.
Å, Herre, takk for denne gåva god!
Me lovsyng deg med frygd og fagnad-ljod.

Når livet bryt fram i den vene vår,
då er det vel ljuvlege dagar.
Då spelar Guds sol ifrå kvelven klår,
då syng det i hei og i hagar.
Då grønkar voll og vang og lund og lid.
Ja, vent er landet vårt i vårens tid.

Men våren gjeng snøgt imot sumars bel,
og sidan mot hausten det stundar.
Då stilnar det storfagre livsens spel,
kvar harpa i lider og lundar.
Og så kjem vinteren, og landet skin
i stjerne-netter i det kvite lin.

Å, tenk at me skulle det landet få
og bu her til livet sin ende,
og dag etter dag desse syner sjå
som vart oss so kjære og kjende:
Eit krossmerkt flagg ved hav, ved skog, ved fjell,
i bjørkelunden medan soli fell!

Ja, Herre, du gav oss so godt eit land,
det stort om ditt all-velde talar,
Må folket aldri vika
frå snøkleddet tind til den kvite strand,
frå daggry til kveldsoli dalar.
Og best av alt: Du gav oss livsens veg.
So skal me ein gong sæle skoda deg.

Gud vandra igjennom vår saga

Gud vandra igjennom vår saga, –
hans fotefar klårt me kan sjå,
frå fyrste gong eldane loga, –
i oldtid og alt opp til nå.

Han ordet om Kvite-Krist sende
til landet langt oppe i nord.
Han ljuset på vardane tende
for borni, for far og for mor.

Og sidan han aldri oss gløymde;
hans truskap og miskunn var stor.
Hans kjærleik til ættene strøymde,
til folket ved fjell og ved fjord.

Enn lyser hans sol yver landet,
og enn skifter sumar med haust.
Me enn hev hans Heilage Ande,
som signar oss rikleg og raust.

Me høglovar Gud og vår Fader
for ævelivs herlege von.
Til sist, når vår livssol so glader,
me sovnar i tru på Guds Son.

Gud signa vårt land i tusund år

Gud signa vårt land i tusund år, –
den miskunn er mest utan like.
Til Noreg han kom med dag og vår, –
då vinter og natt måtte vike.
Og fedrane møtte den Herre Krist,
eit evig, uruggeleg rike.

Og soli ho skein frå ætt til ætt,
dei søkjande sjeler ho gagna.
Og Frelsaren gav deim barnereitt;
då fagert i hjarta det dagna.
Å, Herre, ha takk for ditt livsens ord.
Du vende so lindt vår lagnad.

Krist sette sine føter eingong på Noregs jord

Krist sette sine føter
eingong på Noregs jord.
Då vart det vår og vakning
her i det høge nord.
Han stod der still på strandi, –
so bøygde han seg ned
til Noregs folk, og sagde
sitt sonings-ord om fred.

Han stod der still på strandi
i fagert morgon-gry.
Eit tusundårig myrker
for soli måtte fly.
Det gjekk so ljøs ei dagning
ut yver landet då.
For første gong fekk folket
Guds sæle rike sjå.

Krist sette sine føter
på Noregs jord ein dag.
Då gjekk ut yver landet
eit mektig vårlivs-drag.
Å, må me aldri gløyma
å lova han for det!
Og må det aldri timast
at livsens sol gjeng ned!

Krist sette sine føter
på Noregs jord eingong,
og enn i landet tonar
den nye, sæle song.
Og enn han stend på strandi,
eit evig liv oss byr.
Han tek oss til den morgon
der alle skuggar flyr.

Det kom noko nytt til Norden

Det kom noko nytt til Norden,
med Jesus, den kvite Krist.
Det bråna snø, og det tina is, –
ei dør vart opna til paradys,
og blomane braut på kvist.

Det kom noko nytt til Noreg, –
då enda ei natt so lang.
Ein vårvind strauk yver avgløymd grav,
og soli steig or det store hav,
med song yver vidd og vang.

Det kom noko nytt til landet, –
Guds rike, med fred og frygd.

Som havet fyller den djupe fjord,
vart hjarta fylt av ei gleda stor
hjá folket i by og bygd.

Det kom noko nytt til Noreg, –
og Gud vere takk for det!
Den soli signa i tusund år, –
hev enn ei fare frå heimen vår.
Å, Gud, må det aldri skje!

Det kom til våre kyster

Det kom til våre kyster –
so lenge sidan no –
eit ord som ingen ana,
so underfullt eit bod
om ein som hadde vunne
det store hovudslag,
ei sol som hadde runne
og skapte vår og dag.

Den gongen kom Guds rike
til gamalt vikingland.
Det var ei livsens bylgja
som rulla mot vår strand.
Det var ei himmelhelsing,
eit vårens andedrag.
Då demra det i Noreg
ein tusenårig dag.

Men me som fekk Guds rike,
fekk òg eit heilagt kall:
å bera fagnadbodet
ut yver jordi all.

Me arven utan like
vil dela med vår bror
som enno sit i skuggen
og ei fekk livsens ord.

Det kom til våre kyster
ei duva med eit bod.
Og vidare me sender
den helsing ljuv og god.
Me lovar han som gjesta
vårt heimland med sitt ord,
om riket som skal fylla
til sist den heile jord.

Klokkone kima i norderlandi

Klokkone kima i norderlandi!
Brostne var tusundårs trældoms-bandi.

Fagnadbod nådde dei norrøne grender.
Krist-vitne landa ved viking-strender.

Krist-kyrkjor bygdest, med kross i tårnet.
Ved dette merket dei skirsla borni.

Bylgja med bod vart mot landet boren.
Livsfuglen kvad i kvar lid, – det var våren!

Hev i eit årtusund klokkone kima.
Gleda ho glitra, og voni, ho glima.

Hjarto hjå unge, dei loga lik elden.
Trøyst fann dei gamle i solefalls-kvelden.

Frelsaren lækte dei djupaste såra,
naglemerkt hand turka modernildt tåra.

Enno gjeng havet mot lyng-kledde strender.
Enn lyser lampa i eldgamle grender.

Noreg, so tilbed din Gud og din Frelsar!
Sælt er det folk som han hyller og helsar.

Me fekk ein arv her høgt i nord

Me fekk ein arv her høgt i nord
då Herren gav oss livsens ord, –
ein arv som ei skal øydast.
Han glima skal til evig tid,
når enda er den store strid.
Nei, aldri skal han snøydast.

Han kom med dag til Noregs land, –
det demra langs vår lange strand, –
den dagen enno lyser.
No skal me dela skatten stor
med kvar ein fattig stakkars bror
som enn i natti fryser.

Me kunne 'kje fenge ein fagrare arv

Me kunne 'kje fenge eit fagrare land,
det skifter med snøfjell og skogar.
I årtusund havet gjekk inn mot vår strand,
og yver flyg grågåås i plogar.
Og *Noreg* er namnet på landet i nord,
den kjæraste grunnen med veit på jord.

Me kunne 'kje fenge ein fagrare stad, –
det blenkjer i blånande sjøar.

Her høyrer me lerka og gauken sitt kvad,
og villblomar angar på bøar.
Og Noreg er landet me fekk av Gud.
Snart skin det i snø, snart i vårens skrud.

Me kunne 'kje fenge ein fagrare arv
dei dagar me andar her nede.
I Kristus, vår Frelsar, me eig det me tarv,
og ævelivs-voni gjev glede.
So takk då for Noreg, vårt fedreland, –
den gildaste heimen som tenkjast kan!

Gud gav oss i kjærleik so godt eit land

Gud gav oss i kjærleik so godt eit land,
og fagert det er utan like.
Her havet gjeng inn mot so stød ei strand,
det eldgamle, norrøne rike.
Me lovar Gud for denne heimen gild,
for fred og fridom og ein lagnad mild.

Gud gav oss i miskunn sitt gode ord, –
eit skinande fyrlys på ferdi.
Med livsvon det kom til vårt høge nord,
og viser oss veg gjennom verdi.
Me høyra fekk det bod om Jesus Krist, –
so skal me nå det gode land til sist.

So takkar me, Fader, for gode kår,
for Ordet si lysande stjerne!
Ho viser oss veg til Guds rikes vår,
og difor me fylgjer so gjerne.
Ja, Herre, takk for denne voni blid.
Me lovar deg, vår Gud, til evig tid. –

Attom det alt står – Gud

Eg ser ein natthimmel stor og still, –
det blinkar i nord og sud.
Det skjelv i stjernor og månesylv.
Og attom det alt står – Gud.

I mikro-kosmos eg skodar inn,
atomet si under-verd.
Der ser eg Skaparens fotefar.
Å, Herre, kor stor du er!

Eg ser ein villblomehage ven, –
eit angande livsens skrud,
eit reinleiks-minne frå paradís.
Og attom det alt står – Gud.

Eg ser eit kors og ei opi grav, –
der vann han ei blodkjøpt brud.
Eg ser eit rike i evig glans,
og attom det alt står – Gud.

Då skjønar eg at det største brot
eit menneske gjera kan,
det er å vanvyrda allhers Drott,
og venda seg vekk frå han.

Då anar eg at alt gjævt og stort
ei menneske-sjel kan nå,
det bleiknar brått mot å møta Gud,
i livet sitt land han sjå.

Korset lyser yver Noreg

Korset lyser yver Noreg,
yver fjordar, fjell og dalar.
Om utløysing, fred og framtid
enn til møy og mann det talar.

Korset lyser yver Noreg,
mulm og myrker enn det spreider.
Skire strålar syner vegen.
Dei til livsens land oss leider.

Korset lyser yver Noreg, –
dette gamle sigersmerket.
Me ved dette teiknet berre
vert i striden støde, sterke.

Korset lyser yver Noreg.
Herre, lat det aldri dvina!
Må – til tidi sistpå endar –
yver Noregs fjell det skina!

Noreg – vår mor

Landet, det ligg oss
vårt hjarta so nær,
bygdi i nord
er oss inderleg kjær.
Røtene voks seg
so djupt ned i grunnen, –
gildare, ljuvare heim
vart 'kje funnen.

Landet i nord
er vår eiga, vår arv.
Noreg, vår mor,
me deg gjev det du tarv.
Gjeng det deg vel,
er me inderleg glade,
sukkar du tungt,
tonar medkjensle-kvadet.

Låg du og skein
i det pol-nære nord, –
sistpå deg nådde
Guds evige ord,
lyste vår lyd
ifrå heidendoms-bandet, –
enno den sol
strålar bjart yver landet.

Enno du ligg her,
med eng og med ur.
Noreg skal odlast
med kristen kultur!
Møter me motmakter,
myrke og sterke,
lyfter me krossen
sitt mektige merke.

Himmel yver heimen

Det er himmel yver heimen
når vår Herre der er gjest.
Til det gode alt han lager,
so det gjeng som det er best.

Det er himmel yver heimen
sjølv i storm- og trengselstid.

Englar ned og opp skal stiga,
hjelpa i den tyngste strid.

Det er himmel yver heimen,
i den travle yrkedag.
Jesus vatn til vin vil gjera
får han vera i vårt lag.

Det er himmel yver heimen,
òg i tid med sagn og sorg.
Lik ei stjerna lyser voni:
Gjensyn i Guds himmelborg.

So såg eg heimen i morgonglansen

So såg eg heimen i morgon-glansen,
for nettopp haustsoli hadde runne
og attom åskanten vegen funne
og lagt ifrå seg den gylne kransen.

So såg eg heimen i morgontimen.
Den fyrste solsmil på vegen leika.
Eg snudde meg og mot stova peika, –
so vent ho lyste i morgon-timen.

So såg eg heimen i morgon-klåren.
Dei vesle glasi i soli blinka,
og der på troppi stod mor og vinka.
Å, – må me møtast i æve-våren! –

Det gror – –

Det gror i dei kristne heimar, –
det såddest ein heilag sæd.

No lyser det bjarte blomar
av kjærleik og fryd og fred.

Det gror i dei kristne heimar,
so fint etter gudleg ferd,
når seinare sonen vankar
i framand og farleg verd.

Det gror i dei kristne heimar,
det veks etter trugen bøn.
Om du må til hausten bia,
det ventar ei herleg løn.

Det gror i dei kristne heimar, –
om tidt du med gråt må så,
eingong du dei gylne åkrar
med fagnad og fryd fær sjå.

Det gror i dei kristne heimar, –
so takkar me Gud for deim, –
for kjærleikens reine rosor.
Gud signe kvar kristen heim!

Trøytt gjekk fedrane sistpå til ro

Trøytt gjekk fedrane sistpå til ro, –
dagen var enda for deim.
Foten var utmødd, og handi var mo.
Sæl er kvar ein som i kveldstundi god
lengtar frå livsferdi – heim!

Tidt når det kveldar og soli gjeng ned,
minnest eg ætter som kvarv.
Hugen min fyllest av vemod og fred.
Hender vert falda, og hjarta, det bed,
takkar for fedrar sin arv.

Eingong kjem oppbrotet ogso for meg, –
alvorsfullt vert det for visst.

Ute ved æva, der stansar min veg.
Jesus, min Frelsar, eg vonar på deg.
So skal eg sigra til sist.

Dei gamle

Dei gjeng so stilt iblant oss,
og dei hev sylv i håret.
Og ryggen kanskje er litt lutt,
for dei hev byrder bore.

Det sorgmod er i songen,
og det er gull i lidi,
for sommaren er enda no.
Det gjeng mot slutt med tidi.

Dei gjeng so stilt iblant oss,
og dei hev sylv i håret.
Dei faldar hendene i bøn.
Det glim ei takke-tåre.

Gud, signe du dei gamle!
Og når for oss det kveldar,
må me med deim får sjå i vest
dei fagre himmel-eldar!

Du gløymer vel ikkje dei gamle?

Du gløymer vel ikkje dei gamle,
som stille i kvelden sin stend?
Det meste av dagen hev gjenge;
dei hev 'kje so lenge igjen.

Og livs-logen spaknar omsider,
og lampa, ho lognare brenn.

Du gløymer vel ikkje dei gamle, –
dei stridde for deg og for meg.
No er dei snart komne til endes
med livet sin bakkete veg.
Dei er 'kje so lette på foten,
og tunge er tidt deira steg.

Du gløymer vel ikkje dei gamle,
som stend i sin solefalls-fred?
Det var 'kje for mykje, vel, *var* det,
om me deim i livskvelden gled?
Men skund deg, om du deim vil gagna!
For soli kan snart ganga ned!

Nei, lat oss 'kje gløyma dei gamle,
men gjeva ei hjelpande hand,
og spreida litt solskin i kvelden,
og gleda deim medan me *kan!*
Fortel om den Frelsar som leier
til livet og lukka sitt land!

Ho steig yver Stortingsplassen

Ho steig yver Stortingsplassen,
og gamal ho var av år.
Staven ho heldt i si skrukne hand,
og sylv var det kvite hår.
Dei stavrar so stilt, dei gamle.

Og sol-rik var seinhaust-dagen, –
kan henda det difor var
ho våga seg ut på strøket,

om ferdsla var heller hard.
Det er ikkje greidt verta gamal.

So steig ho i veg med staven,
og krokut var hennar rygg.
Men haustsoli strauk om kinni, –
so gjekk ho so still og trygg.
Kor gildt med litt sol i hausten.

Ho gjekk med si svarte kåpa, –
men kruna var sylvet klårt.
Slik møtte eg *alderdomen*.
Og sinnet vart sorgmod-sårt.
Det vemodsfullt er med hausten.

Det vandrar so mange gamle
so stilt over verdsens torg.
Tidt hjarta i vekjømd bankar,
og stundom i sukk og sorg.
Du gløymer vel ikkje dei gamle?

Gud signe dei kjære gamle!
Å, syn du deim stjerna klår!
I Kristus ein evig ungdom
deim ventar – ein evig vår.
Ver lova, vår Gud, for voni!

Kor skal det vel ganga Mor Noregs born?

Kva skal det vel verta av Noregs born
i ukjende, komande tider,
når eingong me stend i vårt solefall
og vegen vår endar omsider?
Kor skal det vel gå med den ætt som kjem,
og etter oss strevar og strider?

Kor skal det vel ganga mor Noregs born
i usedde komande dagar?
Skal Herren få signa den unge ætt
med soldogg i angande hagar?
Å, Herre, me bed at ei framtid god
du landet si barne-verd lagar.

So vil me deim gjeva den dyre arv
imedan me vankar hernede,
og livskornet leggja i hjartans jord,
med gråt og med glitre-glede.
Å, Herre, miskunne mor Noregs born,
og framtidi deira du frede!

Herre, gjev oss hovdingar!

Herre, gjev oss hovdingar!
Me treng vel ikkje mange;
men vil du dana ein og tvo,
og ta deim heilt til fange.

Me treng deim meir enn nokon gong
ut mot dei siste tider,
når ljøs og myrker, liv og død
so hardt om makti strider.

Herre, gjev oss hovdingar!
Hav takk for deim du sender!
Du signe deim med heilagt mod!
Vårt hjarta for deim brenner.

Ynske for Noreg

Må staken aldri flyttast
frå Noregs fjell,
men lysa her i landet
til tidi sin kveld!

Må folket aldri vika
frå Herrens veg,
men vandra på hans stigar
ubrigdeleg!

So lenge nordlys leikar
og stjernor skin,
må, Herre, Noreg velja
vegen din!

So lenge nattsol spelar
på sjø og strand,
må ordet ditt få lysa
kring Noregs land!

Til tidar-målet endar
og du kjem att,
må ordet ditt få vera
vår hjartans skatt!

Eg høyrer salmesong i hausten

Eg høyrer salmesong i hausten, –
dei unge røyster syng og kved.
Og orgeltonen fyller lufti,
dei gylne skogar nynnar med.

Eg høyrer salmesong i hausten, –
han lovar Herren, allhers drott.
Og orgeltonen fyller romet,
det høge, klåre skapnings-slott.

Eg høyrer salmesong i hausten, –
dei varme røyster hjarta gled.
Og orgeltonen fyller sjeli.
Å, gjev at verdi all var med!

For lovsongstonen fyller æva,
og sæl kvar ein som her han tok!
Ja, sæl kvar ein som her i tidi
fekk namnet sitt i livsens bok!

Kristus eller – ?

Dei Eidsvolls-menner trygde
Guds eige ord åt ætti vår.
So godt eit hus dei bygde,
og grunnen enno står.
Men vil me riva han,
då ryk det samfunns-tempel
som åtte krossens stempel.
Og myrkt vert Noregs land.

So er det lagnadstider:
Skal Kristus eller Loke rå?
Mot kveld og natt det lider
når Krist på dør må gå.
Det må 'kje henda no!
Då endar livsens-våren,
då kverv han, himmel-klåren,
då døyr den bjarte glo.

Frå viking-tider var me
eit kriste folk i høge nord.
Ei kross-merkt fana bar me
og heidra høgt Guds ord.
Og signing Noreg fekk, –
dei ville vetter rømde,
og lukke-liljor blømde.
Frå ljøs til ljøs me gjekk.

Men natti sig attende,
og skugge yver Noreg fell
om ljøset Herren tende,
skal døy blant våre fjell.
*Å, Noregs kårne menn,
de folk i grend og gardar,
sløkk ei dei gamle vardar
som enn på fjelli brenn!*

Himmelens veldige vår

Herre, send snart yver landet
himmelens veldige vår!
Å, lat din Heilage Ande
tolka di livssanning klår!

Gjev oss dei ljuvlege tider,
vårdagens jublande song!
Løys du det livet som lider,
fyll du vår djupaste trong!

Herre, lat vårbylgja brusa, –
sigrande båra mot strand, –
vindane livsfylte susa,
signande gjesta vårt land!

Herre, lat livna dei lundar,
hagane bresta i blom,
strøyma frå syngjande munnar
lovsong med æveleg ljom!

Gudsrike-våren me ventar, –
må han til landet vårt nå!
Lat oss, før heim du oss hentar,
Noreg i vår-prydnad sjå!

Herre, flytt ikkje elden frå Noreg sitt fjell!

Det var natt yver Noreg
før Kristus kom hit.
Men det stråla ei sol
yver fjellheimen kvit.
Og ho skein yver hjarta
si djupfrosne jord.
I det livsvellet varmt
vart det grønking og gror.

Det er dag yver Noreg,
og vår er det enn.
Gud skje lov at hans lampa
i bygdene brenn!
Det er dag yver Noreg,
for enn skin Guds ord.
Me vil gjeva det vidare
ut yver jord.

Det er dag yver Noreg, –
å, gjev at han må
til dei ufødde ættene
vidare gå!
Herre, flytt ikkje elden
frå Noreg sitt fjell!
Lat han lysa til tidi
sin seinaste kveld!

Eg ber på ein draum for mitt fedreland

Eg ber på ein draum for mitt fedreland; –
den bøni i barmen min bankar.
So kviskrar eg henne so tidt eg kan,
og tenkjer dei varmaste tankar:
at Noregs folk vert eit Herrens folk,
no ut mot tidi sin siste bolc.

Eg ber på ei bøn for mitt fedreland;
eg kan ikkje anna enn drøyma; –
eit syn set mitt hjarta i heilag brand, –
det synet eg kan ikkje gløyma:
Eg ser ein vår yver Noreg gå,
og folket vårt fær Guds rike sjå.

Min fagraste draum for mitt fedreland, –
å, må eg når ut eg skal anda,
med fagnad få sjå at den draum var sann;
Guds dag yver landet vårt randa!
Då vil eg takksam til kvila gå.
Å, Herre, lat meg det synet sjå!

Takk for alt som minner om paradis!

Takk for alt som minner om paradis,
våren ven og varm etter snø og is!
Takk for fuglekvadet, for blad og blom!
Allting talar høgt om din herlegdom!

Takk for solskins-glimen ein sumarkveld,
skire strålar spelar på sjø og fjell.
All naturi tonar til Herrens pris.
Takk for alt som minner om paradis!

Takk for kjærleiks-lilja som fagert gror,
millom alt det vonde som veks på jord!
Jesus henne vann for so dyr ein pris.
Takk for alt som minner om paradis!

Herre, takk for barnet sin bjarte smil,
einfeld tru som vinn yver kaldklok tvil.
Takk for sumarvinden, den svale bris,
takk for alt som minner om paradis!

Takk for himmeltonen i verdi arm,
takk for æve-voni som syng i barm.
Takk for alle sjeler som kved Guds pris.
Takk for alt som minner om paradis!

Herre, takk for signing, for heilag song, –
opptak til det kvadet som stig eingong
når me deg skal lova på englars vis.
Takk for alt som minner om paradis!



SONGAR FRÅ SOLRENNINGSLANDET

1966

SKIMT FRÅ SOLRENNINGSLANDET

Du sjø imillom Japans fjell

Her skvalar bylgjone mot strand,
som heime i mitt eige land.
Dei skvulpar stilt, mot strandi slær.
I solar-glitret sjøen lær.

Og kringom skogen tagal stend.
I haustsol bladi glør og brenn,
som heime i mi logne lid
når enda er vår sumartid.

Sjå, soli sylv i sjøen dryp,
og eg det fagre synet syp.
Det er so klårt, so kyrnt, so stilt,
so fullt av fred, so skirt og mildt.

Du sjø imillom Japans fjell,
der himmel-lyset fagert fell,
du minner meg om Noregs strand
og om mitt rette fedreland.

*(Ved Sengari-sjøen, ikkje langt
frå det store Sanda-sanatoriet.)*

Solstrålen på sanatoriet

Ei lysning eg såg
yver andletet låg,
der ho stod der, so strålande, still.

Det var fryd i kvart drag,
og eg tenkte med meg:
Det høyrer 'kje jordi,
men himmelen til.

Der natti var svart,
der ei lysning so bjart
seg la yver sjeli og åsyni mild.
Denne lysglansen klår –
som eit solskin om vår –
han høyrer 'kje jordi,
men himmelen til.

Du alt Honom gav, –
då av glede eit hav
fekk fylla den fjorden
som før var so vill.
Det kom smil etter smil,
utan skugge og tvil.
Du høyrer 'kje jordi,
men himmelen til.

*Morgonbøn ved Stillehavet**

Dei møtest på strandi når soli renn,
der Stillehavet stend på.
Med hendene falda i bøn dei stend, –
so fagert eit syn å sjå.

Det er 'kje so mange som samlast slik,
for landsbyen liten er.
Men kvar av deim kjenner seg sæl og rik,
og merkar at himlen er nær.

* Dei kristne i Japan samlast stundom ute ved havet kl. 5 om morgonen, til "solrennings-bønemøte". Det gjer t.d. kristenflokken i ein liten landsby nær Nakiri.

Dei fleste i flokken på åri dreg, –
det skin i det sylvgrå hår.
Dit ut hev ein einaste funne veg
som enno er ung av år.

Ho stend som ei symre, ein blyg viol
når soli or havet ris.
Og kalken seg opnar i morgonsol.
So syng ho sin Frelsars pris.

Og soli ho stig frå det store hav,
i æve-stilt morgongry.
Då lovsyng dei honom som steig or grav
og gav oss ein livsdag ny.

Og so gjeng dei heimatt til dagsens strid,
til møde og mas og kav.
Men morgonen etter, ved solrennings-tid,
dei stend ved det store hav.

Det lyder ein lovsong kring jordi all,
han tonar ved kvar ei strand.
Han brusar i heim og i tempelhall,
og bårar frå land til land.

Og eingong, i æva sitt morgongry,
me stend ved det store hav.
Då tonar i jubel ein lovsong ny,
som aldri skal stilna av.

Eit land med smil og solskin

Eit land med smil og solskin, –
du sjeldan høyrer gråt.
Og du av salte tårar
ser sjeldan kinni våt.

Men legg du øyra til,
du stundom høyra vil
ei sår og heftig hulking
i nattetimen still.

*

Smil til ein son av Nippon * –
ein solsmil attende du får.
Det er som å tenda eit julelys.
Den smilen til hjarta går.

Byd han ein plass på bussen,
på rush-toget overfylt, –
han gjev deg si takk
med ein vakker smil,
som ei kveldsky av solstrålar gylt.
Han bøyer seg mjukt,
og seier so blidt:
”Domo arigato!”** for hjartelaget ditt.

Men kjem so dei store stormar
og kinni av tårar vert våt,
so minnast, de Nippons søner,
at einast vår store Frelsar
kan stilla den såre gråt! –

Kor like dei er – i Noreg og her!

Logande li syng sin Skapars pris.
Lauvet seg likar i solskins-bris.
Rokko-fjell lyser i feber-brand,
nett som heime i Noregs land.

* Nippon – eller Nihon – kallar japanarane landet sitt.
** mange takk!

Soli, ho skrid imot vest frå aust.
Året, det hastar frå vår til haust.
Livet, det vaknar, og visnar igjen.
Lauvet, det grønkar, og sistpå brenn.

Bikkjene bjeffar, som dei det kan,
plent som dei gjer i mitt eige land.
Katten seg smyg gjennom gatene her,
småborni spelar seg, ungdomen ler.
Å, kor *like* me skapningar er!

Gamlefar lutar i alderens år.
Ryggen vart bøygd i dei tidt tunge kår.
Bestemor småbarnet ber på sin rygg.
Kjenner seg småen so inderleg trygg.

Stjernone blinkar, og månen stend stor.
Slik kan me sjå det kring heile vår jord.
Altet, det vitnar, kvar enn du so fer:
Herren hev skapa den veldige verd!

Menneskehjarta, i nord som i sud,
lyder og lengtar, – seg, er det mot Gud?
Gråten den same, det solvarme smil,
sjølv om du vandrar uteljande mil.

Dei som hev funne sin Frelsar og Far,
gleda si kjelda i barmen dei har,
syng om si sæla, sin lengt og si sorg
gjeng med Guds ord inn i bøni si borg.

Den blinde

Himlen heng lågt yver Rokko-fjell.
Våt-regn sipar, frå skyi fell,

ein grå og guffen novemberdag.
Kobe ligg løynt av eit skoddelag.

Den unge gjenta, – visst er ho blind, –
kjem stødt med solskin i heimen inn.
Ho er so munter, og tyd og blid,
med skjemt og moro, – med alvor i.

So ogso no, i ein grå-våt dag.
Om munnen leikar dei ljose drag.
So rik ho er, denne blide møy.
Ho fekk ei gleda som ei skal døy.

Om ver og vinter no praten går.
Eg sa: ”Eg likar den ljose vår.”
Den blinde svara, var bjart og blid:
”Eg likar Japan kvar årsens tid.”

No er derute det nattmyrk kveld.
Mot gatesteinane regnet fell. –
Eg minnest møyi med sol i sinn, –
so sæl og rik om ho enn er blind.

Veslebarnet på mor sin rygg

Veslegut kviler på mor sin rygg,
hev det so kjekt, og kjenner seg trygg,
koser seg retteleg, – likar det slik.
Ikkje han sutrar, og ikkje han skrik.

Mor, ho hev sveipt han so godt og so tett,
ber han med gleda, – den børi er lett.
For – det er *barnet* på ryggen ho ber.
Ho hev den skatten so inderleg kjær.

Berre det ørlitle hovud er fritt, –
barnet det attyver bøyer so blidt.
Stundom det blundar, og stundom det ser,
stundom til smiler, og augo dei ler.

Alltid den syni om hjarta meg tok,
difor eg gjev det ein plass i mi bok,
ynskjer det beste for småen og mor.
Må det gå godt for dykk, når han vert stor!

Gamle med born på ryggen

Barnet på ryggen vert bore
av aldrande bestemor, –
sit der so hugleg i hengslone,
utan eit steinsens ord.

Barnet på ryggen vert bore,
kan henda av bestefar.
Gjeng han og ber denne vesle skapning,
synest han er so ”rar”.

Sjølv vart på ryggen dei borne,
då spede dei var, og små.
Men det er lenge frå livsens vårtid.
No er dei gamle og grå.

Sjølv fekk dei born omsider, –
besteforeldri deim bar.
No er dei ogso lange vaksne, –
no er dei mor og far.

Kven skal vel borni bera, –
sjølve dei hev ’kje tid?
Far, han lyt hasta til annsamt yrke,
mor til ein kvardag strid.

”Eg vil den vesle bera,”
seier so bestemor, –
lyfter han opp på den bøygde ryggen,
mæler dei milde ord.

Bestefar òg er reide,
lyfter den litle opp.
Sit han so godt i den mjuke selen,
den stillslege, spede kropp.

Gjeng dei og ruslar den ljose dagen
gatone opp og ned.
Hyggeleg alltid å sjå det synet.
Andar det heimsleg fred.

Slik skal dei unge ætter
berast på fedrars rygg.
Der skal den spede skapning alltid
kjenna seg glad og trygg.

Og når so ryggen veiknar, –
sjølv er du ung og sterk, –
gled då dei kjære trugne gamle
med hjelpande kjærleiks-verk!

Perle-morgonstjerna

Ho skin som ei morgonstjerna,
mjølkekvit, rein og klår,
inne i musling-skalet,
perla som kom frå eit sår.

Det kom noko kvast derinne,
det kjendest so vondt og sårt.
So dana det seg kring steinen
eit perlelag skirt og klårt.

So opnar dei østers-skalet, –
der strålar ei perla rein!
Ho skin som ei morgon-stjerna, –
det byrja med sår og mein.

Sjå, det er Guds vise vilje, –
og slik det so ofte var:
Dei fagraste perlor danast
i lagnaden tung og hard.

Når sistpå vår strid er stilna, –
me samlast til himmel-fest, –
kan henda me varmast takkar
for det som oss såra mest.

Heimlaus hund

Vinden sjoga gjennom Kobe's gator
i ein klår og kald desember-dag.
Barne-kinni fekk den friske fargen.
Rein vart gata sopt av vindens drag.

Der – ved hyrna av det tronge stretet
som gjeng opp til haustleg Rokko-fjell –
sat han, hunden, herrelaus og heimlaus.
Eg i augo las ein otte-eld.

Sat han der på halen sin og hutra, –
fraus han gjorde, vondt han hadde òg,
skolv i vinden, og med angst i augo
varsamt han på ferdafolket såg.

Var det mest som bad han om orsaking
at han i det heile tatt var til,
sette pris på nokre varme kjærteikn,
kjende han det som ein vårvind mild.

Raudbrun hund med sorg og sakn i augo,
skjelvande i vinterdagen sur, –
liten lut du er i all den store
lengtande og lidande natur.

Ordet seier at all skapning stundar,
er til saman i so sår ein sut.
Men ein gong skal og naturi løysast,
i Guds born sin herlegdom få lut.

Alle Mikimoto's perlor

Alle Mikimoto's* perlor
maktar ei di siste stund –
i ditt soleglad – å kjøpa
åt deg endå eit sekund.

Alle er i djupet dana,
i ein perle-muslings sår.
Om du tusund av deim åtte,
tidi ei for deim du får.

Alle er dei kostesame, –
ingi av deim kjøpa kan
fred og fryd og liv og lukka,
gleda djup og still og sann.

Men eg minnest ein som tala
om ei perla gjæv og gild.
Den som henne finn, han høyrer
evig liv og sæla til.

* Mikimoto var den fyrste som tok til med perle-dyrking i Japan.

Krematoriet under Rokko-fjell

Høgt yver Rokko-fjellet*
sviv det so svær ein hauk.
Under ligg krematoriet, –
der år etter år det rauk,
rauk frå den digre pipa, –
dei brenner menneske-bein.
Høgt der oppe er lufti blå,
og rein.

Kringom ligg kyrkjegarden, –
nei, krossen er sjeldan å sjå.
Oftare ser du ein Buddha.
So langt som ditt auga kan nå,
grav etter grav i titusental
her i dei døde sin dal.

Der kjem det ein lik-bil svingande.
Svartkledde syrgjefolk.
Ikkje ein einaste salmetone.
Ikkje ein voni sin tolk.

Ikkje eit kross-merkt kyrkjetårn,
som peikar *ditopp* for mannens born.
Berre ei diger, sotsvart pipe,
som ryk – og rauk.
Høgt yver Rokko-fjellet
svingar so svær ein hauk.

Å, kor eg saknar krossen,
livet sitt sæle symbol,

* Rokko er ei mange mil lang fjell-rekkje på nordsida av Kobe. Denne 40 km lange millionbyen ligg millom havet og Rokko-fjelli.

teiknet som syner: sjølv dødsens dal
ligg i ei signande sol.

Høyr det, de Nippons søner!
Høyr det, de døtre med:
Einast krossen gjev livsens von –
og fred!

Kortevare-butikken

Der gata byrjar, so bratt og smal,
i Aotani, ”den grønne dal”,
ein trong og liten butikk du finn.
Det er so vidt du kan smetta inn.

Der sel dei blyantar, kort og blekk,
og tidt dit inn eg eit ærend gjekk.
Der sit ein stillvoren, eldre kar.
Og stundom kona den plassen har.

So vel er nytta det vesle rom, –
den minste plassen stend ikkje tom.
Her skrivesaker du kan deg få,
du sjølv kan taka dei i ei krå.

Og skuleborni, dei vegen finn.
Sjølv yngste årsklassar stig dit inn.
Ein liten leikesak, – nokre yen
Dei stille der framom disken stend.

Og kona smiler so lerke-fjåg.
So blidt eit andlet du sjeldan såg.
Litt engelsk kan ho, – det hjelper på, –
litt fingerspråk, og det skal nok gå.
”Å, air-mail!” – og ho lær so godt.
Og gull i munnen ho òg hev fått.

”Hai, envelop! – ho kan ogso *det*,
og ”tape” og anna som høyrer med.

Når ut av døri du gjeng din veg,
det smil og solskin då fylgjer deg, –
eit ”arigato”* og to og fleir,
og ”sayonara”** og mykje meir.

Kva er so ekte av sol og smil? –
Eg gjev ’kje rom for den kalde tvil.
Eg likar alt som er merkt av vår, –
helst når han vermer i småe kår.

Fiskehandlaren

Han kjem med si fiskekasse,
so trugen kvar einaste dag,
stiller seg opp der ved gate-hyrna,
med fiskar av ymse slag, –
reinskar og sløyer og skjer filé,
litt ufjelg kanskje, men kva gjer det?

Og konene kjem og kjøper,
og mannen, han skjer og skjer,
veg opp og pakkar i litt papir.
Og stundom dei skjemtar og ler.
Stride skjeggstubbar strittar,
og håret er uflidd med.
Men handelen gjeng, helst om kvelden,
so kva gjer vel det?

Men soli sig, og det myrknar, –
so snøgt kjem den austerlands-natt.

* Arigato: takk! ** Sayonara!: farvel!

Han hentar ei bøtte med rein-vatn,
vaskar, og kjerra let att.
Med gummihjul-vogni han ruslar sin veg.
Men kvar han hev heimen sin, veit ikkje eg.

Skomakaren

Nett nedanfor sit ein skomakar;
han enno er ung av år.
Kvar morgon, so sant det ’kje regner,
snøgt tre-budi si opp han slår.
Det er berre fire lemmar,
og gamle der er og grå.
Frå morgon til seine kvelden
i treskuret kan du han sjå.

Der sit han so bøygd på krakken,
han spikrar og pluggar og skjer.
Ved sida han hev ein transistor, –
der syng det og spelar og ler.
Og myrknar det, kveikjer han ljuset, –
men sistpå tek lemmane ned.
So ruslar han heim, men kvar han bur,
det kjem meg so visst ikkje ved.

*

Men smilen hans gløymer eg ikkje, –
som solskin i hytta hans arm.
Eg minnest den trugne skomakar.
Og smilen hans enn gjer meg varm.

Frukt-kona

Litt nedanfor, same sida,
den fjerde i laget me ser, –

ei kvinna, ho dreg no på åri,
men trugen som få ho er.
Kassane set ho på gata,
poteter og eple og kål.
Er stundom det smått med kunder,
ho ventar med trott og tål.

Der lyser det mot oss mikan*
og røter av ymse slag.
Ho vermer seg inni ein vesal bil
når rå-kald er hennar dag.
Men mest er det sol og glede,
og kjem det ei uvers-rid,
so lyt ogso dette døyast.
Og so er ho nøgd og blid.

Det er 'kje so rar butikken,
og "utvalet" er 'kje so stort.
Men ein og annan kjem innåt,
so vert det ein handel gjort.
Ho hev 'kje dei høge kravi,
og sidan ho slik det driv,
ho brødfør nok seg og sine,
og bergar dei dyre liv.

På andre sida av gata
dei driv i so stor ein stil,
med "selvbetjening" og anna
som no høyrer tidi til.
Og korleis no dei eg nemnde,
kan lell får det til å gå,
det er 'kje so greitt å skjøna,
men godt at det lell *er* så.

* Mikan: mandarin-appelsin.

Blomster-kona

Og so hev med blomster-kona, –
ho ogso kjem kvar ein dag.
To korgar ho ber på stongi,
med blommar av ymse slag.
Ho nynnar sin eigen tone,
der fram ho i gata dreg.
Men kva som ligg løynt i einstonig kvad,
det skjønar nok ikkje eg.

So slær ho seg ned på gata, –
Ko'operativen tett ved.
Det lyser frå korgene hennar,
farger som hugen gled.
Og jamleg det vert litt handel, –
det gjeng nok, – for neste dag
ho kjem med sin song og dei digre korgar
med blommar av ymse slag.

Skjær-sliparen ved apekatt-buret

Og skjær-slipar'n må me 'kje gløyma, –
han kjem av og til ogso han.
Som oftast han millom skomakar'n
og frukt-kona plassen sin fann.

Med sløge sakser og knivar
kjem konene svint til han ut.
Han sliper deim lynande kvasse,
den glupe skjær-slipar-gut.

Og attmed stend apekatt-buret,
men han som der inne bur,
han likar 'kje fange-livet, –
han skaptest til fri natur.

Ustanseleg høpp og høpp han,
so smidig og smal og lett.
Han lyt vel fordriva tidi
med spenstige sprell og sprett.

Og småborni stend kring buret, –
dei kaker og drops han flir.
Då er han so svint på labben.
Det knasar i sylv-papir.

Men skjærslipar'n kvesser stålet, –
han ogso er nøgd og glad.
Når ingen knivar kjem til han meir,
han dreg til ein annan stad.

Skraphandlaren

Kvar veke me hev han i gata,
ein ljoslynt skraphandlar-kar.
Kvar gongen eg nikka og smilte,
han gav meg eit solskins-svar.
Og heile kvartalet han trålar,
frå hus og til hus lyt han gå, –
Kjem utatt med pakkar og buntar.
Det er tidt eit syn å sjå.

Han haugar det opp på si kjerra,
dei slapsete vekeblad,
dei slitne aviser og bøker, –
so ligg dei der, rad i rad, –
og flasker og barnevogner
og jernskrot og avlagde klær.
So spanner han fast det høge lasset,
og smiler, – sin veg han fer.

— — —

Det hev 'kje so blide yrke,
og tidt er nok dagen grå,
og vinden er sur, men aldri
du sure fekk *deim* å sjå.
Eg alle i minnet gøymer.
Å, må det dykk ganga vel!
Fori de, som so trutt i det småe strevar,
dei òg hev so dyr ei sjel.

Ein pusekatt som klagar ved Daimaru

Ein pusekatt som klynkar ved Daimaru,*
med kvite poter, buk og ”skjortebryst”.
Han bryr seg ikkje om det fine strøket,
men mjauar med so jammerleg ei røyst.
Han byksar, høpp, han krafсар og han klorar,
men speglglas-ruta er so hard og hål.
Lell pusen gjev seg ei, på nytt han prøver.
I storby-ståket lyder katte-gnål.

So redd han er, og høgare han hoppar.
Og ynkeleg han høyrest, denne låt.
No freistar han det blanke teak-panelet.
Det vesle hjarta er so fullt av gråt.
Eit ler-band hev han kring den tynne halsen.
So hev han *heim*, og difor vil han inn, –
vil finna mor, og kanskje mjølke-koppen.
Her ute berre ståk og styr han finn.

Den vene døri opna seg omsider, –
det var 'kje lenge før dit inn han smatt.
Med eitt han tagna, stilt steig yver teppet.
Kor glad han var, den spede arme katt!

* Daimaru: eit stort varehus i Kobe.

Du litle pus som klynkar ved Daimaru,
din såre klage eg 'kje gløyma kan. –
Eg minnest ordet at kvar skapning stundar
i verk og ve imot eit betre land.

Fillehandlaren og diamant-ringane

Ein morgon to ringar ein rag-picker* fann.
Det hende i Tokyo by.
Han tykte den eine var lite verd;
den andre var langtifrå ny.
Han såg 'kje i morgon-timen
den ov-fagre, solklåre glimen.

Han til ein kollega baud ringane fram,
og to tusund yen for deim fekk.
Og so til den fattige heimen sin
han takksam og syngjande gjekk.
Men ho som dei ringane miste,
so vel deira verde visste.

Og han som fekk kjøpt desse ringane to,
fekk verdsett deim sidan ein dag.
Då synte det seg at dei båe var
juvelar av edlaste slag.
No lydde det andre tonar:
Dei verde er millionar!

Det hamnar mange frå tid til tid
på skraphaugen, – vesale vrak.
Og vel må me minnast når me gjeng forbi:
å døma er ikkje *vår* sak.
Og hugs so at for vår forsonar
meir verd er dei enn millionar.

* Rag-picker: fille- og skrapsamlar.

Fær han med deim stella, det henda vil:
juvelen skal stråla rein.
Og sistpå i Frelsarens diadem
skal skina den glimestein.
Og oss vil i kjærleik han minna:
me "ringen" åt honom skal finna!

Spør om ein katt kan gråta!

Dag etter dag, og natt etter natt
eg høyrer ein jamrande, klagande katt.
Midt i den glimande, glødande vår
høyrest ei mjauing useieleg sår.

Kvi klagar du trøysteslaus, klynkande katt?
– Eg nyleg hev mista min kjæraste skatt:
fem nyfødde nyster, so lubne og små.
Men ingen stad no er dei kjære å sjå.

Kvar er dei, kvar er dei? Kvar vart dei vel av?
Eg livsdrykken viljug dei skapningar gav,
men no er dei burte, – skal tru kvar dei er?
Og kvilelaus katt ut på nattetogt fer.

Han let seg 'kje trøysta, for alt hev han mist,
og dagen med eitt vart useieleg trist.
Han minnest dei småe, – dei kjære han vart.
Men no er dei vekke, og natti er svart.

Eg minnest den katten og klagingi sår.
Og enno i dag ho til hjarta mitt går.
Ho talar om smerta som skapningi lid,
til komen er jordi si herlegdoms-tid.

I det store Buddha-tempel

Det er so myrkt her inne,
so mange djupe skuggar.
So lite ljøs seg trengjer inn
igjenom småe gluggar.

Det er so trist her inne,
so tomt for sol og glede.
Eg høyrer ingen frydesong
og ingi takkekvede.

Det er so tomt her inne,
til trass for kjempe-bulkar.
Den digre Buddha veit 'kje råd
for deim som græt og hulkar.

Det er so audt her inne
i desse kjempehallar.
Den store Buddha svarar ei
om du på honom kallar.

Det er so daudt herinne.
Her råder døden berre.
For einast ein hev livsens urt.
Det *Kristus* er, vår Herre.

Men ute strøymer dagen,
det tonar takke-kvede.
For Kristus opp or gravi stod.
Han er vår sol og glede.

Dr. Jens Michael Thøgersen Winther

Til 91-års dagen, 25.10.1965

Når det er megen makt og styrke
er livets alder åtti år.
Men det er lenge, lenge siden,
og enn du i ditt yrke står.

Av djupe kilder fikk du øse, –
Guds miskunn imot deg var stor.
Og den fikk virke hva den ville, –
det derfor rikt omkring deg gror.

Det er vel sælt når livet lykkes
og onnedagen blir så god.
Og hvile får du tidsnok siden,
i sabbatsårets rike ro.

Vi takker Gud at vi deg møtte,
fikk være her med deg i lag.
Vår takk til deg for hva du gav oss!
Gud signe stort din framtidsdag!

*

Det sies at jyden er seig og sunn,
og noe i det må det være.
Velsignet du var fra din første stund,
og så gir du Mesteren ære.
Han underlig ledet din livsens vei.
I dag vi derfor vil lykkønske deg.

Hvem skulle vel tro at den lille dreng
som fødtes snart hundre år siden,
der nede i Jylland, så langt fikk fly
og komme til Nippon siden!
Men ferden først gikk over U.S.A.
Men det er lenge, lenge siden da.

Du enn – lik Johannes – i alders høst
et budskap om Gudsriket bærer.
Og så vi i dag, gamle venn og bror,
av hjertet deg hyller og ærer.
Guds fred, Guds lys i kvelden sein og god!
Det rikt du sådde, det skal fagert gro. –

To dr. Arthur Julius Stirewalt

On your 85 years day, 5.2.1966

Life is like a river,
running so swift and fast,
reaching the deep, wide ocean
of eternity at last.

The little child is growing,
reaches the age of youth.
That is God's merciful meaning:
to reach the realm of truth.

The river Jordan is running,
flowing down and down.
The tree at the bank of the river
gets silver and gold in its crown.

Much water, from the beginning,
ran into the ocean 'til now.
The river grows deeper and broader, --
more quiet and gentle its flow.

You gave to your Lord and Saviour
your life, your strength, your time.
You served Him year by year,
until now the evening-bells chime.

You gave to the land of Nihon
your strong and sincere love.
You strewed the good seed around you,
in the power you got from above.

And now, dear Arthur, we hail you,
when bright in your ev'ning you stand.
Our thanks for politeness and goodness,
unforgettable brother and friend.

With Winther as yet you are forming
an aged and unique duet.
And we from old Norway are happy
that both you, brethren, we met.

A gentleman 'mong missionaries
you are, as you always will be.
God bless you, until you in glory
the King in his beauty will see! –

Livet er likt ei elv, som renn so snøgt og fort, og
sistpå når æva sitt djupe, vide hav – Det vesle
barnet veks, og når ungdoms-alderen. Det er Guds
miskunnsame meining å nå sanningi sitt rike. –
Jordan-åi strøymer, flyt nedover og nedover. Treet
på elvekanten fær sylv og gull i si krone. – Mykje
vatn, frå fyrst og til no, hev runne i havet. Elvi vert
djupare og breidare, og strøymer meir roleg og stilt.

Du gav til din Herre og Frelsar ditt liv og din
styrke, di tid. År etter år hev du tent han, til no
kveldsklokkone kimar. – Du gav til landet Japan
din styrke og inderlege kjærleik. Du strødde den
gode sæd ikring deg, i den kraft du fekk ovanfrå,
– Og no, kjære Arthur, me hyller deg medan ljøs
du stend i kvelden din. Me takkar deg fordi du var
høvisk og god, ugløymande bror og ven. – Saman
med Winther danar du enno ein gamal og eine-

stående duett. Og me frå gamle Noreg er lukke-
lege fordi me fekk møta dykk båe. Ein gentleman
millom misjonærar er du, og det vil du alltid vera.
Gud signe deg, til du i herlegdom får sjå Kongen i
hans fagerdom! –

Bøndene

Dei trælur frå grytidleg morgon,
og strevar til seine kveld,
om sumar og vår og vinter,
når lauvet i lunden fell.

Du ser dei når vårsoli spelar,
når skyene regntunge driv,
når sveitten på pannone perlar,
so tungt etter pusten dei hiv.

Og kvar du enn auga ditt vender,
er kvinner i arbeidet med.
Om morgonen tidleg du ser dei,
og like til soli gjeng ned.

Og alltid dei hev det so annsam, –
du oftast i farten dei ser.
I helg og i vyrke dei onnar,
og ute på åkrane er.

Og lappane er 'kje dryge, –
kvar mole må nyttast so godt.
So vert kvar ein åker ein hage,
som odlast med truskap og trott.

Dei bøyer seg djupt imot bakken,
dei hakkar og horvar og spar.
I våt-moldi plantar dei risen,
til soli bak kollane glar.

Dei ser kor det gror og det grønkar,
i vonfull og vaknande vår.
Dei ser kor det mognar omsider.
Då løn for si møda dei får.

Du skulle sjå kveiten om våren!
I snorrette rader han står.
So frisk og so frodig han grønkar
og høgare oppover når.

Og der ser du vinranke-stomnar,
og morbær-tre og amankan.*
Eit grønsak-felt ligg innimillom,
og der raudnar mjuke mikan.**

Når risen om hausten er berga,
dei kløver i åkeren sår.
Om våren eit lyseraudt teppe
du ser, so langt auga ditt når.

Det mest er dei eldre som stillar
med skogen og grunn og gard.
Dei unge – dei dreg helst til byen.
Åleine vert mor og far.

Men landet, det kan ikkje leva
av byar, fabrikkar, asfalt.
Fær jordi si grøde ei gjeva,
då misser me sistpå alt.

* Amakan: sommarmandarin. ** Mikan: mandarin.

Om mangt og om mykje eg gløymer,
eg minnest til livet sin haust
dei trugne og trottige bønder
i Solrenningslandet i aust.

Kollane

Å, alle dei grønkledde kollar, –
eg såg dei i titusund-tal,
når våren strauk lint yver landet,
når hausten so stillsleg drog ande.
Dei gjeng ifrå dal og til dal.

So søv det, – men atter dei vaknar.
Sjå landet i lysande skrud,
med finaste farge-nyansar!
Du stend her med vidopne sansar
og lovar vår veldige Gud.

Kvar koll hev sin sermerkte skapnad,
med lauvskog og barskog og blom.
Ein bambus-lund audmjukt seg bøyer
imedan han rakleg seg tøyer,
vel nyttar sitt tilmælte rom.

Eg tenkte, når tidt eg fór framom:
å, kunne til toppen eg nå!
Då fekk eg dei titusund kollar
og blidslege, blømande vollar
i veldige oversyn sjå. –

*Hiroshima**

Det er vel vent i Hiroshima
når soli fell inn frå vest.
I bombe-byen ved Innlandshavet
ein vårdag og to var eg gjest.

Kring byen ringar seg fagre kollar,
og elvane gjeng mot hav.
Her var det at eingong det svære hende
som verdi ein stor-støkk gav.

Her var det ein stormfugl skaut ned frå det høge.
Eit brak og eit redsle-skrik.
Her ramla i røys dei uteljande heimar.
Her fyltest det opp med lik.

Her skein det ein blenk so skir som soli.
Han øydde alt liv på sin veg.
Til døden svidde han ung og gamal,
og småborn på skuleveg.

*

Men byen bygdest omsider atter,
og livet brusar og brenn.
Og ferdsla strøymer som stride elvar.
Hiroshima nyreist stend.

Og småborn spelar seg no som alltid, –
det lyder so glad ein lått.
Men ein og annan ligg enn og verkjer
av sári som han hev fått.

* Det var den 6. august 1945, kl 8.15 om morgonen, at atom-bomba fall yver Hiroshima (utt. *Hiroshima*). 260 000 menneske vart drepne, og over 100 000 vart sára.

Det blånar blomar der bomba sprengdest.
Men støyen sit enno att.
Vil verdi enn gløyma livsens lover,
det gjeng mot so nifs ei natt.

Hiroshima, du so sterkt enn talar
om syndi si grelle gru.
Å, mannsens born, før det verste hender,
på himmelens Gud må de tru! –

Slik kom våren!

I går var det ruskut, med skyers mengd,
og vinden tungt kringom novi tok,
so glasi klirra og husi skok.
Dagen etter var kvelven klår.
Og det var vår.

So dim var dagen, – so surt og kaldt,
og regna gjorde det, rauk og dreiv,
og fåe ute i gata sveiv.
Men no i dag varme vindar rår.
Og det vart vår.

Småborni leikar på lette fot,
den fjåge gjenta, den glade gut.
Kamille-treet sprang nettopp ut, –
med fagre blomar det blodraudt står.
Og det er vår!

Japans vår

No lysnar kvart eit fagert fjell,
no frisknar desse djupe dalar.

Det er eit mektig livsens vell,
som sterkt om Herrens stordom talar.

No bjartnar kvar ei brå-bratt lid,
no blømer alle ljose lundar.
Det er ei gild og ljuvleg tid,
med glad-lyndt song frå fugle-munnar.

Sjå, bambus-skogen bøyer seg,
i takksemd for den fylte krona, –
so vent eit syn på vårens veg, –
i toppen høyrest lovsong tona.

Og kvart eit doggfriskt blad og blom
i desse ljose vår-livs-lider,
dei lovar Herrens herlegdom
i stille, store vaknings-tider.

Du folk i dette fagre land,
tak tonen til din skapars æra!
Frå Fuji-fjell til havsens strand
den store lovsong må du læra.

Då fyrst for alvor vert det vår,
med song og spel og sæle dagar.
Då vaknar liv, då lækjest sår.
Då blømer det i hjartans hagar.

Sakura-tid

No logar yver Nippon's land
ein lyseraud sakura-brand.*

* I fyrstningi av april blømer sakura-treet – kirsebærtreet – yver heile Japan.

Frå langt i nord til lengst i sud
me ser det sarte, skire skrud.

Uteljande er desse blad,
og alle syng dei stilt eit kvad,
ein song ved solarsprett og kveld
til Han som tende denne eld.

Ei stund det er som om me såg
den dâm som yver Eden låg.
Det lyser, logar, blussar, brenn.
Me tekne, tankefulle stend.

*

Sakura-tidi er vel ven,
men å, ho er so kort!
Eg ser det lyseraude vell,
men bladi brått til bakken fell.
Eit vind-drag tek deim bort.

Sakura-tidi vakker er, –
men å, ho er så stutt!
Dei blide, bjarte blomar brest,
og landet ligg i fryd og fest,
ei stund – so er det slutt.

Slik er vårt livs sakura-tid, –
ho ogso endar brått.
Men kan me berre bera frukt
ved Herrens nåde, trøyst og tukt,
vårt livsens mål vert nått. –

Nyst hørde eg nattergalen

”Nyst hørde eg nattergalen.
Og so er det vår igjen!”
Han sa det med song i røysti,
min unge japanske ven.

Han sa det med fryd og fagnad, –
det blenkte i augo hans.
Og utanfor blåna kvelven,
i soli sin morgonglans.

Eg hadde ’kje høyrte den fuglen,
og difor eg òg var glad.
Kor gildt omsider få lyda
til nattergalen sitt kvad!

Men det som den morgonstundi
om hjarta då tok meg mest,
var tanken på *våren* derute,
den venta, velsigna gjest.

Villender

Eg såg i dag i ”Mainichi”
ein flyttfugl-fylking stor.
Ein villand-skare lyfte seg
ifrå den breide fjord.
Dei flaksa kring i lufti litt.
Og so dei strauk mot nord.

Dei søkte livd for storm og sno
i vinternatti kvit.

* Engelsk-japansk dagblad.

Dei difor lyfte vengjene
og kom omsider hit.
No vårast det igjen der nord,
og so dei stundar dit.

Dei dregst mot vår og nattsol skir, –
so tek dei ut på ferd.
Dei anar at der langt i nord –
der ligg ei vakker verd.
Der brusar bjørki, – Nordens natt
mest bjart som dagen er.

Me alle ber i hjartans djup
ei lengsla, døyvd og sår.
Me stundar mot ”det sanne nord”,
mot livet, ljuset trår.
Og fylgjer me den Herre Krist,
me livsens vårland når.

No raudnar alle Japans fjell

No raudnar alle Japans fjell,
og alle åsar skin som eld.
No logar det i Nippons land,
og alle lider stend i brand.

Eg minnest landet langt i nord.
Der søv ho alt, den trøyte jord.
Og tanken dreg til Noregs fjell,
der alt er slokna haustens eld.

Ja, kvar du fer, i nord, i aust,
gjeng året alltid imot haust.
Men – kvar du enn i verdi går,
på vinter fylgjer det ein vår.

So brenn, de fagre Nippons fjell!
Og slokna, du mitt heimlands eld, –
når bare livet atter gror
og lyser på ei nyfødd jord!

No er det kveld

Stilt attom åsen
gjeng kveldsoli ned.
Helgedags-fred.
Minni, dei strøymer
frå framfarne år,
barndomens vår.

Soli, ho sig
attom åsar og fjell.
No er det kveld.
Lengslone gjeng
mot min heim,
mot mitt land,
barndomens strand.

Soli no berre
ei hands-breidd hev att.
Snart er det natt.
Hugen mot heimlandet, –
himmelen, – går,
paradis-vår.

Soli sig bak Rokko-fjell

Soli sig bak Rokko-fjell, –
dagen gjeng so snøgt på hell.
Dagen var so ljuv og gild.
Kvelden er so skir og still.

Soli glar bak Rokko-fjell;
brått dei svarte skuggar fell.
Attom åsen skyi enn
glør og glimar, brår og brenn.

Snart sig på den djupe natt.
Stjernor skin – det dagnar att.
Or det store Stillehav
soli stig, som or ei grav.

Slik det var i tusund år.
Tider kjem, og tider går.
Folkemengd i rastlaust jag, –
nyttar de den dyre dag?

Dagen var meg alltid kjær;
kvelden låg mitt hjarta nær.
Og om natti fylgde på,
fekk eg stødt ein morgon sjå.

Det er voni på min veg:
om mi livssol løyner seg,
tek min Frelsar meg ved hand, –
heim til himlens morgonland.

Soli stend midt i skaret

Soli stend midt i skaret
der borte i Rokko-fjellet,
ut yver sjø og by og land
sender det siste vellet.

Ho synest å stansa ei beite,
som vil ho ei kveldstund kvila.
So lenge som råd er, vil ho visst
ut yver Nippon smila.

So løyner ho stilt si åsyn,
og atter ein dag er enda.
Herre, hav takk for den ljose von:
Du endå ein dag vil senda.

Gud gav meg so mange dagar, –
ein perlestraum glitrar og glimar.
Gud, hjelp meg å nytta kvar kostbar dag,
til kveldsklokka kallar og kimar! –

Natt yver Nippon

So sløkkjer eg mitt litle lys,
og det er myrkt i stova,
for natti yver Nippon rår.
No er det tid å sova.

Ein dag er enda, – endå ein.
Kvar dag – so dyr ei gåva!
For denne skire perlestein
eg vil min Skapar lova.

Kor sælt å minnast kvar ein kveld,
når det mot natti lider:
I Herrens store, sterke hand
er alle mine tider!

So kan eg somna, still og glad,
i desse trugne hender.
Ei stund i svevn, og soli renn
or hav ved Nippons strender.

Gløym ikkje noko!

”Gløym ikkje noko!” – me høyrer so tidt
når me skal på ferdi ta ut.
Og saknar me det som me sårt sidan treng,
det valdar oss trege og sut.

Gløym ikkje det som du treng mest av alt
på vegen til æva sitt land!
Tak Jesus, din Frelsar, i livsbåten med!
Då når du den stormfrie strand.

Gløym ikkje noko, – so mange det gjer,
og tidt vart det tap og ruin.
So gløym ikkje Jesus, – han fylgjer deg fram
dit livssoli æveleg skin. –

Steng ikkje solskinet ute!

Steng ikkje solskinet ute,
det varme, velsignande vell!
Tak skoddene vekk frå di rute,
so strålane inn til deg fell!

Steng ikkje himmelen ute
frå livet, – då vert det so kaldt!
Lat Kristus få fylla ditt hjarta!
Då gjev han deg våren – og alt!

Steng ikkje vårlivet ute!
Lat opp mens di sol stend i aust!
Då ser du ein signerik sumar.
Og herleg vert livet sin haust.

Det er det evige livet

Det er det evige livet, –
sa Jesus den siste kveld:
å kjenna den einaste sanne Gud.
Då strøymer livet si elv.

Det er det evige livet:
å kjenna den Sonen han gav,
vår Frelsar, forsonar, den Herre Krist.
Då bårar livet sitt hav.

Det er det evige livet, –
det alt her på jord tek til,
men faldar seg ut i ein evig dag.
Deg, Jesus, eg fylgja vil.

Så i dei unge sinn!

No er det tid til å planta ut! –
So strevar dei alt dei kan.
Frå gry-tidleg morgon dei onnar trutt,
til kvelds-himlen stend i brand.

Dei vassar i bløyta, med ryggen bøygd,
for no er det tid å så.
Om vårsoli steikjer, om skyi brest,
på åker'n dei ut må gå.

No er det så-tid, – so stutt ho er.
So strevar dei alt dei vinn. –
Me ogso må nytta den dyre dag –
og *så i dei unge sinn!*

Lat din lovsong ljoda yver verdi!

Lat din lovsong ljoda yver verdi,
runga mektig ifrå pol til pol!
Verdig er du til ei evig æra,
altets skapar, frelsar, liv og sol.

Du oss Sonen sende til vår sæla;
han oss lyfte or det djupe fall.
Difor skal vår lovsong evig ljoda
gjenom himlens underfulle hall.

Me er støv, men du av moldi makar
klåre perlor til ditt diadem.
Skina skal dei, deg til evig æra,
gledast i eit nytt Jerusalem.

Tidsens bylgjor bårar utan kvile
fram imot den klåre æve-kyst.
Herrars Herre, herleg utan like,
deg å lova er vår lengt, vår lyst.

Tenn eit lite lys i dag!

Tenn eit lite lys i dag!
Kveik det med ein smil!
Det kan verma frosne sinn,
spreida skodd og tvil.

Tenn eit lite lys i dag!
Kveik det med eit ord!
Det kan gjeva makt og merg
til ein modlaus bror.

Tenn eit lite lys kvar dag!
Når det so vert natt,
der du brende dine bål,
ligg ei lysning att!

Du må ikkje koma for seint

Du på langferd legg ut, du skal fara so vidt,
til den framande strand, hev du meint.
Å, men tenkt for eit tap, for ein trege og sut
om du kom til skipet for seint!

Du vil himmelen nå når di sol sig i hav,
verta salig til sist, hev du meint.
Å, då må du 'kje spilla dei høve Gud gav!
Du må ikkje koma for seint! –

Det siste vert ikkje haust, men vår!

Då her eg fór for første gong,
då var det haust og sorgmod-song.
No er det vaknings-tid igjen,
og tusund ris-felt planta stend.

Då loga lauvet i kvar lid;
det hadde sett si sumars-tid.
No stend kvar skog i fest-prydd skrud.
Og alle lundar lovar Gud.

Då hausta dei den gylne ris;
dei mogne nek kvad Herrens pris.
No er det atter tid å så,
so nye korn kan mogning nå.

Og difor er det annsamt liv,
og yver strevet slikt eit driv.
Det gjer seg ikkje sjølv, må-tru.
So må me onna, eg og du!

So er det vår, med spel og song.
Og kjem eg so igjen ein gong,
eg atter møter haustens eld.
Me komme er til årsens kveld.

Slik skifter det i livet òg.
Men endå kan eg vera fjåg.
I livsens bok det skrive står:
Det siste vert 'kje haust – men vår!

Her kunne eg vanka i hundrad år

Her kunne eg vanka i hundrad år
og vandra kring kvar ei strand.
Her buktar seg vikar i tusund-tal, –
so veldig er dette land.

Her finst det uteljande fagre fjell,
og sletter der risen gror.
Her strevar den annsame bonde-ætt.
Dei odlar den djupe jord.

Her er det so ovstor ei folkemengd, –
eit drygt Niagara-fall.
Det yr og det kryr som på maurars veg
på gatone dagen all.

So gjerne eg gjesta kvar bygd og by,
og vitja kvar grend og gard.
Eg ville sjå innom kvar einskild heim
og helsa på mor og far.

Og gjeva eg ville til kvar og ein
det beste eg veit på jord.
Eg ville fortelja at livsens urt,
den finn de i Herrens ord.

Men hundrad år måtte minst eg ha, –
no hev eg 'kje mange att.
So er eg her berre ei liti stund.
De unge fær no ta fatt!

Plant korset høgt på Fuji-fjell!

Plant korset høgt på Fuji-fjell,
og lat det lysa yver landet!
Då vaknar det eit vårlivs-vell,
ved Herrens gode, sterke Ande.

Du land med mykje morgonsol,
og med det fagre Fuji-fjellet,
gjer korset til ditt livs-symbol!
Då vaknar du i vårsol-vellet.

Då fær du ei sakura-tid,*
med fager bløming utan like.
Og hausten vert so rik og blid,
i kraft av Jesu Kristi rike.

Det kors som stod på Golgata,
det lyftest òg for dette landet.
Lat Kristus inn til deg få dra, –
med livsens gode, sterke Ande!

* Sakura-tidi er i april, då kirsebær-trei blømer. Men dei ber aldri frukt.

Det siste eg såg då frå landet eg drog

Det siste eg såg då frå landet eg drog,
var vinkande, signande hender, –
og lysande andlet som ville meg vel,
det beste på ferdi meg unner. –
Og so såg eg Fuji i solskin.

Det siste eg hørde, var songen som steig,
før fly-fuglen letta på vengja:
”Må Gud vera med deg til møtast me får,
der grensor og hav ei kan stengja!” –
So lydde eit varmt ”sayonara”!

Det siste eg kjende før åsyni kvarv,
var glede og fryd utan like, –
vel blanda med vemod, – fordi at det finst
ein skatt i Guds evige rike
som heiter det heilage samfunn.

Det siste eg ynskte før fly-fuglen steig,
for flokken som vinka der nede:
Gud signe dei aldrande, unge og små,
deim unne den evige glede,
der ingen fær sagt ”sayonara!” –

So ser eg vel ikkje dei åsyni att,
men alle so vart dei meg kjære, –
vil leva i minnet frå år og til år.
So er, trass i alt, dei meg nære.
Og eingong me møttest – der heime. –

Sayonara – farvel!

Me møttest med gleda ein velkomst-dag.
So kjært å få vera med vener i lag!
Men so, om ei stund må vår veg me fara.
Då lyder eit sorgblanda ”sayonara”.

Og det som legg vemod i barmen vår,
er tanken om meir me vel møtast får.
Kan henda eit ”aldri” i hugen tonar,
om stundom me ogso på gjensyn vonar.

På strandi du stend, – ser ein kjær om bord.
For godt skal han fara frå denne jord. –
Når soli til sist ned i livshavet gladde,
kor arme me var om me *voni* ’kje hadde!

Ei kveldstund eg sjølv på ein ferjebåt stend,
mens soli i havbrynet gløder og brenn.
Då lyder det siste farvel’et i kvelden,
mens sakte han sloknar, den solefallselden.

Når eingong det siste farvel’et er sagt, –
kvar pil’grim hev jordlivet attom seg lagt, –
då evig vårt samvær, vår sæla skal vara.
I livslandet lyder det ei ”sayonara”. –

MOT HEIMLANDET

Då veit eg det vårast der heime

Det lir utpå året, i mars og april, –
eg kjenner det på meg, det finst ingen tvil:
Eg veit at det vårast i Noreg.

Det tiner og sildrar, det klukkar og læt,
det fløyttar i ospi, so vent at ein græt.
No vårast det atter der heime.

Det brusar i bekker, det brakar i fjell,
der fossane fyllest, mot djupet dei fell.
Det vårast, der heime i Noreg.

Høgt oppe det susar, – ein grågåsflokk-plog!
Og knuppane svell i den vaknande skog.
For våren er komen til Noreg.

Og brått lyder staren sitt skiraste kvad,
og lerka i skyi er glitrande glad.
Då våren er komen der heime.

Snart lyder i lidi det klåre ”ko-ko”.
Og smålammi sprett på den grønkande mo.
Jau, no er det vårtid der heime.

I skogkanten skin det ei symra i sol.
So lyser det liljekonvall og viol.
No vårast for fullt det i Noreg.

Og bjørkene slørest, tek på seg sitt skrud.
Det tonar ein hymne til himmelens Gud
som livs-våren sender til Noreg.

No brenner dei bråte der heime

No brenner dei bråte der heime,
og blåveis i bakkane blømer.
For våren er komen til Noreg
og resten av vinteren rømer.

No slepper dei lammi på vollen, –
å du, for eit kast og eit kjæte!
Frå liten eg var, kan eg minnast
so godt dette lystige læte.

Og vårsoli vermer om kinni,
kvar knupp fram i dagen ho lokkar.
Der susar det noko i lufti:
sjå, grågås i plogforma flokkar!

No staren i ospi seg solar,
og måltrosten fløyttar i kvelden.
Det grønkar i graset på vollen,
det knitrar i bråtebrand-elden.

Og kyrne, dei rautar på båsen,
mot graset og groen dei stundar.
For vår-angen longe dei lukta,
og høyrer det ljoda i lundar.

Kva under om atter eg lengtar
mot våren som ei hev sin like,
dei livsfylte, solklåre kveldar
i Noreg sitt eldgamle rike!

Nei, den som såg vårlandet vakna, –
den syni han aldri kan gløyma.
Til alderens haust vil imot han
dei barndomens vår-minne strøyma.

Tanken tek lange turar

Tanken tek so lange turar, –
tusund mil so snøgt han fer.
Likso svint som lynet gjeng han,
rundt den store, vide verd.

Fortare enn flyet fer han,
gjestar jamleg kjend og kjær.
Soleis kan eg vera hjå deim
kvar eg enn i verdi er.

Tanken tek dei dryge turar, –
tusund mil so svint han flyr.
Men me gløymer visst å takka
for det ”fartens eventyr”.

So kvar dag eg gjestar landet, –
fleire gonger til og med.
Til å sjå mitt heimland atter
meir og meir eg no meg gled.

Brev-duva

Kor trur du dei lever der heime,
i hyttor og hus og slott?
Brev-duva kjem med det bodet:
Dei hev det helst’e godt.

Stundom lyt duva hasta
hit ut med syrgjebod.
Det susar ein skog i sorgmod.
Gud vere oss alle god!

*

Velsigna dei duvor som hastar med bod,
høgt yver land, yver hav!
Hjartans velkomne de er hit ut!
Takk for den helsing de gav!

Velsigna dei duvor som hastar med bod,
høgt yver hav, yver land.
Ov-lang er vegen, men fram de då finn,
ut til den fjernaste strand!

Bod ifrå heimlandet! – hjarta seg gled,
helsar kvart brev som ein skatt,
venlege tankar til brev-duva gjev,
ynskjer ho velkomen att.

Sjølv fær eg senda ei duva med bod
opp til det landet der nord.
Alltid ho vegen til heimane finn,
både ved fjell og ved fjord.

Å møta nordmenn i framandt land

Å møta nordmenn i framandt land,
so fjernt, so langt frå vår eigi strand,
det er so heimsleg, so gildt og kjær.
Med eitt vert Noreg oss ganske nært.

Og grant du merkar me er brør, –
sjølv om me ei såg kvarandre før, –
av same ætt og frå same land,
og bundne saman med sterke band.

Du møter nordmenn på framand veg,
og noko underleg melder seg.
Det er ei helsing ifrå din heim.
Og glad og varm du velsignar deim.

Eg høyrer frå heimlandet

Eg høyrer frå heimlandet:
”Han er gått bort.
Og ho er no heime hjå Gud.” –
Det susar i skogen
ein sorgmodstung sukk
kvar gongen eg fær dette bud.

Når so eg kjem heimatt, –
om Gud so det vil, –
når atter i Noreg er vår,
ja, so er dei borte,
og plassen er tom,
og ikkje eg møta deim får.

So underleg er det,
og alvorsfullt med.
Men livet, det vidare går.
For ”slektene skifter
som lauvet i lund”.
Frå haust gjeng det atter mot vår.

Men alltid når bodet
frå heimlandet kjem,
då vert det so stilt i min skog.
Eg minnest med takk
dei som vandra med meg –
og sidan til vårlandet drog.

Kvar gongen er ogso
til minnes meg dreg
at elden min òg dabbar av.
Gud, lær meg å nytta
dei timane vel, –
til soli mi stilt sig i hav!

Det er slik dragning i laurdags-kvelden

– Det er slik dragning i laurdags-kvelden,
ei underleg lengting når soli gjeng ned. –
– Det er avdi helgi seg nærmar, eg svara.
Då sig yver jordi Guds høgtid og fred.

– Men samstundes kjennest det òg so vemodig,
ho sagde so stillsleg, og so la ho til:
– Slik kjende me det ogso heime i Noreg.
Og helgedags-aftan er alltid so still.

Ja, vemodet merkest, – kvar helg som seg nærmar,
ei helg hev me mindre av alle på jord.
So høyrer me snart kor til høgtid det ringjer,
til æveleg helg i det himmelske kor.

So er det haust!

So er det haust!
Seinare syner seg
soli i aust.
Åkrane alle
fær farge av gull,
skogheimen snart
av den malmen er full.
Stavstill er dagen,
og lufti er klår.
Sylv i mitt hår.

Underleg òg:
Enda er ungdomens
ljøslyndte tog.
Då ifrå livselv
til livselv det gjekk.

No flyt han lognare,
livet sin bekk.
Makti, ho minkar,
og livsmodet med.
Lell er det fred.

Dagen er stutt.
Året, det endar,
og so tek det slutt.
Timane hastar,
minuttane flyr.
Tidi må nyttast,
so gullgjæv og dyr.
Kvelden seg nærmar,
snart natti er her.
Gud, ver meg nær!

No dagane lengjest i Norden

No dagane lengjest i Norden,
og so kjem ei bylgja av vår.
So er på den sigrande sida
det landet der livslyset rår.

No dagane lysnar i Norden,
og nettene minkar med kvart.
So nærmar seg vårbylgja landet, –
ho stig, og ho aukar sin fart.

Det vert som eit eventyr-rike
av sol og av song og av duft.
Uteljande kalkar seg opnar
og skin i den solskire luft.

Og fuglane dregst imot Norden,
tek ut på den festlege ferd.
Snart kjem dei i fylgje med våren
og møter ei underfull verd.

Då vaknar det noko i barmen,
og vårlandet lindt på meg dreg.
Eg letter på vengja, vil fara
den eldgamle Norrøna-veg.

Ei perlerad av minne

Når ståket stundom stilnar, –
frå høgdi freden dalar, –
det hender at mi fortid
med eitt til hugen talar.
Då lyser det derinne
ei perlerad av minne.

Når dagsens uro endar
og stilla hugen fyller,
då hender det at soli
so fint mitt livsland gyller.
Då lyser det derinne
ei perlerad av minne.

Eg minnest deim som vandra
med meg på livsens vegar.
No er dei borte, borte, –
eg eit og anna tregar.
Lell lyser det derinne
ei perlerad av minne.

Eg minnest mange samvær
med deim som var meg kjære.
Me delte våre gleder,
men òg det mykje svære.
Då lyser det derinne
ei perlerad av minne.

Då tonar det i harpa, –
i alle hennar strenger, –
ei takk til Han som signa,
og vil meg fylgja lenger.
Då lyser det her inne
ei perlerad av minne.

Takk for kristen arv!

Herre, takk for kristen arv,
skule, heim og kyrkje!
Dette gull, i år som kvarv,
var min skjold, min styrke.
Det var ljuset på min veg.
Store Gud, eg lovar deg.

Takk for edelt arvegull
som eg fekk i fanget!
Det gav soning for mi skuld,
mine synder mange.
Det gav livsens himmelbrød,
von om vår trass dom og død.

Takk for denne dyre skatt,
som eg fekk i gåva!
Kvar ein dag som eg hev att,
vil eg himlen lova.
Herre, æva stundar til, –
evig eg deg lova vil.

So stend me ved milesteinen

Det var godt at dei kvinnor i Bergen
tok til, – dei eit kall hadde fenge,
eit syn av ein solgylt åker.
Me venta berre for lenge.

”I hast skal de ganga med Ordet
at Kristus or gravi hev stade!” –
Dei fyrste sendebod skunda seg,
og gjorde dei mange glade.

Det var godt at me òg fylgde kallet,
vart med i den stridande skare.
Dei som tok til då vårt arbeid var ungt,
hev longe til kvila si fare.

Det var stort at misjonen sin Herre
gjekk med oss og signa vårt yrke.
I storm og i stilla, i sol og i regn
han sjølv var vår skjold og styrke.

Det var stort at misjonen sin Herre
sjølv opna dei attlatne dører.
Han dogga dei såkorn som strøddest med gråt.
Den heilage elden han nører.

Me stend i den stridande kyrkje,
den sanning me aldri må gløyma.
Men Kristus hev vunne det store slaget.
So kan me om siger drøyma.

Me minnest dei mange trugne,
den ukjende mann og kvinne.
Martyrar sitt blod vart so dyrt eit såkorn.
No ærar me deira minne.

Og førarar fekk me i striden.
Med mynde dei synte oss leidi.
Med visdom i hjarta, Guds bok i hand
dei viste oss veg yver heidi.

Fem åkrar han gav oss derute,
og so fekk me fedrelandet.
Kor skal me vel makta den arbeidsbør
om ikkje ved Herrens Ande?

Han gjev oss det verdsvide utsyn:
Guds kunnskap all jordi skal fylla.
Når neket det siste er sankt inn,
skal livssoli allheimen gylla.

No stend me ved milesteinen,
og hjarta i undring bankar.
Me minnest dei framfarne mange år.
Det melder seg mange tankar.

No stend med ved milestolpen,
og takki frå djupet tonar.
Eit "Ebeneser" på steinen stend.
So ser me òg fram, og vonar.

No stend me ved milesteinen, –
me sannar at alt var *nåde*.
Vår Frelsar som bad oss med bodet gå,
mildt yver vår framtid råde!

No stend me ved milesteinen, –
me nynnar eit takkevede.
Gud, hjelp oss at eingong me høyra må:
"Gå inn til din Herres glede!"

No stend me ved milesteinen.
Høyr: lovsong i høge hallar!
Og so gjeng me atter til arbeids ut,
til kvelds-klokkor heim oss kallar.

Til Norsk Luthersk Misjonssambands 75-års jubileum

Dei ventar på morgongryet

Dei dirrar enno i lufti,
dei mektige konge-ordi:
"Gå ut i den vide verdi,
ber gledebod ut yver jordi!"

Den ordren er enno ikkje
av Drotten teken attende.
Når Kristus kjem att, då ventar me
misjonen sitt tidarvende.

So fylker me oss friviljug
kring krossen sitt sigers-merke.
Me fylgjer den her som før gjekk fram,
i Frelsaens kraft vert sterke.

Enn biar so mange bygder
i vonlause skuggedalar.
Me gjev deim den livsens lækjedom,
den salven som sælt hugsvalar.

Me bøyer oss ned til ukjend bror, –
med miskunn me honom møter.
Me gjev han det dyre lovnads-ord,
som vermar kring hjartans røter.

*

Ingen hev småborni elska
som han som deim tok i famn,
velsigna kvar ein med vare hender,
i Faderens dyre namn.

Frelsaens hjarta gled du
når barnet du tek i hand,
leider det varleg den vigsla vegen
til livet sitt gode land.

Jesu gjerning gjer du
kvar gong du i kjærleik varm
femner eit hjelpelaust lite barn,
legg det ved Frelsaens barm.

Enn i ”det myrke fastland”
bleiknar so mang ein blom.
No me i Herrens hage
gjev deim eit solvarmt rom.

Enn i den djupe jungel
småborn vert sette ut.
Å, om me kunne berga deim, –
veslemøy, liten gut!

*

Ho livet sitt gav derute,
mens enn ho var ung av år,
gav det alt medan ho ville gjeva
Afrika himlens vår.

Enn er so dyrt eit såkorn
martyrar sitt varme blod.
Der raudt det rann i den myrke moldi,
det vent skal gro.

Det minnet skal stilt oss mana,
so sterkt ifrå år til år.
Ein plass vart tom i den ljoses fylking.
Dit inn me går.

So vil i Guds kraft me lækja
Afrikas opne sår.
Borni skal glade møta
Guds rikes vår.

So gjeng me med song til verket,
og gleda ollar herinne.
No vil me byggja i Jesu namn
”Oddrun Tjåland sitt minne”! –

*Til Oslo kristenruss sin misjonsmønstring i Forbundssa-
len, 13. mars 1966. Dei vil byggja barneheimen ”Oddrun
Tjåland’s minne” i Hagere Maryam, Etiopia.*

Det av Herren er gjort

Dei planta eit tre i vårvarm jord,
og lite det var, men frodig.
Dei sette det ned i tru på Guds ord.
Dei gjorde det glad og frimodig.
Med åri det voks seg so høgt og stort.
Me jublar det ut: ”Det av Herren er gjort!”

Det stryktest i stormen, år for år,
og uveret fekk det ’kje tyna.
Og stundom fekk stommen djupe sår,
men Gud ville miskunn oss syna.
Og atter skein soli blidt og bjart.
Ja, sjølv det beiske til fred oss vart.

Og greinene tøygde seg langt og vidt, –
dei nådde so fjernt yver jordi.
Dei ogso vårt heimland signa blidt,
i kraft av dei evige ordi.
Me takksame stend ved vår høgtids port.
Me kviskrar det stilt: ”Det av Herren er gjort.”

Vel kjenner me ikkje vår framtid veg,
men Herren vil sjølv med oss vera.
Og difor me vidare hugleg dreg.
Gud signe oss alle på ferda! –
Når eingong me møtest ved himlens port,
me jublar i lag: ”Det av Herren er gjort!” –

Noreg fekk atter ei vikingferd

Ei tusundårs natt yver Norden låg,
og aldri ho tykkest ta ende.
Men lenge før – langt i aust – dei såg
eit underleg tidarvende. –
Å, kvifor tok det so dryg ei tid
før nokon oss Ordet sende
og ljuset i Noreg tende? –

No hev me det hatt i tusund år, –
det stråla om sjø og strender.
Gud gav oss ein ljuvleg livsens vår,
med kjærlege faderhender.
Men enno so mange ætter spør
om snart ikkje ljøs *me* sender
til dødsmyrke skugge-grender.

Omsider kom kallet, stilt, men klårt,
og Noreg var med i verket.
Me hørde dei folk som sukka sårt, –
det nådde oss naudrop sterke.

Og so gjekk me ut i den store haust,
om mykje seg la på tverke.
Me høgt lyfte krossens merke.

*

Og Noreg fekk atter ei vikingtid,
men kross-prydd var stammen no.
Og dei som på lang-ferdi lagde ut,
dei valda ’kje redsla og sorg og sut.
Dei kom med eit gledebod.

Og Noreg fekk atter ein viking-her,
ei fylking so ljøs og bjart.
I barmane brann det ein kjærleiks-eld, –
han loga og lyste i gråkald kveld.
Han vermde i natti svart.

Og Noreg fekk atter eit vikingtog, –
det drog imot aust og sud.
Dei kom for å lækja dei djupe sår,
for vinter å gjeva ein ljuvleg vår,
der ættene lova Gud.

Og Noreg fekk atter ei vikingferd,
og enno ho varer ved.
Ho skal ikkje enda so lenge enn
dei vinkande brøder på strondi stend
og sårt om Guds signing bed.

*

Gud gav oss so lang ei arbeidsøkt, –
alt syttifem år er enda.
Me stend ved den store milestein,
til himlen vår takk vil senda.
Kor stort at han ogso oss tok med!
Det største som kunne henda.

Gud gav oss so god ein arbeids-bolk,
om ymse var ofte kári.
Det skifte med sol og storm og dogg
opp gjennom dei mange ári.
Og stundom me rivne vart til blods,
men, Herre, du heila sári.

Gud gav oss so dryg ei arbeids-onn, –
fem ákrar me fekk i gáva.
Og hausten var stor, – det var ’kje tid
å ta det med tol, og sova.
Men hausta me fekk med frydesong,
og høglydt vår Herre lova.

Gud gav oss so lang ein arbeidsdag, –
men tidi, ho renn mot æva.
Å, Herre, so hjelp oss stund for stund,
for deg og for himlen leva!
So skal me ein gong, med dei me vann,
for truna vår takk deg gjeva.

Det vert kjært å sjå heimlandet att

Det vert gildt å sjå heimlandet att,
møta vener og kjære og kjende,
når eg kjem til dei stader attende
der eg eingong på ferdi tok fatt.

Det vert kjært å sjå landet igjen,
kjenna vår-angen, solvarmen strøyma,
og i lauv-lunden liggja og drøyma,
millom trei som tagale stend.

Det vert underleg landet å sjå,
der det ligg som det alltid hev lege, –
sterke båror mot strandi hev slege.
Yver kvelver seg himmelen blå.

Det vert kjært å sjå Noreg, mitt land.
Eg so sterkt til den bygdi vart bunden, –
der or eldgamal rot eg er runnen, –
med dei sterkaste kjærleikens band.

”Eg måtte sjå bjørki bli grøn eingong til”

– Ei utvandrar-soge –

Han drog yver havet i unge år, –
heime var tronge og tunge kár.
Syskenflokken var tolv og to,
men fegne so var dei og song og lo.

Tok han farvel då med far og mor,
syskenflokken so kjær og stor.
Fatig var heimen, men god og gild.
No fór han ifrå deim, so mjuk og still.

Jord fekk han fritt i Montana-land,
odla og onna med trottig hand.
Tunge var taki frå år til år.
Tankane tidt heim til Noreg går.

So han ein dag, full av spaning, såg
ein fargerik flekk i ein dalsøkk låg.
Olje på farmen! – No rik han var, –
delte med sysken og mor og far.

Åri vart mange, – det leid mot haust.
Heimlandet lokka, – han drog mot aust,
endå ein gong ville landet sjå,
heimen og heidi og blomar små.

Kom han til Noreg, – det leid mot vår.
Lidene lyste mot kvelven klår.
Knuppane svall i den skire kveld,
fossane brusa i bratte fjell.

*

Gøymde dei var under torvi no, –
mor, ho som alltid var gild og god,
far som var trugen og ljøs og glad,
nynna for borni so mangt eit kvad.

Vårkvelden var som ein vakker draum,
strøymde om landet ein livsens straum.
Lerkene leika, og gauken gol,
stilt langt i vest seig ei juni-sol.

Saman med syster si stod han der,
såg denne staden han fekk so kjær.
Minni, dei strøymde frå ungdoms år,
hugen var sorgmild og vemodssår.

Bjørkene skein i sitt skire skrud,
skapningi lovsong sin store Gud.
Då sa utvandrar, teken, still:
”Eg måtte sjå bjørki bli grøn eingong til!” –

Alle me lengtar mot barndomens land,
alle vil helsa si heimlege strand.
Djupaste lengten mot himlen går, –
til livet sin lysande, evige vår. –

Eg vil heimlandet sjå

Eg vil heim til dei syngjande skogar,
der dei duvar i solvind frå sør,
sjå kor villbæret raudnar på tuva,
sjå kor bladi på vidjene blør.

Eg vil heim til dei gulnande åkrar,
sjå deim båra i haustvinden sval.
Eg vil sjå kor dei glimar og gløder,
i ei sol som gjeng ned i min dal.

Eg vil heim til dei lysande lider,
sjå kor bjørkene blussar og brenn.
Eg vil høyra på ku-lokk i kvelden,
medan soli i synsrandi stend.

Eg vil sjå kor dei strevar og sveittar,
medan onne-maskinane syng.
Eg vil sjå kor seg småborni spelar
millom rabbar og lysande lyng.

Eg vil sjå under sturtande fossar,
attmed elvi som syng mot sin fjord.
Eg vil standa ved skyhøge tindar
inni fjellheimen stillsleg og stor.

Eg vil sjå korleis fjern-fjelli blånar, –
dette synet so titt på meg drog.
Eg vil sjå desse kvitmåla stovor,
der dei stend attved fjellvegg og skog.

Eg vil høyra kor kuene rautar,
høna kaklar og hanane gjel,
sjå på katten, kor mjukt han seg strekkjer,
høyra lerka sitt tirlande spel.

Eg vil høyra kor klokkone kallar,
i ein kviledag heilag og still,
sjå kor folket på kyrkjeveg vandrar.
Himmeltonane høyra dei vil.

Eg vil heim til det landet eg elskar,
som vart mitt, som er kjærast på jord.
No det underleg lokkar og dreg meg,
der det lysande ligg høgt mot nord.

TONAR FRÅ ANDRE LAND

Lat ditt fyrlys fagert brenna!

Ifrå himlens fyrtårn lyser
Herrens miskunn langt om land.
Men til oss han gav det oppdrag:
vera lys ved kvar ei strand.

Omkved:

Lat ditt fyrlys fagert skina,
glima vidt utyver hav!
Kanskje du ein stakkars siglar
berga kan frå død og grav.

Syndenatti hev seg senka,
båra brusar vreid og vill.
Lengselsfulle augo speidar
etter lys på strandi still.

Trim di veike lampa, broder!
Ein og annan ferdamann
som no kjempar der i stormen,
snart i myrket søkkja kan.

*Etter P.P. Bliss (1838-1876): Brightly beams our Father's
Mercy*

Då ei himmelsk røyst eg hørde

Gjenom brende øydemarker,
utan stig og veg,
gjekk eg – borte ifrå Jesus –
trøytt og sår var eg.

Då med eitt ei røyst eg hørde,
som ei kviskring still:
”Kom til meg, du trøytt vandrar!
Eg deg trøysta vil.”

Ingi kjelda livsfriskt olla
i den heite sand.
Tyrst eg var, og sjeli talmast
i det turre land.
Då ei himmelsk røyst eg hørde,
inderleg og mild:
”Kom til meg, – av livsens kjelda
eg deg gjeva vil!”

Ingen heim og far å gå til,
ingi von eg har.
Difor ynskte eg meg døden,
trøytt av allting var.
Då ei mektig røyst eg hørde,
bod til meg ho bar:
”Kom tilbake til din Frelsar,
til din heim, din Far!”

Eg fekk fylgja himmelkallet,
kom meg heim til sist,
hjá ein kjærleg Far fekk møta
det eg hadde mist.
Han tok av dei gamle klede,
drakti ny meg gav.
Då tok til den store glede,
ved Guds nådes hav. –

*Kanjiro Nagasaki, 1951: Jukedomo, jukedomo.
Omsett frå japansk. Siste vers av omsetjaren.*

Han er lilja i dalen

Ein ven eg fann i Jesus, – no er han alt for meg,
av ti tusund aller fagrast for mi sjel.
Han lilja er i dalen, og ljuset på min veg.
Jesus er min lut, i han eg lever vel.
Han er mi trøytt i sorgi, i storm og strid min fred.
Når han er med, mi lukka ingen stel.
Han lilja er i dalen og morgonstjerna klår,
av ti tusund aller fagrast for mi sjel.

Han all mi synd hev teke, og bore all mi sorg.
I kvar freisting han mi sterke festning er.
Kven kan vel då meg saka, når Herren er mi borg?
Men si makt han vel meg varar på mi ferd.
Om verdi all meg sviktar og Satan mot meg står,
med Jesus skal det endå ganga vel.
Han lilja er i dalen, og morgon-stjerna klår,
av ti tusund aller fagrast for mi sjel.

Han aldri vil gå frå meg, men alltid om meg sjå,
når tillitsfull eg ved hans sida gjeng.
Ein eldmur rundt ikring meg, kva skal eg ottast då?
Frå dag til dag han gjev meg det eg treng.
Når eg i herlegdomen hans kjære andlet ser,
og glede-bylgjor evig mot meg vell,
han lilja er i dalen, og morgon-stjerna klår,
av ti tusund aller fagrast for mi sjel.

*Etter C. W. Fry: The Lily of the Valley
(Høgsongen 2,1.)*

Frelsar, lik ein hyrding leid oss!

Frelsar, lik ein hyrding leid oss!
Sårt me til di omsorg treng.
Før oss til dei klåre kjeldor,
kvila på den grønne eng!
Kjære Jesus, kjære Jesus,
aldri ifrå deg me gjeng.

Ver vår ven for heile livet,
ver vår vaktar på vår veg!
Verna oss for ville vargar
so me ei kjem bort frå deg!
Kjære Jesus, kjære Jesus,
høyr vår bøn miskunneleg!

Du hev lova ta imot oss,
om vår sjel hev djupe sår.
Heilt og fullt du vil oss lækja,
gjeva hjarta von og vår.
Kjære Jesus, kjære Jesus,
me med deg til himlen går.

Lat oss alt i morgon-timen
søkja deg og viljen din!
Lat din kjærleiks varme livs-straum
trengja djupt i sjeli inn!
Kjære Jesus, kjære Jesus,
til ditt hjarta fast oss bind!

"Saviour, like a Shepherd lead us!" frå "Hymns for det young" 1832. Ukjend engelsk forfattar.

Kristi kors er all mi æra

Kristi kors er all mi æra,
yver verdsens ville hav
lyser det med evig klåre,
gyller kvar ei kristen grav.

Alle strålar frå Guds soga
samlar seg kring Kristi kross.
Å, du djupe kjærleiks under:
Der han døden leid for oss.

Når i livsens ve og vande
voni vik og hjarta blør,
korset skal meg aldri svika, –
det med fred og gleda glør.

Når velsignings-soli sender
lys og kjærleik på min veg,
stråle-straumen ifrå korset
til den signing sluttar seg.

Sorg og sæle, gråt og gleda
ved hans kors si helging fær.
Der er fred som ingen mæler,
fryd som ingen ende ser.

*Etter John Bowring (1792-1872):
In the Cross of Christ I glory*

Jesus deg kallar til kvila

Jesus deg kallar til kvila og trøyst,
kallar i dag, kallar i dag.
Kvifor då fly frå hans kjærlege røyst?
Kom til din Frelsar i dag!

Omkved:

Kallar i dag, kallar i dag.

Jesus deg kallar,
han inderleg kallar i dag.

Jesus no kallar den trøytt til ro,
kallar i dag, kallar i dag.
Gjev han di byrda, min ven, gjer det no!
Gjev deg til Jesus i dag!

Jesus deg ventar, han ventar deg no,
ventar i dag, ventar i dag.
Kom med di synd, og di framtid vert god!
Skund deg, stutt opp, kom i dag!

Jesus deg lokkar, å, lyd til hans røyst!
Høyr han i dag, høyr han i dag!
Dei som han fylgjer, fær æveleg trøyst.
Skund deg, stutt opp, kom i dag!

Etter Fanny Crosby (1820-1915):
Jesus is tenderly calling today

Å, kor vid er Herrens miskunn!

Å, kor vid er Herrens miskunn,
vidare enn verdens hav!
Han er mild i all si rettferd, –
difor han sin Son oss gav.

Kvar ein syndar er velkomen
til den djupe reinsings-flod.
Han eit vell av miskunn møter,
lækjedom i Lammets blod.

Ingen stad er våre sorger
kjende som der himlen er.
Ingen stad er våre feilsteg
dømde mildt som nettopp der.

Det er full og fri utløyning
i det blod som for oss rann.
Det er glede for kvar kristen
i den siger Jesus vann.

Vidare er Herrens kjærleik
enn vårt vesle mål kan nå.
Og den Evige sitt hjarta
er meir mildt enn me kan sjå.

Om vår kjærleik var meir einfeld,
då me tok han på hans ord.
Og vårt liv vart rikt på solskin
i vår livsdag her på jord.

Etter Frederick W. Faber (1814-1863):
There's a wideness in God's Mercy

Å, nåde underfull og stor!

Å, nåde underfull og stor,
som fann meg i mi synd!
So arm eg var, men ved Guds ord
eg ser som før var blind.

Guds nåde tok den angsten bort
som nåden hadde skapt.
Kor det var sælt, kor det var stort
for meg som var fortapt!

Eg gløymer ei den fyrste gong
då eg fekk venda om.
Då braut han fram, den nye song,
då eg til trui kom.

Igjenom fårar gjekk min veg, –
Gud fridde meg frå deim.
Det nåden var som berga meg,
og vil meg bera heim.

Om tusund år der frå oss renn,
i lovsong sæl og still,
me like mange år hev enn
som då vår song tok til.

*Etter John Newton (1725-1807):
Amazing Grace, frå Olney Hymns, 1779*

Englesongen

Snart to tusund år hev det gjenge,
og jordi var yngre enn no.
Då kom det, ei natt i Judea,
frå himlen so herleg eit bod.

Det tona frå herlegdoms englar
for hyrdingar ute på vakt.
Med tolmod dei morgonen venta,
og soli si sigrande makt.

Brått braut det frå nattsvarte skuggar
eit himmel-lys, strålende, stort.
Og bodet om Frelsaren veifta
all otte og uhygge bort.

Å, syng, sæle himmelske salme,
for sjeli vår sorgtung og sår!
Syng fred i kvart folk yver verdi!
Syng fryd til dei flyktande år!

Frå engelsk etter F.L. Phelan

Via Dolorosa

Lidelsens bitreste vei han går
korset tålmodig bær.
Først han på Gabbata dømtes,
kleddes i narreklær.
Er det først derfra, –
er det først derfra
lidelsens tunge vei tar til,
Via Dolorosa,
som går til Golgata?

Krybben med oksens halm og strå,
det ble vår konges seng.
Himmelens haller han forlot,
kom til en verden streng.
Han som var hellig, –
han som var hellig, –
vandret i syndens verden.
Via Dolorosa, Via Dolorosa
går ut fra Betlehem.

Frå finsk etter Marja-Terttu Tolamo

Men det var rom på Golgata

Det var 'kje rom i Betlehem
for han som alt forlét,
for oss å fri og alt oss gi,
i lidings-logen grét.

Men det var rom på Golgata, –
eit kors med spott og skam.
Der døydde han, men liv oss vann,
Guds dyre offer-lam.

Det var 'kje rom i Betlehem, –
slik er det òg i dag.
Han slapp 'kje inn i stengde sinn,
i tronge hjartelag.

Men det er rom på Golgata, –
der stend han for å gi
ein freda heim for alle deim
som sannar syndi si.

Det var 'kje rom i Betlehem
for kongars konge stor,
som til oss kom med lækjedom,
med fred til vonlaus jord.

Men det er rom på Golgata, –
der fær kvar syndar bu.
Der er me fri til evig tid,
i sæl og vonfull tru.

Etter E.M. Clarkson: Bethlehem and Calvary

Å, at min Frelsar måtte døy

Å, at min Frelsar måtte døy
og livet gav for meg!
Seg, er det sant han ville blø
for slik ein orm som eg?

Var det for mine synder skuld
han talmast på ein kross?
Å, miskunn, mektig, underfull
som då han synte oss!

I døden Skaparen laut gå
for skapningi si synd.
Vel måtte soli dimmast då
og gøyma glansen sin.

Slik eg mi åsyn løyna må,
i skam ved krossens fot.
Hjelp at eg no min veg kan gå
med takk og tålsamt mot!

Men tårer ei betala kan
mi store kjærleiks-skuld.
Til deg eg gjev meg, frelsarmann, –
det er mitt takkegull.

*Etter Isaac Watts: Alas! and did my Saviour bleed!
frå Hymns and Spiritual Songs 1707*

Å, du som vil fylla mitt hjarta med fryd!

Å, du som vil fylla mitt hjarta med fryd,
om tidt det ikring meg er kaldt, –
om dagen mi trøyst og om natti min song,
mi von, mi utløsning, mitt alt.

Til grønkande engjar du fører din flokk,
til kjeldor der kvild me kan få.
Kvi skal eg då gråta i dødsskuggens dal
og einsam i villmarki gå?

Kvi skal eg då vandra langt borte frå deg,
og tyrsta i audni so sårt
når du vil meg leida den levande veg,
der livskjelda ollar so klårt?

De døtrer i Sion, å seg, hev de sett
den stjerna på nattkvelven klår?
Hev hyrdingen nyleg no vore hjå dykk?
Og seg kvar med hjordi han går!

Han ser – og ti tusund av englar seg gled,
og her-skarar lyder hans ord.
Han talar – og himmelen fyllest av fryd, –
eit ekko når ned til vår jord.

Min hyrding, eg høyrer, vil fylgja ditt kall,
eg kjenner di ljuvlege røyst.
Å, kveik meg og vern meg, for du er mitt alt,
mi gleda, min lovsong, mi trøyst.

*Til dels fritt etter Joseph Swain (1761-1796):
O Thou in whose presence my soul takes delight.
(Frå Salomo's Høgsong.)*

Mi von er bygd på grunnen god

Mi von er bygd på grunnen god, –
på Jesu rettferd, – kjøpt med blod.
Det verk som vart av Kristus bygt,
åleine der eg kviler trygt.
I Kristus eg mitt feste fann.
All annan grunn er berre sand.

Om myrket løyner han for meg,
hans miskunn aldri endrar seg. –
Og ankeret i stormen held, –
for det tok tak i evig fjell.
I Kristus eg mitt feste fann.
All annan grunn er berre sand.

Når eg gjeng inn i u-sedd land, –
å, må eg finnast då i han,
kledd i hans reine rettferds-skrud,
fullkomen heilag møta Gud.
I Kristus eg mitt feste fann.
All annan grunn er berre sand.

*Etter Edward Mote, engelsk prest (1797-1874):
My Hope is built on nothing less, frå Hymns of Praise*

Ein forsmak på gleda hjå Gud

Å, kor sæle dei er som har Frelsaren kjær,
og i himmelen skatten sin har!
Tunga tolka 'kje kan denne lukka eg fann
då eg sistpå kom heimatt til Far.

Denne gleda vart mi, eg vart verkeleg fri,
eg fekk kvila i hyrdingens famn.

Då til Jesus eg gjekk, for ein fryd eg då fekk!
For ein himmel i Frelsarens namn!

Det vart himmel på jord ved det levande ord,
og Guds englar for truna fall ned.
Dei tok harpone fram, og dei lova Guds Lam,
som gjev syndaren frimod og fred.

Jesus, trøyst i min trong, vart mi sæla, min song.
Å, at alle hans miskunn må sjå!
"Han meg elskar," eg sa, "so han livet sitt gav,
so ein syndar som eg heim kan nå."

For ei fjellhøgd av fryd som min Frelsar meg
baud,
då eg kleddest i frelsa sitt skrud.
Ja, den signing eg fekk, då til Jesus eg gjekk,
er ein forsmak på gleda hjå Gud.

*Etter Charles Wesley: O, how happy are they,
frå Hymns and Sacred Poems 1749.*

Det er vel med mi sjel

Når freden som flodi ved livsvegen flyt,
når sorgene modet mitt stel, –
kva enn vert min lut, so hev Jesus meg lært:
"Det er vel, det er vel med mi sjel!"

Om Satan meg klagar og freistingi kjem,
Guds ord denne sanning fortel:
at Kristus veit om meg når maktaus eg er,
og hev gjeve sitt blod for mi sjel.

Mi synd – kor velsigna den sanningi er:
All mi synd, ikkje berre ein del,

vart nagla til korset, ho gjeld ikkje meir.
Lova Herren, ja, lov han, mi sjel!

Å, leva for meg det er Kristus frå no.
Sjølvs dødsbrodden farlig og fæl
skal ikkje meg stinga – i liv og i død
vil du kviskra din fred til mi sjel.

Men, Herre, me ventar, me ventar på deg.
Ei gravi, men du er vår del.
For luren skal ljoda, me høyrer di røyst.
Sæle von! Signa trøyst for mi sjel!

Etter Horatio Gates Spafford: When peace like a river

*Horatio Gates Spafford var amerikansk advokat, fødd 30.
okt. 1828 i staten New York. Han var professor i Chicago,
og i den store Chicago-brannen miste han ein stor del
av det han åtte. Denne ulukka vart fylgd av ei endå svære-
rare: Den 22. nov. 1873 miste han borni sine då dampski-
pet "Ville de Havre" forliste. I slutten av same året skreiv
han denne salmen. – I 1881 drog Spafford til Jerusalem,
og grunnla "Den amerikanske kolonien" der. Han døydde
den 5. sept. 1888.*

Under hans vengjer

Under hans vengjer so trygt eg kan kvila,
sjølv om det myrknar og stormen er vill.
Tillitsfull er eg, – eg veit han meg varar.
Dyrt hev han kjøpt meg, eg høyrer han til.

Omkved:

Trygg i hans livd, hans vengjers livd, –
kven kan frå han meg skilja?
Trygg i hans livs eg evig skal bu.
Der blømer livet si lilja.

Under hans vengjer, – dit tyr eg i sorgi.
Hjarta mitt lengselsfullt søkjer hans ro.
Jordi hev tidt ingen lækjande balsam, –
kvila hjå Jesus er fredfull og god.

Under hans vengjer, – der lys er min livsveg.
Der vil eg bu til kvar storm stilnar av.
Verna, velsigna, – kven kan meg vel skada?
Sistpå han løyser mitt liv or mi grav.

*Etter William Orcutt Cushing (1823-1902):
Under His Wings*

Gud ver med deg til me møtest att!

Gud ver med deg til me møtest att,
med si vise råd deg vare,
saman med den sæle skare!
Gud ver med deg til me møtest att!

Til me møtest, til me møtest!
Til me møtest hos vår Frelsar kjær!
Til me møtest, til me møtest!
Gud ver med deg til me møtest der!

Gud ver med deg til me møtest att,
ta deg under sine venger,
gje deg alt ditt hjarta trenger!
Gud ver med deg til me møtest att!

Gud ver med deg til me møtest att,
leggje sine armar kring deg,
når dei kvasse tornar sting deg!
Gud ver med deg til me møtest att!

Gud ver med deg til me møtest att,
la sin kjærleiks banner båra,
tyna døden, turka tåra!
Gud ver med deg til me møtest att!

Etter J.E. Rankin: God be with you till we meet again!

Me vandrar til Sion

Kom, de som elsker Gud,
so syng me til hans pris.
Møt fram i heilagt høgtidsskrud!
Me går til paradís.

Omkved:
Me vandrar til Sion,
herlege, allfagre Sion.
Me vandrar opp til vårt Sion,
Guds herlege, heilage by.

Om andre ei syng med,
dei kjenner ikkje Gud.
Men me som oss i Kongen gled,
me kved i heilagt skrud.

Alt på vår pilgrims-ferd
me Sions frukter nyt.
Kva må det ikkje verta der
kor livsens kjeldor flyt!

So syng me mens me går
mot himlens Kana'an.
Der utan gråt me kvila får,
i livsens ljose land.

Etter Isaac Watts (1674-1748): We're marching to Zion

HAN KOM MED LIV TIL DØDENS LAND

Hos han var allting ekte

Hos han var allting ekte, –
kvart ord, kvart andlets-drag.
Det trugne hjarta tikka
i kjærleik kvart eit slag.

Han gull var all igjenom, –
den einaste på jord
som syndi ikkje sulka,
som åtte livsens ord.

Det fanst 'kje slagg hos honom,
og ikkje lygn og svik.
Han sann var heilt igjenom.
Å, var eg honom lik!

Han på dei andre tenkte,
og ei på sjølve seg.
So tok han tornekruna,
so gjekk han krossens veg.

Og difor eg han elsker, –
eg ikkje anna kan.
Det er mi store sæla
å tru og tena han.

Og difor eg han hyller
i tid og æva all,
fordi han trugen fylgde
det tunge frelsar-kall. –

Du Gud av Gud -- du lys av lys

Du Gud av Gud, du lys av lys,
me sæle syng din lov og pris,
på jordi og i æva.
Du manndom tok, og vart vår bror, –
den løyndom er vel djup og stor.
Deg vil vår takk me gjeva.

Å Jesus Krist, me trur på deg.
Du er vårt liv, vår von, vår veg,
du fyller oss med fagnad.
Me vandrar på ei visnings-øy,
men du hev sagt: me skal 'kje døy.
Det er vår ljose lagnad.

Du kom ifrå ei evig verd,
du makta livsens vande ferd,
og alt for oss du gjorde.
Du kvitta all vår syndeskuld
og vann oss himlen underfull,
og livsens arv, den store.

Du Gud av Gud, du lys av lys,
me evig syng din lov og pris,
deg vil me alltid hylla.
Og når me eingong deg fær sjå,
kor skal vel songen brusa då,
og alle himlar fylla!

Guds julegave er Jesus

Guds julegave er Jesus, –
det største som himlen eig.
Han var so herleg, han var so rik,
men fattig ned til oss steig.

Guds julegave er Jesus, –
han æveleg rik deg gjer.
So kan du koma og ta imot,
ja, koma just som du er.

Guds julegave er Jesus, –
og alle som trur på han,
deim gjev han rett til å bli Guds born, –
den rett han på krossen vann.

Guds julegave er Jesus, –
min frelsar, eg famnar deg.
So er eg rik avdi du er min.
No gjeng eg med von min veg.

Han kom med Guds fylde

Han kom med Guds fylde, han kom med Guds fred.
Han kom med Guds hugnad frå himmelen ned.
Og difor det tona den Betlehems-natt
ein lovsong for himmelens herlege skatt.
Og skatten og perla er Jesus.

Han kom til den arme og usæle jord.
Han kom med det livsæle, levande ord.
Han kom til den vonlause, visnande verd.
Han kom, han som vegen og sanningi er.
Og ljuset og livet er Jesus.

Han kom, og han vandra den tornute veg.
Han blødde og døydde, for deg og for meg.
Han syndi vår sona og livet oss vann,
og lever for oss i det livsæle land.
Og ævelivs-voni er Jesus.

Han kom med Guds fred

Han kom med Guds fred,
og himmelen fylgde til jordi vår med.
Han kom med Guds gåvor, han kom med Guds smil,
med varmaste tru for den kaldaste tvil.
Han kom med eit solskin som hjarta vårt gled.
Han kom med Guds fred.

Han kom med alt godt,
då arm han kom hit ifrå himmelens slott.
Han børi tok på seg, so tung og so hard,
all verdi si synd han til Golgata bar.
No himmelens Herre hev soningi fått.
Han kom med alt godt.

Han kom med Guds skatt.
Det solrenning vart i vår naud og vår natt.
No hev me ei fulltrygg og levande von,
ein endelaus rikdom me eig i Guds son.
Når jordlivet endar, me himlen hev att.
Han kom med Guds skatt.

So syng og ver glad!
Ja, blanda di røyst med Guds englar sitt kvad!
No treng du 'kje syrgja om kvelden kjem på, –
i livet sitt land skal du Frelsaren sjå,
og kveda eit endelaust, lukkeleg kvad.
So syng og ver glad!

Han kom med det evige livet

Han kom med det evige livet,
og stort yver døden han vann.
So er det då *ein* som hev sigra!
Ei evig utløyasing han fann.

Han vann yver myrket i verdi.
Det fekk ikkje rom i hans sinn.
Der olla den evige kjærleik,
som alltid på døds-makti vinn.

Han kom med det evige livet,
til frelsa og ikkje til dom.
Kor sælt kvart eit bankande hjarta
som livet sin hovding gjev rom!

No paradís-porten er opna,
og livs-treet millom oss stend.
Me høglovar ”løva av Juda”,
til ævelivs-morgonen renn. –

Kristus tenner lys

Kristus tenner lys sjølv om myrket er tett.
Han, berre han, kan det gjera.
Han er den einaste verdi hev sett
som kunne syndi vår bera.
Han hev den sværaste lekkja løyst,
han kjem med von og ei fulltrygg trøyst.

Kristus tenner lys i den kaldaste natt
og i dei dødsmyrke dalar.
Han styrkjer foten når bakken er bratt,
panna den heite han svarar.
Han er den levande, vigde veg.
Han vil gå med oss dei siste steg.

Kristus tenner lys – kom, haldt lag då med han,
vandra i dagen den bjarte!
Han vil deg leida til lyset sitt land,

burt ifrå skuggane svarte.
Når du på honom, Guds son, vil tru,
skal i eit æveleg lys du bu.

Aleine var Kristus

Aleine var Kristus i audni,
då djevelen freista han hardt.
Heit var den glovarme, gule sanden.
Og natti var nifs og svart.

Aleine var Kristus på berget
so mangen ei morgonstund, –
vaka i bøn medan andre dorma
i djupaste natteblund.

Aleine var Kristus i hagen, –
dei makta ’kje vaka med han.
Kom han frå heitaste bøne-striden,
sovande vener fann.

Han gjekk til si einsemd attende, –
som blods-dropar sveitten hans fall.
Ingen då delte hans beiske byrde.
No var han i myrket sitt vald.

Aleine var Kristus på korset.
Då ingen, nei, ingen var med.
Aleine han var då han kjøpte
åt verdi den fullkomne fred.

Og sistpå sjølv soli seg gøymde,
og dagen vart bekande svart.
Aleine han var då han andast.
Av Far sin forlaten han vart.

Aleine var Kristus i gravi, –
der lagde dei honom mot kveld.
Men døds-lekkja braut han med velde.
No livet om verdi vår vell.

Aleine han striden vår stridde,
aleine han sigra og vann,
so me slepp den einsemdt smaka,
Guds vreide sin tærande brand.

No er me i sælaste samfunn,
og liljone vent om oss gror.
I liv og i død er han med oss, –
til sist på den nyskapte jord.

Gløym ikkje Golgata-dagen!

Gløym ikkje Golgata-dagen!
So mykje den gong stod på spel.
Og hadde 'kje Frelsaren vunne,
det hadde 'kje gjenge oss vel.

Gløym ikkje Golgata-dagen, –
den tyngste som nokon hev møtt!
Men då han omsider var enda,
var brotet vårt heila og bøtt.

Gløym ikkje Golgata-dagen, –
den lengste som nokon hev sett!
Då striden omsider var stilna,
var vunnen vår paradiss-rett.

Gløym ikkje Golgata-dagen!
Vår Frelsar, han gløymde 'kje oss.
Med naglar i hender og føter
han stridde vår strid på sin kross.

Gløym ikkje Golgata-dagen!
Seg takk for det offer han gav!
Då veit eg me evig skal lova
vår Frelsar ved livet sitt hav.

Gledebodet frå Golgata

Gledebodet frå Golgata
ut yver verdi går:
Jesus Kristus for oss hev døytt,
vann oss Guds rikes vår.

Gledebodet frå Golgata
gjev oss den sæle trøyst:
Jesus Kristus tok straffi vår.
Han hev vår lekkja løyst.

Gledebodet frå Golgata
kallar oss alle dit.
Der me dei sulka klede kan
byta i drakti kvit.

Herre, oppe på Golgata,
og ved den opne grav,
der vil eg bu i liv og død,
kvila i det du gav.

Gledebodet frå Golgata, –
einaste grunn som held.
Fridoms-brevet som Jesus skreiv,
evig i himlen gjeld. –

Jesus hev gjort opp for oss

Jesus hev gjort opp for oss
då han leid og blødde, –
ordna alt då på hans kross
hjarteblodet flødde.
Då han sistpå anda ut,
sløkte han mi synd og sut.

Jesus hev gjort opp for meg,
reiv mitt skuldbrev sunder.
Glad eg meg til minnes dreg
dette nåde-under.
Jesus tok min tunge strid.
So er eg i sanning fri.

I den fridom vil eg bu,
i Guds nåde standa.
Herre, eg på deg vil tru,
til eg ut skal anda.
Då eg meg til minnes dreg:
Jesus hev gjort opp for meg!

Jesus ordna alt for meg

Jesus ordna alt for meg,
tok mi sak som si,
bar mi synd og leid min død.
Dermed er eg fri.
Alt eg braut, det heila han.
Ingen no meg klaga kan.

Jesus ordna alt for meg, –
no er allting godt.

Han betalte skuldi mi,
både stort og smått.
Difor kan eg anda fritt.
Striden min hev Jesus stridt.

I den siger vil eg bu,
løyna meg kvar dag.
Ja, på Jesus vil eg tru
kvart eit andedrag, –
fylgja Lammet kvar det går,
til eg honom møta får.

Di tunge byrde vår Frelsar bar

Di tunge byrde vår Frelsar bar
då vegen til korset han gjekk.
No kvila du kan i hans fotefar,
og drikka av livsens bekk.

Den byrdi pressa frå panna fram
dei dropar av Frelsarens blod.
Og sidan på korset frå hjarta rann
ei reinsande signings-flod.

No kjem han til deg som er trøytt og mødd,
og seier so mildt og blidt:
Eg vandra ein veg som var tornestrødd,
so du kan bli byrdi kvitt.

Dei synder som tyngjer deg natt og dag,
hjá meg fær du leggja deim av.
Eg sona di straff, og deg vann ein skatt,
eit endelaust signings-hav.

Det hende i morgongryet

Ein engel rulla steinen vekk
i påskemorgon-gry.
Og fram or gravi Jesus gjekk.
Då måtte døden fly.

Det var den største sigerstund
den gamle jord hev sett.
Det er vår trygge glede-grunn,
vår von om barnerett.

No er han burte, dødens brodd, –
han kan 'kje stinga no.
For Jesus braut den kvasse odd.
Då draup hans hjarteblod.

No døden kan 'kje skada oss, –
me skal han ikkje sjå.
Ved sigeren på Kristi kross
til livet skal me gå.

Dagen gryr – for Jesus lever

Dagen gryr – for Jesus lever,
sigra i det største slag.
Vonlaus vinter no er enda, –
det er vårtid, det er dag.
Soli skin på fjell og hav:
Jesus Kristus steig or grav.

I den dag me no vil anda,
i den vår me no vil bu.
Vil med gleda gråt seg blanda,
på Guds Son me enn vil tru.

Soli skin på hav og fjell,
strålar til vår siste kveld.

Ja, han lever, Jesus lever!
Og me leva skal ved han.
Han gjekk føre, me han fylgjer
inn til livsens ljose land.
Soli skin på fjell og hav.
Voni lyser yver grav.

Var Jesus glad?

Var Jesus glad? –
Eg trur vår Frelsar var det;
han tala sjølv om gleda som var hans.
Ho stråla ut or alle andlets-dragi
og augo gav den djupe, varme glans.

Var Jesus glad?
I hjartans djup det olla
ei gleda ifrå guddoms-kjelda rein.
For Gud oss tenkte til den store sæla,
som glitrar lik den klåre glimestein.

Var Jesus glad? –
Han brann i lidings-elden,
men gleda gleim i hjartans undergrunn.
Han syrgde sårt då han i hagen stridde,
i krossens harde, heite pinsle-stund.

Var Jesus glad?
Då striden var til ende,
han gjekk til gleda inn som venta han.
No deler han den djupe lukkestraumen
med sine vener kring i alle land.

Jesus slukker intet lys

Jesus slukker intet lys,
men han tenner mange.
Han er nattens overvinner;
lysets fiender han binder,
én for én dem tar til fange.

Jesus slukker intet lys,
men han mange tenner.
Alltid nye skal det tindre,
ingen makt på jord kan hindre
Herrens naglemerkte hender.

Jesus slukker intet lys, –
selv han er dets kilde.
Han er solers sol, den klare,
skapte stjerneverd'nens skare,
med dens strålevell, det milde.

Jesus slukker intet lys, –
prøv ham, og slå følge!
Livets hverdag skal forklaras,
og dets lønndom åpenbares.
Stjernen skinner over bølge.

Jesus gjeng aldri sin veg

Kven skal me gå til når naudi er stor, –
ingen kan hjelpa oss då?
Du har det evige livet sitt ord,
aldri ifrå oss vil gå.

Jesus gjeng aldri sin veg.
Nei, Jesus gjeng aldri sin veg.

Dei andre gjeng bort,
kvar ein kjem til kort,
men Jesus gjeng aldri sin veg.

Ingen, nei, ingen det finst på vår jord
som kan oss hjelpa som du.
Du hev det evige livet sitt ord.
Herre, på deg vil me tru.

Jesus, so kjem me til deg med vår trong.
Alt det me treng, er hjå deg.
Det er vår vissa, vår von og vår song:
Du vil 'kje ganga din veg. –

Jesus sviktar aldri

Jesus svikta aldri,
han trufast var i alt.
Sjølv når det livet kosta,
Guds gode vilje galdt.

Jesus svikta aldri
ei sjel som kom til han.
Han lækte hjartesåri,
og løyste kvart eit band.

Jesus sviktar aldri,
og trufast er han enn.
Han helsar deg velkomen,
og alltid hjå deg stend.

Jesus sviktar aldri, –
du lita kan på han.
Han tek deg, når deg kveldar,
til livsens gode land.

Jesus, gjer ditt konge-inntog!

Jesus, gjer ditt konge-inntog
yver all den vide verd!
Dag-klårt verte det for alle:
Du åleine Drotten er!

Herre, gjer ditt konge-inntog,
yver all den vide jord!
Til kvar ætt, kvar øy, kvart innland
gjeve du ditt dyre ord!

Herre, gjer ditt konge-inntog,
inn i nye hjarto drag!
Bygg ditt tempel, sårt me stundar
å få sjå din store dag.

Då skal alle tungor sanna:
Konge – Kyrios – du er.
Og kvart kne for deg skal bøyast
i den store, vide verd.

Kom Herre Jesus, til jordi

Havet og bårone brusar
ut imot tidi sin kveld.
Brotsjøar burar og susar,
tungt imot strandi dei fell.
Kom, Herre Jesus, til jordi!

Folkeferd fæler i angest,
sume i avmakt sig ned.
Kva vil vel henda i morgon?
Sume til himmelen bed:
”Kom, Herre Jesus, til jordi!”

”Når de alt dette ser henda,” –
lyder ei frelsar-røyst mild, –
”då må de hovudet lyfta;
for dykkar dag stundar til!”
Amen, ja kom, Herre Jesus!”

Hav-marmen er ’kje det siste, –
nei, men den evige fred.
Når du so kjem i ditt rike,
må ogso eg verta med!

GÅ INN I DET GODE LANDET!

To hender

To hender er tenkt til å takka, –
so mykje vår Gud let oss få.
To hender er tenkt til å faldast,
og lyftast i bøn mot det blå.

To hender er tenkt til å femna,
og ei til å støyta ifrå.
To hender skal tårone turka
der dagen er traurig og grå.

To hender er tenkt til å signa,
og ikkje til harde å slå.
To hender er etla til yrke,
det edlaste såkornet så.

To hender er tenkt til å tena
og trøysta dei arme og små.
To hender er tenkt til å gjeva,
i kjærleik – meir sælt enn å få.

To hender på krossen skal peika,
so heim me til himlen kan nå.
To hender mot truna skal rettast
i fryd når me Herren fær sjå.

To underfulle augo

To underfulle augo, –
dei speglar sjeli av.

Ein avglans er dei ogso
av han som synet gav.

To underfulle augo, –
eit meisterverk av han
som tendra alle soler
og livsens løynde brand.

To underfulle augo, –
lik stjerner stundom skin,
men tidt av mørket myrkjest.
Då stjerne-glansen dvin.*

To underfulle augo, –
no ser dei livsens veg.
Når so ein dag dei sloknar,
må då dei skoda deg!

To underfulle augo,
so fint eit instrument!
Eg takkar meisterhandi
som hev dei stjerner tent.

Hev du bygt deg eit altar for himmelens Gud?

Hev du bygt deg eit altar for Herren din Gud?
Å, gjer det i livet sin vår!
Då ein stige er stilt millom himmel og jord,
der Guds englar med hjelp til deg går!

Hev du bygt deg eit altar for himmelens Gud?
I stilla du hev det nok meint.

* Dvina = Kverva, ta ende.

Men du må ikkje dryga, – det gjeld noko stort!
Og so snart kan det verta for seint.

Hev du bygt deg eit altar i heimen du fekk,
den kjæraste staden på jord?
Og fær småborni høyra den heilage song?
Fær dei lyda til livet sitt ord?

Hev du bygt deg eit altar? – Å, gjer det i dag,
i livet sin ljuvlege vår!
Då Guds signing skal strøyma frå himmelen ned.
Og han kronar med grøde ditt år.

Hev du bygt deg eit altar? – til det er du tenkt.
Då helg yver livet du får.
Då skal ferdi di lukkast, og sistpå med song
du det evige heimlandet når. –

Om du visste

Om du visste kor Jesus var mandig og mild,
og venleg mot deim som i verdi fór vill, –
men vende attende til heimen, til Far, –
kan henda du ogso i fylgjet hans var.

Om du visste kor Jesus var myndig og sterk,
og øvde i miskunn dei veldige verk, –
kvar fiend han felde, – det gjorde for oss, –
då trur eg at du òg fall ned for hans kross.

Om du visste kor Jesus var kjærleg og god,
og gav for oss alle sitt heilage blod,
kor aldri han svikta, – var trugen til sist, –
då vart du ein kristen, det trur eg for visst. –

Kristus står med opne armar

Kristus står med opne armar,
bed deg inn til fryd og fest.
Ved det store bryllups-bordet
ogso du får vera gjest.

Å, kor stort at frelsar-famnen
enno open er for oss,
som då døyande han strekte
sine armar på ein kross.

Han deg byd sin fred, si frelse, –
ikkje meir du ottast tarv.
Han gjev li og sjele-helse,
barnekår og himmelarv.

Kom då, medan Frelsar-famnen
open er for kvar og ein!
Han deg helsar varmt velkomen,
gjev deg drakti dyr og rein.

Jesus, takk at du kom til oss,
enno stend med open famn.
I din kjærleik me oss gøymer,
til me når den gode hamn.

Heim frå det framande landet

Heim frå det framande landet, –
medan langt borte eg var,
var det eit auga som såg meg.
Det var min trufaste far.

Og han med eitt sprang imot meg,
tok meg til hjarta sitt inn.
Då rann det tårar av gleda
nedetter furete kinn.

Heim frå det framande landet,
møtt av ein miskunnsam far, –
då ved eit bankande hjarta
enda min livs-lagnad hard.

Heim frå det framande landet,
nedtyngd av synder og sut,
fekk eg, ved faderens hjarta,
anger og sorg gråta ut.

Heim frå det framande landet,
tilreidd og usæl og arm, –
kor det var godt å få kvila
– lenge – ved faderens barm!

Heim frå det framande landet,
tok han den tilsulka drakt,
gav meg dei snøkvite klede,
oppnya barnekårs pakt.

Heim frå det framande landet,
straks vart eg beden til gjest.
So tok me til vera glade.
Og det var høgtid og fest.

Heim frå det framande landet,
– å, at frå Far eg gjekk bort!
Tenk, eg fekk koma tilbake!
Å, kor useieleg stort!

Gå inn i paradiset!

Gi Gud ditt ja, og grip hans gave!
Med ett du blir så rik, så rik.
Han i sitt billede deg danner,
til du engang er blitt ham lik.

Han tilbyr deg et evig rike,
så gjerne vil han alt deg gi.
Du går her arm og bunnløs fattig, –
med Gud du mer enn rik kan bli.

Din Frelser har tilbake vunnet
for deg det tapte paradiset.
Så gå dit inn, – du møter våren!
Da svinner hjertets vinter-is.

Gi Gud ditt ja, og grip hans gave,
og takk ham for hans hjertelag!
Gå inn i paradiset have!
Hvor blir det da en salig dag!

Du døydde med Jesus på Golgata kross

Med Jesus for syndene dine
du døydde på Golgata kross,
då han i useieleg pine
vann livet og voni åt oss.

Med Jesus du lagdest i gravi,
med honom or gravi du gjekk.
Med honom du lyftest til himlen,
med honom Guds herlegdom fekk.

Med Jesus du står for Guds åsyn,
so rein og so heilag som han.

Du eig det han er, det han gjorde,
og alt han på Golgata vann.

So rekna med Jesus aleine,
med det du i Frelsaren er!
Og eingong skal du verta lik han
når sæl du fær sjå honom *der*:

Stilt vil eg bøya meg der

Kva kan eg gjera for Jesus,
han som hev alt gjort for meg,
gløymde seg sjølv for dei andre,
vandra ein tornestrødd veg?

”Mine” og ”mitt” stend i sentrum.
Dine og ditt, – kvar er dei?
”Ego” hev sett seg på truna,
mektig og myndig og breid.

Kvar kan eg finna den staden
der eg fær leggja meg ned,
fyllast av trong til å tena,
medan mitt hjarta seg gled?

Korset – på Golgata stend det.
Stilt vil eg bøya meg der, –
kjenna den evige kjærleik.
Då fær eg Frelsaren kjær.

Bered deg i dag til å møte din Gud!

I dag er det tid til å tenke seg om
og velge den veg som når frem,

så vi kan bestå når vår Gud holder dom,
og finne vårt evige hjem.

Bered deg i dag, – vi jo vet hva det er,
for lyset på vegen er tent.
Slå inn på den sti som mot himmelen bær,
med hugen mot heimlandet vendt!

Si Faderen takk for hans kjærlighets vell,
hans godhet fra stund og til stund!
Hans miskunnhet er som de veldige fjell.
Hans trofasthet har ingen bunn.

Bered deg i dag til å møte din Gud!
Du kan det, om bare du vil.
Si Frelseren takk for det skinnende skrud!
Så hører du himmelen til!

Eg kjem med to tome hender

Eg kjem med to tome hender, –
eg ingenting i deim har.
Med bøn eg mot deg deim vender
min rike, himmelske Far.

Eg kjem med to tome hender,
so usæl eg er og arm.
Du, Herre, mi armod kjenner,
og bøni som brenn i barm.

Eg kjem med to tome hender;
men det fær eg tru for visst:
Du tomhendt ei burt meg sender.
Ver høglova, Jesus Krist!

Jesus går god for meg

Jesus går god for meg, – trygg er eg då,
inn i Guds åsyn frimodig kan sjå.
Stund etter stund han seg syner for meg.
Jesus, min frelsar, då salig er eg.

Omkved:

Jesus, hav takk, du hev allting gjort vel!
No eg i tid og i æva er sæl.
Du vil gå god for meg, du for meg gjeld.
Grunnen er god, ja, han æveleg held.

Jesus går god for meg, står i min stad,
bed for mi sjel, som på korset han bad,
stund etter stund på sitt hjarta meg ber.
Jesus, min frelsar, då salig er eg er.

Jesus går god for meg, når so ein dag
hjarta i barmen min stansar sitt slag,
er han min borgsmann, går god for meg då.
Jesus, med deg skal til livet eg gå.

Når so ein gong eg for truna skal stå,
Jesus, min frelsar, gå god for meg då!
Verket du gjorde på Golgata kross,
takk at det evig skal gjelda for oss!

Der syndi vart stor –

Rom 5,20

Der syndi di veks i velde,
som foss i den fulle flaum,
der aukar enn meir Guds nåde,
den mektige miskunns-straum.

So treng du då ei fortvila
om syndi er stygg og stor.
Guds nåde er endå større,
so seier det sanne ord.

Den skatten for deg vart vunnen
med blodet sin dyre pris.
So maktar han òg å leida
deg like til paradís.

Min Gud skal mangfoldig forlata

Min Gud skal mangfoldig forlata, –
å, det er useieleg stort!
Han møter kvar syrgjande syndar
med miskunn ved himmelens port.

Ja, Gud skal mangfoldig forlata, –
for *si* skuld han syndi forlet.
So kom då frimodig til Jesus!
Kom, du som no syrgjer og græt!

Ei himmelhøg miskunn deg møter,
av nåde eit endelaust hav.
So vend deg i tillit til Herren.
Hjå han finn ditt skuldbrev si grav.

Kor stort at Guds himmel er open!
Hans fars-hjarta varmt mot oss slår.
So vend deg til han, og ein evig,
uendeleg rikdom du får!

Jesus hev bore deim bort

Syndene tyngde, med skuld og med skam,
stengjande stod ved Guds port.
Lagde dei vart på det skuldlause Lam.
Jesus hev bore deim bort.

Jesus hev bore deim bort.
Sælt er å standa ved Golgata kors,
der Jesus bar syndene bort.

Han på sin lekam på korset deim bar.
Å, det er æveleg stort!
Syndene store og skræmande var.
Jesus hev bore deim bort.

Frelsaren andast på Golgata kross, –
ropa at alt no var gjort.
Syndene svarte, som stengde for oss, –
Jesus hev bore deim bort.

Klagaren syner tidt skuld-brevet fram, –
då kan eg svara han fort:
Syndi vart lagt på det skuldlause Lam.
Jesus hev bore deim bort.

No vil eg vandra den levande veg, –
ofte eg enn kjem til kort.
Då opp til Golgata skundar eg meg.
Jesus bar syndene bort.

Mange tregar ved solfalls-tide

Kvifor er hjarto so harde?
Og kvifor er eg so hard?

Mange tregar ved solfalls-tide:
Ukjærleg so tidt eg var.

Kvifor er hjarto so harde?
Kan henda so hard mot deim
som du framom andre skal elska,
som bur i din eigen heim!

Kvifor er hugane harde
mot deim som vår hjelp treng til?
Jesus Kristus var varm om hjarta,
var kjærleg og god og mild.

Kvifor er nakkane stive, –
kvi er det so tungt bøya kne?
Jesus Kristus, som allting åtte,
han bøygde til oss seg ned.

Kvifor er hugane tronge?
Å, vida ditt hjarta ut!
Del då med andre din arv, di eiga,
del deira sorg og sut!

Kvifor er hjarto so kalde,
og kvifor so stride sinn?
Ingen tregar ved solfalls-tide
at Kristus fekk koma inn. –

Meisteren er her og kallar på deg

Meisteren er her og kallar på deg, –
vil du 'kje glad honom møta,
sidan han fylgja på voni sin veg?
Han alle brester vil bøta,
lækja dei verkjande hjartesår,
gjeva deg liv og ein ljuvleg vår.

Meisteren er her og kallar på deg, –
han vil det beste deg gjeva.
Verds-vide utsyn då opnar seg, –
meningsfylt vert det å leva.
Han vil deg vera ein ven og bror,
leida deg lint ved sitt gode ord.

Meisteren er her og kallar på deg, –
tenk, ogso deg vil han hava!
No må, lik blomen, du stilt opna deg
for denne herlege gåva!
Fylg då det heilage høge kall!
Jesus gjeng med deg – til himlens hall!

Då vert det fullt av fred

Ditt hjarta er uroleg,
og fylt av angst og tvil.
Sjå opp, der skin ei stjerna!
Der møter du Guds smil.
Han vel veit om di uro,
og no han mildt deg bed:
”Gjev meg ditt arme hjarta!”
Då vert det fullt av fred.

Du ned mot moldi bøygjest,
vert gløyppt av verdsens larm.
Men ingen ting kan fylla
det tomrom i din barm.
Hjå Gud er livsens kjelda, –
om du deg bøygjjer ned
og drikk av klåre straumar,
vert hjarta fylt av fred.

Du ottast for di framtid,
ser skyer tårna seg.
Men Herren sjølv hev laga
so vel din livsens veg.
Kva enn på ferdi møter,
han sjølv vil vera med.
Han stiller stormfullt hjarta.
Då vert det fullt av fred.

Frelsaren fann meg i ungdomens år

Frelsaren fann meg i ungdomens år, –
aldri eg fulltakka kan.
Sjeli vart berga for synder og sår,
livet og lukka eg fann.

Aldri eg tregar at eg svara ja,
fylgde det kallet eg fekk.
Hjarta vart fredfullt, og hugen min glad,
vonfull den vegen eg gjekk.

Om eg på ferdi fekk skråmer og slag, –
stundom eg snåva og fall, –
fylgde det sidan ein solrennings-dag,
vårlev i vinteren kald.

Herre, hav takk at du tok meg ved hand,
fylgde meg år etter år.
Du vil meg leida til livet sitt land,
inn til den evige vår.

EG SØKJER EIT EVIG FEDRELAND

Ta meg med i ditt fylgje, Jesus

Ta meg med i ditt fylgje, Jesus, –
eg elles åleine går!

Til lyset og livet du leider,
til æveleg soltid og vår.

Ta meg med i ditt fylgje Jesus, –
eg veit eg uverdig er!

Men takk at du syndarar kallar
og hev oss useieleg kjær.

Ta meg med i ditt fylgje, Jesus!

Det finst ingi von utan deg.
Når du er vår førar på ferdi,
til livet sitt land gjeng vår veg.

Ta meg med i ditt fylgje, Jesus!

Der lyder det heilag song.
I kjærleikens evige rike,
der endar mi livsferd eingong.

Gud er nær meg

Gud er nær meg, sæle tanke!
Han er hjå meg dag og natt,
kjenner mine minste rørslor,
stør min fot i bakken bratt.

Gud er nær meg, store tanke!
Heilag age fyller meg.

Kvar eg fer og kvar eg kviler.
Herre, du veit om min veg.

Gud er nær meg, – eg i honom
lever, andar og er til.
Gjeng eg alt til heimsens endar,
også dit du fylgja vil.

Gud er nær meg med si miskunn,
ny kvar morgon, nok kvar dag.
Gud er nær meg heile vegen,
til mitt hjartans siste slag.

Gud er nær meg i all æva, –
kjære tanke for mi sjel.
Alltid, alltid, vera hjå han!
Store Gud, kor eg er sæl!

Hestar og vogner av gloande eld

2. Kongebok 6,8-17

Fiende-flokkane kom ifrå nord.
Hæren var sterk, og mektig og stor, –
hestar og jernvogner budde til strid,
kringsette byen ved nattetid.

Det var i *Dotan*, Elisa var der, –
Herrens profet, – han fekk sjå denne her.
Sveinen hans ogso den herstyrken såg.
Med hestar og vogner kring byen han låg.

”Meister, ai ei! Kva skal *me* gjera no?”
Skjelvredd han var, so det isna, hans blod. –
”Ver ikkje redd den skræmlege skreid!
For det er fleire med oss enn med dei.”

Elisa såg opp imot himmelen blå:
"Opna hans augo, so sveinen kan sjå!"
Augo vart opna, – ei underleg syn:
Borte på bergi det blenkte som lyn.

Rundt ikring byen, på alle dei fjell,
hestar og vogner av gloande eld! –
Hjelp oss å minnast på fårefull leid:
at det er fleire med oss enn med dei!

Kor godt det er!

Det er godt, Herre Jesus, at alt er ufortent,
og at alt du fortente for meg.
No gjev du oss av nåde det evige liv.
Du sjølv er den levande veg.

Det er godt, Herre Jesus, at nåden din er fri,
ja, som lufti me her andar inn.
Men blodet ditt han kosta, då dyrt du han vann.
Med rette den rikdom er min.

Det er godt, Herre Jesus, du mine synder bar
og betalte mi botnlause gjeld.
No syndi mi er sona, – Gud krev ikkje meir.
Og brui du bygde, ho held.

Det er godt, Herre Jesus, du lever for meg no,
for Guds åsyn du syner deg fram.
So er det ikkje eg, men ditt offer som gjeld,
du heilage skuldlause lam.

Det er godt, Herre Jesus, at du den same er,
som i går, so til æveleg tid.
Og når dagen so gryr, du i herlegdom kjem,
då endar vår sorg og vår strid.

Det er godt, Herre Jesus, hjå deg skal me få bu
i ein dag som ei gjeng mot sin kveld.
No lovar me deg, frelsar, til morgonen renn
Då æveleg høgtid me held.

Sjølv det beiske vart til fred

Eg ser attende på livsens veg,
med sletter og stride bakkar.
So mangt og mykje det møtte meg, –
for alt eg no Herren takkar.
Guds gode leiding mitt hjarta gled.
Ja, sjølv det beiske var meg til fred.

Eg ser attende på livsens dag, –
so lenge han no hev vara.
Og siger skifte med nederlag
på leidi eg her fekk fara.
Guds dyre nåde mitt hjarta gled.
Tenk, sjølv det beiske vart meg til fred.

Eg ser attende på livsens strid, –
han stundom var hard å tåla.
Men fram braut ljuset frå tid til tid,
og soli, ho atter stråla.
Guds gode hjelp no mitt hjarta gled.
For sjølv det beiske vart meg til fred.

Det minste lys i ei kolmyrk verd

Set at vår verd var eit einaste hav
av myrker og natt. –
Natt yver landi, natt yver havi,
natt i det høge og natt i det låge, –

kolsvart frå pol og til pol.
Ikkje ei stjerna, ikkje ei sol. –

Men i det ov-store natt-univers
skin det eit einsleg og ørlite lys,
berre ein skimt i det kolmyrke vell,
mest som eit ingenting, – skin gjer det lell.

Og – hev du tenkt på: eit verdsrom av natt
maktar 'kje tyna det vesale lys!
Er det som ein imot ti milliardar.
Sterkt er vel myrket, men sterkare enn
eit ørlite livslys som logar og brenn.

Stort er vel myrket i verdi i dag;
lite er lyset, – lell skuggane spreider,
vidare, vidare ljøsken sin breider.
Sigra det skal ifrå nord og til sud.
Lyset er sterkare, signa av Gud.

Du treng 'kje ta livet på forskot

Du treng 'kje ta livet på forskot, –
den byrdi vert alt for tung. –
Kvar dag hev nok med si eigi møda,
om gamal du er, eller ung.

Du kjenner 'kje morgondagen,
men himmelen kjenner han godt.
Din livsveg valdest i ævleg kjærleik.
Det gjeld både stort og smått.

So syt ei for dagen i morgon, –
han sjølv skal syta for seg.
Din himmelske Fader veit kva du treng.
Og han vil syta for deg.

Du møter so mange dyre liv

Du møter so mange menneskeliv
langs vegen du vandrar på jord.
Kvart eitt er meir verdt enn den vide verd.
So seier Guds sanne ord.

Du møter so mange dyre liv.
I likning med Gud vart dei skapt.
Han vil 'kje i kjærleik og miskunn mild
at ein av hans små vert fortapt.

Du møter so mange dyre liv, –
dei gamle, dei unge og born.
Å, legg då i hjarta hjå kvar og ein
eit kjærleikens sædekorn!

Du møter so mange dyre liv
på vegen frå vogga til grav.
Eingong når det kveldar, du trega ei vil
på det du i kjærleik deim gav.

I ei nattverd-stund

”Dette er Jesu lekam!
Dette er Jesu blod!”
Herre, ver lova for livsens brød!
Takk for lauget i livsens flod!
Takk for den voni du vann ved din død!

Herre, me vandrar i dødsens verd,
gjeng på ei visnande jord.
Takk at du kjem oss so nær, so nær,
møter oss i ditt ord,
og ved ditt nattverdbord! –

Her er Guds hus og himlens port

Når Jesus bed meg til sitt bord,
då kjem eg trøystig på hans ord.
Kven skulle då ei vera glad
og svara han eit hugheilt ja!

Det er hans hjartans djupe trong
i dag som då – den fyrste gong –
å møta sine vener der,
fordi han hev oss alle kjær.

Sjølv gjeng han rundt og tener oss
med den han vann oss på sin kross.
Han gjev seg sjølv – ei gåva stor –
i brød og vin ved Herrens bord.

Kor det er sælt, kor det er stort!
Her er Guds hus og himlens port.
Her er me eitt med han og deim
som er på veg til same heim.

Her er me eitt med alle som
frå sorg og strid og trengsla kom.
Og alle samlast me ein gong
og syng den store nattverd-song.

Då samlast alle nattverd-bord,
frå alle tider, all vår jord.
Og Kristus oss til hande går.
Då byrja er vårt jubelår.

Det sælaste samfunn

Det sælaste samfunn som finst her på jord,
er dei som fær samlast om Frelsarens ord.

Der logar den heilage, himmelske eld,
og dogg frå det høge på hugane fell.

Det sælaste samlag som finst på vår jord,
er dei som fær benkast ved Frelsarens bord.
Ein forsmak på himmelens glede det er, –
det sælaste samfunn som finst i vår verd.

Hav takk, store Frelsar, at dit inn eg fann!
Eg aldri i æva deg fulltakka kan.
Du tok meg frå verdi sin virvlende straum
til livet – meir rikt enn den fagraste draum.

Gud, signe ditt folk i dei ulike land, –
der palmone svagar, ved midnattsol-strand.
Gud signe deim alle, kvar mann og kvar møy,
at elden den heilage aldri må døy!

Då hev me himlen her

Herre, du dogge ditt ord ved din Heilage Ande!
Gjesta vårt samvær, og løys du det stengjande
bandet!
Vær du oss nær! Då hev me himmelen her,
hjelp i vår ve og vår vande.

Herre, hav takk at du sjølv vil imillom oss vera!
Deg vil me minnast, og hylla og heidra og æra.
Signe oss du! Styrk so vår von og vår tru!
Du må din vilje oss læra!

So er det sælt å få samlast i fred ikring Ordet.
Atter og atter i miskunn du sjølv dukar bordet.
Når du er nær, då hev me himmelen her, –
lovnader dyre og store.

Det venaste tempel i verdi eg såg

Det venaste tempel i verdi eg såg, –
Guds lys og hans herlegdom yver deg låg, –
ein ungdom det var, med eit liv vigt til Gud,
i livsvåren kledd i det heilage skrud.

Det venaste tempel i verdi eg såg, –
Guds fred som eit solskin på andletet låg, –
ein pilegrim var det, i kveldstimen god,
mens hjarta var fylt av Guds kjærleik og ro.

Eg sår dei i nord og i aust og i sud,
kor stort å få vera eit tempel for Gud!
Kor stort at han sjølv i vårt hjarta vil bu,
når trygt det seg opnar i tillitsfull tru!

Og eingong – i æva – det fullenda stend,
Guds tempel, når ævelivs-morgonen renn.
Då tilbed me, fridde frå synder og sut,
vår Gud og vår Fader som valde oss ut.

Takk for alt rikt i det heilage samfunn

Takk for alt rikt i det heilage samfunn,
sælaste samlag i verdi so vid!
Logen den bjartaste brenn frå Guds altar,
og han skal lysa til æveleg tid.

Takk for den kjærleik og von som oss møter,
takk for den tru som i saman oss bind;
Takk for den signande doggi som dalar,
gjeng til den djupaste hjarterot inn!

Livet er rikt i det heilage samfunn.
Herre, hav takk at eg òg fekk bli med!

Sælt skal det verta å samlast for evig.
Å, kor i livsvåren hjarta seg gled! –

I denne verdens korte sommer

I denne verdens korte sommer –
før høsten med sitt løv-fall kommer –
det er så godt hos Gud å bo.
Det er så trygt på ham å tro.

Så svint de går, de dyre dager.
Først er det vår i livsens hager,
og så en sommer, skjønn, men kort.
Og sommerfuglen flagrer bort.

I denne verdens korte sommer,
mens solen over livet flommer,
bered deg til den store høst!
I Kristus søk ditt håp, din trøst!

Mens vi er underveis –

Mens vi er underveis til det evige land, –
mens vi ennå på vandringen er, –
la oss søke de skatter som smuldre ei kan,
ikke dimmes av gullglansen her!

Mens vi er underveis til den evige kyst,
hvorfra aldri tilbake vi går,
la oss følge den draging som bor i vårt bryst,
etter himmelens solrike vår!

Mens vi er underveis og det ennå er dag,
la oss vandre den sti som bær hjem!

Mens vårt hjerte i barmen enn slår sine slag,
la oss stevne mot målet vårt frem!

Mens vi er underveis, – føreenn solen går ned, –
la oss virke og vente på bud!
La oss elske og tjene, og ferdes i fred!
Og så sees – i glede – hos Gud!

Eg vil så!

Herre, takk at eg fekk *så*,
strø det gode sædet!
Enn i kvelden vil eg gå, –
så med gråt og glede.

Mangt eit korn vart ei strødd ut, –
no eg må meg skunda,
alt til soli sig bak nut, –
ogso eg lyt blunda.

Herre, takk, – du tok meg med,
alt frå morgonstundi!
Eg vil så – til sol gjeng ned, –
tidi ut er runni.

Såkornet

Guds ord er eit såkorn med levande liv,
og fell det i hjarta si mold,
det gror, og den fagraste grøda det giv.
Det mognar mot rikaste foll.

Guds ord er eit såkorn, der ned han hev lagt
av åndskraft ei endelaus verd.

Guds ord, det er fylt av guddomeleg makt.
So sterk og dynamisk det er.

Guds ord er eit såkorn med livskraft frå Han;
eit æveleg liv det oss gjev.
Det byd oss den arven som Kristus oss vann.
So famna den skatten, og lev! –

Sylv-kruna

Eg minnest den dagen då eg i undring såg:
den fyrste ljose sylv-tråd i kruna mi låg. –
No er eg lenger komen i hausten skir og klår,
og mykje sylv det skin i det grånande hår.

Eg tykte so lenge: eg hørde våren til.
Det lenger var enn langt fram til hausten
sorgmod-still.
No sylvet i mi kruna ber meg om kvelden bod.
So takkar eg for livsdagen ljuvleg og god.

Ja, sylvet i kruna, det talar stilt til meg:
No ligg det meste attom av livet sin veg.
No må du dagen fylla, før soli gjeng ned,
og sistpå, ved Guds miskunn, gå herifrå i fred!

Over the clouds

Over the clouds
all things are bright, -
only sunshine and only light.
Seen from beneath
the clouds are dim.
Over they all in light can swim.

Over the clouds
the sky is blue,
bright its count'nance,
light its hue.
Your way is good
from God's point of view.

Yver skyene er alle ting bjarte, – berre solskin og berre ljós. – Sett nedanfrå er skyene myrke. Men yver kan alle symja i ljóset.

Yver skyene er himmelen blå, – andletet hans er bjart og fargen skir. Frå Guds synsstad er vegen din god.

Medan dagen døyr

Takk for den solrike dagen,
takk for det vermande vell!
No er dei timane enda, –
longe gjekk dagen på hell.
Solskiva snart vil seg gøyma
stilt attom Rokko-fjell.

Takk for den glede som olla,
freden som fylte min barm!
Takk for det blodet som brusa,
båra igjennom min barm!
Takk for den liv-sæle voni!
Hugen min gjer ho so varm.

No er det berre minuttar, –
so hev mi sol gjenge ned. –
Herre, eg hendene faldar,
audmjukt om miskunn eg bed.
Dagen min endar omsider.
Må eg då somna i fred!

Men dagen kjem att

Kvar dag det kjem eit solefall, –
der heime og her ute.
Den siste skimten skin hit inn
igjennom dogga rute.
So myrknar det, so er det natt.
Men dagen, han kjem att.

Kvar dag det kjem eit soleglad, –
det logar klåre eldar.
Det er so vent, og vemodsfullt
når det å nyo kveldar. –
So sloknar elden, det vert natt.
Men dagen, han kjem att.

Slik er det òg i livsens dag, –
ein kveld det kjem omsider.
Si synsrand soli nærmar seg,
og ned bak skogen glider.
Men Gud skje lov, om det vert natt,
ein evig dag kjem att!

Hver dag begynner Gud på ny

Hver dag begynner Gud på ny,
i tålmod uten ende.
Så vil vi til hans miskunn ty,
vårt sinn mot himlen vende.
Til ham vi vil oss holde nær.
Da går vi fri de skjulte skjær.

Hver dag begynner Gud igjen, –
han slår ei hånden av oss.

For Kristi skyld han er vår venn, –
og alt i Jesus gav oss.

Han holder ut, han blir ei trett.
Hans mål er klart, hans byrde lett.

Hver morgen er Guds nåde ny,
en kilde ingen tømmer.
For solens glans må mørket fly,
og mulm og mismot rømmer.
Hans påskemorgen vant sitt slag.
Den kraft er virksom enn i dag.

Dei siste dyre dagar

Hausten er komen,
om landet han går.
Hjelp meg å gylla
dei siste dyre år!

Hausten er komen,
med gull i heid og hagar.
Lær meg å nytta
dei siste dyre dagar!

Åri, dei flyktar,
so fort tidi går.
Lenge det er
sidan livet sin vår.

Greini i haust-glimen
gulnar og svagar.
Lær meg å telja
dei siste dyre dagar!

Eit nytt og ukjent år

I Jesu dyre namn me går
inn i eit nytt og ukjent år.
Og Gud gå med, frå dag til dag,
med miskunns rike hjartelag.

Han veit vår veg, han veit vårt mål,
og sjølv han held vår motgangs skål.
Kva enn skal henda, eitt er visst:
Det tena skal vårt vel til sist.

Og han som trufast med oss gjeng,
han veit kva me for dagen treng
av sorg og sæla, trøyst og tukt
so livsens tre kan bera frukt.

Han seier: Ikkje sutfull ver
for dykkar lekam, mat og klær!
For sjølv han for oss syta vil
med det han ser at me treng til.

Han seier, han som ser all ting:
Sjå deg ei ottefull ikring!
For eg er med, din Gud og Far.
Eg stydjer deg i bakken hard.

I Jesu dyre namn me so
det nye året byrjar no.
Vår Herre Krist, hav takk at du
frå dag til dag i oss vil bu!

Herre, lat meg alltid syngja!

Herre, lat meg alltid syngja!
Songen, må han aldri spakna!
Når eg sistpå somnar, lat meg
med ein lovsong atter vakna!

Herre, lat mi harpe klinga,
aldri døy dei klåre klanger!
Må ho sidan lydt få ljoda
yver Edens blome-vangar!

Herre, lat meg deg få lova
medan her eg enn dreg ande, –
sidan sæl i alle ævor
tilbe i det gode landet!

Den dyre lovnad

Kvar og ein som kallar
på Herrens namn,
han so visst skal finna
den trygge hamn.
Han skal ei fortapast,
men frelse få.
Inn til ævelivet
han glad skal gå.

Kvar som trur på Jesus, –
han sjølv hev sagt, –
er med æve-våren
og Gud i pakt.
Herre, me vil koma,
vil tru på deg.
So me glad vil vandra
med von vår veg.

Kor skal det vel ganga
i ukjend tid?
Kvar skal me vel gå
etter enda strid? –
Jesus-ordet spreider
all gråt og gru:
”Evig liv hev den
som på meg vil tru.” –

Alltid det beste i vente

Alltid det beste i vente,
alltid det beste til sist!
Det hev vår Frelsar oss lova.
So er det hundre-fald visst.

Alltid det beste der framme, –
det er vår vonfulle tru.
Herren i miskunn og milde
bygde vår framtid si bru.

Alltid det beste i vente,
og når so endar vår ferd,
skal me i undring få skoda
himmelens veldige verd.

Kor godt det er at grunnen held!

Kor godt det er at grunnen held!
Og difor huset aldri fell,
i storm og stride straumar.
Nei, sjølv i dødens alvors-stund
slær båra ikkje båten sund
med sine fæle flaumar.

Kor godt det er at Jesus sa:
”Det fullført er!” – på Golgata.
Då tarv eg ikkje tvila.
Eg legg meg ned på grunnen god,
på frelsa kjøpt med Lammets blod.
Der er det godt å kvila.

Der er det rom for kvar og ein
som søkjer livd frå synd og mein
og frå den strenge domen.
Kor godt det er å tenkja på:
Eg alltid kan til Jesus gå,
og alltid er velkomen.

So er eg trygg i liv og død,
og Jesus, han er livsens brød,
den rette himmel-manna.
So er eg rik, so er eg sæl.
For Kristi skuld det gjeng meg vel.
Eg skal i himlen landa.

Jesus vil hava oss heim

Fader, eg vil, hev vår Frelsar sagt,
at dei som du gav meg på jord,
skal vera hjå meg i det evige liv.
Kor stort at han sa desse ord!

Jesus vil hava oss heim,
han gjerne vil hava oss heim.
Fader, eg vil, han den siste kveld sa,
gjerne i himlen deim ha.

Heime hos Far min er mange rom,
og dit vil eg ganga av stad.
Der eg ein verestad lagar åt dykk, –
Jesus den siste kveld sa.

Når eg er ferdig, hev alt gjort i stand,
då skal eg so visst koma att,
taka dykk heim til det himmelske land,
henta frå jordi min skatt.

So skal de alltid få vera hjå meg,
sæle min herlegdom sjå. –
Herre, hav takk, – utan otte me no
fram kan mot solfallet sjå.

Sign meg, Herre, i solefallet!

Sign meg, Herre, i solefallet,
dei siste stunder før ho gjeng ned!
Mitt hjarta fyll med din eigen varme,
med æve-voni som sælt meg gled!

Bruk meg, Herre, i solefallet,
dei dyre timar som enn er att,
so eg kan onna, om makti minkar,
imedan skuggane sig mot natt!

Gled meg, Herre, i solefallet,
mens stilt ho synsrandi nærmar seg!
Når so ho gøymer seg attom skogen,
so tak i miskunn meg heim til deg!

Når luren ljomar

Me skal ikkje alle sovna av,
Guds heilage ord hev lova.
Nei, sume skal sleppa sjå si grav,
der andre laut lenge sova.
Kor stort, Herre Gud, om eg var ein
som fekk denne dyre gåva!

Men om me må døy, ein morgon renn,
då luren so sterkt skal ljoma.
Dei sæle då opp or gravi stend,
og Frelsaren sjølv skal koma.
Då døden si makt tek ende brått.
Og Gud skal all verdi døma.

Vel skulle det vera ljuvt og gildt
å leva når luren ljomar
og ”lyftast i skyer”, stødt og stilt
og møte ein nådig domar.
Men lat det no gå som Herren vil,
når berre eg ser Guds sumar!

Eg søkjer eit evig fedreland

Eg søkjer eit evig fedreland,
for dagen min døyr her nede.
Eg stemner imot ei ukjend strand, –
der ventar meg vår og glede.
Der lova eg skal min Gud og Far
med endelaust takke-kvede.

Som fedrane mine ogso eg
ein pilegrim er på jordi.
Og vonlaus var livsens vande veg
forutan dei lovnads-ordi:
Kvar ein som på Jesus Kristus trur,
skal benkast ved himmelbordi.

Eg lengtar dit heim so mang ein gong.
Å, gjev at eg hadde vunne,
fekk blanda mi røyst i englars song,
der døden er gått til grunne!
Min Frelsar, kor eg skal vera sæl
når livssoli klår hev runne!

So gjeng eg med von min pilgrimsveg,
i tru på den dyre lovnad.
So skal eg ein morgon møte deg,
når elden min her hev dovna.
I Jesu, min Frelsars, dyre namn
eg sæl skal ei kveldstund sovna.



ENN BANKAR MITT HJARTA

1968

*Før soli hev enda si lange ferd,
frå aust til vest,
før pilgrimen gjeng til ei evig verd,
til livsens fest,
so vel lyt eg lytta
til hjartans slag,
eg trugen må nytta
den dyre dag. —*

VED VÅRENS PORT

No gjeng våren mot nordlandet inn

I ei bylgja av gråt,
i ei skodde-sky våt,
gjeng no våren mot nordlandet inn.
Og ein sunnanvind linn
stryk ei vinter-bleik kinn.
Høyr – den tonande sylvfløyte-låt!

Er det verkeleg vår?
Er det sant at eg får
denne ljuvlege livstidi sjå?
Ja, den bylgja av gråt
og den sylv-fløytelåt,
vil meg varsla: Visst vona du må!

No ber det ut mot sol og song

Den fyrste varme vinterdag,
med mjuke vindars milde drag,
han set meg i so ljost eit lag.

Og sigers-soli vakkert vell
ut yver snøens kvite fell
til dess ho døvnar av, mot kveld.

Då stend ho som ei gyllen glod,
i vinterkveldens djupe ro,
legg ljosome yver mang ei mo.

I hekken kviknar sporven til.
Ja, sporv, du er vel greid og gild
som vinters tid oss gjesta vil.

So hev me streva enn ein gong,
opp vinterbakken bratt og trong.
No ber det ut mot sol og song.

Når lyset vender attende

Når lyset vender attende
og kvelden igjen vert klår,
det er eit vidunderleg hende.
Då lider det atter mot vår.

Då kvitnar den skinande snøen,
og stjerna på stjerna vert tend.
Det glim i den pelskledde bøen,
og still ligg den sovande grend.

Derute – der dagen dånar –
der glør det ei bleik-raud rand.
Før soli – bak berg og blånar –
hev fare til fjerne land.

Men – lyset vender attende.
Fyrst renn det ein morgon klår.
Det er eit vedunderleg hende.
For – då gjeng det atter mot vår!

Det vaknar ein vårfugl i barmen

Når solskiva atter seg tøyer
og vegen mot vår- landet finn,
då græt det noko av gleda
langt inne i barmen min.

Når kveldane atter vert lange
og snøen søkk saman og dvin,*
då vaknar ein vårfugl i barmen,
og kveldsstjerna strålar og skin.

*

Når solvellet atter strøyer
ut yver skinande snø,
då kjenner eg noko der djupt i barmen
tina og tø.

Når solvellet atter fløymer
ut yver kvitklede fjell,
eg kjenner ei kjelda der djupt i barmen,
ollar og vell.

Det er staren

Nyst hørde eg sylv-fløytelåten, –
for fyrste gongen i år.
Eg lydde, og kom mest på gråten.

* Dvina: Avta, minka.

So vert det då atter vår!
Og solskinet vell
yver vidder og fjell
og snøen sin kvite fell.

Kven var det? Å jau, det er staren!
No gjester han atter vårt nord.
Me helsar den gladlyndte karen,
sopran i eit vårfugle-kor.
Og lerka, ho slær,
Og ho tirlar og lær,–
Ut yver ei nyskapt verd.

Ja, sanneleg hørde eg staren!
Men lenge det er sidan sist.
Han sit i ei osp her i garden,
Og kved på ein naken kvist.
God dag, gode ven!
Velkomen igjen
til Noreg si gamle grend!

Og det er dei ljose kveldar

Og det er dei ljose kveldar, –
på gjesting dei kjem hit nord.
Eg ser desse skire eldar,
og voni i hugen gror.
Dagane ljøsna og lengjest.
So vårast det atter, min bror!

Og det er dei kveldar bjarte,–
det er som ein vakker draum.
No endar dei netter svarte,
Snart silddrar ein livsens straum.
So brydder blomane sarte, –
ein ovfager paradis-flaum.

No aukar det på – frå dag til dag

No aukar det på, frå dag til dag, –
eg ser det i undring og glede.
Sjølvs småsporven kjem i so ljost eit lag,
og kvittrar sitt kvardags-kvede.
Kva er det eg ser? – det er dagen som vinn.
Og snart gjeng me glade i våren inn.

Det gildare vert, frå kveld til kveld, –
No skavlar og isar må vike.
Og rikare vert dette varme vell, –
sjå, snart sigrar våren sitt rike.
Det er som ein vakker og vonfull draum.
Gud, takk då for ljoses og livsens flaum!

Ved våren sin port

Skal atter eg møta ein vaknande vår,
med spelande sol når mot vest langt ho går?
Ho skin ifrå høgheimen, sylvskir og klår.

Skal atter eg møte det livsfylte vell,
eit lyshav som bårar om morgon og kveld?
No vaknar naturi, og høgtid ho held.

Ja, våren eg møter, – min Gud, det er stort.
Eg stend her i undring ved våren sin port,
Og kviskrar: Av Skaparen dette er gjort.

Av vårar eg mange i livet mitt fekk.
Eg leirfivlar skoda ved brusande bekk. –
Men våren hev hast, – han so snøgt frå meg gjekk.

No kan det 'kje vera so mange igjen.
Ved våren sin port eg med vemod då stend.
Men, Herre, omsider ein æve-vår renn.

Han skal ikkje enda, – det trur eg for visst.
Der visnar 'kje bladet og blomen på kvist. –
Hav takk for den ljuvlege von, Jesus Krist!

Det var gildt å sjå lerkone att

Det var gildt å sjå lerkone att, –
der mot høgdi dei stig ifrå bøen,
tirlar ned mot den skinande snøen.
Ver velkomen, du vel-sedde skatt!

Det var kjært å sjå lerka igjen,
der ho kved mot den solskire klåren.
Det er verkeleg sant: det er våren
som no gjestar ei vinterkvit grend.

Takk fordi du so snart strauk hit nord!
Nei, du kunne 'kje bia no lenger;
so du lyfte dei små, rappe venger,
og med lengting mot vårlandet før.

Det var gildt å sjå lerka på nytt.
Skjølvs om iskalde eler* enn vankar,
lell i von vesle hjarta ditt bankar.
Snart er snøen i junisol bytt.

Du hev tirla langt nede i sud,
du hev sunge på solrike strender.
No du kved i dei snøkvite grender.
Kven hev sendt deg? – Eg veit: det er Gud.

* Ele: Skur med snø eller regn.

Våren vinn

Vinteren vik, og våren vinn,
verdi av solflaumer fyllest.
Mars-snøen strøymer i elvane inn,
kvelds-landet ljøsar og gyllest.

Soli tek store, sterke steg,
sigrar med makt og med mynde.
Høgt under himmelen gjeng hennar veg;
sidan ho glader, i ynde.

Sistpå ho tek den store sving, –
grytidleg er ho i kjømdi,
sigler mest synsrandi all ikring,
lyser langt ut yver rømdi.

Ljuvleg er tidi ut mot vår,
ut mot dei draumvene stunder.
Bylgjor av liv imot landet går, –
brest i eit løyndomsfullt under.

Det er noko mektig – det atter er vår

Ein vinter er enda, – det atter er vår.
Orions belte på sør-kvelven står.
I elvar og sjøar no storflaumen går.

Ein vinter er enda, – høyr, fuglen er her!
Staren, han fløytrar, og lerka, ho slær
si trille so høgt under himmelen der.

Ein vinter er enda, i lys ligg vårt land.
Langt inn i kvelden stend himlen i brand.
Og livet si bylgja alt høyra me kan.

Ein vinter er enda, og teken eg står.
Ei livs- og ei lys-båra landet vårt når.
Det er noko mektig, – det atter er vår!

Kor eg er rik, som atter møter våren

So sigler soli høgt på himmel-blået,
og høgare for kvar ein dag ho når.
Det endå eingong fyller meg med undring
og fryd og fagnad: *det er atter vår!*

So bjart han er, den blåe himmel-duken!
So blankt det sylv, den sol som stig og stig,
til dess ho hovudet mot kvelden hallar,
og langt i vest mot stille skogar sig.

Kor eg er rik som atter møter våren!
So hjartans takksam var eg aldri før.
Ei sæla still og varm mitt hjarta fyller,
imedan soli mot si synsrand glør.

Og aldri so som no den von meg gleder, –
om tidt av sorgmod hugen min er sår:
Om livsens vårar her på jordi minkar,
So ventar meg til sist den beste vår. –

Kvitsymra – no er ho komen

Kvitsymra, – no er ho komen,
blyg ho i skogkanten stend,
skjelv i den fyrste morgonbrisen,
når soli omsider renn.

No mest eit år hev ho blunda, –
lang var den svevnen ho naut,

vektest til sist av vårsol-vellet,
og fram gjennom mosen braut.

Varleg ho kalken sin opnar,
stilt ho ikringom seg ser.
Kruna vert fylt av det skire solskin.
Og kvitsymra syng, og ber.

No nokre dager ho tiler, –
blyg ho i skogkanten står.
Fyrst når den solbjarte blomen blømer,
då vert det i Noreg vår.

Symra i snø-driva

Eg symrone såg attmed skogen, –
dei fram hadde våga seg nyst.
No stod dei og småskolv i kvelden,
av sparsame solstrålar kyst.
Og sume var kvite, – på andre eg såg
eit rosenraudt skjær yver kalkane låg.

No ville dei veksa i våren
og skina i solflaumen varm.
So ville dei vårvellet sypa
og fylla den sylvskire barm, –
og sidan, når dagen til sist gjekk på hell,
seg stilt lata att imot skuggar og kveld.

Eit snøver seig inn over skogen,
og bygdi vart brått kledd i kvitt.
Kor gjeng det dei smørblide symror?
Hev striden den siste dei stridt?
So tandre dei er, desse solsilke-blad.
Men staren i ospi song vonfulle kvad.

Omsider det demra og dagna.
Og so var det vinter igjen!
Kor gjeng det dei vesale symror
som våte i snødriva stend?
Men vårfuglen fløyttar, å du for eit spel!
I kruna det kvittrar, – og hanane gjel.

Og snart tinar teppet, det tandre,
og der ser eg symra mi att.
Eg bøyer meg, stend her og stierer:
Kor gjeng det min kvitkledd skatt?
Vel hev ho ein snødott i kalken sin klår,
men doggfrisk og fager i snøkanten står.

Slik gjeng det so tidt her i livet:
det skifter med sol og med snø.
Men atter det demrar og dagnar,
og snøen i soli må tø. –
Og hev du di rot i Guds kjærleiks jord,
då blomen ei bleiknar, men livsfriskt gror.

Ei liti erla i handi

Ein vårkveld fann eg den erla.
Til jordi hadde ho falle.
Dei trottuge vengjer låg no i ro,
og augo var stive og kalde.

Eg såg desse ninil-augo;*
So svarte dei var, og småe.
Dei såg `kje den vene våren meir,
og himlen, den bjarte og blåe.

* Nihil: erla. Austlands-dialekt.

Eg såg desse fine føter;
So trottig hadde dei trippa.
Den vesle nebben skulle `kje meir
nappa og nippa og tippa.

Eg strauk desse mjuke fjører, –
Dei kvite og so dei svarte.
Duni i barmen var enno varm.
Nyst stogga eit bankande hjarte.

Nyst hadde so langt ho fløge,
høgt opp under himmelklåren.
For fuglehjarta, det lengta so sterkt
mot nord, mot den vaknande våren.

So slo ho seg ned attmed skogen
Og fekk nokre fagre dagar.
Ho trippa so fjåg i tun og gard,
Blant haust-lauv i livnande hagar.

Ho bygde det vesle reiret
i lag med sin erle-make.
Der låg nokre egg, men aldri meir
ho dit skulle venda tilbake.

For no, midt i solfallstundi,
ho svima og styringi miste.
So bar det brått imot bakken ned.
Den ferdi, den vart hennar siste.

No ligg ho i handi mi, erla;
eg stryk desse fine fjører
og duni som dekkjer den vesle barm,
og vart ved små-føtene rører.

So legg eg den litle varleg
tett innunder bjørketreet,

og breider yver litt visna lauv,
eit tarveleg likferds-klede.

Den vårvelden høyrde eg sukken
som stig frå dei tusund barmar.
No lydar han ifrå all vår jord,
lik havet som mektig marmar.

Men der, med ei erla i handi,
eg minnest dei frelsar-ordi:
”Utan at Faderen dykkar vil,
det fell `kje ein sporv til jordi!”

Vår i Vinje

Sjå kor det blenkjer og blånar,
sjå kor det kvitnar og skin!
Opp imot høgheimen skrånar
lidi med lysande lin.

Sjå kor det glimar og glitrar,
sjå kor det bårar og brenn.
Staren i treet sitt kvittrar.
Snøfjelli tagale stend.

Tidi med æva seg blandar
under det ovdjupe blå.
Her, medan vårdagen randar,
tru og tilbeda eg må.

Høyr kor det surlar og sirlar, –
elvi langs snø-garen går.
Høyr kor det tonar og tirlar.
No er i Noreg det vår!

Slik ser eg mitt land ut mot våren

Her glitrar sol yver skinande snøfjell,
der dei kviler i rekkje og rad.
Og den kuppel som yver seg kvelver,
er verdi sitt blåaste blad.

Her skin det sol yver veldige vidder,
der dei tøyser seg endelaust vidt.
Og det lakan dei yver seg breider,
er verdi sitt kvitaste kvitt.

*

Det glimar frå ævedjup-hallar,
det glør i krystallar sin her.
Det blenkjer i skaresnø-bakkar.
Å du, for ei underfull verd!

Slik skin det frå time til time,
mens soli gjeng synsrandi rundt.
Eg lovar den heilage Herre
som hev denne syni meg unt.

Slik glim det frå grytidleg morgon,
so lenge, til dess det vert kveld.
Då dvin dette ovskire solskin.
Då søv desse snøkledde fjell.

Slik ser eg mitt land ut mot våren.
Å du for ein heim Gud oss gav!
I djupblått og drivkvitt det drøyer.
Då spegler det himmelen av.

Morgon i mai

Ein morgon i mai,
med spelande sol,
med skinande symror
og blå-øygd fiol,
med friskleikens blad,
og fuglar som tirlar
eit lukkefylt kvad, –
mitt evige heimland
då hugsar eg glad.

Ei solmetta luft
eg djupt andar inn,
mot signande straumar
eg vendar mi kinn.
Eg anar – meir klårt
for kvart einaste år –
det vert ein vedunderleg
lagnad eg får
når eingong eg møter
Guds paradís-vår.

Ein morgon i mai,
med flagget i bris,
mens vaknande skogar
syng Skaparens pris,
eg takkar for livet, –
den gåva er stor, –
eit under som ikkje
kan tolkast i ord.
Og so ser eg fram
mot ei herleggjord jord.

Mai-vår

Stare-fløyt og lerke-låt,
måltrost-trill og gledegråt.
Doggi heng i tuppene,
svalar bjørke-knuppene,
engi ung og vårreng-våt.

Yr og ange, graset gror.
Symror stend i fagert flor.
Yver dække skogane
nyst drog grågås-plogane.
Ventande ligg moder jord.

Skyer yver skogen driv,
fuglen fjåg i lufti sviv.
So kjem soli straymande,
Inn i kvelden fløymande, –
Signar alt det unge liv.

Det er ved dei tider då bjørkene brest

Det er ved dei tider då bjørkene brest,
seg sveiper i ny-sauma skrud.
Kvar buske, kvart blad og kvar blome held fest.
Og skapningi lovsyng sin Gud.

Det er ved dei tider då underet skjer, –
eit under av lys og av liv.
Dei nysprotne, livsfriske lauv-blad eg ser,
og fuglar som smett og som sviv.

So brest dei i bløming, – kvar lid og kvar lund,
kvar storskog som syng her i nord.
Og lovsongen lyder frå vårfuglens munn,
eit jublande, gledesfylt kor.

So skulle eg atter det underet sjå, –
meir kjært ifrå år og til år.
I age eg ser opp mot solkvelven blå, –
Mot livet sin evige vår. –

Sjå, der er svola komen

Sjå, der er svola komen! –
den fyrste som eg ser i år.
Ho glid igjenom lufti, –
å du kor fljott* og fint det går!
Når me den fuglen atter ser,
då er for fullt det vår.

Den fuglen kan vel flyga, –
ho sym i lufti lognt og lett,
langt inn i sumarkvelden,
og ei ho talmast og vert trøytt.
Ho tek dei store svingane,
og svint ho sviv og smett.

Slik kan eg minnast svola
ifrå ein liten svein eg var.
Og kjær ho enno er meg
om sylv i krana mi eg har.
So ver velkomen, trugne fugl,
hit til vår gamle gard!

Juni

Me hutra millom snø og is,
og bjørki stod med rimfrost-ris.
No kvate fuglar kved Guds pris.

* Fljott: snøgt

Og landet liknar mest av alt
eit livsens paradís.

No ligg det i eit solskinnsvell
frå tidleg gry til seint på kveld.
Og det er song og det er spel.
Det tonar i kvar ospetopp.
Og alle gaukar gjel.

Visst var det ein ovfager paradisdag

Visst var det ein ovfager paradisdag,
med solglitr frå nattstille stunder.
Me høyrde naturi sitt hjartslag,
og såg dei uteljande under.
Og epletre-blomane anga og skein, –
og bione summa frå grein og til grein.
Og fuglane frydefullt kvitra.

Men no hallar dagen, med soli i vest,
og bione summar 'kje lenger.
I vidopne kalkar dei glade heldt fest, –
no sviv dei på florlette venger
til heimane sine med nektar-drykk klår,
og soli so smått ned mot skogane går.
Og fuglane flyg til si kvila.

Jonsok i det høge nord

No dreg seg soli so smått attende,
og me hev sumarens høgsmål nått.
Nett no i kveld langt i nord ho vende, –
so gjeng det ut imot haust so smått.
Men fyrst ein helsing so skir ho sende.

Den jonsok-tidi er utan like,
eit hav av ljós og eit livsens vell.
Og myrkret mest frå vårt land hev vike,
og soli glitrar frå gry til kveld
i dette draumvene vårens rike.

Om no det atter mot hausten vender,
so hev me lenge eit ljøsens hav.
Og livet leikar mot livsens strender
so god ein stund før det dovnar av
og lauvet gulnar i våre grender.

Me lovar han som let ljøset strøyma
og soli spela i nord og sud.
Me lovar han som let livet fløyma,
den vise, veldige, store Gud.
Kor sælt om æveleg vår å drøyma!

Midsumar-dag

Soli heng høgt
under himmelen no.
Seint inni kvelden
ho ruslar til ro.

Soli gjeng høgt
yver landet vårt no.
Lufti er lys-metta,
dagen er god.

Grytidleg glim ho
der langt i nord-aust,
ødslar sitt strålegull
rikleg og raust.

Alt som kan bløma,
no vender si kinn
mot denne kjelda,
syp sollufti inn.

Alt som kan mogna, –
eit eple, eit bær, –
ser imot soli
og lyser og ler.

Alt som kan flyga,
på vengjene er.
Alt som kan fløyta,
på harpone slær.

Alt som kan bløma,
i blom det no brest.
Alt som dreg ande,
held høgsumarfest.

Høg-sumar

No glitrar soli frå det bjarte blå'et, –
ho held seg høgt på juni-kvelven no.
I varme vindar svagar sumar-strået,
Og ljose cirruskyer ligg i ro.

Og tiriltunga seg mot soli vender, –
ho er so ven og varm og gul og god.
Og tusund blommar retter sine hender
imot det høge frå si mjuke mo.

Og nye skot hev kvar ei gran og furu,
og kvar ein bruse,* – det so unge er.
Ja, kvart eit tre fekk kvar si grønne muru.**
Og lerka enno sine trillor slær.

Og bjørki mi, ho brudevakker brusar,
og ospebladi skjelv som stødt dei plar.
I solgangsvinden sumarskogen susar.
Det syng i alt det lysegrøne bar.

Og himmelhavet blått og bjart seg breider!
som snøen kvit er kvar ei sky som sviv.
Og soli glitrar yver hav og heier.
Ho signar alt det underfulle liv.

I sumarbrisen blad og blom seg unar, –
dei likar seg i ljøsens varme flaum.
Og medan det med dagen min no munar,
er *paradis* min sæle, store draum.

Enno skin soli i lidi

Enno skin soli i lidi,
ødslar sitt ljose vell.
Døkt er det nede i dalen,
og det er tidleg kveld.

Enno skin soli deroppe.
Der er det enno dag.
Å, om eg dit opp fekk flytta,
halda med ljuset lag!

Dagen eg alltid hev elska,
lengta til neste gry.
Eingong med undring eg helsar
livsdagen ung og ny. –

* Bruse: einer

** Muru: det nye toppskotet på nåle-trei.

Når vår-orkesteret spelar for fullt

Eg ser nokre spede og sparlege teikn
som tydar ein vaknande vår:
ein fugl som fløytar, ein knupp som svell,
ei sol som tøyser seg langt mot vest
før det vert kveld, –
eg høyrer surl, og eg høyrer sirl,
og so ein dag kjem ein lerke-tirl;
eg kjenner angen av bråtebrand,
ser kor det lysnar i Noregs land, –
då hendar det tidt at eg tolka vil
og teikna i ord denne tidi gild.

Men når vår-orkesteret spelar for fullt,
og alle flyttfuglar kved,
og fjellbekker brusar
og ungbjørker susar
og alle symror i sol seg gled
og landet ligg i eit hav av ljøs,
då stend eg teken i hjartans grunn.
Då legg eg pennen min ned.

HAUST I DET HØGE NORD

Eg vandrar i ein gullkledd hall

Eg vandrar i ein gullkledd hall;
i kvart eit blad det glør og brenn.
I undring andaktsfull eg stend.
Og det er solefall.

Eg vandrar i ein gullprydd lund;
som purpur brenn kvart ospeblad.
So spreidt og spakt er fuglens kvad,
ei solrik morgonstund.

Eg vandrar i ei gullstenkt lid.
Om lauvet no er heller tynt,
so er kvart blad ein gyllen mynt,
ei still oktobertid.

Eg vandrar i ein gullkledd skog.
So fine fargar er det her,
og enno nokre raude bær.
Men fuglen frå oss drog.

Eg vandrar i ein verd av gull.
So friskt og fagert er vårt land,
med kvar ei lid i eld og brand,
i hausten underfull.

Langt inni barmen eit ospeblad blør

Og so er det haust!
Eg ser korleis soli
gjeng seint opp i aust.

Eg ser kor ho tidleg
i vest gjeng til ro; –
ja, dagane stutnar
alt fortare no.
Men når so vår haustsol
set himlen i brand,
då vent er vårt land.

Jau, haust er det no,
og lidene lyser
med glim og med glod.
Eg kan ikkje for det;
det vemodsfullt er:
Eit år gjeng på hell,
vinternatti er nær.
Men fager er hausten
i gullsauma skrud.
Eit storverk av Gud.

I livet mitt òg
det lenge er no
sidan våren eg såg.
Min dag ogso stutnar,
og haust-himlen glør.
Langt inne i barmen
eit ospeblad blør.
Men voni om vår
skin i hausten sitt skrud.
Takk, Herre, min Gud.

No reiser lønnelauvet

No reiser lønnelauvet,
med gull i kvart eit blad.
I vår det ut seg falda
då alle fuglar kvad.

No fell det, lønnelauvet,
og ospebladi med.
I eld og gull det gløder.
Og ingen fuglar kved.

No lysar lønnelauvet,
og tusund bjørketre.
Og so, i haustsol-glimen
dei dett til jordi ned.

For fred i lauvfall-stundi
ein still septemberdag!
Og med eit stenk av sorgmod
dreg livet andedrag.

For von i lauvfalls-timen:
Der bladi nettopp datt,
Eg ser den vesle *kimen*.
So kjem nok våren att.

Å, alt dette korngull som lyser i landet

Å, alt dette korngull
som lyser i landet,
i aust og i vest og i sud!
Eit under kvart aks,
for i visdom det danast
av allmakts Gud.

Å, alle dei åkrar
som gløder i hausten,
dei glimar i kveldens ro.
Dei tek meg om hjarta,
ved målet dei kviler, –
er mogne no.

Der fall eit blad

Der fall eit blad ifrå greini ned.
Det singla stilt i sundagsfred,
ein fin seinhaustes dag.
Det føddest i ein fager vår;
no er det haustluft skir og klår,
med døyvde andedrag.

Det bladet la seg godt til ro, –
nyst glima det med gyllen glod, –
ein eld er brunnen ned.
Det hadde treet tent so trutt,
og no den tenesta er slutt.
So singla det, i fred.

Og skogen stend i haustgull-skrud, –
den drakti òg eit verk av Gud,
av skapar-handi vis.
Om songfugl-flokken frå oss fór,
eit spedt og spinkelt fuglekor
syng enn vår skapars pris.

Her tjatrar trosten, god og mett,
og sporven pratar, snøgt han smett.
Høyr kråka sitt kra-kra!
Eg andar inn so varmt eit vell.
So lider det ut imot kveld, –
eit haust-stilt soleglad.

I dag er det haust i fjellet

I dag er det haust i fjellet,
med fargar i glod og eld.
Vent var det atter å møta
det logande, fagre fjell.

Kjært var det atter å koma
til fjellheimen stor og still.
Her, i dei høge hallar,
var haustdagen ljuv og gild.

Eg milevis kring meg skodar,
for lufti er eter-klår.
Auga når fjernaste synsrand,
der tindane borgvakt står.

Atter ein haust yver landet

Tusundtals åkrar skal haustast,
fullmogne ligg dei og ventar
ondefolk kjem og deim hentar.

Gylne i soli dei skina, –
å, dette gull, kor det glimar,
gløder i solskire timar!

Atter ein haust yver landet,
atter blant korngull eg vankar,
tenkjer so mangeslags tankar.

Skjølv eg i hausten er komen, –
alderens mogning og klåre.
Lir det og lakkar med året.

Septembersol-vell

Septembersol-vell
på furu-leggen fell,
på bruse og bjørk
i den haustklåre kveld.
Og djupblå er kvelven deroppe.

Septembersol-dryss, –
kvar blad fær ein kyss,
kvar blome som bleikna
i døden nyss.
Og solskir er kvelven deroppe.

Herleg er hausten

Herleg er hausten når himmelen blånar,
sylvskyer sigler, i eteren sviv.
Kuppelen ned imot sol-landet skrånar,
yver det mognande, lysande liv.

Herleg er hausten, –sjå korngullet glimar,
aplane bognar, og bæret er raudt.
Bjorkene gløder i solfylte timar.
So kjem ein stormvind, –og treet er snaudt.

Stillsleg er hausten, og sterkt til meg talar.
Vekjømndi tek meg om enn eg er glad.
Solvegen stutnar, og livs-logen dalar,
sorgmodet sitrar i kvelds-fuglens kvad.

Herleg er hausten, og difor eg takkar,
at eg det storfelte synet fekk sjå.
Når det so ut imot livs-hausten lakkar, –
Gud, må ditt evige vår-land eg sjå!

Onne-maskinane mullar og mel

Soldagen skrid imot vest frå aust.
Sakte han stutnar, for det er haust.
Lell er han lang ifrå gry til kveld,
ødslar eit signande solskins-vell.

Difor er haustdagen ljuv og god,
fylt av den djupe og rike ro,
fylt av den stille og store fred,
like til soli i eld gjeng ned.

Onne-maskinane mullar og mel, –
songen om fullmogi grøde fortel.
Synet av åkrar i glim og i glod
tok meg so tidt når i undring eg stod.

Soldagen skrid imot vest frå aust.
Skjølvs er eg komen til livet sin haust.
Herre, må åkeren fullmogen stå
når eg ein dag inn i æva skal gå!

Haust i høgdi

Her stend det høge graner
og lubben, grønkledd furu.
I sumaren som frå oss fór,
fekk kvar si nye muru.
Dei stend og tøyser seg på tå
opp mot det æve-djupe blå.

Ei drakt av gull og purpur
er bjørk og osp si bunad.
Oktober-soli sildrar inn
i denne fagre krunga.
So overjordisk vent å sjå
imot det æve-djupe blå.

*

Kor vakker er den verdi Gud hev dana,
so frisk og fager, fylt av liv og ljøs.

Og fargespelet let alt no oss ana
kor vent det vert når Gud får lov og ros,
og verdi er som ho frå fyrst var tenkt,
før synd og sorg og død fekk henne krenkt.

Ljuv og god kan seinhaust-soli vera

Ljuv og god kan seinhaust-soli vera,
smeikjer jordi trøyt og våt og kald,
kysser konglen høgt i bartre-toppen,
og det lauv som lint og lett til jordi fall.

Ljuv og gild kan seinhaust-soli vera,
smeikjer bjørke-stommen kvit og fin og rein,
kysser gullet som heng att i toppen,
kysser kinni mi i hausten still og sein.

Blank og bjart kan seinhaust-soli vera,
trei teiknar seg mot kvelven djup-blå, klår.
Jord som sovnar, fær so varmt eit kjærteikn.
Endå lengtar eg i von til neste vår.

Hardt hallar året

Enda er lauv-fallet,
einast i toppane
ligg det litt gull
som i solglimen glør.
Soli ja, lågt gjeng ho no
yver skogane,
sender sitt vermande
vell ifrå sør.

Enda er mogningi,
hausta er åkrane,
frukti er henta
frå aplane ned.
Enn nokre tytebær
raudnar på tuvone.
Ligg yver landet vårt
hausten sin fred.

Enda er onnene,
kviler no hendene,
farne er fuglane,
strauk imot sud.
Sovnar so skapningi,
hardt hallar året no.
Menneske, lovsyng
i hausten vår Gud!

Sol i desember

So stutt ei stund du hjå oss bur,
du skire sol, men snart du snur.
Og kjær du er, desember-sol
som vender like under jol.

No lågt du yver skogen sviv,
og skin på alt det frosne liv.
Du seint ris opp, gjeng snart til ro.
Og snøen ligg på myr og mo.

Men om ei stund du snur som sagt.
Omsider aukar du i makt.
Og natt og dag ligg landet vårt
i stråle-vellet skirt og klårt.

Når so du sig bak ås og fjell, –
det døyr, ditt siste strålevell.
Det er'kje fritt: mi lengsla går
imot den evig unge vår.

Me elsker soli ein desemberdag

No er det berre nokre dagar att, –
so vender soli, denne skire skatt.
So sender ho oss stendig nye smil,
mot vest ho vandrar, mange tusund mil.

Me elsker soli ein desemberdag,
når fram ho bryt or gråe skoddelag.
Me vender kinni mot det varme vell,
som ifrå rømdi yver jordi fell.

Me tyngjest alle i den døkke tid,
me stundar imot jonsok, juni-blid,
og fram imot eit evig solsnu ser,
der korkje vinter eller visning er.

Det er sol – det er snø – det er dag

Eg kan sjå at derute er himmelen blå, –
det er sol, det er snø, det er dag.
Skjølv ligg eg her inne, er gusten og grå,
og høyrer på hjarta sitt slag.

Den venaste tidi, – me kallar det vår, –
ho longe hev fare sin veg.
Men enno er himmelen æve-djup, klår.
Og enn smiler soli til meg.

Eg tenkjer på slekter som kom og som kvarv,
eg tenkjer på far og på mor.
Dei gav meg ein god og ugløymande arv
for vegen eg vandrar på jord.

Det susar ein storskog av sorgmod so tidt
eg tenkjer på mor og på far.
Eg ser kor i kjærleik dei smiler so blidt.
So gode og gilde dei var.

No sjølv eg meg nærmar min haust og min kveld, –
so lyt eg vel fara, eg òg;
for soldagen stutnar og skuggane fell.
Men enn er eg freidig og fjåg.

Eg ser at derute er himmelen blå, –
Det er sol, det er snø, det er dag.
Og eg veit at dei kjære eg atter skal sjå
og æveleg med deim halda lag.

For han som hev vove det solskire skrud,
og dana eit æve-djupt blå,
i Kristus han er oss ein miskunnsam Gud.
For hans skuld eg himlen skal nå. –

HEIMLANDET

Noreg

Det ligg noko lyst i namnet, –
det er som ei bjørk om vår;
det er som ei morgondemring,
som snøfonna kvit og klår.

Det ligg noko sterkt i namnet, –
eit urfjell, ein foss, ein fjord.
Og stjernone skin på snøen
ei vinternatt høgt i nord.

Det ligg noko kjærte i namnet, –
eg kjenner: eg elsker deg,
min barndoms, min manndoms rike,
den lysande norrønaveg.

Det ligg noko godt i namnet, –
det gav oss ein arv so raust:
Guds rike med fred og framtid.
Då gjeng me med von mot haust.

Og nemner eg namnet Noreg,
fram bryt det eit tonevell.
Og brått for mitt indre auga
stig skogar og fly og fjell.

Atter i heimlandet

Enno glimar doggi i graset vått.
Enno lyser blomar i gult og blått.
Enno angar blomar i kvitt og raudt, –
Kleder norderlandet so kaldt og snaudt.

Enno er det stilt i den store skog.
Enno odlast landet med horv og plog.
Enno susar solvind ved middagstid.
Enno kallar klokkor til fred frå strid.

Enno vankar folket på kyrkjeveg.
Må det aldri timast for deg og meg,
for vårt gamle land i det høge nord
at me skulle gløyma Guds gode ord!

Enno svagar strået so mjukt og mildt.
Enno voggar bylja mot strandi stilt.
Sumarfuglen flagrar på kvite veng.
Fager frukt som mognar, på greini heng.

Enno sviv det svalor i kvelden sein.
Enno sigler skyer i lufti rein.
Enno lyser vidder med moge korn.
Enno lyder lått ifrå fjåge born.

Enno pip det fuglar i hausten klår,
endå dei er farne som kom i vår.
Takk for dykkar tonar, – velkomen att,
når omsider endar vår vinternatt.

Ogso eg fekk koma frå framand strand,
atter fekk eg sjå eit vidunderland.
Her skal eg få bu til min kveld og haust, –
sidan sjå det dagna for godt i aust. –

Enno heng himmelen høgkvelvd og blå

Enno heng himmelen høgkvelvd og blå, –
under syng susande vindar.
Enn gjennom klår-lufti opp kan eg sjå
mot desse tagale tindar.

Enn sigler skyi, som før ho hev gjort,
under den æve-kvelv blåe,
skyggjer for soli, og so sviv ho bort.
Under flyg fuglane småe.

Enn svingar sporven seg, lettføtt og grå,
lubben og lurvut i fellen.
Enn trippar linerla, ljøs-lyndt og mjå.
Svalone sjogar i kvelden.

Enn brummar humla, frå blom og til blom,
gjævaste soldrykken sankar.
Bione summar, drikk blom-kalken tom
kvilelaust vidare vankar.

Slik ser eg Noreg, som før eg det såg.
Tenk at eg her skal få anda!
Himmelens lys yver landet vårt låg.
Må i Guds signing det standa!

Skogane

Der ligg dei djupe skogane,
nett som dei allstødt låg,
i sunnanvinden sjogande,
som eg deim alltid såg.
Sjå, der dreg grågås-plogane, –
ein vårfugl fløytrar fjåg.

Eg ser dei kvite flekkene,
og framom brusar bekkene,
igjenom deld og dråg.

Sjå deim i kveldsol skinande, –
dei søv so stilt og godt.
Med snøen skir og tinande
dei no hev våren nått.
Det kvite linet dvinande
i soli smeltar brått.
So kjem ein vårvind sjogande, –
då vaknar atter skogane.
Det syng i livsens slott.

Me som fekk dette vakre og veldige land

Me som fekk dette vakre og veldige land,
med dei tusundtals fjordar og fjell,
med dei solvarme skogar, den sundrivne strand,
kvite fossar som skumar og fell, –
me som ser dette landet i sumarens skrud,
me må høglova himmelens Gud!

Me som fekk dette ville og venlege land,
med ein stordom som tek oss so stilt,
me av hjarta må takka og tilbede Han
som oss helsar so myndig og mildt.
Me som ser dette landet frå nord og til sud, –
me må høglova himmelens Gud!

Me som fekk dette sterke og storlagde land,
stundom stormande stridt, stundom spakt, –
med eit storhav som brusar og bryt mot si strand,
imot snøfjell som reiser seg rakt, –
me som ser dette landet, frå fly og til flud,
me må høglova himmelens Gud!

Me som fekk dette gode og gror-rike land,
der det blømer frå heid og til hav,
med ei signande sol yver møy, yver mann,
med Guds miskunn frå vogga til grav, –
me som høyrde om frelsa sitt skinande skrud, –
me må høglova himmelens Gud!

Cecilie-kruna

Frå dalen seg lyfter eit fjell so vent,
som sjeldan du her fekk skoda.
Eg såg det stiga i morgongryet,
eg såg det i kveldsol roda.
Eg såg det om våren, når snøen skein, –
det stod i so skir ein bunad.
Kring tinden sveipte ei drakt so rein
den fagre Cecilie-kruna*

Men stundom ligg tinden i skoddi løynd,
i tåka, den ulne og gråe.
Du ser 'kje fjellet som fint seg lyfter,
so høgt opp mot himmelblået.
Men skrider dagen, då fær du sjå
i undring so ven ein snunad:
når soli sprengjer det skoddelag, –
då ser du Cecilie-kruna.

Det fagraste fjellet i verdi all, –
med herlegdomsglans utan like,
som ungt skal skina i alle ævor, –
sjå, det er Guds evige rike.

So mange ser ikkje den herlegdom;
men du for ein underleg snunad:
Når soli sprengjer det skoddelag,
då ser du Guds herlegdomskruna. –

På Noreg sin barm

Å, du for ein dag,
med villblome-svaging i solvindars drag,
med utsyn so vidt yver fjell, yver fly,
og opp til den siglande sumars-sky!

Å, du for ein dal!
Og so denne svimrande høghimmel-sal!
So endelaust langt til dei fjernaste fjell.
Dei blånar i disen ein sumars-kveld.

Og blom etter blom
no nikkar og skjelv i sitt solvarme rom, –
eit Skaparens under i titusundtal.
Dei skin og dei syng i ei kveldstund sval.

Å, du for eit syn, –
ein krans utav tindar frå bryn og til bryn!
Dei kvitkrona Rondane skin der i nord.
Slikt storvelde tolkast ei kan med ord.

Å, du for ein kveld!
No nærmar seg soli dei fjernaste fjell.
Ein himmelkvelv gløder i eld og i brand.
Å, for eit forunderleg fagert land!

* Cecilie-kruna: Fjell i Olden, Nordfjord.

Vang i Valdres

Her helsar eg atter Helin,*
og Skutshorn og Venisfjell,
og Hugakollen og Grindadn,
i stavstill og solgyldt kveld.

Eg ser dei i morgonklåren;
enn Vangsmjøsi søv so stilt.
Men venta til vinden vaknar, –
då bårar ho breidt og vilt.

Og Slettefjellet seg breider, –
det ligg der so trygt i ro,
mens hausten sin farge spreider
på skog og på myrull-mo.

Her hev det ein Meister måla
med verdige pensel-drag.
Her tonar til Herrens æra
naturi sitt harpeslag.

Det gullet me ei må gløyma

So fekk me atter ein fridomsdag.
Det gullet me ei må gløyma!
Og mot vårt heimland i fulle drag
me livsens elvar ser strøyma.
O Gud, – vårt Noreg i år som kjem,
du trutt i di hand må gøyma!

So fekk me atter ein fridoms-vår, –
den våren so mange miste.

* Helin: Vakkert fjellvatn i Vang. Dei andre er namn på fjelli
kring Vangsmjøsi.

Og enn me andar i gode kår, –
men andre i dagar triste.
Di hand, o Gud, om vårt heimland hald,
til tidarmålet det siste!

Om enn ein gong spring dei bjørker ut.
I toppane fuglar kveda.
Med flagg i handa den norske gut
og gjenta syng ut si gleda.
Gud Fader, signe vårt land, vårt folk!
Me audmjukt den bøn vil beda.

Det er noko storlagt ved himmelkvelven

Det er noko stort ved himmelkvelven.
Han kuclar seg kring vår jord.
Og sjølv ho er som ein droppe i havet
mot rømdi so djup og stor.

Om natti er kvelven ein perle-stungen
og glimestein-sauma duk.
Om dagen er han det blåaste blåe, –
ein sol-kuppel skir og mjuk.

Då verdi er fylt av eit veldig lyshav, –
so vert det omsider kveld.
Då ligg det derute eit land og logar,
som purpur og rav og eld.

Det er noko storfelt ved himmel-kvelven,
i boge frå nord til sud.
Eg fekk eit liv i ei verd av under,
og lovar min store Gud.

Ei lys-kjelda langt uti rømdi

Sjå, der er soli i kjømdi!
Ho endar den døkkaste natt.
Ei lys-kjelda langt uti rømdi,
ein skir og velsignande skatt!

No ho frå blå-djupet glimar,
og vent yver skogane vell.
I ljuvlege sol-middags-timar
ho glitrar på fjordar og fjell.

So gjeng det ut imot kvelden,
og stilt ho då seier farvel.
Eit bod ber oss då aftan-elden,
at snart ser me att hennar spel.

Du som den lys-kjelda gjorde, –
som glimar frå pol og til pol, –
du er den sterke og store,
verdi si signande sol.

Dag

No fløymer atter soli
ut yver fly og fjell.
Ho fyller himmelromet,
Til dess ho sig om kveld.

No strøymer atter dagen
so ljøs ut yver jord.
Det er eit skapar-under,
ein løyndom djup og stor.

No vaknar atter livet
i denne ljøsens flaum.
Gud, takk at eg fær anda
i denne skire straum!

Eg stend i tagal undring
i dette dagsens hav.
Eg takkar Han som livet
og ljøset til meg gav.

Eg lovar Han som skapte
den ljøsens kjelda klår.
Eg tilbed han som etla
åt oss ein evig vår.

Kor rike me er

Kor rike me er som hev fått slikt eit land,
med venleik og velde frå snø-bre til strand, –
av perlor ein rekkje frå nord og til sud.
Med høg fjell og hav-marm me lovar vår Gud.

Kor rike me er som hev fått slike kår, –
fekk leva i fridom frå år og til år.
Me lovar vår Gud som hev gjort desse verk,
med handi si herleg, allveldig og sterk.

Kor rike me er som i Noreg fær bu
og ervde den herlege, heilage tru.
Imillom Guds mektige storverk me går.
Me vandrar i von om ein æveleg vår.

Me høglovar Herren for Noreg, vårt land.
Han signe det enn med si all-vise hand!
Han vare vårt folk i den komande tid,
i sumarens solskin, i storm og i strid!

Gud pryder jordi med fagre fjell

Gud pryder jordi med fagre fjell.
Dei stig mot det æve-blåe.
Og ljuvleg angar, i gry og kveld,
dei villblomar mjuke, mjåe.
So høgt han peikar, den øvste tind,
i djupe rømder so langt når inn.

Gud pryder jordi med skog som syng
og blånar i sumarkvelden,
med ljuve lundar og klokkelyng,
og skyer i aftan-elden.
Og inn mot strendene havet går.
Slik hev det båra i tusund år.

Gud pryder jordi med gyllent korn
og alde som glør og glimar,
med fjåge, livsglade, blide born,
som leikar i morgontimar.
Han gjev åt jordi so vent eit skrud.
Og alt ber Skaparens merke – Gud.

Gud pryder jordi – frå pol til pol;
det skifter med fagre stader.
Frå rømndi glitrar den skire sol
og tallause stjernerader.
Og alt som skjemmer, ein dag lyt fly.
I æva jordi er ung og ny.

Den store stilla

Her råder den store stilla, –
ho alltid i skogen rår,
so nær som når stormen sjogar
og ruskar i skogens hår.

Her signar ei sol kvar kongle,
kvar barnål, kvar blom, kvart blad.
Ho stryk meg so lint om kinni,
og gjer med so varm og glad.

Her summar dei spede vengjer,
her tonar so mangt eit kvad
frå dagen i gryet demrar,
og like til soleglad.

Når so i Noreg det haustar,
då stilnar det flyttefugl-kor,
Men kråka sitt grove kra-kra,
enn høyrest her høgt mot nord.

Og solskinnnet vell og bårar,
og bjørki hev gylne blad.
So stilt er det då ved skogen.
Eg stend her so sorgmods-glad.

Eg elsker den store stilla, –
ho signar meg endelaust.
So søkjer eg ut til skogen, –
og helst i ein solrik haust.

Fjell-åi

Fjell-åi hastar frå hei til hav,
ho unner seg ingi ro.
Soleis mi livs-elv gjeng imot grav.
Må æva bli ljuv og god!

Fjell-åi brusar sitt sterke kvad,
på vegen frå fly til fjord.
Å, må eg æra min skapar, glad,
i tonar og liv og ord!

Fjell-åi susar sin sterke song,
ho strøymmer so fritt sin veg.
Må eg nå havet, som ho, eingong!
Må, Herre, eg møta deg!

Men føn-vinden kviskrar

Den venaste fyrste desember eg såg,
so langt eg attende kan minnast.
Ei signande sol yver heimlandet låg,
det skiraste ljøs som kan finnast.
Og føn-vinden strøymde – han strauk om mi kinn.
Og lukkeleg saup eg det livs-draget inn.

So var det ei minning: vel vinter det er,
og dagane dimmest og døkkjest.
Men føn-vinden kviskrar: Nytt sol-snu er nær,
og livsljoset, aldri det sløkkjest.
Den stjerna som steig fyrste gong det var jol,
er verdi si signande, sigrande sol.

Minnelandet

Fram dei stig, dei fagre minne
ifrå farne livsens år!
No dei lyser langt herinne
som ei kveldsol still og klår.

Å, eg minnest barndoms-åra,
sysken, vener, far og mor.
Stundom brenn ei sorgmods-tåra:
Ein for ein ifrå meg før.

Kor eg desse kjære saknar!
Stundomtil eg lengtar så.
Når i verdi ny eg vaknar,
skal eg glad deim atter sjå.

Og eg minnest ungdoms-tidi.
Stormfull var ho, ljuv og gild.
Ogso ho er longe lidi,
høyrer minne-landet til.

Eg kan manndoms-åri minnast,
livsens sumar, solfylt, sterk.
No kan berre minni finnast.
Gjorde er dei fleste verk.

No eg stend i aftan-glimen, –
ut mot solfall stødt det går.
Langt det frå morgontimen
og dei fyrste, spede år.

Herre, takk for alle minne.
Som ei kveldsol stilt dei brenn.
Det eg miste, – må eg finne
i ditt dag-gry alt igjen!

Eit barn

Eit barn er eit fullenda meisterverk
av Skaparens kunstnarhand,
ei sameining – utført ved allmakt sterk –
av lekam og sjel og ånd.

Og alt er eit samspel, ei symfoni,
av under i tusundvis.
Eit auga – eit havdjup med æva i.
Ei tunga kved Herrens pris.

Eit kunstverk er også kvar liti hand,
og barmen sitt andedrag.
So perlekvit lyser den vesle tann,
og hjarta slær løynde slag.

Det lyser av ånd frå eit augnepar, –
det spelar ein smil om munn.
Det strøymer ei gleda so glitreklår
or hjarta sin djupe grunn.

Eit barn er eit tempel, av Herren bygt,
ber Meisterens stempel, Gud.
Han vare det vel frå alt vondt og stygt!
Han verne det skire skrud!

Guds bilete ber det, den bjarte blom,
og om han enn visna lyt,
han vaknar i himmelens herlegdom,
der livsvåren aldri tryt.

Eit barn, det er tiltenkt ein evig arv,
for det er av guddoms-ætt.
Men ogso dei spede Guds miskunn tarv,
den blodkjøpte barnerett.

Eit barn er den bjartaste glimestein
som blenkjer i verdi vid.
Gud vil han skal stråla i kruna rein,
i himlen til evig tid.

Det kom eit bod frå framand strand

Det kom eit bod frå framand strand,
og Noreg vart eit kristent land.
Det kom med livsens sæle ord.
Det lysna i det høge nord.

Det kom med dag, med trøyst og tukt,
med bløming og med fager frukt.
Og fram det stod ein kristen lyd
som kvad Guds pris med fred og fryd.

Det bygdest mang ein heilag heim,
og far og mor, – Gud signa deim.
Han sælt velsigna deira born,
og kringom susa gyllent korn.

Det vakna kristen dåd og dygd,
ved fjord og fjell, i by og bygd.
Når kvelden kom og sol gjekk ned,
då slokna ljuset stilt, i fred.

Guds rike kom, – vår hjartans takk
fordi det til vårt heimland rakk.
Må aldri slokna i vårt land
den lampa som so fagert brann!

Det stend eit kors på gamal grunn

Det stend eit kors på gamal grunn,
ved havsens strand, ved sjøsalt sund.
Her stod det i dei tusund år,
og enno traust og trygt det står.

Det planta vart i Noregs jord
då nordmenn høyrde krossens ord.
Det tala trøyst og von og fred
i morgongry, når sol gjekk ned.

Det tala sterkt, det tala stilt, –
snart som ein storm, snart mjukt og mildt, –
til Noregs born, til mor og far, –
på livsens gåte gav det svar.

Det var vårt folk ein lukke-arv,
imedan ætter kom og kvarv.
So lenge soli skin på fjord,
må nordmenn høyra krossens ord.

Det ligg noko godt i minnet

Det ligg noko godt og lyser
i minnet til alle deim
som vandra sin veg med Jesus
og stilt gjekk ifrå oss – heim.

Det ligg noko godt og glimar
i minnet til kristen bror.
Det hugen vår dreg mot himlen,
det helgar vår ferd på jord.

Det ligg noko godt å signar
i minnet til kvar og ein
som stridde den gode striden,
i kjærleiken varm og rein.

Det ligg noko godt i minnet,
og aldri den signing dvin.
Det er som den klåre perla,
Som æveleg fagert skin.

Gud la ein bibel i vårt folk

Gud la ein bibel i vårt folk, –
det var vårt land si lukka.
Han er Guds kjærleiks gode tolk
for deim som tungt må sukka.
Han lyser yver livsens veg,
til himmellandet alle dreg.

Det ligg ein bibel i vårt land, –
den bok me må 'kje gløyma!
For berre der kan møy og mann
sjå livsens elvar strøyma.
Men om me denne bok forsmår,
mot naud og natt vårt Noreg går.

Det ligg ein bibel her i nord, –
den arv me vel må vara!
Han hev eit heilagt himmelord;
ved det me trygt kan fara
den vande vegen mot vår grav, –
og vakna att ved livsens hav.

Bygg eit vern for våre små

Bygg eit vern for våre små,
mot dei vone vargar!
Usæl den, vår Meister sa,
som dei spede argar.
Sæl kvar ein som vil deim vel,
signar deira dyre sjel!

Bygg eit vern åt våre born!
Noregs framtid er dei.
Vara deim mot myrkers makt!
Opp mot lyset ber dei!
Dei er veike, spede, små, –
lat deim Frelsaren få sjå!

Bygg eit vern for våre born, –
myrkret vil deim tyna.
Livsens sanne verd me må
borni våre syna,
so dei bergar sjeli si,
sigrar i den store strid!

Ingrid til minne

Det ligg noko lyst i namnet;
det låg noko lyst i deg.
Det var noko storlagt i sjeli.
So vandra du verdig din veg.

Det ligg noko lyst i minnet;
det glimar so glødd ein glans.
Du søkte di kvila ved korset.
Der fekk du din sigerskrans.

Det låg noko lyst i kvelden,
om vemodet fylte ditt sinn.
So kviskra du namnet Jesus, –
Og sovna som barnet inn.

Slik vil eg deg alltid minnast,
mi syster so blid og god.
Gud signe ditt dyre minne!
Vel møtt då – ved livsens flod!

”Farvel då, mor”

Farvel då, mor!
sa guten då langt ut i verdi han fór.
Ljoshærd og blå-øygd, med stav i hand
dreg han frå barndomens land.

Farvel då, mor!
Han enno kan hugsa so grant hennar ord:
”Gud vere med deg, min eigen gut,
når du frå heimen dreg ut!”

Farvel då, mor!
Om heimen hans var korkje hæv eller stor,
var det den dyraste skattens hans,
lyste i minnet sin glans.

Farvel då, mor!
Ho stod der ved stova då ungguten fór.
Kor skal det skatten min der ute gå?
Skal eg han atter få sjå?

Farvel då, mor! –
Det er vår lagnad å skiljast på jord. –
Gløym ikkje heimen, og gløym ikkje Han
som voni om gjensyn oss vann!

Hav takk då, mor!
Ditt hjarta meg fylgde då heiman eg fór. –
No er du borte – mi lengsla er sår.
På gjensyn i livet sin vår! –

Sov nå søtt og blidt i natt

Nå er dagen din forbi;
solen gikk til hvile.
Ifra himmel-kvelven vid
ser vi stjerner smile,
vinke til vår vesle skatt:
Sov nå søtt og blidt i natt!

Nå er lek og latter endt, –
du er trett, du lille.
Når din bønn til Gud er sendt,
sover du så stille.
Far og mor sin kjære skatt,
Sov nå søtt og blidt i natt!

Himlens Gud vi takke vil
for alt godt han ga oss.
Når vi ham vil høre til,
går han aldri fra oss.
Han deg verner, lille skatt,
våker over deg i natt.

Det beste gullet

Det beste gullet som Noreg har,
er kristen-arven frå mor og far.
Dei synte nøgsemd og gudlegdom,
og "Boki" hadde so stort eit rom.

I stova var 'kje so mykje stas,
og dagen var ikkje fylt av mas.
Til andakt tok dei ei tid so god.
So var dei merkt av den store ro.

Det beste gullet dei borni gav.
Om soli deira so seig i hav,
so varer arven som ætti fekk.
Det signings-vell visnar aldri vekk.

Når Noreg enn er eit lukkeland,
dei fromme fedrar me takka kan.
No er dei borte, – me signar deim,
For arvegullet frå kristen heim.

So snøgt gjeng tidi frå vår til haust.
Må me ei vraka den arven raust!
Gud gjev meg høgt han i heider held
Frå ætt til ætt, til vår siste kveld!

Velsigne, o Gud, våre fedrars land

Velsigne, o Gud, våre fedrars land!
Du vermande vårvindar sende!
Må freds-byljor rulla mot Noregs strand,
til tidi omsider tek ende!
Gud, signe vårt heimland i nåde!

Gud signe det folk som her byggjer og bur,
dei gamle, dei vonfulle unge!
So sæl er den ætt som på himmelen trur,
om tidene stundom vert tunge.
Gud, sjå til vårt heimland i nåde!

Gud, signe vårt land i den komande tid;
mot himmelen hugane vende!
Du styrkje vårt folk i den standande strid;
må aldri frå deg me oss vende!
Gud, sjå til vårt heimland i nåde!

Gud signe vårt heimland

Gud signe vårt heimland med solskin og vår,
med doggfall og svalande skurer!
Gud styrkje dei hender som strever og sår,
der plogane dreg sine furer!

Gud signe vårt heimland med mognande korn,
med frukt som i haustdagen glimar!
Gud signe dei gamle, dei vonfulle born,
til kveldsklokka kallar og kimar!

Gud signe vårt heimland mens tidene går!
Å, må ikkje myrkret få råde!
Lat alltid få lysa Guds rike sin vår!
Gud, verne vårt Noreg i nåde!

SONGAR I SOLFALLET

Eit solfall sneier dagen av

Eit solfall sneier dagen av,
ei gyllen skiva sig i hav.
Og so ei stund det glør og brenn.
Ei stjerna yver skogen stend.
Og det er natt – til soli renn.

Slik minkar mine dagars mål.
Og tidi flyt or livsens skål.
Men Gud skje takk for farne år,
og for kvar dag eg enno får!
Mest takk for von om evig vår!

Det gløder ei gullrand

Det gløder ei gullrand
der ute i vest,
der soli hev gjenge til ro.
Men enno ho lagar
ein strålande fest.
Den dagen som døydde,
var berre ein gjest,
for godt hev forlate oss no.

Eg dreg meg til minnes:
det lider mot kveld;
eg òg er ein gjest her på jord.
Når soli mi glader
bak skogar og fjell,

Gud gjev at der oppe
mi høgtid eg held,
og benkast ved himmelens bord! –

Det beste av alt er den signande sol

Det beste av alt er den signande sol, –
når vårvarm ho vell, eller innunder jol,
i grytidleg spel yver skogen i aust,
når kornet ho signar ein himmelklår haust.

Kan henda ho aller mest gled meg mot kveld.
Eg elsker den logne og logande eld.
So lyst ligg mitt heimland, og klårkvelven skin,
mens solskiva dalar og dagsljuset dvin.

Gud sjølv såg at ljuset var overlagt godt,
den gongen han bygde det storlagde slott.
Det gildaste ljøs yver Betlehem rann.
No gjeng det med signing frå land og til land.

Om dagen min døyr, og eg sjølv døyr ein gong,
det tonar i templet so vonfull ein song.
Om sider det demrar *ein æveleg dag*,
då eg med min Skapar skal vera i lag.

So ven Guds himmel var i kveld

So ven Guds himmel var i kveld!
Eit rosa-vell, eit dikt i eld.
På jordi svarte skuggar fell.

Han lyser opp vår vinternatt, –
og difor er so dyr ein skatt.
Han helsar: Våren kjem nok att.

Ja, ven Guds himmel var i kveld!
Den høgste tende denne eld.
Om myrkret rår – det dagnar lell.

So døy, du bjarte purpur-brand!
Du helsar frå eit betre land.
Gud, lat meg nå den sæle strand!

Farvel, du sol

Farvel, du sol som sig bak skogen stilt!
Ein dag du endar, – han kjem ei attende.
Ditt gylne andlit helsar oss so mildt.
Kvart soleglad – so ålvorsfullt eit hende.

Farvel, du sol, – me ensa deg 'kje stort
det bel du bjart på himmelblået blenkte.
Men når du no i fred frå oss gjeng bort,
meir kjær du er enn me i ståket tenkte.

Sjølv medan no du signar andre land,
du ikkje gløymer våre døkke grender,
for himmelen i vest du set i brand,
eit hav av purpur til vårt kvelds-land sender.

Farvel, du sol, du trugne ljøsens gjest.
Hav takk for dagen og for kveldssol-glimen!
Eg stend og ser mot elden der i vest.
Han varslar alt den nye morgontimen.

Kor stort når dagen døyr i gull

Der soli steig i eld og brand,
der ligg det no ei gyllen rand.
Ho logar opp og glør og brenn.

Og so det dovnar av igjen.
Kor stort når dagen døyr i gull,
om før han var av skyer full!

Den himmelrandi helsar meg:
ved enden av din eigen veg
du skoda skal ei gyllen rand, –
ei helsing frå det gode land:
Du erva skal, for Jesu skuld,
Guds fagre himmel underfull.

”Heile soli skin på meg”

– Mor, heile soli skin på meg! –
Ho sprang so glad i stova inn
med solskin i sitt unge sinn. –
Du – heile soli skin på *deg!* –

Gud elsker deg som om det fans
i heile verdi berre du.
Kor stort og sælt den sanning tru!
Du fær Guds kjærleiks fulle glans.

Kvar helst du gjeng, i nord og sud,
so gled deg i den sæle sol,
Gugs kjærleiks smil den fyrste jol.
Du elska er av himlens Gud. –

Ei verd av gull som søkk og sig

No rund og raud, i eld og glod
gjeng vintersoli stilt til ro, –
ei verd av gull som søkk og sig,
i morgongryet atter stig.

Ein dag ho endar, – klypper av
eit mål av tid, og gjeng i hav, –
ein dag som aldri meir kjem att.
Kor nytta du den dyre skatt?

Sjå, difor kvart eit solefall
kjem til meg med eit heilag kall.
Det er eit æve-andedrag
kvar gong han dør, den dyre dag.

Det ventar eit lys-land

Det logar eit lys-land der sol seig i hav.
No skin det lik perlemor, rosa og rav. –
Det ventar eit lysland bak død og bak grav.

Kva gagnar det meg om all verdi eg vann,
om alle dei venaste perlor eg fann,
når ikkje eg nådde det lysande land!

Kva gagnar det meg om all verdi eg vinn,
og om eg når opp til den høgaste tind,
når ikkje eg kjem i Guds paradisi inn!

Snart sloknar den glimen som gløder i vest.
Eg sannar at eg her på jordi er gjest.
Å, må eg nå inn til den evige fest!

Ver helsa, vakre aftan-eld

Ver helsa, vakre aftan-eld,
som spelar attom ås og fjell!
Du lyser opp den døkke verd
når ljøsens kjelda frå oss fer.

Ver helsa, vene aftan-glod!
No stend du der so tidt du stod.
Frå år til år du loga der,
Og meir og meir du vart meg kjær.

Og mest av alt i hausten sein
eg elskar deg, du loge rein.
Kor stort at når det kveldar her, –
det finst ei ljøs og evig verd!

No ser eg eit vidunderland

No ser eg eit vidunderland, –
ein aftan-kvelv i eld og brand.
So fin ein glød eg sjeldan såg
på nokon aftan-himmel låg.

Og det er i vår vintertid
me ser den syni ven og blid.
Her er det gull og sylv og grått,
og innimillom æve-blått.

Og sjøve himmel-randi glør, –
so rein ein eld i vest og sør, –
ei helsing frå den dag som før, –
ei minning om den nye jord.

Ein skytung dag, – ein solklår kveld

Ein skjold av skyer, stålgrå, sterk
oppunder haustleg himmel låg.
Mot kveld eit anna syn eg såg:
i vest ei liti, dag-klår rand,
der aftan-soli gleim og brann.
So seig ho stilt i gull og eld.

Ein skytung dag, – ein solklår kveld

So ser eg ut imot eit hav,
som skin av eld, av sylv og rav.
Ein stad derute soli er,
og andre land no henne ser.
Om nokre timar stirer ho
mot oss, i aust, i morgon-ro.

Ein skytung dag, ein gullglødd kveld. –
So sigra soli like vel. –
Eg ofte under sky-skjold står,
men utan von eg ikkje går:
So sant eg trur på Jesus Krist,
so skal det klårna opp til sist. –

Kor gildt det er med desse ljose kveldar

Kor gildt det er med desse ljose kveldar, –
langt inn i natti kan me soli sjå.
Når so ho sig, oss varslar aftan-eldar
snart vil ho morgon-fjåg oss atter nå.

Og svola sviv so svint i vide ringar.
So kyrt det er, om ospebladi skjelv.
Den litle lerka tek dei siste svingar
med tirling mot den djupe sumars-kvelv.

Slik såg eg desse ljose gilde kveldar,
frå eg var liten gut hjå mor og far. –
Må eg få sjå dei fagre himmeleldar
når soli mi i vest omsider glar!

Aldri, nei aldri kjem dagen igjen

Aldri, nei aldri kjem dagen igjen
som døyr i eit gullhav derute.
Skyene raudnar og gløder og brenn,
og teken eg stend bak mi rute.
So hev eg ein levedag mindre.

Kanskje eg eingong skal møta han att,
som minne, som det eg fekk gjera.
Fekk Herren meg signa, so vert det ein skatt
som evige frukter skal bera.
Å Herre, lat livet mitt lukkast!

Dyre var dagane, – mange eg fekk, –
ein perlestraum fin av sekundar.
No minkar det på dei, ifrå meg dei gjekk,
for tidi mot æva seg skundar.
Gud, lat meg din livsdag få møta!

Eg elsker aftangullet

Eg elsker aftangullet,
når soli er gått ned.
I hugen råder stilla
derute kveldens fred.

Omsider so det skymest,
og døkk ligg dalen då;
men aftan-elden logar,
eit hav av gull å sjå.

Eg elsker dette gullet,
den duken blank og bjart.
Eit bod han ber til bygdi:
Det kjem ein morgon snart.

Eg elsker aftan-elden.
Han er so skir ein skatt.
Han ber eit bod, den branden:
Snart er det morgon att.

Eg elsker denne glimen, –
han er so fin og god.
Han grensar inn mot æva.
Om himlen ber han bod.

Eg er glad når det lid imot kveld og haust

Eg er glad at eg valde den gode lut
medan enn eg var ung av år,
valde å sløkkja mi hjartans sut
i livskjelda djup og klår.

Eg er glad når det lid imot kveld og haust,
at eg vandra med Gud min veg,
byrja då livssoli skein i aust.
Av hjarta no takkar eg.

Eg er glad at eg nytta den dyre dag,
og gjekk ut på Guds åkerjord,
var med hans onnefolk der i lag,
Og dagen, so fort han fór.

Eg er glad at om tidi mot æva renn,
som åi mot hav og fjord,
hev eg det beste av alt igjen –
eingong på den nye jord.

Sjå korleis kveldsoli glimar

Sjå korleis kveldsoli glimar
medan ho sakte gjeng ned!
Fagre er solfallets timar,
stille, og fulle av fred.

Sjå korleis kveldsoli gyller
medan ho stilt gøymer seg!
Hugen med andakt ho fyller, –
fred legg på vandrarens veg.

Kvelden vil dra oss til minne:
Dagen vår endar ein gong.
Må du oss ferdige finne!
Gud, det er hjarta sin trong!

Soli av syne me miste, –
men – ho vil møta oss att.
Kvelden vert ikkje det siste. –
Sjå, det er voni sin skatt.

Skyttelen

Eg minnst so grant ifrå åri som fór:
Om kvelden stundom ved veven sat mor.
Ho skyttelen heldt i den trottuge hand, –
av stad honom sende so fort som ho vann.

Og skyttelen hennar var sliten og hål,
var laga av hard-ved, og blenkte som stål. –
Mor held han i handi, so ledig og lett,
og so gjennom renningi bråfort han smett.

So fram og attende den skyttelen renn,
og småguten ser på, i undring han stend.
Og veven, han aukar frå stund og til stund
mens skyttelen susar mest kvar ein sekund.

No sit ho 'kje lenger ved veven, ho mor.
På gravi ved kyrkja det villblomar gror,
og skyttelen kviler, – kvar vart han vel av?
Men tidi, ho hastar som åi mot hav.

*Den skyttelen aldri hev ro eller rast,
som djup-elv mot hav med umerkande hast.
Men du gjev han tråden som danar din vev.
Kor nyttar du tidi som Herren deg gjev?*

Når skyttelen stilnar omsider for godt
og du hev til endes med veven din nått,
kan Herren sitt bilet' i livsveven sjå? –
Du, det er det største som nokon kan nå.

Den fullkomne livsvev, den finn du hjå Han
som vandra sin veg i det heilage land.
Lat Jesus ditt hjarta frå ungdomen få,
so fær du Guds bilet' i livsveven sjå.

Kjørkeklokka lurdags-eftan

Hver ivige lurdags-efta,
når det er lydt ifrå vest,
da hører je kjørkeklokka.
Stundom ho kallar til fest.
Brøllopp er det i bygda.

Da søns je at kjørkeklokka
har slik en festlig klang.
Ut over hølt og hagar
lyder den lyse sang.
Høgtid er det i bygda.

Men nesten hver lurdags-efta
har klokka en sorgmods-låt.
Da kling ho over ei open grav, –
tonen er blanda med gråt.
Gravferd er det i bygda.

Så tidt je den tonen hørte, –
han østover skauen drog.
Så underlig vart det før brøstet.
Still stod den djupe skog.
Vemod er det i bygda.

Men hør så en søndags-morrån, –
når det er lydt ifrå vest.
Da ljomer ho, kjørkeklokka,
kimer te helj og fest.
Stillhet er det i bygda.

Ho kaller de trøtte sjeler
te hvile, ved Herrens ord,
kaller te dåpens kjelde,
innbyr til nådens bord.
Hørte du himmelkallet?

Engong – en lurdags-efta, –
utover skau og hei, –
kimer ei kjørkeklokke,
kimer den dag – før mei.
Sola gjekk ned bak skauen.

Hørte je søndagsklokker
kalle te Jesus Krist,
skal dom en lurdags-efta
tone med von te sist:
”Av jord skal du atter oppstå”

HELGEKLOKKOR KIMAR

Det begynte med barnet

Det begynte med barnet i Betlehem,
med ei stjerne, ei krybbe, en stall.
Det ble plantet et vintre i Juda jord,
og nå fyller det verden all.

Det begynte med sangen hin julenatt,
da en englehær jublet i kor.
Og den økte i velde fra år til år;
Nå den fyller den hele jord.

Det begynte med mektige underverk,
med livsalige, hellige ord,
en usigelig glede for alle folk,
om de bygger i syd eller nord.

Det begynte med motbør fra mørkets makt,
med en tornekrans, kors og grav.
Men han seiret og oppstod til evig liv, –
Og en endeløs vår oss gav.

Jul på jord!

Jul på jord!
Englesong og himmel-ord,
bod frå høge hallar
til ei verd so myrk og mødd:
Dykk ein Frelsar no er fødd.
Han til fred oss kallar.

Jul på jord,
bodskap om ei gleda stor
for kvar sjel på jordi.
Sjå Gud Faders hjartelag!
Lat kvar ætt, kvart folkeslag
høyra himmel-ordi!

Jul på jord!
Kved Guds pris i sud og nord,
lovsyng so det ljomar!
Stjerna no i auster stend,
fagre kjærleiks-liljor renn,
bjarte himmelblomar.

Jul på jord!
Høyr, det kved i englekor!
Fred og fryd og fagnad!
Himlens hugnad hev me no.
Takk for dette gledebod!
sjå, no hev det dagna!

Og det er heilag jolekveld

Soli sig mot ås og fjell,
ho glim og glør i æve-ro,
og logar yver myr og mo.
Og det er heilag jolekveld.

Høyr, eit malm-tungt tonevell
ifrå det kvite kyrkjetårn!
Syng med i takk, de mannsens born!
for det er heilag jolekveld.

Stjerne-sylv på snøen fell,
ifrå det æve-djupe rom.

No lova Herren, kvart atom,
for det er heilag jolekveld.

Hjarta joleandakt held, –
Eg synest æva kjem so nær.
Ver glad – oss fødd ein Frelsar er.
Og det er heilag jolekveld. –

So tendrar me jolelyset

No bur seg til helg og høgtid
vårt heimland frå nord til sud.
I byar og stille grender
vil Krist-lyden lova Gud.

Snart tendrar dei jolelyset
i Noreg, frå aust til vest.
velkomen me varmt vil helsa
Den heilage jolegjest.

Ein gong til det gamle Noreg
kom sælaste jolebod.
Og enn gjev oss englesongen
ei helsing so glad og god.

Me bur oss til helg og høgtid,
i landet vårt langt mot nord.
Og himmelens Gud me lovar
for frelsa og fred på jord.

So tendrar me jolelyset, –
det kimar frå tusund tårn.
Og augo som stjernor tindrar.
I kveld er me alle – born.

Den evige rikdom

Gud gav oss ei evig glede, –
ho kom til vår jord hin gong
då Kristus i krybba kvilde
og himmelens englar song.
Den evige gleda er Jesus.

Gud sende ein evig lovsong
til jordi ei stjernenatt.
Det englane var som jubla
om himmelens store skatt.
Den evige lovsong er Jesus.

Gud gav oss ein evig rikdom, –
Sjå, no hev me alt me tarv:
tilgjeving og fred og frelse,
ein æveleg livsens arv.
Den evige rikdom er Jesus.

Har du gått vegen til Betlehem?

Har du gått vegen til Betlehem,
med hyrdingar ute på vakt?
Har du sett Barnet, som – sendt av Gud –
i krybbe og strå vart lagt?

Har du gått vegen til Betlehem,
Med vismenn frå fjerne land?
Har du sett Barnet, som – sendt av Gud –
kvart folkeferd frelsa kan?

Har du gått vegen til Betlehem?
Seg, fylgde du stjerna klår?
Bøygde ved Barnet si krybba du kne?
Han vann oss ein evig vår.

Har du gått vegen til Betlehem?
Om ikkje, so gjer det no!
For stjerna som stråla i natti djup,
ho stend der ho alltid stod.

Ein frelsar er komen til jord

Verdi er nattsvart, og naudi stor.
Sjå kor det dagnar, høyr vektarens ord:
"Ein frelsar er komen til jord!"

Ljoset no gjeng ifrå sud og til nord,
isane losnar, og livs-lilja gror.
Ein frelsar er komen til jord.

Menneskesonen er vorte vår bror.
Alltid skal auka det jublande kor:
Ein frelsar er komen til jord.

Freden oss fyller, som hav fyller fjord.
Gleda er evig, useieleg, stor,
aukar det heilage, himmelske kor,
langt det i sud, og høgt oppe i nord:
Menneskesonen er vorten vår bror.
Ein frelsar er komen til jord.
Halleluja!

Han kom med den evige vår

Vi trenger en Frelser for vi er i nød,
og sjelen i lenker er lagt.
Vi trenger en Frelser fra dom og fra død,
fra mørkets ubendige makt.

Vi trenger en Frelser – vi håpløse er,
der fremme oss venter en grav.

Vi trenger en Frelser som over oss bær
når livssolen synker i hav.

Vi trenger en Frelser, og så er det stort:
Han kom, og betalte vår gjeld.
Han åpnet en tillukket paradisoport.
Vi vitner: Han alt har gjort vel!

Vi trenger en Frelser, fra vår og til høst,
mens dagen mot livskvelden går.
Og det er den store og salige trøst:
Han kom med den evige vår!

Året sin siste dag

Og det er året sin siste dag.
Eg høyrer kor klokkone kimar.
Eg høyrer frå tårnet dei malmtunge slag
som varslar: dei siste timar
av året er snart til ende.

Og det er året sin siste dag.
Frå tårnet det skjelvande tonedrag
dreg ut yver skogar og flyer.
Og året er snart til ende.
All skapning stend still og lyer.

Og det er året sin siste dag,
eit alvorsfullt tidarvende.
Eg høyrer frå tårnet dei malmtunge slag.
Eit år er atter til ende –
so stilt seig det inn i æva.

Ver min konge, Jesus Kristus

Ver min konge, Jesus Kristus,
ver min førar på min veg!
Livet kan eg ikkje makta,
ikkje døden utan deg.

Mild og mjuk du er av hjarta,
full av frelsa, full av fred,
møter meg med berre miskunn
og mitt arme hjarta gled.

Myrke makter tidt meg trugar,
og ved enden av min veg
stend den siste store fiend.
Jesus, du må berga meg!

Herre, du hev vunne siger
yver kvar ei myrkheims makt.
Alle laut i graset bita,
allting er det underlagt.

Ver min konge, Jesus Kristus,
sigervinnar, allheims drott!
Deg me skal i æva hylla
i ditt ljose himmelslott.

Aldri seiret Jesus som da hans hjerte brast

Aldri seiret Jesus som da hans hjerte brast,*
hans hode sank og det med ett ble stille.
Da var vårt skyldbrev fletteret, til korset naglet fast,
Og mørkets makter knust, de vonde, ville.

* Sagt av Ronald Fangen.

Først i evigheten får vi til fulle se
den kval han led før hjertet brast omsider.
Der får vi bedre vite den bitre angst og ve, –
hvor sårt Guds Lam for verdens synder lider.

Lovet være Jesus fordi hans hjerte brast!
Så skal en gang med håp mitt hjerte briste.
Ved Ånden er det knyttet til Frelseren så fast.
Så blir min sang i paradiset det siste.

For meg du blødde, Jesus Krist

For meg du blødde, Jesus Krist,
til siste drope blod var mist.
Frå hjarta ditt det rann ein straum,
som vart for meg ein livsens flaum.

So sårt du leid på krossens tre.
Min frelsar, hjartans takk for det!
So skal eg sleppa strida der.
Ved blodet ditt eg berga er.

For meg du døydde, Jesus Krist,
i angst anda ut til sist.
Ditt hjarta brast, – for meg det var
du krossens harde pine bar.

For meg du lagdest i ei grav, –
di livssol seig i nattsvart hav.
No gruar ikkje gravi meg,
fordi ho eingong hyste deg.

For meg du opp frå døde stod.
No eig eg liv og overflod.
Eg òg ein morgon opp skal stå,
og inn til livsens gleda gå.

For meg du lever, Jesus Krist.
So skal eg møta deg til sist.
Eg ser di naglemerke hand.
So går eg glad til livsens land.

Da Jesus ropte sitt fullbrakt

Da Jesus ropte sitt ”fullbrakt”,
var mørkets makt i lenker lagt.
Da var vår sak igjen gjort god.
Det kostet ham hans hjerteblod.

Ut over nattsvart jord det lød.
Og Jesus åndet ut – var død.
Men solen atter steg av hav,
og vi ble frelst ved det han gav.

For da han ropte sitt ”fullbrakt”,
da grunnlagt var den nye pakt.
Vår synd var sont, vår gjeld betalt.
Hans offerdød utslettet alt.

Det var noko veldig som hende

Det var noko veldig som hende
då Kristus or gravi stod fram.
Då døden sitt velde tok ende.
Då sigra det skuldlause Lam.

For løva av Juda laut breستا
dei digraste dødslekkje-band.
Og livssoli no ser me gjesta
med fred og med fullnad kvart land.

Då flydde dei svartaste skuggar,
og aldri i æva kjem att.

Og helheimens portar ei ruggar
den ny-vunne, skinande skatt.

Me skal ikkje døy, me skal leva,
stå oppatt ein gong fra vår grav,
og tilbe og takka i æva
det Lammet som livet oss gav.

Han maktet livet – han mestret døden

Han maktet livet – han mestret døden.
Og så ble ”seier” det siste ord.
Og det han vant, er mitt eget eie;
for seierherren, han er min bror!

Han møtte Satan, han møtte synden,
han møtte fristelsens kvite eld.
Han møtte døden, ble lagt i graven.
Og solen sortnet, og det ble kveld.

Men påskemorgen han graven sprengte, –
en frukt av seiren på Golgata.
Og siden lød det utover verden
et evig gyldig ”victoria”!

Men hadde Jesus ei til oss kommet
og gitt seg inn i den store strid,
da var i sannhet vi ille ute,
i dødens daler til evig tid.

Han maktet livet, han mestret døden.
Så skal jeg vinne, for Jesus vant.
Så er min framtid i trygge hender;
for han en evig forløsning fant.

Han lever – han er ikke her!

Fra korset på Golgata lyder Guds ”kom”!
Det gjelder hver sjel på vår jord.
Så skal du få unnfly den truende dom,
og benkes ved himmelens bord.

Fra korset på Golgata lyder Guds ”ja”.
Vår sak er ved Jesus gjort klar.
Så kan du da komme, frimodig og glad,
og himmelens Gud er din Far.

Fra graven i haven nå lyder Guds ”se”!
Han lever, han er ikke her!
Ja, tom er nå graven, og tomt korsets tre.
I evighet er han oss nær.

På Golgata er godt å bu

På Golgata er godt å bu,
der kviler seg mi trøytt tru, –
der fær eg anda fritt.
For alt det han på korset vann,
då hjarteblodet for oss rann,
er no med rette mitt.

På Golgata finn hjarta fred,
og i Guds hugnad eg meg gled;
for der vart alt gjort vel.
So er eg fri til evig tid, –
min frelsar ordna saki mi.
Det tonar i mi sjel.

På Golgata, der vil eg bu,
kvar livsens dag, i dødsens gru.
Den grunn er fast som fjell.

Det Gud hev sagt, det stend ved makt;
ho rikkast ei, den nye pakt.
Ja, Golgata, det held!

Frå høge himlar vår Frelsar til oss ser

Frå høge himlar
vår Frelsar til oss ser.
I heilagdomen
han stødt for sine ber.
Den gong han døyde,
vart syndi sont og tynt;
han døden øydde,
si allmakt hev han synt.
Han helheim snøyde,
er no med æra krynt.

Han på sitt hjarta
oss ber frå stund til stund.
Og fram han syner
det skuldbrev han reiv sund.
Han kan ´kje gløyma
det folk han stridde for;
hans blod laut fløyma,
hans sjel fekk djupe sår.
No let han strøyma
so sæl ein livsens vår.

Ved høgre handi
av himlens majestet,
med allmakts velde
i herlegdom han sit.
So skal me vinna, –
hans siger no er vår, –

og livet finna
ved Jesu hjarte-sår.
Kom, mann og kvinna,
til himlen glad me går!

No lyser ei livsens lilja

No lyser ei livsens lilja
der korset på Golgata stod.
Ho skal ikkje døy, – ho doggast
av Frelsarens dyre blod.

Ho blømer i hjartans hage
hjá alle som barnsleg trur.
Der inne no livsens Ande
med fred og med fagnad bur.

Eg skal ikkje døy, men leva!
Sjå, det er min lagnad god!
So lovar eg Gud og Lammet
som løyste meg ut med blod.

Eg skal ikkje døy, men leva.
Sjå, det er min lagnad sæl!
So lovar eg Gud og Lammet
Som løyste til liv mi sjel. –

Som påskesol på kvite fjell

Mens morgonsoli steig or hav,
gjekk sigerherren or si grav,
med velde sprengde dødsens band
og opna veg til livsens land.

Å påskedag, å påskedag,
då Jesus vann det store slag.
No er vår lagnad ljuv og blid.
Takk, Jesus, takk til evig tid!

Og då han opp av gravi stod,
var verdsens skuld betalt med blod.
So no kan ingen klaga oss;
vår synd vart sont ved Kristi kross.

Å påskedag, å påskedag!
Deg lovar kvart eit hjarteslag.
No er vår framtid trygg og god,
for Jesus vann oss ved sitt blod.

Som påskesol på kvite fjell
no ljuset yver jordi vell.
Og dagen yver verdi går.
Han varslar oss ein evig vår.

Å påskedag, å påskedag,
deg lovar kvart eit tungeslag.
No er vår framtid ljuv og blid.
Takk, Jesus, takk til evig tid!

Høyr – det kimar kvitsunn-klokkor!

Å, eg høyrer lerce-kvadet
i den klare kvitsunn-dag.
Høgt oppunder himmel-blået
trillar ho dei tirla-slag.

Liti ninil* og er komen,
trippar millom strå og stein.
Ver velkomen, vesle vårfugl,
nett og lett og ljus og rein!

Å , eg ser dei kvite symror, –
dei mot soli opnar seg.
Sidan fylgjer klare kalkar
Helios** på hennar veg.

Å, eg ser kor kvite bjørker
vaknar i eit vårlivsvell,
medan himlens fjåge fuglar
samlyndt morgonhøgtid held.

Ja, eg høyrer fuglekvadet, –
skire strålar stryk mi kinn.
Høge krunor svagar, susar
i den varme vårens vind.

Høyr, – det kimar kvitsunn-klokkor
frå det kvite kyrkjetårn!
Bod dei ber om livsens Ande –
evig vår for mannsens born.

Kvitsunn-helg på jord

Utan livsens under
er det ingen vår.
Utan livsens Ande
einast døden rår.

Ingen blome anga
i den ljuve dag.
Ingen fugl på greini
drog sitt andedrag.

* Ninil: linerla

** Helios (gresk) : sol.

Men no andar våren
yver skog og fjell,
livet atter ollar
or dei djupe vell.

Solskins-dagen strøymer,
himmelblomar gror.
Fagert gudsliv fløymer.
Kvitsunn-helg på jord!

Midt i våren står me,
mot Guds lystid går.
Og omsider når me
himlens æve-vår.

DEN GYLNE SKÅL

I ei underfull verd

Eg lever mitt liv i ei underfull verd, –
det med age meg fyller kvart år.
Og mi undring var aldri so mektig som no
når still eg i solfallet står.

Eg vandrar min veg under stjernor og sol,
under himmelen veldig og vid.
Og eg lovar den evige skapar og Gud,
som råder for æva og tid.

Eg andar kvar dag på ei underfull jord,
i eit løyndomsfullt, lokkande liv.
Snart gjeng stormane stride på båretung fjord,
snart skiraste solskyer sviv.

Eg lever mitt liv i ei løyndomsfull verd,
men eg løysing på livsgåta fann.
For eg hørde eit ord om eit underfullt kors,
såg vegen til himmelens land.

So gjeng eg min gang på ei underfull jord,
og eg høyrer mitt hjarta sitt slag.
Og den voni meg gled: om det kveldar til sist,
det demrar ein æveleg dag.

Ein himmel – ein Gud

Ei verd utan Gud:

– eit ørlite fjom,
som sviv utan mål i eit endelaust rom,
ein livsdag som varer ei flyktande stund,
ei krukka i brunnen, som brest og gjeng sund,
ein avgrunn der framme, – seg, finst det ein grunn?

– eit barn utan far,
ei gåta me grundar på, fær ikkje svar.
Kvar stjerna eit spørsmål, – kvart blad og kvar blom
ser stirande på deg, men tanken er tom,
mens jordi, ho sviv i det ovdjupe rom.

– eit år utan vår;
ein haust mot den vonlause vinteren går,
eit hjarta som græt, utan innhald og alt, –
so meiningslaust, kaldt.

Men himlen er blå.
Eg ut til dei fjernaste rømder kan sjå.
Det marmar imot meg frå himmel og hav,
i morgonsol-spel og når dagen døyr av.
Det brusar som tusundtals fossar i kor,
frå tallause under i himmel og jord,
det kviskrar imot meg frå Golgata kross:
ein Far og ein Frelsar som døydde for oss!
Det helsar frå nord, og det svarar frå sud:
Ein himmel – ein Gud!

So fort dei fer, dei fagre år

So fort dei fer, dei fagre år,
som elvi mot sin ós dei går, –
snart livsens år er enda.
Og manndoms-åri, snøgt dei skrid, –
so stend me i vår alders tid,
ser time-glaset renna.

So takkar me for kvar ein dag,
kvart andedrag og hjarteslag,
for livsens fagre gåva.
For helg og vyrke, vår og haust,
for gåvone han gav so raust,
me vil vår skapar lova.

Den tidi som me enn hev att,
ho er so gjæv og gild ein skatt.
Dei dagar vil me telja.
Og kvar ein morgon ny som gryr,
me inn til nåde truna tyr, –
den gode veg vil velja.

Lat det då hausta – lat siga mi sol!

Haustsoli hastar so tidleg til ro,
snart vert det skuggar og kveld.
Du kor den glimen er ljuvleg og god!
Å, for eit signande vell!

Fager er hausten, og fredfull og still,
lufti er tindrande klår.
Safti i bæret er mogi og mild, –
det som var blom no i vår.

Haust etter haust fekk i undring eg sjå, –
no fekk eg sjå han på nytt.

Sit eg i sorgmod, og minnast eg må:
Våren ifrå meg hev flytt.

Lell er eg lukkeleg, – Gud var meg god;
heilage lovnader spår:
Eingong, – i kraft av det sonande blod, –
ser eg ein paradisk-vår.

Lat det då hausta, lat siga mi sol,
skina eit sylv i mitt hår
berre det sidan kjem solsnu og jol –
atter det lir imot vår!

Han vet vi er støv

Han vet vi er støv,
en visnende urt og et fallende løv.
Et vindpust, og bladene daler til jord,
men, Herre, din miskunn og mektig og stor.
Til himmelen når den, og faller ei av, –
et endeløst hav.

Som vest er fra øst, –
så lyder Guds ord til usigelig trøst, –
han syndene våre har fjernet fra seg,
han ser dem ei mer, og han minnest dem ei.
Han kastet dem djupt ned i glemselens hav.
Der fant de sin grav.

En miskunnsam far
på barnet sin bønn gir så kjærleg et svar.
Slik Gud seg forbarmer, – han trett ikke blir.
Han ødsler med godhet, han gir og han gir.

Til sist han oss fyller, som hav fyller fjord,
på herliggjort jord.

Det går ein veg til evig liv

Det går ein veg til evig liv,
frå dødsens skuggedalar.
Vår Frelsar sjølv deg veg har bygt,
til ljose himmelsalar.
Kor stort på evig liv å tru,
når soli sistpå dalar!

Det går ein veg til evig vår, –
det er mi frygd, min fagnad.
Kor stort at ikkje død og grav,
men livet er mi lagnad!
For Jesu skyld det skal eingong
bak dødsens dalar dagna.

Det går ein veg til evig liv,
og Jesus vil meg bera
frå dag til dag på fader-arm
heim til ei evig æra.
Kor stort det vert i paradisk
i lag med Jesus vera!

Morgonstjerna

Den klåre morgonstjerna
som varslar: dagen renn,
ho glimar og ho glimtar
der bjart i aust ho brenn.

Ho skin i demringsstundi
so vert det dag til sist.
Den klåre morgonstjerna,
det er den Herre Krist.

Ho tindra yver verdi
då den var ung og ny.
Og nær ho kom til jordi
i livsens morgongry.
I herlegdom ho glimar, –
so vert det dag til sist.
Den klåre morgonstjerna
er Kongen Jesus Krist. –

Dei skire strålar strøymer
inn i mi myrke natt.
Den klåre morgonstjerna
er no min hjartans skatt.
Frå år til år ho tindrar,
og fagrast skin til sist.
og denne morgonstjerna,
det er den Herre Krist.

Når tidarmålet endar
og æve-dagen renn,
den klåre morgonstjerna
då skir i aust ho stend.
Då dvin den lange natti, –
so vert det dag til sist.
Den klåre morgonstjerna,
det er den Herre Krist.

Hvis vi har varme hjerter –

Hvis vi har varme hjerter,
sinn som er satt i brand,
skal vi engang få høste
rikt på Guds åkerland.

Jesus gir varme hjerter,
tenner en hellig eld.
Han lær den fagert lue
like til livsens kveld.

Livet så fort forsvinner,
tiden så hastig flyr.
Fyll da med evig innhold
dagen så kort og dyr!

Ty da hver morgentime
trygt til Guds hjerte inn!
Elden fra himlens alter
varme da vil ditt sinn.

Eg ser på to bedande augo

Eg ser på to bedande augo,
og dei ser langt inn i meg,
ser like til hjartedjupet,
og augo mitt til seg dreg.

Dei store og stille augo,
dei talar forutan ord:
De som hev fenge ein plass i soli,
de gløymer vel ei dykkar bror?

De som hev fenge ein plass i soli,
fekk famna den fagre skatt, –
de gløymer vel ikkje oss arme brøder
som vandrar i vonlaus natt?

Eg ser desse bedande augo, –
i hjarta ein lovnad brenn:
Eg som hev fenge den fagre skatten,
vil gjeva, og gjeva igjen.

Elvar med levande vatn

Den som drikk av det levande vatnet
som vår Herre og Frelsar oss byd,
han fær smaka det evige livet,
med ein fullnad av fridom og fryd.
Frå hans liv skal det fløyma
og vella og strøyma
djupe elvar av levande vatn.

Å, so tru ogso du då på Kristus,
og ei kjelda i barmen din vell.
Då di øydemark gror som ei lilja,
og din livsdag gjeng aldri mot kveld.
Frå ditt liv skal det fløyma
og olla og strøyma
djupe elvar av levande vatn.

Kun én ting fikk du til evig eie

Du fikk det ei til ditt eget eie, –
husholder er du, å, glem det ei!
En kveld skal klokke til regnskap kalle
for hva du virket på livets vei.

Er mål og motto kun ussel vinning,
for deg og dine – og deg igjen,
da lever du i den onde sirkel.
Mens det er dag, må du sprengje den!

Men én ting fikk du til evig eie:
Det er den arv som deg Kristus gav, –
og så de kjærlighetsverk du øvet
på vei fra vuggen og til din grav.

Det beste frå jordi skal bergast i hus

Det beste frå jordi skal bergast i hus
før verd-altet brånar og brenn.
For – alt som i kjærleik til Jesus vart gjort,
det finn du i himlen igjen.

So hopa ei skattane opp her på jord,
hev Jesus i alvor oss sagt.
Men samla dykk skattar i himmelens hus!
Dei strålar i æveleg prakt.

Eingong lyt du ogso frå skattane gå, –
so naken som nåli du er.
Men alt du i kjærleik til Jesus hev gjort,
i himmelen atter du ser.

Det beste du bergar for evig i hus,
det er ei udøyeleg sjel.
Når berre eit minne er livet på jord,
då lever du æveleg sæl.

Fram mot det store morgongry

Å, var eg innom porten komen,
vel heime i det gode land,
og berga ifrå døden, domen,
for evig frelst frå vreidens brand, –
kor skulle då eg vera sæl
og lova deg av all mi sjel!

Eg er so glad at du meg kalla
og eg fekk gjeva deg mitt ja.
Må eg ei ut av nåden falla,
må ingen krone frå meg ta!
Min frelsar, du meg vara kan
med naglemerkt og mektig hand.

Eg stundom skjelv som lauv for vinden,
ein haustens dag med stormars gny,
snart speidar som ein ørn på tinden
fram mot det store morgongry.
Eg er ein syndig mannsens son.
Du, Jesus, er mitt liv, mi von.

Må alltid målet for meg glima,
so skatten min i himlen er!
Lat helgeklokkor for meg kima, –
då veit eg målet er meg nær.
Når so eg innom porten står,
med song eg fram mot truna går. –

Ogso der framme vert vegen min god

Ogso der framme vert vegen min god, –
sjølv om han stundom er trong.
Enno min stig i det uvisse er, –
syn meg han endå ein gong!

Lat meg so fara med frimod mi ferd,
nynna på pilgrimens song!

Vegen som ventar, er ikkje so lang, –
kvelden er komen til meg.
Herre, eg bed deg, styr vandrarens veg,
so eg fær fara med deg!
Signe kvart steg, so eg dag etter dag
hugheil mot heimlandet dreg!

Gå ikkje glipp av det største!

Gå ikkje glipp av det største,
haldt deg ei borte frå Gud
borte frå songen og sæla,
frelsa sitt skinande skrud!

Statt ikkje ute i skuggen!
Der er det kulde og tjon.
Inne er lyset og livet,
fridom, og framtid og von.

Fylg då det kallande draget, –
statt ikkje ute og frys!
Skund deg, gå inn i Guds rike, –
inn i det evige lys!

Før gull-skåli brotnar

Preikaren kap. 12,1–7

Å, tenk på din Skapar
i ungdomens dagar,
når enn det er vår,
før dagane vonde
og vande deg når, –

det lid til dei åri
då seia du lyt:
Eg likar dei ikkje,
for kreftene tryt, –

før soli og månen
og stjernone myrkjest
og ljuset vert dimt imot natt;
og dagane er ikkje lenger so skire;
etter regnet kjem skyane att, –

den tidi då hus-vaktmennene skjelv,
dei krøkjest, dei kraftige menn,
og dei som drog handkverni,
skoftar til sist, –
so fåe attende dei stend, –
og dei som ser ut
gjenom gluggane, dimmest,
og gatedørene stengjest, –
du høyrer ´kje kvernduren då;
for meir og meir han spaknar;
når fuglane byrjar å kvitra, du vaknar,
og opp må stå,
og alle songmøyar lågmælte vert, –
du reddast for kvar ein bakke
du før tok so fort og fegen,
og skremslor ventar på vegen,
og mandeltreet, det blømer,
og grashoppen karar seg fram,

og kapers-beret, det dovnar,
og so du omsider sovnar, –
menneskja fer til sitt æve-hus, –
dei syrgjer og græt på gata, –
før sylv-snori slitnar
og gull-skåli brotnar

og krukka ved kjelda gjeng sund,
og hjulet dett brotna
i ovdjup brunn,

og moldi fer atter til jordi,
som før ho var,
og åndi gjeng atter
til han som gav ho, –
til Gud, vår Far!

— — —

Å, tenk på din Skapar
i ungdomens dagar!

So stort eit spel

Me spelar alle so stort eit spel, –
eit spel om himmelen eller hel.

Og seier du: eg meg unna held,
so er du med i det spelet lell.

Dei myrke makter deg nedåt dreg.
Men ein vil syna deg ljosesens veg.

So svara Kristus eit hugheilt ja!
Då kan du vandra, og vera glad.

Då skal du vinna det store spel.
Då skal du berga di dyre sjel.

Det rom der eg glad skal bu

I Faderens hus er det mange rom, –
so er det òg eit for meg.
Å, Herre, må ikkje min plass stå tom,
men lat meg få møta deg!

Kor sælt det skal verta ein gong å få sjå
det rom der eg glad skal bu!
Å, Herre, so lat meg din himmel nå!
Må alltid eg finnast tru!

I Faderens hus er det mange rom.
Dei kjem frå kvart folk på jord.
Og ingen kan tolka den herlegdom,
so strålande, rein og stor.

Når romet er ferdig, kjem Jesus att
og hentar oss heim til seg.
Då endar vår lengsla, vår naud og natt.
Vår Frelsar, me ventar deg.

Kvifor ottast for døden si gru?

Kvifor grua og grøssa om snø-stormen kvin,
og vinden om novi seg hiv?
I morgen ligg jordi i ny-vove lin,
og soli i nysnøen glitrar og skin,
og smeikjer det sovande liv.

Kvifor ottast og engstast for døden si gru,
den nifse og trugande natt?
På Golgata bygdest ei levande bru,
og gjeng du med Jesus i tillitsfull tru,
skal vårlandet visst du sjå att.

Eg lengtar til landet

Eg lengtar til landet med æveleg lys,
der hjarta ei fæler og famlar og frys.
Eg lengtar til landet der livs-varmen rår,
der ingen fær sorger og svidande sår.

Eg lengtar til landet der ingen kan døy,
der kinni ei kvitnar hjå mann og hjå møy,
der blom ikkje bleiknar, ei sylvsnori brest,
der vent – utan vemod – sig soli i vest.

Eg lengtar til landet der trygge me er,
der døden sin kulde ei hjarta kjem nær,
der aldri me tenkjer på oppbrot og kveld,
men kringom oss bårar det evige vell.

Eg lengtar til landet der alt ærar Gud,
i livet sitt lysande, solskire skrud.
Eg lengtar til landet det kvart eit atom
er tonande takk i det livsfylte rom.

Eg lengtar til landet der knuppane brest,
der livet er fullnad og arbeidet fest,
der Herren si åsyn me alltid fær sjå,
med endelaus fagnad for truna hans stå.

Eg lengtar til landet, – ein framand eg er.
Mitt heimland, – det evig i himmelen er.
Me berre kan ana den fullnad av fryd
som Herren den trufaste pilgrimen byd.

Eg lengtar til landet, – so verna meg du,
at varleg eg vandrar i tålmod og tru!
Og når eg stend framme ved målet eingong,
skal æveleg tona tilbedande song.

Der skal ikkje lengselen svi

So ofte eg lengta ved solefalls-bel,
men ikkje eg veit etter kva.
Som elden derute det brann i mi sjel.
So stod eg der tagal, og bad.

Og tidt hev eg lengta ein vaknande vår.
Kvi skulle eg stunda nett då?
Kan henda eg lengta til livskjelda klår, –
den evige vårdagen sjå.

Eg kjende den lengsla i haustdagen sein,
når bladi fall stilt imot jord.
Eg lengta mot livskjelda, porlande, rein,
der paradis-liljone gror.

Eg miste so mange av deim eg fekk kjær.
Dei ein etter ein frå meg fór.
No lengtar eg etter å møta deim *der*, –
og mest mi ugløymande mor.

Det veit eg for visst: når der heim eg stend,
då skal ikkje lengselen svi.
Då kjelda er fylt, – yver randi ho renn, –
Og ollar til æveleg tid.

Då skal me få vera for evig i lag

Her me ser kvarandre ein hendte gong.
Me samlast om Ordet, med bøn og song.
Me atter lyt skiljast, men snart renn ein dag
då me skal få vera for evig i lag.

Og mange av deim som hev Herren kjær,
me møter deim aldri i denne verd.
Men eingong so skal me deim alle sjå,
og saman til livet si kjelda gå.

Me saknar dei kjære som bort frå oss fór, –
ein ven og eit viv, sysken, far og mor.
Men eingong det demrar ein herleg dag,
då me skal for evig få vera i lag.

Æva aldri endar

Æva aldri endar, –
når tusund år hev fare,
då hev me byrja bare
på eit år som ei tek ende.

Æva aldri endar.
Å du for frygd og fagnad!
Å, for ein ljuvleg lagnad
i eit år som aldri endar!

Æva aldri endar, –
Blomen skal 'kje bleikna, –
armen aldri veikna, –
evig ungdom ventar.

Æva aldri endar,
av Guds fred skal fyllast,
av Guds gleda gyllast.
Dagen aldri dalar.

Æva aldri endar, –
alvorsfullt å minnast.
Å, må eg då finnast, –
nemnast blant dei sæle!

Når eg skal strida min siste strid

Når eg skal strida min siste strid,
når ut er runni mi levetid,
og eg frå verdi for godt skal gå, –
lat himlens englar ved sengi stå!

Eg veit det vel: eg uverdig er, –
mi synd er stor, og mi skuld er svær.
Ver du meg nådig for Jesu blod,
so avskil-stundi vert sæl og god!

Når hjarta mitt slær sitt siste slag,
og soli sig etter livsens dag, –
tenk, Herre, på meg i miskunn då!
Når augo brest, lat meg himlen sjå!

Eg skal nå fram!

Eg skal nå fram for Jesu skuld,
til livsens kjelda underfull.
Eg fekk ein rett som Jesus vann
då hjarteblodet for meg rann.
Ved dette blod eg heim skal nå
og sæl ved Herrens truna stå.

Skal eg, som djupt uverdig er,
få ganga inn til gleda der?
Eg ser i Jesu hjarta inn,
og grunnen til mitt frimod finn.
Eg løyner meg i Jesu sår,
og himmelporten open står.

Med frimod gjeng eg då min veg, –
til himmeldøri opnar seg.

Mi von til Jesus Krist er fest
den stund på jordi eg er gjest.
Til livsens kjelda underfull
eg skal nå fram, for Jesu skuld. –

Men når eg kjem heim

Hav takk, Herre Jesus, – eg kjenner det slik:
Eg aldri deg fulltakka kan.
Mi takk er so fattig, men eingong ho rik
skal lyda i lovsongens land.

Du gav meg so mykje, – du miskunnsam var,
og alltid so kjærleg og god.
Du lyfte oppunder når børi var hard,
og styrkte mitt skjelvande mod.

Eg ville deg likna, men lite eg rakk,
og hjarta fekk svidande sår.
Men når eg kjem heim, skal det tona ei *takk*,
I himmelens herlege vår.

Eg lengtar til den ljose verd

Eg lengtar til den ljose verd,
der vondt og visning ikkje er,
og ikkje sorg og saknad.
Kor gildt og stort det vert ein gong
ved sæle ånders jubelsong
i paradiset vakna!

Eg lengtar til det gode land,
der døden finn sin overmann
og ingi lilja bleiknar.

Der aldri endar våre år,
der vert det ikkje sylv i hår,
og ingen ungdom veiknar.

Mon eg det sæle land skal nå,
og der med sigerskransen stå
og jubla ut min fagnad?
Ja, eg i Jesu rettferds skrud
ein dag frimodig møter Gud.
Å, for ein ljuvleg lagnad! –

Den gylne skål

Store Gud, du gav meg livet,
fylte opp ei gyllen skål.
So eg skal, når dagen demrar,
nå det fulle, fagre mål.

Store Gud, du gav meg livet,
utan ende underfullt.
I det store daggry skal eg
øygna alt som her er dult.

Store Gud, du gav meg livet,
Fagrare enn nokon draum.
So ein morgon skal eg vakna
i den fulle, frie flaum.

Takk for denne klåre perla,
takk for gåva Jesus Krist.
Ved hans miskunn skal eg landet
utan like nå til sist.

So ljøs ein arbeidsdag

Eg fekk so ljøs ein arbeidsdag
i Jesu Kristi venelag, –
når no mot kveld det lakkar,
eg minnest glad dei farne år
ifrå eg stod i livsens vår.
For alt eg himlen takkar.

Eg fekk so rik ein arbeidsdag, –
det var 'kje berre medgangs-drag;
men alle ting hev gagna.
So takkar eg for storm og strid,
for solgangs-bris, for børen blid.
Gud styrde vel min lagnad.

Eg fekk so god ein arbeidsdag, –
vel vart det også tunge slag,
og mangt mitt hjarta sára.
Men Jesus trøysta modernildt;
mi sorg vart sløkt, min gråt vart stilt.
Han turka bort mi tåra.

Eg fekk so lang ein arbeidsdag, –
so mange tusund hjarteslag, –
det enn i barmen bankar.
Når no eg æva nærmar meg,
Gud, signe du dei siste steg, –
At eg til himlen vankar!

Gud, signe mine alders-år

Gud, signe mine alders-år!
No er det haust, og ikkje vår.
Då mjukna eg, men no eg bognar.

Gud, gjev at dag for dag eg mognar,
til sist det gode landet når!

Gud, signe du min alders tid,
at ho må verta ljuv og blid,
om stundom sorgmod henne fyller!
Gjev at din kjærleik kvelden gyller,
meg signar i min siste strid!

Gud, signe du min alders kveld,
når siste skimt av solskinn vell,
til oppbrot aftanklokkor kimar!
Må da eg sjå kor krossen glimar, –
sjå glansen ifrå Sions fjell!

Det evige livet er allting verdt

Det evige livet er allting verdt. –
Sjølv om all verdi du famnar,
lagndastungt vert det, og tungt og svært
om du i himlen ei hamnar.
Grip då den skatten, so skir og dyr!
Skund deg, for dagane frå oss flyr!

Det evige livet er allting verdt. –
Sjølv om alt anna du miste,
stend du – trass alt som var tungt og svært –
endelaust rik på det siste.
Snart kan det stansa, ditt hjarteslag.
Grip då det evige liv i dag!

Eg gled meg til himmelen

Eg gled meg til himmelen, Jesus,
der rom du nå reider åt meg.
Kor stort å få vakna ein morgon
der heime, og glad møta deg!

Eg gled meg til himmelen, Jesus.
Der ligg ikkje døden på lur.
Der fylgjer 'kje visning på våren.
Me glade i livsbylgja bur.

Eg gled meg til himmelen, Jesus;
for der skal eg deg verta lik.
Og aldri skal enda mi lukka.
Min Gud, eg er grenselaust rik.

Eg gled meg til himmelen, Jesus, –
der finst ikkje naud, ikkje natt.
Tilbedande stend me kring truna,
og lovsyng vår sol og vår skatt.

Må eg vakna i di evige verd!

Det har skifta med sumar og vinter og vår,
til eg no i min haust-time står.
Det har skifta med morgon og middag og vinter
og kveld,
og no helsar eg min solefalls-eld.

Når mi sol stend i vest, – siste glimen eg får,
tak meg inn i din paradís-vår!
Når eg endar på jordi mi pilegrims-ferd,
må eg vakne i di evige verd!

Herre, lyft di åsyn på meg!

Herre, lyft di åsyn på meg,
som eit solskinsvell!
Lat det lyset ei gå frå meg,
men kvar stund i livet nå meg,
til min siste kveld.

Herre, lat di åsyn lysa,
nådig mot meg ver!
Herre, du må vel meg vare,
dag for dag, i naud og fare.
Signe du mi ferd!

Eg drøymde eg vakna i paradis

Eg drøymde eg vakna i paradis,
der allting tona til Herrens pris.
Det var vel ein livsæl lagnad!
Det var som den venaste sumarskveld, –
det loga so ljuvleg ein kjærleikselv.
Han fylte mitt hjarta med fagnad.

Eg drøymde eg vakna i paradis,
og kvorven var verda sin vinter-is,
og døden sin brodd var broten.
Der draup ingi tåra på kinni ned.
Der fanst ingi uro, men berre fred,
og stilna var hjartegråten.

Eg eingong skal vakna i paradis,
min Frelsars blod var den dyre pris
som vann oss det gode landet.
Der skal eg med fagnad min Frelsar sjå,
til livet si kjelda med gleða gå, –
i æveleg fryd dra ande.

Enn bankar mitt hjarta

Enn bankar mitt hjarta i barmen min, –
der hev det no slege so lenge
dei tallause, trufaste livsens slag;
so lang ei tid hev eg fenge.
Det byrja so stilt og so smått eingong;
no syng eg i hausten min solfalls-song.

Det sender ein blodstraum so varm og raud
rundt om i min lekams tempel.
Han bankar so roleg i barmen min,
so taktfast, den trufaste stempel.
Det kviler eit ørlite bel kvar gong;
so dempa og døyvt tonar hjartans song.

Kven sette den klokka i gang ein dag;
kven valdar at ikkje ho stoggar,
men slær sine tagale, trauste slag
mens blodstraumen vidare voggar?
Eit løyndomsfullt liv og ein Skapars hand
er einaste svaret eg gjeva kan.

Enn bankar eit hjarta i barmen min, –
So lang ei tid hev eg fenge.
Ein dag so slær det for siste gong;
då livet til endes hev gjenge.
Men fram eg ser mot ein æve-dag,
der aldri stilnar mitt hjartans slag.



LANDET DER NORDLYSET LEIKAR

1970

*Han hev 'kje so mange tonar,
den vårfugl som syng i li.
Men endå han kved, og vonar,
til sumaren er forbi.*

*Han hev 'kje so mange klanger,
den vårfugl som syng her nord.
Lell kvitrar han høgt yver vangar
mot livet som spreitt og gror.*

*Eg hev 'kje so mange strenger,
som sitrar på harpa mi.
lell stig eg på songens venger
til sumaren er forbi.*

*Eg hev 'kje so mange tonar,
lik fløytande fugl om vår.
Men endå eg audmjukt vonar
at klangen er rein og klår.*

EIT LYSANDE GULL-LAND LANGT OPPE I NORD

Landet der nordlyset leikar

Eit folk feste bu her langt i nord,
i landet der nordlyset leikar.
Dei bygde ved havet, ved fager fjord,
ved fjell som mot himmelen peikar.
Dei anda i heidendoms myrke natt, –
men so fekk dei *Ordet*, den fagre skatt.

Den stjerna hev lyst i tusund år,
og enno ho skin over landet.
Den sol skapte dag og livsens vår,
ved kjærleikens Heilage Ande.
Den skatt var vår rikdom frå ætt til ætt.
Og landet vårt bygdest ved lov og rett.

Enn ligg dette landet her langt i nord;
i nattstunder nordlyset leikar.
Enn stjernone skin, og me eig Guds ord,
som stilt imot himmelen peikar.
Enn havet gjeng inn mot den lange strand.
Gud signe vårt Noreg, vårt fedreland!

Heimlandet

Eit vidunderleg land hev me fenge av Gud.
Det er veldig og vidt ifrå nord og til sud.
Her er fjell attved fjell, her er fjord attved fjord.
Å, mitt heimland, du kan ikkje tolkast med ord.

Her er lier som tøyer seg mil etter mil.
Attmed skinande snø lyser blomen sin smil.
Her er vidsveimde skogar som susar og syng.
her er heiar og moar med lyseraud lyng.

Her er øyar og holmar der sjøfuglen skrik.
Havet smeikjer seg inn i kvart sund, kvar ei vik.
Det i soldagen lær, det i stormnatti slær;
atter stryk det so lint mot kvar strand,
mot kvart skjer.

Her ligg heimar og hus; her bur mann, her bur møy,
attmed fjordar og fjell, på den verharde øy.
Og dei kross-merkte kyrkjetårn peikar mot sky.
For Guds heilage ord myrkjemakti må fly.

Me vil lova vår Gud for det land han oss gav, –
det som fagert seg lyfter frå blånande hav.
Herre, takk at me her i vårt Noreg får bu,
på det evige livet får vona og tru.

Å du, for eit draumfagert land!

Eg ser snø-breen skin,
dette drivkvite lin,
over skogen si tregrense-rand.
Og mitt auga kan nå
himlens blåaste blå.
Du å du, for eit draumfagert land!

Dalen veldig og vid,
med den flogbratte lid,
imot Noreg sitt hjarta gjeng inn.
Inni fjellheimen vill,
utmed synsrandi still
stig den skinande, snøkledde tind.

Alle gaukane gjel,
elvi mullar og mel,
dette glitrande, glidande band.
Alle bjørker stend brud,
i sitt lysande skrud.
Du å du, for eit draumfagert land!

Det ligg over landet ein paradisdag

Det ligg over landet, frå nord til sud,
ein paradisdag utan like.
I lyset og livet sitt ny-vovne skrud
syng skogen, i sommarens rike.

og sol-lufti dirrar i varmedis.
Kvar skapning som andar, kved Herrens pris.

Og himmelen over er djup og blå.
Kor fint denne duken å skoda!
Kor vent denne høg-kvelvde kuppelen sjå,
og junikveld-himmelen roda!
Med fugl og med blom kved eg Herrens pris,
for no liknar landet eit paradís.

Det er himmelen, æva eg ser

Eg ser inn i det endelaust blåe;
det er himmelen, æva eg ser.
og mitt hjartadjup fyllest av age, –
det eit barn er der inne som ber.

Det fell sol på det djup-blåe teppet,
som seg tøyser frå nord og til sud.
Eg er fylt av useieleg undring,
og i age eg høglovar Gud.

Dette blåe er himmelens farge;
det er æva sitt solskire skrud.
No med vyrndad eg vegen vil vandra
til eg eingong fær skoda min Gud.

Å, mi sjel, du må tilbæda honom,
som i visdom hev alle ting skapt!
Om i vantru du vanyrder himlen,
vil di dyraste eiga gå tapt.

Du hev skapt meg til deg, og eg stundar
til din evige herlegdom sjå.
Og eingong eg med jubel i hjarta
for di åsyn skal syngjande stå.

Det er himmelblået over oss

Det er himmelblået over oss,
frå aust og alt til vest,
som legg lyftning over livet
og gjer kvardagen til fest.

Det er himmelblået over oss,
frå nord og alt til sud,
som legg høgtid over livet –
for det peikar inn mot Gud.

Sofint stend det saman, det kvite, det blå

Himmelen høver med vinterens snø,
det skinande teppet på berg og på bø.
So fint stend det saman, det kvite, det blå, –
ein soldag, ei stjernenatt fagert å sjå.

Himmelen høver med våren her nord;
han blånar so vent over livet som gror.
Det grøne i hagar, i lund og i li
med himmelen danar ein fin harmoni.

Himmelen høver med sumarens skrud, –
eit samspel som einast er virka av Gud.
Er fargane mange, so stend dei i stil
med himmelens bjartaste, blåaste smil.

Himmelen høver med hausten sitt gull,
når åkeren skjær av den malmen er full.
Det glim og det glør i kvar lund og kvar li,
og himmel og jord kling i full symfoni.

Eg vert ikkje trøytt opp mot himmelen sjå,
det reine og djupe og solbjarte blå.
og evig og alltid – den von frygdar meg –
skal himmelen kvelva seg over min veg.

Soli hev fare til andre land

Soli hev fare til andre land.
Men der ho gjekk ned,
leikar ein logande fargebrand
i kveldens fred.

Soli hev fare ifrå oss no;
nyst enda ein dag.
Kvelds-randi fyllest av opphøgd ro,
til stratos-lag.

Slik hev det skifta i tusund år, –
so dag, so natt.
Voni då visste: du atter får
ein morgon att.

Slik vil det skifta til siste kveld,
og det siste gry.
Sidan i æva eg høgtid held,
ein livsdag ny.

Far

Min ugløymande far,
kor du hjarta-gild var,
so rettferdig og ærleg og sann!
Du var sterk, du var still,
du var myndig og mild.
Du var trufast og trygg, var *ein mann*.

Enn eg minnest deg godt.
For ein arv eg har fått!
Du meg lærde det levande ord.
Du meg famnen gav full
av det dyraste gull,
du og mor, mi ugløymande mor.

Ja, eg minnest deg vel.
no eg veit du er sæl,
og eg lengtar å møta deg der.
Kor det ljuvleg skal bli
når til æveleg tid
me skal vera ved livskjelda nær!

Mor

Du hadde so varmt eit hjarta;
din kjærleik, han var so stor.
So kan eg deg aldri gløyma,
mi gilde, mi gode mor.

Og kvar eg i verdi vandrar
og vankar dei mange mil,
eg ser for mitt indre auga
din lysande, varme smil.

Til kvelden for meg er komen,
eg saknar din kjærleiks-skatt,
og lengtar til dagen den sæle –
då eg fær deg møta att.

Det lyser eit kveldsland derute

Det lyser eit kveldsland derute,
der soli bak skogen gjekk ned.

og gjennom ei vest-vend rute
ber kveldstjerna bod om fred.

Det lyser so vakkert i kvelden,
før jordi sig inn i si natt.
Den skinande avdags-elden
ber bod at ein dag kjem att.

Eg alltid hev elska den glimen
som gløder der soli gjekk ned.
Eg still stend i aftan-timen.
Og sjeli er fylt av Guds fred.

Noreg sin vårskog

Dei unge er Noreg sin vårskog, –
han vonfullt mot himlen seg tøyser.
Solskinet sitrar i lauvet ungt.
I storm han mot bakken seg bøyer.

Dei unge er Noreg sin vårskog,
der sevjone stiger og strøymer.
Bladi i soldagen bivrar og skjelv,
og livsbylgja bårar og fløymer.

Dei unge er Noreg si framtid, –
den vårskogen vel må me verna!
Opp han mot himlen skal tøya seg stilt,
under Guds lysande stjerna.

Dei unge er Noreg sin rikdom,
og vel må det gullet me vara.
her skal dei skina for Jesus Krist,
og sæle til livslandet fara.

So fann eg fiolen i haustdagen sein

Eg vandra langs vegen ein skytung dag.
oktober det var, og vått.
Det låg over landet eit vemods-drag;
den moll-tonen hørde eg godt.
Men best som det var, kom ein glytt av sol.
og der – midt i vegen – eg fann ein fiol.

Han tirde imot meg, so bjart og blå;
litt kvitt var det òg, litt gull.
Men undring eg inn i det djup fekk sjå;
av under den kalken er full.
Ein løyndom av liv i den blomen er, –
eit kunstgrep av han som hev dana vår verd.

No utan eit lauv er den nakne grein,
og visna kvart blokke-blad.
So fann eg fiolen i hausten sein;
den skapningen gjorde meg glad.
No kviler kvart liv etter strid og strev.
I seinhaustes-dagen er villblomen gjæv.

Eg blomen tok med meg i stova inn, –
no stirer han stilt på meg.
Kor gildt at eg ogso i hausten finn
ein ven på min vandrings-veg!
Hav takk for kvar blom på mi livsens ferd, –
for deim eg såg sila, for deim som er!

Det ligg ein gard i den djupe skog

Det ligg ein gard i den djupe skog, –
ikring hev dei hogd og rudt.
Og her hev dei onna i hundrad år
og yrka i ættleder trutt.

Rundt stova og løa so raud og gild
skin snøen på tun og eng.
kring garden stend granskogen kyrkjestill,
og nysnø i baret heng.

Der ute i synsrandi snøfjell skin, –
dei ligg der i æve-ro.
Og over det blånar ein himmelkvelv,
so høgt over myr og mo.

Du gard inni skogen, ei perla fin
med snøkledd fjell ikring. –
Dei andar so æve-stilt vinterstid, –
ein skinande glimesteins-ring.

Å du for eit rike å anda i!
Å du for ei verd å sjå!
Her høglovar Herren den stille skog,
og solfjell og kvelven blå.

Sporven i Stortingsbakken

Eg såg han i Stortingsbakken
ein tåkut novemberdag.
Kaldvøre var det, men sporven
var i so lyst eit lag.

Kvifor? – Han hadde funne
ein matbit på bakken våt.
So hakka han trutt, og pikka,
hugleg av biten åt.

Det var 'kje so rare greider
han fann der i gata hard.
Men sporven, han pikka og hakka;
so blid og so nøgd han var.

Og biten på bakken dansa
då sporven pikka som best.
So vesalt eit måltid var det.
For fuglen det lell var fest.

Han lika nok ikkje trafikken;
for då eg attende meg såg,
var fuglen flogen til gatekanten.
Der biten på bakken låg.

Og fuglen heldt fram med sin frukost;
han hakka i molen våt.
Eg vidare gjekk, – det siste
eg høyrde, var sporve-låt.

*

Du småsporv i Stortingsbakken,
ein vinterdag sur og grå,
eg såg deg ved morgonverden, –
det koseleg var å sjå.

Du vart meg ein læremeister,
so smånøgd og fjåg og glad.
So sutlaus i vinterdagen
du kvitrar ditt kvardagskvad.

Vår verd var ei onnor vorten
om alle var nøgde som du,
og feste til Han i det høge
ei tillitsfull barnetru.

Ser du 'kje underet kvar du deg snur

Høyrer du ikkje naturi sin tale,
ser du 'kje *underet* kvar du deg snur?

Skjønar du ei at i livet sin løyndom –
vokster og mogning – Guds skaparhand bur?

Høyrer du ikke naturi sin tale
når det i landet er vakning og vår?
Kan du 'kje høyra det heilage kvadet
når gjennom skogane haust-glimen går?

Høyrer du ikkje naturi sin tale,
ser du 'kje under i nord og i sud?
Skjønar du ei at kvar skapning du skodar,
alle ber stempelet: virka av Gud?

Øyd ikkje odelsjordi!

Noregs moldjord, ho vart dana
i dei tusund lange år.
Sol og snø og dogg hev signa,
sumar, vinter, haust og vår.

Blad og blommar, lauv i lundar
smuldra stilt frå ætt til ætt,
vart til humus, myrk og moldut,
djup og grornæm, laus og lett.

Bønder hev i år og aldrar
odla, onna, vollar vendt,
rudt og horva, hogd og hevda,
sådd og hausta, bråtebrent.

No det susar store skogar;
alle voks or moldi opp.
Og i våren kved det fuglar
fjåge i kvar tein, kvar topp.

Ville blomar vakkert tirer,
angen er so ljuv og god.
livsens saft dei fær frå moldi, –
lyser over myr og mo.

Sjå, i sumarvinden svagar
engi mjuk og blomeblid.
Og i tusund åkrar glimar
kornet ut mot haustens tid.

*

Øyd ikkje moder-moldi,
som tente oss trutt tusund år!
For – tyner me jordi, då gjev me
mor Noreg eit ulivs-sår.

Øyd ikkje odels-jordi,
med gråstein, sement og asfalt!
Då gjev me til evig gøymsla
den livsgrunn som gav oss alt.

Øyd ikkje moder-moldi, –
hav vyrdnad for Noregs jord!
Lat åkrane alltid glima
med gull, i det høge nord!

Bløming – vokster – mogning – kvild

Livet hev si blømings-stund, –
me kallar det ein *vår*.
Då er det song i lid og lund,
mot himlen høg og klår.

Livet hev si vokster-tid.
Me *sumar* kallar det.
Då leikar vinden ljuv og blid
i blom og blad og tre.

Livet hev si mognings-tid.
Me kallar det ein *haust*.
Då er vel stormen sterk og strid,
men frukti rik og raust.

Livet hev si kvile-tid;
det søv i *vinter-skrud*.
Å, må eg etter livsens strid
få kvila ut hjå Gud!

Eit lysande gull-land langt oppe i nord

Av glødande gull
kvar aks-tung og ovmogen åker er full.
So rikt er om hausten vårt Noreg, vår mor, –
eit lysande gull-land langt oppe mot nord.

Av glimande gull
er lidi og lunden og åsen no full.
So rikt er om hausten vårt land her i nord,
den kjæraste heimen me veit oss på jord.

Ja, rikt er vårt land,
om gull-årer fåe i fjelli me fann.
Den dyraste skatten i landet langt nord
er himmelens heilage, livsæle ord. –

Send eit himmelens vårver –!

Send eit himmelens vårver til landet vårt, Gud!
Lat det livna og lysna i nord og i sud!
Gjev din livs-ande god,
lat det bløma og gro!
lat vårt heimland få eiga din fred og di ro!

Send eit himmelens vårver til landet i nord!
Å, lat folket vårt vakna og lyda Guds ord!
Må frå myrket det snu
og i tillitsfull tru
gå mot lyset og livet på himmelbygd bru!

Send eit himmelens vårver til landet vårt, Gud!
Lat det gjesta vårt Noreg frå fjell og til flud!
Herre, vand er vår tid, –
send din livsande blid!
Einast då skal med siger me krona vår strid.

Her vil eg sitja til soli sig

Og det var sumar, og det vart haust,
med kjøleg luft under himmelklåren.
Men hagen byd oss, so rikt og raust,
den frukt som berre var blom i våren.

Ja, det er haust, med den store ro,
og soli ut ifrå rømdi glittrar.
Men blomen bleiknar på myr og mo,
og ingen fuglar i lufti kvittrar.

Kvart bær, kvart korn hev si harpa stilt,
kvar topp som stillsleg i brisen svagar.
Og bladi lear seg, mjukt og mildt,
alt lovsyng Herren i haustens hagar.

Septembersoli imot meg vell, –
so gilde er desse ljosens flaumar.
her vil eg sitja til det vert kveld,
og lauga meg i dei ljose straumar.

Her vil eg minnast min eigen vår,
dei dyre dagar som ut hev runne.
So vart det sumar, ein solhaust klår.
Og livsens lampa hev alltid brunne.

Her vil eg sitja til soli sig,
med mogi livsfrukt Guds lov vil kveda.
Det er mi von at ho atter stig.
Då gjeng eg inn til min Herres gleða.

EI PERLESKÅL AV GULL

God dag! Glitrar soli

God dag! Glitrar soli,
ein stad i nordaust.
takk, det same igjen!
svagar storskogen traust.

God dag! glitrar soli,
med tirande spel.
Vert vaken, og nytta no
timane vel!

God dag! helsar soli
i midsumar-gry.
Og fuglen tek tonen,
ein junidag ny.

God kveld, glitrar soli
so langt i nordvest.
takk, takk at so lenge
i dag du var gjest!

God kveld! glimar soli,
og endar ein dag.
takk, takk at so lenge
med oss du heldt lag!

Eg slo auga mitt opp i ei draumfager verd

Eg slo auga mitt opp i ei draumfager verd,
då eg vakna mens hanane gol.
Over skogar og sjø låg det sylvskire ljøs
frå ei nysprottan, spelande sol.

Eg fekk vakna på nytt på ei ovfager jord,
i eit solglitr som strøymde frå aust.
Og det kjærteikna tusundtals åkrar som no
glimar mogne i ovfager haust.

Eg slo auga mitt opp, og i undring eg såg
kor det lyste i nord og i sud.
Kvart eit aks er eit under, – i solbrisen syng.
All naturi no høglovar Gud.

Ei perleskål av gull

Den tid eg fekk – ei skål av gull,
av fagre perlesteinar full,
frå daggry og til soleglad.
Takk, takk for denne perlerad!

Og tenkjer eg på alle år,
det vert ein perlestraum så klår.
Men etter kvart han minkar av,
til dess mi livssol sig i hav.

Hev eg då mist den dyre skatt?
Nei, eg skal eingong sjå han att.
I æva aldri tidi tryt,
men perletraumen alltid flyt.

Soli hev aldri svikta

Soli hev aldri svikta, –
kvar morgon ho sprett på sekunden.
I årtusund vart ho der langt i aust
i rette augneblenk funnen.

Soli hev aldri svikta, –
når dagen seg dreg imot slutten,
ho stend i si synsrand og tek farvel,
og glader i glod på minuttan.

Kor stort – eg fekk livet til gåva

Kvar morgon eg stirer mot himmelens blå.
Kor hugnadleg opp imot høgheimen sjå!
Eit ævedjup møter mitt auga.
Eg ser imot nord, og meg vender mot sud:
Alt vitnar om himmelens veldige Gud,
som let oss i livslyset lauga.

Om kvelden eg ser mot ei stjerneverd stor, –
eit spel utan lyd og ein song utan ord.
Kven skapte dei tallause herar?
Dei bliktar og blinkar i aust og i sud,
og Skaparen lovsyng, vår veldige Gud.
Kvar stjerna den Evige ærar.

Eg andar i undring ved gry og ved kveld,
når livslyset sigrar, når nattskuggar fell.
Kor stort: eg fekk livet til gåva!
Og når det so underfullt herleg er her,
kva må det 'kje verta i livslandet der!
Då evig me Herren skal lova. –

Alle dagar

”Sjå – eg er med dykk, – alle dagar.”

Alle dagar, –
so gjeld det òg i dag,
kvar stund og time,
ja, kvart eit andedrag.

Alle dagar, –
den sanning står ved lag.
So gjeld det dagar
av alle ymse slag.

Alle dagar, –
so lenge verdi står,
den siste dagen
då eg or verdi går.

Alle dagar, –
å, hugs det kvar ein dag!
Og gløym so ikkje
din Frelsars hjartelag!

Legg dagen inn under Guds velsigning!

Legg dagen inn under Guds velsigning!
Då er han lagd i den beste hand.
Han vil deg vara og vel deg verna.
Då vandrar du under lovnads-stjerna.
Då går du glad til det gode land.

Legg kvelden inn under Guds velsigning!
Om dagen dalar og soli sig,
du morgonstjerna i aust ser brenna;
den nye dagen skal fagert renna.
Og æve-soli omsider stig.

Legg livet inn under Guds velsigning!
Då skal det lukkast om tåra brenn.
Han sjølv vil lækja dei djupe såra,
og varleg turka den heite tåra.
Til sist ein æveleg morgon renn.

Ut i Guds solskin!

Gå ut i Guds solskin mens det er dag
og lysvellet ligg over landet!
Lat lova din Skapar kvart andedrag, –
Guds son og Den Heilage Ande!
For heilag, heilag er han, allheims drott;
men du er beden til hans himmelslott.

Gå ut ifrå myrkret til livsens lys,
mens enn det er tid til å velja!
Seg, kjenner du ikkje kor hjarta fryr?
Å, no lyt du dagane telja,
og ganga ut i dagen ljøs og klår!
Med Jesus Kristus vinn du von og vår.

Kor stort at me skaptest til ljøs og dag,
ei sol som skal æveleg glima!
I fryd skal vårt hjarta slå glede-slag,
og klokkone alltid skal kima.
I Kongens bryllup får du vera gjest.
Kom ogso du, vert med i livsens fest!

Sol, du hev lyst so lenge

No, sol, hev du lyst so lenge,
og blikta frå kvelven blå,
frå aust imot vest hev gjenge,
og ljuvleg du er å sjå.

Eg gled meg i ljøse timar,
når solvarmen mot meg vell.
Du glitrar og glør og glimar;
so smått gjeng det ut mot kveld.
Gud gav meg den ljøse lagnad
å skoda hans sol og dag.
Eg helsar med frygd og fagnad
dei solvarme vindars drag.
Og kjem so dei kalde skuggar
og soli ifrå meg fer,
ei levande von meg huggar:
Guds evige, ljøse verd.

Lyft barnet opp mot solnedgangen!

Ho lyfte barnet opp mot solnedgangen,
ein klår og still og fredfull sumarkveld.
Sjå, guten min, kor vent det er derute! –
So stend ho der attom si stove-rute,
ho vesleguten sin på armen held.
Dei ser den fagre, skire solfalls-eld.

Ho lyfte barnet opp mot solnedgangen.
Det synet seig og sokk i sjel og sinn.
Dei saman såg kor kveldens himmel roda;
han gløymde aldri det han der fekk skoda.
Det fylgde han i manndoms-åri inn.
”Sjå dette fargespelet, guten min!”

Hev *du* lyft barnet opp mot solnedgangen?
Let du din son dei skire syner sjå?
Å, lyft det opp frå alt det simple, låge!
lat barnet ditt, den symre-blomen fjåge,
med sol i sinnet mot si framtid gå,
so det til sist Guds morgonland kan nå! –

Eit solfall er juvelar verdt

Eit solfall er juvelar verdt
når du fær stansa i ditt kav, –
imedan dagen døy i vest, –
og ser eit gull som sig i hav.

Du skjønar – meir for kvar ein kveld –
kor dagen din er rik og dyr.
Du anar: du må nytta vel
den tid som fort ifrå oss flyr.

Eit solfall er juvelar verdt.
Du skjønar – betre for kvar gong –
kor fager gåva livet er.
Du stiller harpa di til song.

Sig, du sol!

Sig, du sol, for dagen no er enda;
det er forbi med denne skire skatt.
Men, om eg andar etter natte-timen,
eg både deg og dagen møter att.

Sig, du sol, – eg elsker denne timen.
Han var meg alt frå ungdoms-våren kjær.
Han tek meg meir og meir om hjarteroti,
dess meir eg livsens soleglad kjem nær.

Sig, du sol, – om vekjømd fyller hugen,
det alltid kom eit daggry etter natt.
Og – når det siste solfall eg hev skoda,
for Kristi skuld eg paradys hev att.

So ser eg på nytt eit soleglad

So ser eg på nytt eit soleglad, –
ho lognt over åsen glimar.
No stilna er fuglens klåre kvad,
i stavstille aftan-timar.
Eg takkar min store Gud og Far
når kvelds-klokkor klåre kimar.

I livet so mang ei solfalls-stund
eg minnest frå ungdomsvåren.
Då teken eg stod i hjartans grunn
og såg denne gullglans-klåren.
Å herre, når eg mitt solfall ser.
må eg til din dag bli boren!

So seier du atter sol, farvel

So seier du atter, sol, farvel,
og ned attom åsen dalar.
Du sender ditt vakraste fargespel
frå vesterheims høge salar.
Kvar gong du i synsrandi glør og brenn,
du stilt til mitt hjarta talar.

So gjeng du ifrå oss enn ein gong
ditt andlet bak åsen gøymer.
Og skuggane fell på voll og vang,
og jordi ligg still og drøymer.
Hav takk, trugne sol, at du kjem att.
Då ljøs over verdi strøymer.

Ein gong skal mi livssol òg gå ned, –
det er no vår visse lagnad.

Men, Jesus, er du i døden med,
då skal det å nyo dagna.
Då sæl skal eg bu i livsens land
og syngja i evig fagnad.

Eg ser dette fagre og festlege spel

Ein dag er no enda, og aldri kjem att.
Det skymest so smått, og det nærmar seg natt.
Eit solfall so stilt sneider dagen vår av.
Eit tidsmål rann ut i eit ævedjupt hav.

Men kvelds-kvelven gløder og glimar eit bel.
Eg ser dette fagre og festlege spel.
Og lysningi held seg ei stund der i nord.
Ho varslar: det atter vert morgon på jord.

Men dagen som døydde, han minner meg vårt:
Du nøye må nytta den soldagen bjart!
Eingong vert det kveld, – då er arbeidet slutt.
Å, nytta då vel kvar ein kostbar minutt!

No glim det berre eit ørlite gull

No stend eg, som tallause gonger før,
og ser på eit solefall.
So underleg er det når dagen døyr.
Eg høyrer eit heilag kall.

Ja, tusundtals sol-stunder hev eg alt fått, –
mon tru det er mange igjen?
No tankefull stend eg ved skogen og spør.
Og soli i synsrandi brenn.

Sjå, no glim det berre eit ørlite gull, –
bak åsen seg gøymer òg det.
So – no er det burte; det døydde ein dag.
For soli hev no gjenge ned.

Sig, du sol, og døy, du dag!

So lang ein dag frå gry til kveld,
og kvar sekund eit solskins-vell
i får det høge båra,
men no det glør eit gull i vest,
so endar denne juni-fest,
då livet skein forklåra.

So sit eg i ein furulund
den siste, stille solglim-stund.
Kor vent i vest ho glitrar!
Og bjøllor læt i lidi der, –
den låten er frå gamalt kjær.
og kveldens fuglar kvitrar.

So sig, du sol, og døy, du dag,
til aftan-vindens mjuke drag!
Og kverv, du gull som glimar!
So langt det var til kveld frå gry.
Snart renn ein juni-morgon ny.
Høyr – høgtids-klokkor kimar!

Imedan dagen brenn

No sneider solefallet av
ei gyllen tidar-snor.
Det sig eit stykke gull i hav.
det kveldar på vår jord.

Slik hev det hendt i tusund år,
slik vil det halda på
til tidar-målet ende får.
Kor lenge mon til då?

Det minner meg, kvart solefall, –
og sterkt det tek meg enn:
Du fylla må ditt høge kall –
imedan dagen brenn!

Eg saknar solnedgangen

Eg saknar solnedgangen, –
so gjerne vil eg sjå
den skire, gylne skiva
ned attom skogen gå.

Eg såg so tidt den syni,
og alltid tok ho meg
so underleg om hjarta,
og enn ho mildt meg dreg.

Men tidt ein veg vil stengja
for denne syni skir.
Eg saknar solnedgangen
med rosa og safir.

So lengtar eg til landet
der ingi stengsla er.
Der fullt og fritt eg andar
i ljøsens sæle verd.

So søkjer eg den siste skimt

Den solfall-syn som no eg ser,
ho meir og meir for meg vert kjær.
So mektig er ho, still og stor.
So dyr ein dag ifrå oss før.

So søkjer eg den siste skimt.
So fangar eg den siste glimt.
So døyr ein dag, so stor ein skatt.
Eit hav som brenn, – so er det natt.

Kvar sky er ei skinande skute

No døyr det ein dag derute,
der soli gjekk stilt i hav.
Eg sit attom stova si rute,
med takk for den dagen Gud gav.

No sloknar ein dag der ute,
der soli hev nyst gått ned.
Kvar sky er ei skinande skute,
og inn strøymer kvelden sin fred.

So sloknar ein dag omsider.
Kor mange mon tru er att?
Og ut imot æva det lider.
So takk, Gud, for voni sin skatt!

So ser eg ut mot vesterheimen

So ser eg ut mot vesterheimen,
der soli glør i gullglans klår.
Han er so god og gild, den glimen,
i hausten sein, i tidleg vår.

Frå dag til dag det vell og bårar,
so blankt at auga let seg att.
Men mot mi kinn so varmt det strøymer,
den sylvglans-skire solskins-skatt.

So ser eg ut mot vesterheimen, –
kvar avdags-eld meg stilt ber bod.
Det ventar meg eit evig lysvell.
For Gud er kjærleik, Gud er god.

So ser eg ut mot vesterheimen,
der dagen nettopp er gått ned.
Det land som logar opp derute,
meg minner om Guds fryd og fred.

Takk for solnedgangen, Gud!

Takk for solnedgangen, Gud!
han tok meg år for år.
Og enno eg kvart solefall
i hugen teken står.

Takk for solnedgangen, Gud!
So mangt han lærde meg,
og eit og anna kviskrar enn
når dagen frå oss dreg.

Takk for solnedgangen, Gud,
og for den fagre eld
som me ikring ei synsrand still
ser loga opp kvar kveld.

Takk for solnedgangen, Gud,
det fine fargespel,
for voni om ein evig dag!
Kor eg er rik og sæl!

MED STAV I HAND

Kvifor er eg so glad?

Det ollar ei gledekjelda
djupt inni barmen min.
Eg høyrer ho surla og vella.
og kveldssoli kysser mi kinn.

Kvi kan eg so glad meg kjenna,
i tidi so tung og trist?
Eg morgonsoli såg renna.
Og so fann eg livsens kvist.

Men kor kan so glad du vera?
Du bur då på dødsens øy!
Jau, den som vil krossen bera,
skal aldri æva døy! –

Eg takkar Gud som gav meg stav i hand

Eg er på vandring i ei under-verd,
og for kvar dag eg æva meir kjem nær.
Ei kveldsstund endar ferdi mi på jord.
Å, må eg benkast då ved himlens bord!

Eg takkar Gud som gav meg stav i hand
og bad meg ganga til det gode land.
Du lyt meg vara på min vande veg,
so fri og sæl ein dag eg møter deg!

Er livet her so løyndomsfullt og kjært, –
trass alt som tyngjer og er sårt og svært, –

kva trur du ikkje då det vert eingong
når byrja er den sæle sigers-song?

Eg gruar for den siste bakkekneik,
men set min von til han som aldri sveik.
Han vil meg møta i den siste dyst
og losa meg i land på livsens kyst.

Framføre drog so mangein kjend og kjær.
Kor underleg at ikke dei er her!
Eg saknar deim, og mest då far og mor,
mi gilde syster og min vesle bror.

So gjeng eg vidare min pilgrimsgang.
Den siste stubben kan 'kje vera lang.
Å, for ei stund når herifrå eg fer
og ser den nye, ljose, sæle verd!

Ein sumarsdag når soli mot meg lær
og ljuve blome-angar mot meg slær,
imot meg strøymer solvarm sunnanbris, –
då minner jordi meg om paradis.

Men når so stormen sjogar ifrå nord
og eg min båt i natte-myrkret ror,
og døden røver frå meg mang ein skatt,
kor stort å tru: eg hev det beste att!

Hav takk for alt ifrå unge år!

Hav takk for alt ifrå unge år
til no eg andar i haustens timar!
Du signa, Herre, min fyrste vår,
og enn di kjærleiks-sol mot meg glimar.

Hav takk for dogg over hjartans jord,
som ljuvleg svala mi livsens lilja!
Takk, Herre, takk at det enno gror,
at ingen ting fekk frå deg meg skilja! –

Hav takk at tidleg du kalla meg,
so dag for dag eg med deg fekk leva!
Om tidt eg snåva på livsens veg,
det var di gleda: meg miskunn gjeva.

Hav takk for alt, – det er meir enn stort
at eg fekk vandra med Gud på ferdi!
Og når frå jordi eg so gjeng bort,
eg vaknar glad i den gode verdi.

Gud har ein plan med ditt liv

Gud har ein plan med ditt liv;
han tenkte so kjærlege tankar.
For han har deg inderleg kjær,
hans hjarta so varmt for deg bankar.

Gud har ein plan med ditt liv:
han framtid og von vil deg gjeva.
So lat han få visa deg veg!
Då fær du i livs-straumen leva.

Gud har ein plan med ditt liv,
ein plass berre du no kan fylla.
So lat han få leida deg dit!
Hans signing skal livet ditt gylla.

Gud har ein plan med ditt liv;
eit verk skal for honom du gjera,
og sidan hans herlegdom sjå,
i æva ein sigerskrans bera.

Takk!

Takk for det liv du gav oss, Gud,
himlen som hvelver seg over!
Takk for det rene rettferdsskrud,
løftet som salighet lover!
Takk for den sol som gullglans sprer,
takk at det lysner mer og mer
mens vi oss livslandet nærmer!

Takk, Herre, takk for grunnen god,
berget der trygt vi får bygge!
Takk for det dyre soningsblod,
takk for den svalende skygge!
Takk for en åpnet himmeldør!
Takk at med frimod nå vi tør
nærme oss himmelens trone!

Takk at du selv hver dag er nær,
følger på pilegrimsferden,
trygt oss på farderarmer bær,
styrer vår fot gjennom verden!
Sistpå, ved enden av vår vei,
tar du oss salig hjem til deg.
Da skal vi evig deg love.

Herre Krist, du til oss kommer

Herre Krist, du til oss kommer
når vi kaller på ditt navn, –
som en venn og ei en dommer, –
møter oss med åpen favn.

Herre Krist, på deg vi kaller,
trenger at du kommer nær,
når det gryr, når mørket faller.
Du vårt skjold, vår styrke er.

Kristus, du er alt vi trenger;
du må ikke fra oss gå!
Skal vi vandre veien lenger,
må du ved vår side stå.

Herre Krist, du til oss kommer
når det kvelder her på jord,
tar oss til en evig sommer,
til den klarhet hvor du bor.

Han ynskjer deg velkomen

Jesus ynskjer deg velkomen
til den store bryllupsfest.
i dei lyse himmelhallar
skal du vera vel-sedd gjest.

Jesus ynskjer deg velkomen
til ein dag med fryd og fred.
Sjølv når sorg og strid deg møter,
hjarta ditt i Gud seg gled.

Jesus ynskjer deg velkomen
til eit heilagt venelag,
til å virka i hans vingard
medan det er ljøs og dag.

Jesus ynskjer deg velkomen
til ei sol som aldri sig.
Når ein gong for deg det kveldar,
livsens sol for alvor stig.

Den som kommer til Ham

Den som kommer til meg, sa vår Mester,
ham viser jeg slett ikke bort.
Å, så kom da frimodig til Jesus,
gå inn gjennom gudsrikets port!

Den som kommer til meg, – lød hans hilsen, –
den støter jeg slett ikke ut.
Derfor kan du deg nærme Guds trone
med synder og sorger og sut.

Om du kjenner deg arm og uverdige,
har syndet i smått og i stort,
minnes da: om du kommer til Jesus,
han vil ikke støte deg bort!

Han har selv med sitt hjerteblod sonet
all synd du i livet har gjort.
Derfor kan du til Frelseren komme.
Han støter deg slett ikke bort.

Takk for kjelda!

Gud, ver meg syndar nådig,
og tilgjev all mi skuld!
Eg er so arm og urein;
av miskunn du er full.
Eg hev ditt hjarta såra,
eg brøte hev ditt bod.
Å Herre, ver meg nådig
for Jesu dyre blod!

Hav takk for denne kjelda
som alltid ollar fram!
Du dagleg let ho vella

mot all mi synd og skam.
Eg veit 'kje onnor berging;
men det er nok for meg.
Rettferdiggjord av nåde
ned til mitt hus eg dreg.

Gud, ver meg syndar nådig!
Av hjartans grunn eg bed.
Di åsyn mot meg lyse,
og fyll min hug med fred!
Og lat i domens time
meg standa i ditt skrud!
So skal eg i all æva
høglova deg, min Gud!

Båten ber!

Havet er stort, og det stormar so tidt
på livet si vågsame ferd.
Du som hev teke din Frelsar om bord,
skal finna at båten din ber.

Ute på djupet – so langt ifrå land –
du ottast, og angestfull er.
Stort då å minnast: med Jesus om bord
du merkar at båten din ber.

Eingong gjeng soli i livshavet ned;
den evige strandi er nær.
Brotsjøar brusar, – med Jesus om bord
din livsbåt i bygjone ber.

Når me so stend på den himmelske strand,
minnest den tidi som var,
då skal me æveleg lovsyngja Gud
at båten på livshavet bar.

Han ber deg heilt heim

Jesus vil bera deg like heim,
aldri han slepper deg.
Han som deg lyfte på herdane opp,
ber deg den heile veg.

Jesus vil bera deg dag for dag,
verna di dyre sjel,
gjeva deg alt det som hjarta ditt treng.
Då er du trygg og sæl.

Jesus vil bera deg stund for stund,
alt til du heime er.
Då skal det tona ein jublande song,
evig i livsens verd.

Eg skal ikkje døy – eg skal leva!

Eg vil ikkje visna og veikna,
som blommar og blokkor og høy!
Eg vil ikkje blåna og bleikna,
eg vil ikkje dåna og døy!

Eg vil ikkje falma og folna,
som graset i haust-vinden kald!
Eg vil ikkje kvitna og kolna
og isna i døden sitt vald!

Men alle lyt døds-draget fylgja;
for alle gjeng dagen mot kveld.
Til sist vert av døden si bylgja
me dregne dit skuggane fell.

Eg ser imot aust, – morgonrøden!
Det demrar ein æveleg dag.

Høyr, Frelsaren vann over døden!
Og livet hev vunne sitt slag.

Eg skal ikkje døy, eg skal leva!
Nei, aldri skal døden eg sjå.
Sin siger vil Kristus meg gjeva.
Og sæl skal eg livslandet nå.

Eg må 'kje ta feil av vegen!

Eg gjeng gjennom livet ein einaste gong,
igjenom den farlege verdi.
Og stundom er stigen so bratt og trong,
og difor so alvorsfull ferdi.
Eg må 'kje ta feil av vegen.

Eg minnest at *ein* hev gått vegen for oss,
og blodsdropar draup der han trødde.
Til sist gjekk hans veg til ein pinefull kross, –
på Golgata blods-kjelda flødde.
Han tok ikkje feil av vegen.

Min Frelsar, so vil eg slå fylgje med deg.
Då veit eg at lukkast skal ferdi.
Til livlandet gjeng då min mang-slungne veg,
den evige, sollyse verdi.
Med Jesus skal livet lukkast. –

Bryt ikkje livsens lover!

Bryt ikkje livsens lover, –
då bryt du di sjel i sunder!
Då brotnar den venaste blomen du eig,
bygd ved eit skapar-under.

Bryt ikkje livsens lover,
som lagdest av Gud i æva.
Då brotnar eit tempel i barmen din.
Tungt vert det då å leva.

Bryt ikkje livsens lover, –
for då gjeng di sjel til spille.
Då endar du utanfor livsens straum.
Evig det gjeng deg ille.

Me skal få skjøna det sidan!

Me møter so mykje på livet sin veg
av tungt og av trist og av sårt.
Men når me omsider frå jordlivet dreg,
då skal me få skilja det klårt.
Ja, me skal få skjøna det sidan.

Når skyer dreg opp, det vert audsleg og kaldt,
me veit ikkje inn eller ut,
då hev me ein Frelsar som råder for alt;
han snur til velsigning vår sut.
Og me skal få skjøna det sidan.

Kor stort å få minnast frå år og til år
at Faderens auga oss ser.
Det me ikkje skjønar, so vel han forstår,
og allting til gagn for oss skjer.
Og me skal få skjøna det sidan.

Heime – heime!

Heime hos Jesus, – kor godt det skal bli
å sjå han eingong som han er,

få vera hos honom til æveleg tid,
og vera ved livskjelda nær!

Heime hos Jesus, – der kvila er sæl.
Ja, der kan eg kvila meg ut.
Kor stort å få kjenna at allting er vel!
For evig er sløkt all mi sut.

Heime hos Jesus, – men minnast eg må:
Alt no er eg heime hos han,
i fare og fryd kan til Frelsaren gå,
og vermast ved kjærleikens brand.

Heime hos Jesus, ein æveleg vår!
Der er ingi natt, ingi nød.
Med song i mi sjel eg til livskjelda går
og veit ei av visning og død.

Heime hos Jesus, – kor stort at eingong
eg òg skal i paradís stå!
Då syng me vår Frelsar ein æveleg song.
For hans skuld me himlen skal nå.

Han tek seg av den eine

Jesus tek seg av den eine,
som om ingen andre var.
Han har tid for deg når hine
tid og time ikkje har.

Jesus tek seg av den eine,
nett som doggi glitreklår
i den stille sumars-stundi
heile morgonsoli får.

Jesus tek seg av den eine;
om du minst av alle var,
vil han møta deg med kjærleik
som ein trufast bror og far.

Jesus tek seg av den eine.
Sæl kvar ein som går til han!
Dag for dag han vil deg leida
til du når det gode land.

”Då räcker inte famnen till”

I broderlandet vårt i aust
ei liti møy det eingong var.
Og so ein dag dei spurde ho:
”Kor glad er du i mor og far?”

Då armane ho tøygde ut
so langt ho vann, med desse ord:
”Så glad är jag i far och mor!”

”Kor glad er du i Frelsaren?” –
Ho stod der lys og god og mild,
og tøygde armane, gav opp:
”Då räcker inte famnen till.”

Nei, vesle famnen ”räcker” ei.
Ei ævelengd me hava lyt
skal me i takk få tolka rett
den kjærleik som frå krossen flyt.

Er det verkeleg sant?

Er det verkeleg sant at vår Frelsar er her,
at han herleggjord millom oss går?
Ja, den lovnad han gav: Han vil vera oss nær.
Med velsignande hender han står.

Å, kor sælt: det er ein som hev sigra for oss
og som levande millom oss gjeng!
Han forsoning og fridom oss vann på sin kross.
Og no gjev han oss alt det me treng.

I det heilage samfunnet kjem han oss nær,
og i nattverdens salige stund.
Han går med når på vegen me einsame er.
Han er med i kvart ord frå sin munn.

Når livets regnskap skal gjøres opp

Når livets regnskap skal gjøres opp
og ut er runnet den siste sanden,
hvor stort å minnes: i dommens stund
da gjelder for meg en annen!

O Jesus, gjem meg hver dag i deg!
Din død, ditt blod, la for meg de gjelde!
For mine synder, fra år til år,
er flere enn jeg kan telle.

Ja, la meg finnes den dag i deg,
når bøker åpnes og dom kunngjøres!
Et evig ”frikjent” skal lyde da.
Til livets kilde jeg føres.

Sjå Gud

Sæle dei reine av hjarta, –
Herren, vår Gud, skal dei sjå.
Fagraste mål som i tid og æva
ein mann kan nå.

Tenk når me Herren fær skoda!
Fram bryt av fagnad ei flod.
Då i all æva det syng og tonar
at Gud er god.

Det er den sværaste lagnad, –
aldri han timast meg må:
Gjennom dei tallause ævelengder
ei Gud få sjå.

Tidt her i venteromet
lengta og stunda eg må, –
lengtar so sårt til den store stundi
eg Gud fær sjå.

EVIG ER LIVSENS BLOM

So stor er Gud

So stor er Gud –
han strødde stjernesveimar,
uteljande som alle strenders sand.
Han tendra soler i dei djupe heimar,
og i si likning dana møy og mann.

So stor er Gud –
han tende livsens loge
i fugl og fisk, i tre og blad og blom.
I skyi sette han sin lovnads-boge
og forma underfullt dei små atom.

So stor er Gud –
kvar skapning kan han minnast,
ja, kvart eit korn, kvart hovudhår er talt.
I verdi vid eit fjom kan ikkje finnast
som Gud hev gløymt, nei, han veit om det alt.

So stor er Gud –
han stjerneheimar styrer,
og mikrokosmos, denne vesle verd.
Han leider alt som ovrar seg og yrer,
og fram i fylking fører allheims hær.

So stor er Gud –
sin eigen Son han sende
då Adams ætt si krone hadde mist.
Då alt var tapt, han morgonstjerna tende.
På Golgata det rann ein livsens kvist.

So stor er Gud –
sjå, alle våre tider,
kvar dag og time, er i Herrens hand.
Han vaktar oss mens det mot æva lider,
til me stend berga på den lyse strand.

So stor er Gud –
sitt folk han fram vil føra
til siger gjenom storm og brott og brand,
med himmel-olje kjærleiks-elden nøra, –
når allting endar, lysa oss i land.

So stor er Gud –
han råder i all æva,
i allmakt, æra, herlegdom og glans.
Der sæle me i paradisk skal leva.
Og kring vår panna strålar livsens krans.

Gud troner over verden

Gud troner over verden
i evig majestet,
fra sekel og til sekel er den samme.
Og jorden er en avglans av Herrens herlighet
som tente lysets klare himmelflamme.

Enn intet jordisk øye
har sett hans guddomsglans;
hans vesens dyp vi dog i Sønnen skuer.
En kjærlighet og renhet som overgår all sans,
ifra hans edle åsyn alltid luer.

Og engang skal vi se ham,
vår konge, som han er,
i evigheters evighet tilbede.
Der får vi alltid ånde ved livets kilde nær,
og tjene ham i salighet og glede.

Gud tenkte so fagre tankar

Gud tenkte so høge tankar:
Han ville skapa ei verd.
Og krana på alle under
eit menneske er.

Gud tenkte so store tankar:
Han ville skapa ei jord,
med endelaus himmel over,
ved allmakts ord.

Gud tenkte so sæle tankar,
før tidi, i æve-år. –
Han ville eit rike byggja,
der lyset rår.

Gud tenkte so fagre tankar,
og tanken i verk vart bytt.
Han frelste den falne skapning.
Han alt gjer nytt.

Gud tenkte so rike tankar,
om under i nord og sud.
Eg andar i livsens rike.
Takk, store Gud!

Fader vår

Som ein brus av tusund kor
ustanseleg det stig frå jord
ei bøn som fram til truna når:
Fader vår – !

Frå ætt til ætt, i alle land,
frå ung og gamal, møy og mann,
ein havmarm-brus frå år til år:
Fader vår – !

Frå land der sol or havet stig,
frå folk der ho i havet sig,
ei bøn frå tusund tungor går:
Fader vår – !

Og eingong, på den store dag,
frå alle land og folkeslag
i æva mot Guds truna går:
Fader vår – !

Då stråla eit lys i natti

Me vandra i dødsskugge-dalar,
og myrkret var tett og svart.
Då stråla eit lys i natti, –
den stjerna var skir og bjart.
Den strålande stjerna er Jesus.

Vår verd er som midtvinters-natti,
so skum og so myrk og kald.
Demonane rår og rikjer, –
vår ætt er i dødsens vald.
Men Jesus er morgonens stjerna.

Fær Jesus på landet vårt lysa
og skina frå nord til sud,
fyrst då er det dag i Noreg,
fyrst då vert det vår frå Gud.
For Jesus er lyset og livet.

Fær Jesus i hjarta vårt skina,
fyrst då vert det høglys dag,
ein dag som skal evig vara,
med livet sin Gud i lag;
i lyset sitt evige rike.

Stål-ringen sprengt

Syndens og dødens jernharde lov
er av en annen brutt.
Stålringen sprengtes av Jesus Krist.
Nå er dens velde slutt.

Fanget vi var som fuglen i bur,
bastet i sterke rep.
Fengsels-cellen var mørk og trang;
iskaldt var dødens grep.

Seierherren fra livslandet kom,
brakte oss livets bud.
Syndens og dødens lov han brøt,
gav oss igjen til Gud.

Snaren, den brast, en fugl ble fri,
stiger med sang mot sky,
tilber vår Frelser til evig tid.
Dagen ble ung og ny.

Eg gled meg til jul

Eg gled meg til jul,
som i barndomens år,
endå det no
skin sylv i mitt hår.

Eg gled meg til jul, –
då eg barn blir igjen.
Betlehems-stjerna
enn bliktar og brenn.

Eg gled meg til jul, –
då eg barn blir på nytt,
endå mi ungdomstid
frå meg hev flytt.

Eg gled meg til jul,
som då liten eg var,
heime hjå sysken,
hjå mor og hjå far.

Eg gled meg til jul,
enn i livet sin kveld.
Vonfull og barneglad
høgtid eg held.

Atter jul!

Atter skal me glade høyra
klokkeklangen over jord,
atter tonar for vårt øyra
englebod og himmelord.

Atter eingong skal me kveda
dette sæle julekvad

om den store, rike gleda:
Frelsaren i Davids stad.

Atter skal den songen tona
over verdi myrk og mødd:
No me fegnast kan, og vona;
for – ein Frelsar er oss fødd!

Atter skal me Herren lova,
at han soloppgang oss gav,
syngja om den store gåva, –
song som aldri stilnar av.

Og så er det jul på jord!

Og så er det atter jul på jord, –
så lenge fra første gangen!
Men enn lyder himlens lyse ord,
og enn toner englesangen.
I årets mørkeste vintertid
en stjerne stråler så bjart og blid.

Og så er det atter jul engang, –
hvor stort at på ny den kommer!
Så sælt å få høre himlens sang,
som varsler en evig sommer!
I årets mørkeste vinternatt
vi loves livets og lysets skatt.

Og så er det atter julens fest, –
det beste vi vet å nevne.
Da kommer han selv, den høye gjest;
han setter på ny oss stevne.
Tross vinterkulden er hjertet glad.
Vi synger seirens og håpets kvad.

Og så vil vi gå til Betlehem,
med hyrder og vismenn fromme.
Der finner vår sjel sitt rette hjem, –
hvor stort at vi dit får komme!
For Barnet kneler vi stille ned.
Så går vi glade vår vei, i fred. –

Perla, skatten – alt du vinn!

Rom for Jesus! – opna døri
for den høge himmelgjest!
Då du vert eit heilag tempel;
på di sjel stend Jesu stempel.
Då tek til den store fest.

Rom for Jesus! lat din konge
koma i ditt hjarta inn,
helsa deg med fred og fagnad!
Lys og god vert då din lagnad;
perla, skatten – alt du vinn.

Rom for Jesus! – han skal hyllast
no og inn i æva all.
Kom, vert med i sigerskvadet,
æve-song av røyster glade!
Rom for Jesus! – følg hans kall!

Dei lysaste ord – den sælaste song

Dei lysaste ord
som nokon hev sagt
på den eldgamle jord,
dei lydte den natti
då englane kvad
og hyrdingar hasta

til Betlehems stad:
Oss fødd er ein Frelsar!
Du jord, ver no glad!

Den sælaste song
var den som av englar
vart sunge hin gong.
Men enn vert han nynna
av mann og av møy,
ved høgfjell og hav,
på den storm-slitne øy.
Og aldri i æva
den songen skal døy.

Den finaste fryd
er den som oss
julenatt- bodskapen byd.
Den gleda skal glitra
so solrein og klår
vår livstid til ende,
i æva sitt år.
All skapningi høglovar
Frelsaren vår.

Evig er livsens blom

Vår Frelsar vart fødd
i so trong ein stall,
og lagd i eit krybberom.
Men barnet voks til,
og ein gut vart til mann.
Og krybba er longe tom.

Vår Frelsar vart nagla
til krossens tre, –
til løn fekk han denne dom.

Då kvelden so kom,
tok dei honom ned.
Og krossen er longe tom.

Vår Frelsar vart lagd
i den nye grav, –
der visna låg livsens blom.
Men påskedag sprengde han
dødsens band.
Og gravi er longe tom.

Men Frelsaren opp
til sin Fader før, –
og råder i herlegdom.
Han himmelen fyller,
og all vår jord.
Og evig er livsens blom.

Det saligste ord fra korset

Det saligste ord fra korset,
det største som noen har sagt,
det lød fra en døendes lepper.
Han ropte sitt sterke ”fullbrakt!”

Vår frelse er fullendt og ferdig,
og døden i lenker er lagt.
Nå toner det utover verden
et seierens ”det er fullbrakt!”

Nå paradisoporten er åpen,
og veien til livet er lagt.
Så går vi med sang imot solen,
i kraft av et evig ”fullbrakt”.

Når så vi omsider er hjemme,
og jordlivet bak oss er lagt,
da evig vi lovsynger Jesus
fordi han har allting fullbrakt.

Det vart nagla eit skuldbrev til korset

Det vart nagla eit skuldbrev til korset;
der stod skrive all verdi si gjeld.
Tungt var det henne å kvitta.
Blodsdropar dryp og fell.

Det vart flerra eit skuldbrev på korset.
So er gjeldi, den dryge, betalt.
Kvide og kval hev det kosta.
Fullt vart det ei fortalt.

Å, so lyfta ditt auga til korset!
Det var ein som betalte for deg.
Skuldfri du er på hans rekning.
Vandra med von din veg!

Med klunger kring panna

Då Frelsaren døydde på Golgata kors
då døydde eg ogso med han.
Då påskedags morgon han steig or si grav,
då var det min siger han vann.

Då Frelsaren døydde på Golgata kors,
då døydde han ogso for meg.
So gjekk han i himmelens herlegdom inn,
og opna til livslandet veg.

Med klunger kring panna og sveitte av blod,
med naglar i fot og i hand
all verdi sitt skuldbrev i sunder han reiv
og sprengde sjølv døden sitt band.

Og difor på Golgata kvila eg finn.
Der ser eg mi sak er gjord god.
Og difor i æva eg lovsyngja skal
Guds Lam, som for meg gav sitt blod.

Brødet

Et korn ble lagt i vårens muld.
Det spirte mens det døde.
I høsten lyste det som gull.
Nå gir det livsens føde.

Et hjerte brast på Golgata.
Da hvetekornet døde.
Til evig signing ble det da.
For det ble himmel-brødet.

Takk, Herre, takk for livsens brød,
som salighet oss bringer!
Det berger oss fra evig død,
og mørkets makt betvinger.

Takk, Herre, takk for daglig brød!
Det gir oss marg og helse;
det frier oss fra hungersnød.
Mest takk for fred og frelse.

Takk, Herre, takk for kornets brød.
ha takk for himmelføden!
Nå har vi lys, i natt og nød.
Nå har vi liv i døden.

Det er pinse på jord

Kved no i kor!
Det er pinse på jord,
bløming og liv utan like.
Vårdagen rann,
over vinteren vann.
Slik sigrar himmelens rike.
No er kvar dag som ein glimestein,
funklar som soli so skir og rein.

Vårfuglar kved, –
dei i dagen seg gled;
du òg, mi sjel, må deg fagna!
Pinse det er;
Heilag-anden er nær.
Å, for ei frygd, for ein fagnad!
Livet hev vunne ved Jesus Krist.
Æveleg vår vert vår lut til sist.

Helheimens makt
no i lekkjor er lagt;
kristus hev sona og vunne.
Gud hev oss kjær,
er i Anden oss nær,
hev oss til himmelen bunde.
Paradis-arven er kjøpt med blod,
vegen er open, vår sak er god.

Syng då i frygd,
i kvar by, i kvar bygd!
Pinse det er over jordi.
Himmelens vår
i Guds rike no rår;
snart dukast paradís-bordi.
Høyr kor det tonar, det syng, det kved!
Kristne, ta tonen, – i Gud dykk gled!

Tidi vår er himmelblid

Tidi skrid, tidi lid,
tidi vår er himmelblid.
For med kvar ein dag som går
ber det ut mot livsens vår.

Vaka då stødt me må,
fram mot morgongryet sjå.
Tidi går, år for år, –
snart me æve-landet når.

Jesus Krist, han for visst
heim oss føra vil til sist. –
Gud skje takk for tidi no,
og for von om æva god.

Paradis-vegen er opna igjen

Paradis-vegen er opna igjen, –
kjerubar med logande sverd
longe er farne, – dei stend ikkje der.
Livselvi strøymer og renn.
Frelsaren, Kristus, med naglemerkt hand
opna oss vegen til paradis-land.

Livstreet lyser der inne på nytt, –
og vegen er open og fri.
Me frukti fær nyta til æveleg tid;
døden i livet er bytt.
Frelsaren, Kristus, hev smaka vår død;
han sjølv er det levande, himmelske brød.

No er ein røyndom den paradis-draum
som slokna ved Adam sitt fall.

Sigrande eingong i himlen me skal
oss lauga i livet sin flaum.
Gråt ikkje lenger, turk tåra di av!
Tilbed den Frelsar som blodet sitt gav!

Paradis-porten vidopen står

Jesus hev opna til himmelen veg, –
å, det er endelaust stort!
Døden han smaka for deg og for meg,
opna den attstengde port.

Jesus hev opna ei kjelda so klår, –
alle kan lauga seg der,
tvættast frå synder og lækjast for sår.
Gud er i nåde oss nær.

Ja, han hev opna ein levande veg,
inn til ein æveleg dag.
Vonfulle, vakne mot målet me dreg.
Kristus, vår Herre, held lag.

Paradis-porten no vidopen står, –
vegen til livet er fri.
Fram får me stemna mot framtid og vår,
fagnad til æveleg tid.

Brorskapens blom

Bare i Kristus faldar
brorskapens blom seg ut.
Der kan 'kje hatet sitt ugras
trivast hjå møy og gut.

Ja, fekk den Herre Jesus
råda i alle land,
skulle 'kje krigsbålet brenna,
hatet sin heite brand.

Fager er kjærleikens loge,
brorskapens klåre eld.
Sælt er det liv der denne
ljøsken på hjarta fell.

Kristus bind hjarto saman,
ætter og folkeslag.
Der han med milde råder,
demrar den nye dag.

Kor stort at me enno hev lyset!

Kor stort at me enno hev lyset,
so vegen til livet ligg klår!
Kor stort at kvar dag me kan vandra
til himmelens paradisk-vår!

Kor stort at me enno hev dagen
og soli som strålar hit ned!
Kor stort at enn tindrar den stjerna
som signar med nåde og fred!

Kor stort at me enno hev voni
om paradiskdagen hjå Gud,
der evig og alltid me fegnast
i lyset og livet sitt skrud!

Tro – håp – kjærlighet

Det beste vi i verden vet,
å, gi oss det i eiel
Gi tro og håp og kjærlighet
på alle livets veie!
Da kan vi gå med freidig mot
når kun vi eier troen
på ham som gav sitt hjerteblod
og bygde himmelbroen.

Så godt det er hos Gud å bo;
der er vi riktig hjemme.
Med kjærlighet og håp og tro
vi sorgene kan glemme.
I håpet glad vi skuer frem,
for himlen er vårt rette hjem.
Så seirer vi, tross nøden.

En evig rikdom vi oss vet, –
den fryder oss på ferden,
Med tro og håp og kjærlighet
vi overvinner verden.
I Kristus eier sjelen ro,
i hjertets dyp bor freden.
Hver dag fornyes håp og tro.
Men størst er kjærligheten.

Tri stjerner

1. Korinterbrev 15, 42-43

Ein lekam vert lagd som eit nake korn
i gravi sitt tronge rom.
I vanæra vert det i moldi sådd, –
stend oppatt i *herlegdom*.

Ein lekam vert lagd i den myrke grav,
i vanmakt – men soli renn.
Når luren då ljomar den siste dag,
i *kraft* han då oppatt stend.

Ein lekam vert lagd i den kalde grav;
han smuldrar som blad og blom.
Men eingong han atter or moldi stend,
i *livs-uforgjengelegdom*.

Hav takk, store Gud, for dei stjernor tri, –
dei strålar i livsens natt, –
for håpet om æveleg påskehelg!
Den von er min hjartans skatt.

Æva er meg nær

Når kveldens himmel glør og brenn,
eg tankefull og teken stend.
Det kvelds-land eg ser lysa der,
meg minner: æva er meg nær.

For kvar ein kveld eg nærmar meg
mitt solefall eit lite steg.
Gud, gjev i miskunn at eg då
det gode land og Deg fær sjå!

Eg er på veg til eit evig land

Eg er på veg til eit evig land, –
å, Frelsar, tak då mi litle hand. –
Og leid meg til trygt eg lendar
på himmel-strandi, der alt er vel!
Å, Jesus Kristus, kor eg er sæl
når ferdi i Eden endar!

So snøgt slær hjarta dei stille slag,
og sakte dalar min livsens dag.
Ei kveldstund, so må eg flytta.
Å, Herre Krist, for ditt dyre blod
eg hev eit hugheilt og vonfullt mod:
Eg døden i liv skal bytta.

So må eg nytta kvar kostbar stund,
mens enn eg vankar i livsens lund,
og auga mot Eden venda.
Ja, eg vil onna til sol gjeng ned,
og sistpå fara herfrå i fred, –
og glad i Guds himmel lenda.

SYNG UNDER STJERNENE

Det som syng i ditt sinn

Det som syng i ditt sinn i den nye dag,
det vil liggja og skjelva i hjartans slag.
Tak då tonen frå himlen når dagen er ung!
Han vil letta deg børi i bakken tung.

Det som syng i ditt sinn i den seine kveld,
det vil fylla din hug med eit signings-vell.
Syng då songen om Jesus når det vert natt!
Dette kvadet gjev hjarta den sanne skatt.

Det som syng i ditt sinn i dei unge år,
det vil tona når ut du or verdi går.
Gjev då songen om Jesus i hjarta rom!
Han vil fylla di framtid med herlegdom.

Det er som ein føn-vind frå sud

Det gjer so godt med eit takkens ord, –
det er som ein fønwind frå sud.
Då djupt der nede i hjartans jord
ei gledelilja so vakkert gror.
For takki er skapt av Gud.

Det gjer so godt når du seier mildt:
Ver gild og tilgjev meg, min bror! –
og so den andre deg svarar stilt:
Eg gløymer alt som er vondt og ilt. –
Då er det ein himmel på jord.

Men best av alt i den vide verd
er ordi frå himmelens Gud:
For Kristi skuld du no tilgitt er;
frå æva av hev eg hatt deg kjær. –
Det er som ein solvind frå sud.

Kor stort å vera til!

So lang ein dag frå gry til kveld
når soli skin på stille fjell,
på himmelduken rein og blå.
Det er so vent eit syn å sjå.

Om dagen døyr og soli glar,
eit evig liv hjå Gud eg har.
Å, for ei gåva rik og gild!
Å, du kor stort å vera til!

Vert leidi lang, vert stigen stutt,
so er då ikkje vegen slutt.
Då byrjar æva, ljøs og gild.
Å, du kor stort å vera til!

So langt eit liv frå vår til haust!
Guds gåva er so rik og raust.
Eg stend i undring, sæl og still.
Takk, Herre, takk at eg er til!

Til homo sapiens

Du som hev fenge so fint eit andlet,
med venleik useieleg,
du veit vel: du hev 'kje deg sjølv å takka,
men Han som hev dana deg?

Du som hev fenge so klår ein tanke,
eit lysande intellekt,
du veit vel at allheims Herre er det
som åndi til liv har vekt?

Du som hev fenge ei ånd av adel,
ei sjel i Guds likning skapt, –
du gjev vel til Herren den dyre perla,
so ei ho skal gå fortapt?

Du som hev fenge ein guddoms-gneiste,
du hev vel 'kje vendt deg bort?
Du er vel 'kje vorten din eigen herre? –
Då fallet vert djupt og stort. –

Et barnlig sinn

Vår Frelser har sagt: vi som barn må bli
skal inn i Guds rike vi komme
og engang hans hellige åsyn se,
når livet på jorden er omme.

Hvor stort å få eie et barnlig sinn,
som stille og glad lar seg lede
og legger sin sak i vår Frelzers hånd!
Han gir oss sin fred og sin glede.

Hvor stort å få eie en barnlig tro,
som hjelpeløs, trygg lar seg tjene,
og tillitsfullt opp i Guds åsyn ser, –
vi tør ikke vandre alene.

Så hjelp oss å eie et barnlig sinn
hver dag vi skal vandre hernede,

til du, Herre, tar oss fra jordens strid
og hjem til din evige glede!
Miskunne deg over oss, Jesus!

I storm

Du veit våre vanskar, du kjenner vår naud,
so kom til oss, Herre, vær snar!
Å, gjev oss eit handtrykk, so grant me kan sjå
at du er ein miskunnsam Far.

Når isane brotnar og bylgjone slær
og stormkast på stormkast oss når,
so lat oss få kjenna at du er oss nær,
med berging ved sida vår står!

Me ventar, vår Frelsar, me ventar på deg, –
vår einaste von, det er du.
Å, lat oss i myrkret får merka di hand,
som frir oss frå gråt og frå gru!

Kom og kvil!

Kom og kvil hos Jesus, –
du er varmt velkomen!
Han deg frir frå skuld og skam,
fører deg til fridom fram,
bergar deg frå domen.

Kom og kvil hos Jesus,
du som tungt må sukka!
Han hev bot for kvar ein rest,
han gjev fred og fryd og fest.
Han gjev lys og lukka.

Kom og kvil hos Jesus!
Tunge bærer ber du, –
ved hans kors er kvila blid;
han gjev hjelp i livsens strid.
Varmt velkomen er du!

Gjev livet ein ærleg sjanse!

Gjev livet ein ærleg sjanse,
og sjå kva det då kan by!
Då må du frå myrkret vika
og vekk frå det vonde fly!
Då må du din Frelsar fylgja,
inn under hans vengjer ty!

Gjev livet ein ærleg sjanse,
og hugs det er ingen leik!
So ille det gjekk med mange
som heilage lover sveik.
Lat livet sin Herre styrkja
den viljen som er so veik!

Gjev livet ein ærleg sjanse!
Då lukkast det skal til sist.
Då skal du Guds rike erva;
men elles vert allting mist.
På vintreet Jesus vert du
ein blømande livsens kvist.

For seint!

Du tenkte å sjå om din sjuke ven, –
du visste han venta deg.
Men då du kom fram, var eit livslys sløkt.
For seint gjekk til han din veg.

Du tenkte å skriva eit lite brev
til ein som i sorg var stadd.
Då brevduva sistpå til han kom fram,
var livssoli longe gladd.

Du tenkte å berga di dyre sjel, –
og ynsket var ærleg meint.
Men verdi, ho dåra, og syndi drog,
og sistpå det var for seint.

Å, må me då vakna or svevnen tung
og fylgja det gode drag,
og ganga Guds veg før for seint det vert, –
mens enn det er sol og dag!

Varme tårar

Varme tårar
gjer meir enn kalde ord.
I denne doggi
dei ljuve liljor gror.

Heite tårar
gjer meir enn harde ord.
Dei tinar isen
i hjartans frosne jord.

Varme hjarto
me mest av allting treng.
Av tåre-doggi
det gror på livsens eng.

Varme tårar, –
dei vert ei perlesnor.
Og livsens liljor
renn opp or hjartans jord.

Vi mot stjernene ser

Her vi byggjer og bor
på en underfull jord.
Vi mot stjernene ser,
og på Skaperen tror.

Vi til livslandet går,
i de skiftende kår.
Og det veksler med sommer
og vinter og vår.

Snart er soldagen blid,
stundom motbøren strid.
Men vi nærmer oss målet
fra tid og til tid.

Og vår sommer er kort,
året svinner så fort.
De vi inderlig elsker,
fra jorden går bort.

Opp mot solen vi ser,
i Guds storverk oss gler,
og i underets andakt
oss bøyer, og ber.

Vi langs avgrunner går;
stundom angsten oss når.
Men i Ordet oppmuntring
og trygghet vi får.

Snart vår dag går på hell,
imot solfall og kveld.
Herre, led oss til
livskildens evige vell!

Å, hvor salig det er
at engang står vi der:
Herre, vær oss hver dag
på vår livsvandring nær!

Kjærleiks-gjeld

Me står i kjærleiks-gjeld til Gud:
Ein havdjun rikdom hev me fått;
men enno mange brøder finst
som gledebodet ei hev nått.

Me står i skuld, – gløym ikkje det! –
ei skuld me må betala av.
So skund deg, nytta dagen vel
før livsens-soli sig i hav!

So vil me glade retta ut
vår hand, og gå på letta fot.
Me står i skuld, – meir sælt det er
å gjeva enn å ta imot. –

Enno mykje ugjort

Enno so mykje ugjort, –
lite av dagen att!
Timane ut mot solfall skrid.
So vert det kolmyrk natt.

Signe dei siste stunder l
Hjelp meg å fylla deim
heilt med eit evig innhald,
til du meg hentar heim!

Takk for dei dyre dagar,
alt frå dei unge år!
Takk for det kall som møtte
meg i min fyrste vår!

Takk for kvart år eg onna,
ut på Guds åker gjekk!
Takk for kvart nek eg sank!
Takk for den frukt eg fekk!

Alt som var ugjort, misgjort,
tilgjev for Jesu skuld!
Hjelp meg no nytta kvelden,
so eg fær korgi full!

Sjå, no er det frelsens dag!

Sjå, no er det tid som tekkjest vel!
Sjå, no er det frelsens dag!
No berga du kan di dyre sjel
ved Anden sitt nådedrag.

Så dyr er den dag når Gud er nær,
med frelsa sitt fagre kall.
Han berga deg vil frå myrkheims hær
og inn i sin tempelhall.

So høyr då den røyst som helsar deg!
Du vende deg ei ifrå!
Gå inn på den gode livsens veg!
Då visst skal du himlen nå.

Før soli hev enda si lange ferd

Før soli hev enda si lange ferd,
frå aust til vest,
før pilgrimen gjeng
til ei evig verd,
til livsens fest,
so vel lyt eg lytta
til hjartans slag;
eg trugen må nytta
den dyre dag.

Før året hev gjenge
til haust frå vår –
det varer 'kje lenge;
so snøgt det går, –
må då eg dei mognande
åkrar sjå,
og livstreet bognande!
Sæl er eg då!

Eg høyrer himlen til

Eg er so glad frå dag til dag,
ved gry, i kvelden still:
Før skuld min Frelsars hjartelag
eg høyrer himlen til.

Eg er so glad frå tid til tid,
om sorgi tyngja vil.
Ein dag er enda storm og strid.
Eg høyrer himlen til.

Eg er so glad frå stund til stund, –
den von er ljøs og gild.
Det stig ein song or hjartans grunn:
Eg høyrer himlen til.

Eg er so glad frå år til år, –
min Gud eg lova vil.
Om vegen min mot gravi går,
eg høyrer himlen til.

Me oss frydar på vegen til himmelens land

Me oss frydar på vegen til himmelens land,
sjølv om bakken ber stundom imot.
Me mot heimlandet går, og me gleda oss kan,
sjølv om tornane tidt sting vår fot.

For vår Frelsar går med oss frå dag og til dag,
han hev sagt: Eg hev gripe di hand.
Og hans heilage englar med oss er i lag.
Og hans Ånd knyter himmelens band.

Tykkjest tidi enn lang, å, so fort fer ho lell;
snart ved enden av åri me står.
Før me veit, er det solsnu, og skuggane fell.
Og so byrjar det evige år.

Å, kor stort å få vera på pilegrimsferd,
mot det landet der livsdagen rår!
Størst av alt at vår Herre og Frelsar er nær, –
til me skodar den evige vår. –

Syng under stjernene!

Syng under stjernene,
du som på jorden bor!
Salig du er alt her
når du på Kristus tror.
Du er av guddoms-ætt, –
kjære, betenk det rett!
Jesus gir hvile når du er trett.

Kun dette ene liv
fikk du til eie her.
Solen til sist går ned, –
dagen til ende er.
Når du skal gå herfra,
hva er din rikdom da?
Kan ditt farvel du med glede ta?

Fylde og fred og fryd
Jesus, din Frelser, gir,
mål for din vandring her,
mot når du motløs blir.
Frukten blir ferdig da,
trygt kan du gå herfra,
juble hos Gud ditt halleluja.

Kor godt for ein flytt-fugl å koma heim!

Kompass-nåli bivrar og sitrar og skjelv, –
ho søkjer det sanne nord.
Menneskehjarta finn kvild og fred
åleine i Jesu ord.

Ei duva som flyg over store hav,
finn kvild når ho strandi når.
Sjeli som stundar mot hjartefred,
ho kvila hos Jesus får.

Ein flyttfugl som lengtar når våren dreg,
han lendar ein stad langt nord. –
Frelsegrunnen er Golgata,
det evige livsens ord.

Mitt hjarta fann kvila på grunnen god,
det verk som av Gud vart gjort.
Han sona mi synd med sitt eige blod.
No open stend livsens port.

Kor godt å få kvila sin trøytt veng,
og vita at grunnen held!
I liv og i død vil eg vera der,
på frelsa sitt trygge fjell.

Kor godt når kompass-nåli fell til ro
og duva finn kvilestad!
Kor godt for ein flyttfugl å koma heim –
og livsvåren møta glad!

DET SYNG EIN VÅRVIND I PÅSKEKVELDEN

Er det dette som er våren?

Er det dette som er våren? –
At han var so ljuv og gild!
Dette solstreif, denne klåren,
fuglesongen ellevill!
Dette djupe himmelblå!
Tenkt at eg det syn fekk sjå!

Er det dette som er våren,
denne solflaum, denne song,
denne bylgja, mot meg boren,
dette livslys enn ein gong?
Eg med fuglen kved mitt kvad.
Det er vår – eg er so glad.

Når lyset vender attende

Når lyset vender attende,
det glim i ei gledebylgja.
Nordover Noregs eldgamle land
ein livsstraum atter vil skylja.

Når lyset vender attende,
då vell det ei glede-båra.
Ein og annan i løynd turkar bort
ei glimande gledetåra.

Når lyset vender attende,
det rører seg nok i knuppen.

Livet det er som seg ovrar der
på iskalde snøgrein-tuppen.

Når lyset vender attende,
då gjeng det ein smil over landet.
Voni om våren vert atter vekt.
Og Noreg i fryd dreg ande.

Det er som om Noreg vert ungt og nytt

Det er som om Noreg vert ungt og nytt
når lyset om landet vell
og vinteren sletter sitt tunge tak
og seint kjem den klåre kveld.

Det er som om allting vert nytt og ungt
når døgret vert berre dag
og alt som hev tone, tek harpa fram,
med takk i kvart hjarteslag.

Det er som om livet vert ungt og nytt,
om gamal eg er av år.
So lovar eg Herren når lyset vell,
for voni om evig vår.

Fyrste fugle-fløyten

I kveld er det fyrste gongen
eg vårfuglen høyra får.
Han tonar so mjukt, den songen;
han like til hjarta går.

Og soli seg lenger tøyser
mot vest, før hos sistpå sig.

Mot skogen ho kinni bøyer;
i morgon ho bjart-øygd stig.

Enn lyser det kvite liner;
enn jordi hev kåpa på.
Omsider hev snøen dvine.*
Å du, for eit vårliv då!

No lysnar smått om senn vår jord

Det brenn ei gleda lys og still;
for soli stend so blank og blid
i vest, og no ho stiga vil
for kvar ein dag mot vårens tid.

Det glim ei gleda still og stor.
for soli over skogen står.
No lysnar smått om senn vår jord.
Og atter gjeng det ut mot vår.

So må du ha takk, du stare!

I dag er det fyrste gongen
eg høyrer eit vårfugl-kvad.
No tonar den sylvskire songen,
og hugen vert lett og glad.

Der sit han i solskins-treet,
for bakken er kvit av snø.
No unner me deg den glede
at isane snart må tø.

* Dvina: minka.

So må du ha takk, du stare,
fordi du hit nord kom att!
No vinteren tung hev fare.
Snart soli skin dag og natt.

Kor vakker våren i Noreg er!

Kor vakker våren i Noreg er
når alle tre stend i nye klær!
Kor fagert er dette unge skrud!
So er det vove av livsens Gud.

Ja, ven er våren i Noregs land, –
eit under tunga ei tolka kan.
Men me kan sjå det frå stund til stund,
og verta tekne i hjartans grunn.

Me andar inn denne milde luft,
so mett av tallause blomars duft.
Og soli glitrar frå gry til kveld,
og kring oss leikar eit livsens vell.

Ja, vakker våren i Noreg er.
Han vitnar vent om den nye verd.
I ævevåren so ljuv og blid,
der glad eg andar til evig tid.

Høgsong til helios

Helios* glim frå eit æve-djupt blå,
bliktar i aust når det dagnar.
Stund etter stund fær eg solspelet sjå.
Å, kor den syni meg fagnar!

* Gresk: sol.

Timane skrid – under høg-kvelven stend
helios, – glitrar og glimar.
Sistpå ho hallar, men vent logar enn,
ut imot vårkveldens timar.

So – i ei æve-still stund soli glar;
livs-logen stilnar og spaknar.
Men ho for godt ei farvel med oss tar, –
atter ei sol-demring vaknar.

Alltid du var meg useieleg kjær;
solspelet hjarta mitt fagna.
Og når ei kveldstund frå heimen eg fer,
då skal for evig det dagna.

Aldri minnest eg slik ein mars

Aldri minnest eg slik ein mars, –
med himmel utruleg blå.
Og soli, ho glitra frå dag til dag;
dei vaknande bjørker drog andedrag.
So gildt desse trei sjå!

Aldri minnest eg slik ein mars, –
om snøen låg kald og kvit,
eg hørde dei smektande mjuke kvad
frå fuglar som søkte sin fjorårs-stad.
Takk, vener, at de kom hit!

Aldri minnest eg slik ein mars, –
og kveldane hugsar eg best,
når soli lenger kvar dag seg drog,
la glim og glød over sjø og skog
og seig i det fjerne vest.

Aldri minnest eg slik ein mars. –
Kan jordi so mykje by,
kva skal me då ikkje ein morgon sjå
når me i Guds fullenda verd får gå,
og jordi er ung og ny?

Aldri minnest eg slik ein mars.
Skal tru om eg fleire får? –
Då kved ein fugl inni barmen min.
Han syng eit solstreif i hugen inn:
Deg ventar den gode vår!

Eit hav av lys

Eit hav av lys, – av liv eit vell
er landet når mot vår det lid.
Det er so ljuv og gild ei tid
med song og spel ved gry og kveld.

Og sporven pip i klunger-hekk.
Den skire snøen søkk og skin.
Det kvite teppet, snart det dvin, –
ein vakker dag so er det vekk.

Sjå, soli stig frå dag til dag;
ho høgare på himmel'n når.
Ei glede-bylgja i meg går,
og lettare gjeng hjartans slag.

Ho enno høgt på kvelven stend, –
å, er det sant: det seint vert kveld?
Kva under at eit gledevell,
ei elv av fryd i hugen renn!

So skulle eg då enn ein gong
det store livs- og lyshav sjå!
Frå dag til dag det aukar på.
Og alt eg høyrer vårens song.

Soli tek den store sving

Sjå, no tek soli kjempesteg, –
so høgt og langt ho når.
Og ljuset over Noreg vell;
det snart vert dag, det seint vert kveld
ut mot den nye vår.

No soli tek den store sving, –
det aukar på alt fort.
Og når ho seint bak skogen glar,
med gull i sine fotefar, –
me stend ved vårens port.

No sigrar soli sterkt og stort, –
snart alt er berre dag.
Og skogen vaknar, staren kved.
småborni seg i leiken gled.
Høyr, lyse lerke-slag!

No signar soli kvite kinn
og kysser knuppen kald.
Frå løynde kjeldor sevja stig,
og seint om kvelden soli sig,
med song i tempelhall.

Det er ein dag so god og rik,
ei tid so ljuv og gild.
Den kalde vinter strauk sin kos;
eg lever i ei verd av ljøs.
Kor stort å vera til!

Treet i mars

Treet hev greidt seg igjennom
vinterens knallharde natt,
stend no med tusundtals knappar.
Knuppen er treet sin skatt.

Treet hev sprengkulden trassa,
stend her mot mars-kvelven klår,
kjenner kor sevjene vaknar, –
ventar so smått på vår.

Treet mot himlen seg teiknar, –
bjørki mot himmelens blå, –
ventar på våren sitt under.
Då det i livs-skrud skal stå.

Det syng ein vårvind i påskekvelden

Det gjeng ein vårvind igjennom skogen,
og snøen tiner på vidd og vang.
So fær me snart skoda grågås-plogen,
og dagen vår er blitt ljøs og lang.

Det syng ein vårvind i bjørkelidi;
med brune knappar dei trei stend.
Og leggen kvitnar om kapp med snøen,
og staren gjestar den gamle grend.

Det syng ein vårvind i påskekvelden,
og soli gyller mot hei og hav.
Det syng ein vårvind mot avdags-elden. –
Det vårast – Kristus oss livet gav.

Kor stort å få vakna ein morgon i mai!

Kor stort å få vakna ein morgon i mai,
ein paradís-vår utan like!
Med skinande snøblomar aplane står
i Noreg sitt eldgamle rike.

Kor stort å få vakna, det synet få sjå,
og soli som glimar og glitrar,
og venda sitt andlet mot himmelen blå,
der lerkone ellevilt kvitrar!

Kor stort å få anda den vårlufti inn,
og angen frå aldetre-blomar,
frå bjørker og hegg, overdådig syrin, –
og høyra kor lovsongen ljomar!

Kor stort å få vakna ein morgon i mai
og leva ein vårdag til ende!
Då ser eg, mens soli bak skogane sig:
mot vest alle blomar er vende.

Kor stort å få vakna ein morgon i mai,
og minnast: ein vår vert den siste!
Hos Herren eg vaknar, – i fryd eg då finn
uendeleg meir enn eg miste.

Når bjørki hev slått ut sitt hår

Når bjørki hev slått ut sitt hår,
kastanje-lysi tende står
og blussar under kvelven klår, –
då er for fullt det vår.

Når alle eple-blomar skin,
det angar blå og kvit syrin,
det unge lauv i sol-laug står, –
det er for alvor vår.

Når hegge-blomen angar med
og gauken gjel, kvar songfugl kved,
og bjørki i sitt sol-skrud står, –
det er i Noreg vår.

*

Og landet er fylt av lys og liv,
og skogen er full av song.
Og sevjone går, –
i Noreg er vår,
enn ein gong.

So sovnar du alt, du blome-eld

So sovnar du alt, du blome-eld,
men heilt inn i døden angar.
Du dovnar ein duft-rik junikveld,
mens døyvt tonar vårfugl-klanger.
Til bakken dei bleike bladi fell,
som snø over voll og vangar.

For – livet sitt mål er ikkje blom,
er aldri so bjart hans bunad.
Han tirer ei tid i herlegdom,
og so kjem den store snunad:
Han sovnar ein draum-ven junikveld.
For – *frukti* er livsens krana.

Juni-dag

Når jordi etter paradís
so ven og luv kan vera,
kva må det ikkje verta då
når alt skal Herren æra,
hans bilete få bera?

Ein junidag med solglim skir, –
dei varme vindar bårar,
og kvit jasmin som snøen skin, –
ber bod om Edens vårar,
der døden ei oss sårar.

Og fuglen fløyttar på sin kvist,
i solbris strå' i svagar.
Og tusund fjåge blomar ler
i livsens ljose hagar.
Kva vert då Edens dagar!

Men soli hallar, dagen døyr, –
slik er vår jordlivs-lagnad.
Mot haust det lid, men voni lell
vil fylla meg med fagnad:
Det snart for godt skal dagna.

Den lengste dagen

No hev ho tøygt seg so langt ho kan;
so er det sol-snu i Noregs land.
No hev ho tøygt seg so langt mot vest;
so held i Noreg me jonsok-fest.

Og dagen vår vart so ljøs og lang,
med ville blomar på voll og vang,
med blomar kvite og raude, blå.
Vidunders-vene dei er å sjå.

I morgon alt dabbar dagen av, –
litt før gjeng soli til ro i hav.
Men glad eg er for kvar dag som gjekk.
So mykje stort eg i livet fekk.

Om jonsol-soli attende sig,
eg veit: i morgon ho atter stig.
Mot vinter-solverv so smått det går,
og sidan ut mot den nye vår.

Den siste glimen eg helsar no.
Den lengste dagen gjeng stilt til ro.
Av dagar fekk eg so stor ei mengd.
Ver lova, Herre, i ævelengd!

Vi lever i et land av lys

Vi lever i et land av lys. –
Det er så vent når våren kommer.
Og livsens bølge bærer fram, –
nå har vi nådd den fulle sommer.

Vi lever i et solens land, –
så lyst det er ved jonsok-tider.
Vi fryder os av hjertens grunn
selv om det ut mot høsten lider.

For – engang nådde det hit nord
et selsomt bud: Guds rike kommer! –
Vår Frelser gav oss von og vår, –
til sist en evig lysets sommer.

Midsommar-morgon

Mektig er det å møte
ein midsommar-morgon, og sjå
helios skina og stråla
hit frå det himmelske blå.

Ut over vollar og vangar
tirer dei blomane små.
Fargane auga mitt fangar, –
raude og kvite og blå.

Stilt dei i solbrisen svagar,
saman med stilreine strå.
Under på under meg møter
so langt som mitt auga kan nå.

Høgsommar – haust

Eg stend i ein solflaum ein junidags morgon;
han bårar og vell or eit ævedjuft blå.
Og kringom meg tirer konvollar og kløver,
og tusundtals villblomar, mjuke og mjå.
Eit utal av fargar og former og angar.
I solbrisen svagar dei voggande strå.
Eg spør: Kan eit venare syn du vel sjå?

Og attåt det raude og kvite og blåe
det skin i det skiraste, glødande gull.
Av tiriltunga og engsoleie
og smørblom er vollen og vangen full.
Kvar einaste angande blom – eit vidunder,
og alt er stemt samene i fin harmoni.
So skal då og fulltonig Herren tilbedast
i himmelens fullenda paradistid.

*

Men so kjem det dagar
då strået ei svagar.
I haustlege hagar
småblomane folnar og fell.
Kvar flyttfugl hev lyft sine venger;
raud-kløveren lyser 'kje lenger;
kvar villblom i vollar og enger
hev sovna i året sin kveld.
Men vonfullt er hjarta mitt lell.

Om bårer av solluft ei strøymer,
og livet om landet ei fløymer, –
i dirrande varmedis drøymer
og syng under kuppelen klår, –
i gulnande åkrar det glimar;
sjølv hausten hev vonfulle timar.
Til helg og til høgtid det kimar;
med frøhuset fullt blomen står. –
Me ventar ein paradys-vår. –

Sommerkveld på kjørkegarden

Her står je på kjørkegarden, –
ei stønd før sola går ned.
Det er så lognt herinne.
På steinen det står: ”Hvil i fred!”

Her hviler de avdøde ætter,
og mange je minnes enn.
Underlig er det å tenke på,
sorgmod i sjela brenn.

Underlig er det å tenke på:
Dom lagdes i mølda ned.
Der lyser så vakker en liten vårblomst.
Og over står: ”Hvil i fred!”

Je går mellom minnesteiner, –
der hviler en liten gutt;
i grava attmed ei lita jente.
Så tidlig tok ferda slutt.

Der leser je navnet ”Dagfinn”. –
”Han lekte i morgonsol rød.
Ved kveld lå den kvite lilja
på leiuet, så stille og død.”

Og mor hans, ho stedtes nylig
til hvile ved gutten sin.
Gud signe ditt minne, søster mi!
Du såg i Guds rike inn!

Og der er lille Irene.
Så glad hun iblant oss gikk.
Hun stod der ved døra til paradiset.
Vi minnes ditt strålende blikk.

Je leiter blant minnesteiner,
og finner min vesle bror.
Je husker den gilde gutten.
Så stutt ble hans dag her på jord.

Og der ligger gamle Johan.
Han var slik en trugen kar,
en sliter frå ungdom til alders år.
Men blid og beleilig han var.

Je finner et annet gravsted,
og der hviler far og mor.
”De seiret i kraft av Lammets blod,
sitt vitnesbyrds enkle ord.”

Frå navn og te navn je vandrer,
i gravlundens djupe fred.
Men sola, ho siger mot skauen,
og snart går bak åsen ned.

Je planter en blomst på grava
til Ingjald, min vesle bror.
En vårblostm je også setter
ved steinen til far og mor.

En gong dom òg meg hit følger –
te kjærkeklokka sitt slag.
Gud, la meg i miskunn møte
oppstandelsens store dag!

Så rusler je ut av hagen,
og evighet fyller mitt sinn
Je søns det var godt om je og are
tidt tok oss en tur dit inn. –

GYLLEN HAUST

So er det haust igjen

So er det haust igjen!
Bladi, dei blussar og brenn.
Dalar so stilt til jord.
Fuglane frå oss før.
Haust i det høge nord.

Stilt i den djupe skog.
Flyttfuglen, frå oss han drog.
Solskir er dagen no,
merkt av den store ro.
Lognt over myr og mo.

Gull i den ljose lund
enno ei ørliti stund.
So stend han ribba att.
Bladi til bakken datt.
Nær er ei vinternatt.

Slokna er sumarens glod

No spirer og sprett ingen blome,
og ikkje eit einaste strå.
Visnings-tidi hev kome.
Dagen er skytung og grå.

Og bladi til bakken hev falle;
dei ligg millom graset i ro.
Snart er dei samla der, alle.
Slokna er sumarens glod.

Mogen frukt

Eg held deg med vyrdnad i handi, –
eg minnest den gong du var blom.
Og no er du mogen – eit under
av Skaparens herlegdom.

Hin gong, – nokro blad og ein kime,
men der låg ein livs-løyndom dult.
Og no er det fullenda, moge,
av livssaft og fagerdom fullt.

Eg held deg med vyrdnad i handi, –
du angar i reinleikens skrud.
Eg minnest ein blome i våren, –
eit under av himmelens Gud.

Gyllen haust

No er det atter gyllen haust,
med soli signande i aust.
Dei fleste fuglar flaug av stad, –
enn lyder kråkemål: kra-kra,
og ein og annan tone klår,
men ikkje som det var i vår.

Det kling ein einsleg bjøllelåt,
og engi, ho av dogg er våt.
Og åkrane er mogne no;
dei kviler i ei haustleg ro.
Sjå, bjørkene hev gull i hår,
og lufti, ho er æter-klår.

Det lyder kyrkjeklokke-slag
ut i ein still septemberdag.

Alt som kan ande, kved Guds pris,
og hugen gjeng mot paradis.
Der er 'kje hausten vekjømnd-sår.
Der andar me i livsens vår.

I skogen sin gullkledd seinhaust-hall

Det angar av lauvet som nyleg fall
i skogen sin gullkledd seinhaust-hall.
Og bladi dei fyk;
ein sunnanvind stryk
mot jordi si kinn, som er våt og kald.

Ja, no er det haust i vårt gamle land,
og skogvatnet skvalar imot si strand,
i vinden frå sør.
Og lauv-gullet glør.
På bladi som bleikna, eg varleg trør.

So takkar me lauvet som kviler i fred

Det ny-falne lauvet er bakken sin pryd.
Det dala frå greinene utan ein lyd.
Det treet sitt tente so trottig og trutt;
men no er det seinhaust, og so er det slutt.

Lell endå litt gull ligg i toppane att.
So dalar og dett denne skinande skatt,
og legg seg til kvile og ro millom deim
som alt her på bakken hev funne sin heim.

So takkar me lauvet som lyste i år,
frå bladi stod unge og anga i vår.
Og det er vår tru: når det vårast igjen,
dei bjarte og blide i bjørkene stend.

So takkar me lauvet som kviler i fred,
dei gullblad som glimar mens soli gjeng ned.
Sjølv er eg eit lauvsblad, i hausten eg står.
I von ser eg fram til den evige vår.

Tenk at ein haustdag kan vera so klår

Tenk at ein haustdag kan vera so klår!
Han er då so ljøs som den venaste vår.
Men bladi som datt,
og dei som er att,
fortel at me nærmar oss vinterens natt.

Tenk at ein haustdag kan vera so klår!
Men gullbladi dalar, og vemodet rår.
Men kjærte er det lell
i året sin kveld,
når seinhaustes-soli om landet vårt vell.

Eit fargespel i sol og gull

No glør det gull i tusund skogar;
no dett dei, desse blanke blad.
Mot sud dreg svinte grågås-plogar:
no stilnar fuglens klåre kvad.

No lyser gull i alle lundar;
det synet er so skirt å sjå.
Det brenn i vene vidje-runnar,
og over heng ein himmel blå.

No skin det gull i alle lider,
det er so kyrt når bladi fell.
Og fort det ut mot sol-snu lider.
Me er i årsens seine kveld.

Ja, atter er det haust i landet, –
eit fargespel i sol og gull.
Mi sjel høglovar livsens Ande
for hausten arm og underfull.

Seinhaust-dagen våt og sur

Det dryp frå blad som ikkje fall,
i hausten hustren, våt og kald.
Litt snø på lauv som ligg i ro,
og dei som skjelv i sunnan-sno.

Den vende vollen ligg der våt,
og alle trei stend i gråt.
Og låg heng himmel'n, tung og grå,
og ingen blom er meir å sjå.

Ein flokk med kråkor flaksar der,
i sine gråe kvardagsklær.
So mange fuglar frå oss før.
Takk at du vert her, kråkemor!

Sjå, grani stend med bar og skjegg,
so kvit er kvar ein bjørkelegg.
Litt brunt, litt gull i krana enn, –
slik skogane i våt-dis stend.

Og ingen fuglepip det læt
i tre som svarte stend og græt.
Og greini sprikjer aud og arm;
ho retter ut ein naken arm.

Men oppe i den høge lid
ber skogen vinterkåpa si.
Det er som i eit eventyr.
I lufti snøfjom yr og kryr.

I seinhaustdagen våt og sur
stend skogen still og kald og stur.
Men atter renn ein soldag klår, –
og lenger framme ligg ein vår.

Prøv å få gøyma eit korn, og to!

Sjå å få gøyma eit korn, og to,
i moldi mens det er vår!
Aldri du tregar det du hev sått
når still du i hausten står.

Prøv å få leggja eit livsens frø
i jordi før det vert kveld!
Aldri du tregar i hausten sein:
du strødde eit såkorn-vell.

Prøv å få senda ein solvarm smil
til skjelv-redd og sorgtyngd bror!
Gjev han eit handtrykk so traust og trygt!
Seg han det gode ord!

Del av ditt brød, av di rike råd
til hungrig og tyrst og arm!
Lat ikkje kulden få trengja inn,
frysa til is din barm!

Prøv å få seia eit ord om han
som gjev oss den gode lut!
Prøv å få peika på det Guds Lam
som slökkjer ei havdjup sut!

Prøv å få hjelpa ein ukjend bror
langt ute i heidningland,
so han fær høyra om Jesus Krist,
som himlen til honom vann!

Prøv å få så i den gode jord,
før kulden set inn for godt!
Ingen skal trega han strødde raust
når himlen han glad hev nått. –

Då er det for seint å så

Når vindane sjogar og syng ifrå nord,
i kulden ho klakar, den stivnande jord,
når nysnøen legg seg på tre og på strå,
då er det for seint å så.

Nei, det må du gjera mens enn det er vår
og lerkone lær under solkvelven klår.
Når vinteren kjem og du snøen fær sjå,
då er det for seint å så.

So tru på din Skapar mens ung du er enn,
mens moldi er mjuk, du i morgonen stend!
Når seinhausten kjem, du må herifrå gå,
då er det for seint å så!

Farvel då, november!

Farvel då, november!
Vel kald var di kinn;
me hutra og skolv
i din isnande vind.
Og so sette skoddi
for alvor inn.

Men no i ein stillvoren
dag gjeng du ut.
Og snø-skavlen skin
i ein vinterkledd nut.

So takk og farvel,
du november-gut!

Forunderleg still
er din døyande dag,
med stålgråe skyer
i høglagde lag.
So dreg du eit
barnelett andedrag.

Av tidi den dyre
du òg var ein lut.
Oppmuntring me møte –
og mismod og sut.
So takk, trass i alt,
du november-gut!

Sjølv ein sur novemberdag

Sjølv ein sur novemberdag
er eg i det ljose lag.
Ogso han er himlens gåva;
difor vil eg Herren lova
for den dyre perlestraum.

Og eg veit: det snart er jol.
Då ho snur, den signa sol.
Og der framme ventar våren,
vaknings-tidi, himmelklåren,
og til sist ein evig dag.

Sjølv ein sur novemberdag
hjarta slær i von sitt slag.
Joleklokka, snart ho kimar,
og den store stjerna glimar,
varslar oss ein evig dag.

Vår varme takk, desembersol!

Desember-sol, so ljuv og god, –
men snart og stilt du gjeng til ro.
Ei liti stund, so smalt eit bel, –
so logar opp ditt fargespel.

Du er so skir og klår å sjå, –
og so fell nattemyrkret på.
Om land og strand det sveiper seg
til dagen atter er på veg.

Du er ein gild og velsedd gjest,
i vinterlandet lagar fest.
So snur du, no innunder jol.
Vår varme takk, desembersol!

Gatesnøen

At noko so skinande kvitt og bjart, –
nyst sveiv det frå skyi, so skirt og sart, –
kan missa sin reinleik so svint og snart
og verta so sulka og skitna og svart! –
Slik snur det når menneski rører det reine.

Omsider me ut imot vår hev nått,
og surpa den svarte, ho brånar brått.
Til sist hev so dropane skyi nått;
dei atter vert snø i det høge slott.
Slik snur det når himmelen skirer det sulka.

So dalar han ned i ein bjørkelund;
der lyser han kvit til den store stund
då livet vaknar or langan blund
og tonar trillar or måltrost-munn.
Då fløymer han kjeldefrisk ut imot havet.

Hav takk, du vesle skimt av sol!

Hav takk, du vesle skimt av sol
som skjelv ved vintertide!
Ho vende nyst, innunder jol,
og skin på vidder vide.
Du er eit ljost og stilt symbol:
Det ber mot vår, den blide.

Du vesle skimt av sol som skjelv,
imillom stjerne-stunder,
du lyser opp vår vinterkvelv
og sprengjer mørket sunder.
So sigrar du, og livsens elv
då skaper vårens under. –

Ho snur om ei stund

Det myrknar i november,
det svartnar i kvart sund.
Om soli er på nedveg, –
so snur ho om ei stund.

Og alle dagar stutnar;
det stilnar, kvart eit spel.
Om soli er på nedveg,
so snur ho om eit bel.

Det er den ljose voni
i hjartans djupe grunn:
Om soli snart seg gøymer,
ho snur då om ei stund.

Det er den ljose voni
i djupet av mi sjel:
Om livsens sol lyt siga,
so snur ho om eit bel. –

